

Årsrapport 2013

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Innhold

Kapittel 1 - Om embetet	Side 4
Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer	Side 8
Kapittel 3 - Resultatområder	Side 21
Kongehuset	Side 21
Miljøverndepartementet	Side 21
Landbruks- og matdepartementet	Side 30
Kunnskapsdepartementet	Side 49
Statens Helsetilsyn	Side 75
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 77
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 82
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 87
Arbeidsdepartementet	Side 97
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 101
Samferdselsdepartementet	Side 111
Utenriksdepartementet	Side 112
Kulturdepartementet	Side 112
Fomyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 113
Andre	Side 116
Endringer i årsrapporten	Side 117

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde ved årsskiftet 148 tilsette, 100 kvinner og 48 menn. Tala viser ei auke på 15 tilsette i forhold til 2012. Noko av auka er reell og kjem av nye fagområde som er lagt til embetet (verjemål og verneområdeforvaltning), medan resten av auka er vikariat for tilsette i lønna permisjonar. I 2013 har embetet gjennomført ein omfattande OU-prosess, med stor medverknad frå dei tilsette.

6 arbeidsgrupper har jobba med 6 tema i prosessen:

1. Omdøme og identitet.
2. Leiaropplæring og utvikling
3. Forventningar og rolleavklaringar - hustavler og internkontroll
4. Eit godt samordna embete innad og utad
5. Organisering og optimal ressursutnytting
6. Rekruttere og halde på motiverte medarbeidarar - strategi 2013-2020

Her er nokre av resultatata etter OU prosessen:

- Endra leiarstruktur! Seksjonssjefar med personalansvar er tatt bort. Det er tilsett ass. direktør i alle 5 fagavdelingane (ingen ny stilling, men omprioritering) og alt ansvar for personalleiing og økonomi ligg til direktør og ass. direktør. Dette for å profesjonalisere og samodne leiing, personalhantering og ressursfordeling i større grad.
- Innføring av fagkoordinatorar. Desse skal ha meir fagleg ansvar, og avlaste leiinga på fag. Ein intern karriæreveg utan personalansvar.
- Fysisk omflytting slik at dei avdelingane som samarbeider mest har felles kontorareal.
- Planlegging av leiarutvikling som startar i 2014!
- Ny stabseining "informasjon og kommunal samordning"
- All førstelineteneste er samla i "Justis og beredskap" (vergemål, fri rettshjelp og separasjon og skillsmissesøknader)
- Eigne hustavler er laga!
- Rekruttere og halde på tilsette. Det vart avsett ein eigen lønnsnett (årsvirkning: 1 mill) til lokale forhandlingar, hausten 2013.

Pr. 01.01.2014 hadde embetet 5 fagavdelinger, 1 administrasjonsstab og ei ny stabseining som fekk namnet Informasjon og kommunal samordningsstab.

Ei evaluering av OU prosessen blant alle tilsette, gav særst gode resultat innan medverknad, informasjon og prosess. (ligger på 90%+) Det er vi særst godt nøgd med! Det gjer og at sjølve gjennomføringa går særst godt. Det er sagt frå våre tilsette at OU-prosessen har vore med på å gi ny energi og ny giv i heile organisasjonen.

I 2013 har fylkesmannen lyst ledig 16 stillingar. I 2012 var talet 20 stillingar. For 2013 var 11 av stillingane faste stillingar og 4 vikar/engasjement og 1 lærling. i eit tilfelle måtte vi gjere 2. gongs utlysing pga mangel på kvalifiserte søkjarar.

Embetet tok i bruk Difi sitt medarbeidersamtale verktøyet "**Snakk om utvikling**" for alle tilsette, som ein av 4 pilotar i Difi. Vi fekk gode tilbakemeldingar frå dei tilsette om bruken av verktøyet, og 98 % av alle tilsette hadde gjennomført/fått tilbod om medarbeidersamtale innan 01. juni.

Vi arrangerte 89 kurs og konferansar i 2013 med totalt 5933 deltakarar. Her er ein liten nedgang ifht 2012 da vi arrangerte 102 kurs og konferansar.

Sjølvsagt om årsresultatet for embetet i 2013 vart godt, har vi måtta tilpassa dei økonomiske rammene til drifta. Ei slik tilpassing saman med stadig aukande krav frå overordna styresmakter får konsekvensar. Så tilbakemeldinga vår for 2012 gjeld også for 2013:

- Vi ha ikkje prioritert å svare på alle dei sakene som vert sendt ut på høyring frå overordna mynde.
- Vi har ikkje fått gjennomført alle dei tilsyna vi var pålagde.
- Vi har for lang saksbehandlingstid på klagesaker, og greier ikkje å overhalde 3- månadersfristen som gjeld i byggesaker. (KRD er informert, og tiltak er sett i verk slik at dette vil betre seg utover i 2014)

- Vi har ikkje fått prioritert tid til synfaringar i det omfang som er ønskjeleg og naudsynt.
- Systematisk områdeovervaking innan helse og sosial har blitt nedprioritert.
- Vi har ikkje hatt ressursar til å gjennomføre kommuneundersøking på miljøområdet i 2012.
- Mange kommunar slit med lav kompetanse innan plan- og bygningsloven. Rettleiing og opplæring har ikkje blitt prioritert i den grad som er ønskjeleg og naudsynt.

Verjemål

Verjemålsreforma har budd på store utfordringar for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Saksmengda er svært stor, nesten 40 % av all innkomen post til fylkesmannen. Ressursane og saksmengda er i ubalanse på verjemålsområdet og gjer at fagområdet legg beslag på andre av embetets ressursar. I tilleggspolisjonen for 2014 kom det ei ekstraløyving til fylkesmannens arbeid med verjemål. Det vart samstundes uttalt at denne tilleggsløyvinga ikkje kan påreknast vidareført i 2015. Saksmengda på verjemålsområdet er så stor og bemanninga så marginal, at det er kritisk viktig at denne tilleggsløyvinga blir vidareført i 2015. Blir det ein reduksjon i høve til årets løyving, er det ein overhengande fare for at dette arbeidet raknar.

Sjukefråvèret i embetet

2013: 3,7%

2012: 4,2%

2011: 5,9%

Utviklingstrekk og utfordringar i embetet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har for perioden 2013 – 2016 sett barn og unge på dagsorden gjennom ei særskild satsing på tvers av fagavdelingane. Denne satsinga, kalla «Betre oppvekst» rettar søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår i Møre og Romsdal.

Hovudmål for satsinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i alle avgjersler og i all aktivitet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. «Betre oppvekst» er eit samordningstiltak for heile embetet og ein vil at satsinga skal føre til at både direkte og indirekte arbeidet retta mot denne gruppa skal bli meir heilskapleg og målretta. I første fase har arbeidet vore retta internt i embetet. I neste fase vil arbeidet i større grad rette seg mot arbeid eksternt, til dømes kommunar, fylkeskommunen og andre samarbeidspartar.

Det er utarbeidd fire strategimål som satsinga «Betre oppvekst» skal bygge vidare på. For å kome fram til dei fire strategimåla har vi tatt utgangspunkt i mellom anna FN sin barnekonvensjon, Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin strategiplan, embetsoppdraget og nasjonale føringar frå fleire departement. Dei fire måla er:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal arbeide for å

- sikre medverknad frå barn og unge
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- redusere dei negative konsekvensane av sosiale skilnader

Som ein direkte effekt av denne satsinga internt i embetet vart 2013 det året kor meir enn 50% av motsegnene til kommunale planar var begrunna med nettopp for lite omsyn til barn og unge sine interesser.

Fylkesmannen har som målsetting å vitje alle kommunar v/ formannskap og øverste administrativ leing innan sommaren 2015. I 2013 besøkte vi 6 kommuner, blant anna våre 3 største bykommunar; Ålesund, Kristiansund og Molde. Fylkesmannen prioriterer tid til dette for å bygge opp under dialogen med kommunane på eit tidleg tidspunkt i aktuelle saker, samt kunne være meir på tilbodssida når det gjeld råd og rettleiing.

Eit anna tiltak vi starta opp i 2013 var å arrangere "rådmannsdag" hos Fylkesmannen. Vi ønskjer å være på tilbodssida når det gjeld opplæring av nye rådmenn. Kva kan dei bruke Fylkesmannen til? Kva rolle har Fylkesmannen, og korleis kan vi jobbe mest mogleg effektivt i lag for å yte gode tenester til våre innbyggjarar.

Strategisk leing i embetet

Fylkesmannen har gjort ei endring i leiarstrukturen i embetet som eit resultat etter OU-prosessen.

Vi har redusert talet på tilsette med personal- og økonomiansvar slik at vi i større grad enn tidlegare har fokus på strategisk leing.

Fylkesmannen har leiarmøter annakvar måndag. Som følge av OU-prosessen har vi òg gjort ei endring i møtestruc-turen, slik at vi annakvart leiarmøte vert gjennomført med både direktør og assisterande direktør til

stades. Dette er godt motteke av leiargruppa.

Å arbeide med strategisk leing handlar mellom anna om at fagdirektørane må sjå og arbeidet med heile embetet og ikkje berre si eiga avdeling. Her har vi framleis litt å arbeide med, men meiner at vi har kome oss godt i gang gjennom OU-prosessen. Det at satsinga på barn og unge "Betre oppvekst" og arbeidet med folkehelse er plassert i stab med rapportering til ass. fylkesmann, er også eit strategisk grep som har blitt gjort. Sammen med rådgiverane innan kommuneøkonomi skal vi jobbe meir heilheitleg på tvers av og saman med fagavdelingane.

Når det gjeld risikostyring har alle fagavdelingane jobba fram dette i sine handlingplanar for året. Det har også vore tema på leiarsamlingar.

Det er også etablert faste møte med tillitvalde og leiinga, ca 4 gonger pr.år.

Tilstanden i fylket

Møre og Romsdal er landets tredje største eksportfylke med 9% av landet sin samla vareeksport. Næringslivet går særst godt i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal er blant dei fylka som har lågast arbeidsløyse, berre Rogaland og Sogn og Fjordane har lågare arbeidsløyse ved utgangen av september. Arbeidsløysa er no på 1,9% (2012:1,8%), noko som er klårt lågare enn landsgjennomsnittet på 2,6%.

Ei låg arbeidsløyse, lågt sjukefråvør og stor etterspurnad etter arbeidskraft, gjer at Møre og Romsdal har ein stram arbeidsmarknad. Mange verksemdar i Møre og Romsdal har store utfordringar knytt til å rekruttere og halde på kompetanse, trass i at arbeidsinnvandringa i fylket er meir enn dobla dei siste åra. Dette gjer sjølvstøtt at løsnivået i fylket stiger. Ein ventar at produksjon og sysselsetting i Møre og Romsdal vil stige dei to neste åra.

Folkeveksten i Møre og Romsdal held fram, og ved inngangen til 2013 er auken i Møre og Romsdal berre knappe 0,2 prosentpoeng svakare enn for landet elles. Det er dei tre byane som veks i kraft av seg sjølve. 8 av fylkets 36 kommuner har utfordringar med reduksjon i folketalet og tap av arbeidsplassar. Det er spesielt på indre Nordmøre og indre Romsdal at vi ser ein nedgang i folketalet.

Vi ser også at kommunane samarbeider godt i regionråda på hhv Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre. Talet på interkommunale samarbeidsavtalar er aukande. Ei kartlegging pr oktober 2013 (utført av NIVI analyse AS) syner at talet på formell interkommunale samarbeidsordningar er på 255 for heile fylket.

Vi har 36 kommunar. Fra den minst på ca 1000 innbyggere til den største på ca 46 000 innbyggere. Begge har krav på seg til å yte velferdstenester i eit bredt spekter til sine innbyggjarar. Med knappheit på arbeidskraft vert det utfordrande å skaffe kvalifisert arbeidskraft til alle fylket sine kommunar.

1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold

Vår økonomiske ramme for 2013 vart noko redusert på grunn av eit lite meirforbruk i 2012. Fylkesmannen i Møre og Romsdal sette opp eit budsjett i balanse for 2013 og styrte mot dette. I tertialrapport pr. 2. tertial 2013 meldte vi at vi for 2013 hadde ei drift i tråd med rammetildelinga etter at vi dei siste åra totalt har hatt overforbruk.

Pr. 31.12.2013 hadde Fylkesmannen i Møre og Romsdal et mindreforbruk på kap/post 1510.01 på totalt **kr. 5 639 806,28**

Dette har ei heilt spesiell forklaring:

- Forseinkingar av store og kostnadskrevjande ombyggingar av våre lokalar,
- Uønska vakanse i stillingar på grunn av uavklart sjukefråvør og behov for 2. gongs utlysning

Ombyggingane vil være ferdig i løpet av 1. halvår, og det er no gjort tilsetningar i alle stillingar som var vakante. Det vil seie at vi styrer mot balanse for 2014.

Regnskapstala for driftsåret 2013 viser følgjande:

Kap. 1510 post 01/Kap. 4510 refusjonsposter mv	Total 2013
Tildeling kap 1510 post 01	75 916 000,00
Overføring av resultat fra forrige år	- 262 000,00
Andre tilleggsbev./overskridingsfullmakter *	719 000,00
Inntekter kap 4510 post 15 - refusjon arbeidsm. tiltak	111 543,00
Inntekter kap 4510 post 16 - refusjon fødselsp	2 541 695,00
Inntekter kap 4510 post 17 - refusjon lærlingar	69 145,00
Inntekter kap 4510 post 18 - refusjon sjukep.	1 715 939,00
Inntektsført beløp kap 4510 post 02	780 985,16
Utgiftsført løyving post 01 - Driftsutgifter	- 75 952 500,88
Sum netto mindreutgifter post 01	5 639 806,28

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har no eit driftsnivå som gjer at embetet kan drive embete innafor den tildelte ramma. Når det gjeld mindreforbruket fra 2013 er dette allereie disponert i høve til ombyggingskostnader som er påløpt og vil bli utbetalt i 2014 og at vi har tilsett medarbeidarar i alle ledige stillingar. Dette vil seie at embetet ikkje vil ha tilsvarande innsparingar i 2014.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
Miljøverndepartementet	kr 10 138 346,87	kr 7 638 266,30
Landbruks- og matdepartementet	kr 10 801 971,77	kr 449,09
Kunnskapsdepartementet	kr 6 346 495,93	kr 2 482 855,34
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 1 674 535,99	kr 1 054 370,30
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 3 169 163,97	kr 3 615 771,91
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 3 186 391,86	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 795 556,83	kr 1 573 695,69
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 10 524 071,37	kr 2 393 347,42
Andre	kr 24 094 108,84	kr 0,00
Sum:	kr 70 730 643,00	kr 18 758 756,00

1.3 Andre forhold

Miljøfyrtårn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er resertifisert som miljøfyrtårn pr. 01.01.2013

Lærlingar

Vi har i 2013 hatt to lærlingar i kontorlaget, den eine førsteårs og den andre andreårs lærling.

Sjukefråvèr

Sjukefråvèret i embetet har gått ned frå 4,23% i fjor til 3,72% i 2013.

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generellesamordningsoppgaver. Fornyning av offentlig sektor

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vi vil vidare kort rapportere viktige tiltak og aktørar i den generelle samordningsportefølja. Samordningsaktørar og -tiltak knytt til fagområder er rapportert under dei relevante resultatområda.

2.1.1 Kommunebesøk og kommunebilde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har som målsetjing å vitje alle 36 kommunane i løpet av 2 år. Hausten 2013 vitja vi 6 kommunar, kor 3 av dei var dei største bykommunane i fylket; Ålesund, Molde og Kristiansund. I 2014 skal vi vitje 20 kommunar, og våren 2015 skal vi vitje dei 10 siste kommunane.

Til kvart kommunebesøk vert det utarbeidd eit dokument, såkalla kommunebilete, som gir eit bilete av kommunen slik Fylkesmannen ser det. Kommunebildet er bygd opp rundt våre forventningar til kommunane på bakgrunn av statlege styringssignal og embetet sin totale kommunekunnskap generert gjennom sakshandsaming, rapporteringar, statistikk og andre kontaktpunkt med kommunane. Grunnlaget her vert nytta i dialogen med kommunane om samarbeid og samhandling om utvikling av viktige områder og utfordringar i fylket. Kvart kommunebilde er på ca 50 sider.

Det er avsett ca 5 timar til kvart kommunebesøk, og i den einskilde kommune møter vi formannskapet, øverste administrative leiing og representantar for ungdomsrådet. Det at fylkesmannen etterspør ungdommen i den einskilde kommune er med å sette ungdommens stemme og moglegheit for medverknad høgare på dagsorden. Så langt ser vi sær god effekt av dette tiltaket.

Arbeidet med kommunebileta og gjennomføring av kommunebesøka krev utstrakt samordning innad i embetet, og samtidig gjev det ein god effekt på samarbeid og samordning mellom kommune og stat.

Fylkesmannen har fått gode tilbakemeldingar på at han tek med seg direktørane sine og kjem ut til kommunane.

2.1.2 Utvikling, omstilling, innovasjon og fornying i kommunane

Dei siste fem åra under eitt har kommunane i fylket samla hatt eit netto driftsresultat på om lag éin prosent av driftsinntektene. Gjelda er på eit mykje høgare nivå og har ein høgare vekstrate enn landsgjennomsnittet. Det indikerer for oss at kommunane her ikkje har eit mindre behov for omstilling enn i andre fylker. Behovet for omstilling og fornying vil heller vere sentralt og presserande for mange kommunar i åra framover.

På bakgrunn av dei lokale tilhøva i fylket og utfordringane framover har vi over dei siste åra endra strategien for prosjektskjønnet. Ønskje bak endringa var å ta ei meir aktiv rolle i utviklingsoppdraget. Ved å integrere moglegheitene i prosjektskjønnet i fagavdelingane sine rettleiings- og utviklingsoppdrag, får vi sett meir trykk bak statlege styringssignal, satsingar, politikk og mål. Fagavdelingane har kommunekunnskap og kompetanse innanfor fagområda sine, og er sterk medverkande i å identifisere gode satsingsområder. I 2013 var følgjande områder prioritert:

- Betre oppvekst
- Samfunnstryggleik og beredskap (sjå 53.3)
- Spesialundervisning og læringsmiljø
- Velferdsteknologi (sjå 8.13)
- Truande plantearter (sjå 01-06)

Vi ser at det er viktig å spele på dei gode kreftene som finns for å få meir effekt ut av utviklings- og fornyingsarbeidet gjennom prosjektskjønnet. I 2013 har vi mellom anna invitert andre regionale aktørar med spesialkompetanse på fagfeltet for å bidra inn i satsingsområda.

Vi har god tru på den nye strategien vår for prosjektskjønnet. Prosjektskjønnet er eit veldig viktig verkemiddel for å fremje omstilling og fornying i kommunane. Framover vil vi kople kommunane enda tettare inn i prosessen for å skildre utfordringsbilete framover.

2.1.3 Samordning, samarbeid og samhandling saman med regionale aktørar

Regionråda

Fylkesmannen har i 2013 prioritert å delta på møta i regionråda. Det er 3 regionråd i fylket;

Sunnmøre regionråd har med 17 kommuner

Romsdal regionråd har med 7 kommuner + en kommune fra nordmøre

Nordmøre regionråd har med 11 kommuner

Alle regionråda har sett opp "fylkesmannen sin halvtime" som fast post på sakskartet. Her gjev vi informasjon om siste nytt; spesiell utfordringar eller at ein av direktørane tek for seg fagtema. Eks skuleeigarrolla. Vi har fått god tilbakemelding på at fylkesmannen prioriterer denne arenaen, og vi ser allereie effekten med at ordførarar og rådmenn tek meir kontakt enn tidlegare.

Fylket har mange kommunar, og på grunn av storleik og geografi er det store reiseavstander. Det bidreg nok til at ikkje alle kommunane deltek på konferansar på fylkesnivå. For å treffe alle kommunane spelar regionråda ein viktig rolle. Fylkesmannen har difor ein fast halvtime i alle regionrådsmøta der viktig informasjon blir gitt til kommunane. Mindre fora gjer også at terskelen for tilbakemelding til Fylkesmannen er lågare.

Fylkeskommunen

Vi har god kontakt med fylkeskommunen på ymse fagområder. Vi har samarbeid om utarbeidinga av statistikkhefter og analyse av samfunnsforhold, og spesielt rundt folketalsendringar. I forlenginga av det bidreg fylkeskommunen til våre rapportar, og vi til fylkeskommunen sine. Likevel må det seiast at det hadde vore bra for Møre og Romsdal om Fylkesmannen og Fylkeskommunen også kunne samarbeidd tettare på strategisk nivå. Her er ein veg å gå!

Slik vi tolkar retningslinene for skjønnsstildelinga 2013, vart det i punktet om omstilling og fornying lagt større vekt på kommunen som samfunnsutviklar. Vi ser at slik oversikt og samordning er ønskjeleg og velkomen. Vi har hatt fellesmøte med Fylkeskommunen når det gjeld deira LUK midlar knytt til samme føremål.

KS

Vi samarbeider med KS om å spreie informasjon om det økonomiske opplegget for kommunesektoren. I samarbeid arrangerer vi årlege konferansar knytt til kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Konferansane tener som ein arena der stat ved departement og fylkesmann møter kommunesektoren. Sjølv om hovudbodskapen er det overordna økonomiske innhaldet i budsjettet og den økonomiske situasjonen og måloppnåinga for kommunane i fylket, er det rom for andre meir spesifikke tema. I fjor vart det lagt vekt på interkommunalt samarbeid, der NIVI var engasjert for å kartlegge og analysere de interkommunale samarbeidene i fylket.

Vi ser at den økonomiske situasjonen i fylket ikkje er forbipasserande. Skal kommuneøkonomien i fylket betre seg, og halde seg på eit berekraftig nivå, er det naudsynt å sette trykk på god økonomiforvaltning. Vi tok difor initiativ ovanfor KS for å starte eit nettverk for Robek-kommunane i fylket.

2.2 Velferd,helse og personlig tjenesteyting

Resultatoppnåing

I arbeidet med verksemdsplan for 2013, tok vi i bruk ROS-analyse som metode for planlegginga. Vi analyserte risikofaktorar og tiltak ut frå tre ulike sårbare område innan: Klagesaksbehandling, klager på tvangsmedisinering og god bruk av avdelinga sin samla kompetanse. Dette var til ein viss grad med på å justere dei interne rutinene.

Fleire ting har påverka høve til gjennomføring av planane for 2013. Fylkesmannen har dette året fullført ein omfattande intern organisasjonsutviklingsprosess. I tillegg har gjennomføringsevnen vore påverka av endringar i bemanning og vakansar. På bakgrunn av redusert bemanning, måtte vi gjennom året foreta jamnlege vurderingar av dei oppgåvene som var planlagt. Det vart beslutta at nokre tilsyn måtte utgå. Det var mellom anna planlagt seks tilsyn med KVP i NAV, tre av desse vart avlyst. Vi gjennomførte heller ikkje systemrevisjon med dei seks barnevernsinstitusjonene i fylket, medan individtilsyn vart gjennomført i samsvar med planen.

Omprioriteringane vat gjort for å sikre tilstrekkelige ressurser til å behandle rettighetsklagar og hendelsesbaserte tilsyn.

Dei største utfordringane når det gjelder klagesaksbehandling, har vi innanfor tvang etter Helse- og omsorgslovas kap. 9 og lov om sosiale tenester i NAV.

På bakgrunn av erfaringar frå tilsyn og klagesaker, ser vi eit stort behov for meir opplæring. Dette gjeld både grunnleggjande sakshandsaming og vidaregåande sakshandsaming med kompetanse i utgreiing og behovsavklaring. Det gjeld i stor grad reglane om tvang, knytt til både Helse- og omsorgsteneslovas kap 9 og Psientrettlova kap 4A. Vi planlegg nye kurs i 2014.

Fylkesmannens leiargruppe har dialogmøter med alle dei 36 kommunane. Seks slike besøk vart gjennomført i 2013. Desse besøka og dei "kommunebilda" som vart utarbeidd i førekant, gjev ei sær sars god anledning til å drøfte aktuelle utfordringar med den einskilde kommune. dette gjeld alle tenesteområde.

Barnevernet

Fylkesmannen har fått styrka innsatsen mot barnevernet. Meir ressursar internt gjev høve til auka innsats ut mot kommunane. Tilskot til nye stillingar, samt midlar til kompetanseauke er med på å setje kommunane i betre stand til å ta dei store utfordringane. Fylkesmannen har i fleire samanhengar oppmoda kommunane til å samle innsatsen innan barnevernet ved å etablere interkommunale laysingar. Dette fordi vi ser at større fagmiljø er med på å styrke både kvalitet og kompetanse i kontora.

Sosiale tenester i NAV

Fylkesmannen har eit sær sars godt samarbeid med NAV Møre og Romsdal og samarbeidsavtalen blir revidert årleg. Vi deltek på leiarnivå i både NAV-leiamøte og rådmannsmøte. Det er likeeins godt samarbeid og samordning på rådgivarnivå mellom anna når det gjeld opplæring mot NAV-tilsette. i 2013 vart det brukt mykje ressursar på å gjennomføre ei omfattande opplæring i Lov om sosiale tenester i NAV. Det vart halde til saman sju to-dagars kurssamlingar der over 400 tilsette deltok. I tillegg vart det gjennomført både grunnkurs og vidaregåande opplæring i økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving.

Samhandling

Fylkesmannens rolle i samhandlingsreforma er vesentleg å fylgje med i utviklinga og om det skjer endringar i folks tilgang til tenester. Vi har eit godt samarbeid regionalt gjennom det regionale nettverket og vår regionale koordinator. Det Midt-Norske nettverket har i 2013 vore spesielt opptatt av behovet for kompetanse og endring i kompetansebehov knytt til reforma. Fylkesmennene har saman med KS og Helseføretaket teke initiativ til etablering av eit Midt-Norsk samarbeidsutval for forskning og utdanning.

Førarkort

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har deltatt i arbeid både regionalt og nasjonalt for å forenkle arbeidet på førarkortområdet. Vi har eit godt samarbeid med politi og vegvesen på dette feltet.

Folkehelse

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med fylkeskommunen om folkehelsearbeid og kan nytte felles arena. Alle kommunane i fylket har partnerskapsavtale med fylkeskommunen og fylkesmannen deltek i nettverket med råd og rettleiing. Vi legg elles vekt på å løfte fra folkehelse tema i alle kurs, konferansar og møte med kommunane. Det er også teke grep internt for å sørge for at folkehelse blir forankra i toppleinga i embetet og at ansvaret for folkehelse blir eigd av alle fagområde og avdelingar.

Kommunale helse- og omsorgstenester

Fylkesmannen får dei fleste kommunale planar til uttale. Det kan ha stor betydning for utviklinga i kommunen at dei får tilbakemelding og innspel på sine planutkast. Vi har ein intensjon om å vurdere og gje innspel i planer der det er relevant for vår sektor. Dette er imidlertid eit arbeid som krev tid og må ofte prioriterast ned. Det er ei utfordring å løyse dette på ein god måte internt i avdelinga og i samspel med andre avdelingar.

Fylkesmannen har gjennom klagesaksbehandling og tilsyn med legevaktstenestene i fylket erfart at det gjennomgåande blir ytt gode, forsvarlege tenester til befolkninga. Vi er likevel bekymra for at det er så vidt marginal fastlegekapasitet i mange av kommunane i fylket. Vi ser også stor grunn til å fylgje med på bemanning og kompetansenivå i dei kommunale legevaktstjenestene i fylket. Legane har ei viktig rolle i samhandlinga både

mellom nivå og internt i dei kommunale tenestene. Vi har i fleire år sett fokus på behovet for gode legetenester i sjukeheim og bedt kommunane om å vurdere timetalet for denne tenesta. I 2013 har Fylkesmannen teke initiativ til oppstart av nettverk for sjukeheimslegar.

Fylkesmannen har framleis Omsorgsplan 2015 organisert som eit prosjekt med direktørane som styringsgruppe. Det er utarbeidd strategiplan og eigen milepælplan for kvart år. Vi har eit særst godt samarbeid med Utviklingssentra i fylket. Det er etablert nettverk med alle kommunar for kvalitetsutvikling og den årlege Omsorgskonferansen blir nytta som hovudarena for satsing i nettverka.

Det Midt-Norske velferdsteknologiprojektet har arbeidd målretta med utprøving av tekniske og elektroniske hjelpemiddel. Saman med dei to Trøndelagsfylka har ein sett behovet for, og arbeidd med både etiske og juridisk avklaringar og ikkje minst behov for klare rutiner for sakshandsaming.

Fylkesmannen erkjenner at demens er ei av dei største utfordringane framover. Vi har lagt vekt på å minne kommunane om å legge planar som kan dekkje framtidige behov og å arbeide målretta med kompetanseutvikling. I dette arbeidet har vi eit godt samarbeid med Helseføretaket sine fagavdelingar innan alderspsykiatri og Utviklingssentra i fylket.

Fylkesmannen har tatt aktivt del i oppfølging av dei som vart ramma av terrorhandlingane 22.juli. Gjennom godt samarbeid med *Støttegruppa for dei ramma* i Møre og Romsdal er det etablert eige nettverk for krisehandtering.

Fylkesmannsembeta har fått i oppdrag å bringe fagfelte rus og psykisk helse nærare saman. Konseptet *Samhandling som ringar i vatn* vart etablert i 2009 og inneber to samlingar i året som går over to dagar. Her samarbeider vi med spesialisthelsetenesta, nærare bestemt DPS og rusinstitusjonane i fylket og ser stor verdi i å trekkje inn ulike tema som til dømes bustadsosialt arbeid.

2.3 Oppvekst,barnehager og opplæring

Barnehageområdet

Tilsyn og rettleiing

Vi har gjennomført tilsyn i fem kommunar i 2013. Talet er i samsvar med oppdraget. Tilsynsystema har vore retten til barnehageplass og kommunen som barnehagemyndigheit eksemplifisert gjennom bl.a. forskrift om pedagogisk bemanning. Gjennom tilsyna opplever vi at kommunane får eit sterkare medvit om kva oppgåver som ligg til rolla som barnehagemyndigheit. Einskilde kommunar formidlar at tilsynsrapporten er viktig i vidareutviklinga av rolla som barnehagemyndigheit innad i kommunen og også utad i eige tilsynsarbeid med både egne og ikkje-kommunale barnehageverksemder. Vi vurderer det slik at kompetansen i lov og regelverk har vorte betre, og at det blir arbeidd godt med å lukke pålegga.

Informasjon og rettleiing skjer gjennom møte, samlingar, telefon og epost. Vi har godt samarbeid med regionskontaktane der dei melder frå om kva behov kommunane har for informasjon og rettleiing. Vi ser at mange kommunar har involvert personar med økonomisk kompetanse i behandling av saker om økonomisk likeverdig behandling og som også deltek på våre informasjons- og fagsamlingar. Det gjer at mange av kommunane etterkvart har fått bra kompetanse på området.

Vi har også i år brukt mykje tid på klagesaker på økonomisk likeverdig behandling. 3 av 4 saker får ikkje medhald. Spørsmålet har vore omkring problematikken "2store aktivitetsendringar". Vi har hatt fått inn nokre saker som har vore for dårleg utgreidd og det har vore mykje korrespondanse mellom kommunen og fylkesmann. Saksbehandlingstida har derfor vore svært lang, over 3 månader. Vi viser avsnitt nedafor under opplæringsområdet der vi gjer greie for korleis vi arbeider for å få ned saksbehandlingstida på klagesaker. Kommunane melder frå om at det ikkje er behov for meir informasjon om ordninga før det blir noko nytt i forhold til regelverk. Det er ikkje regelverksinformasjon som manglar, men heller regelverksavklaringar.

Fylkesmannen skal vere en pådrivar overfor kommunane til å innfri retten til barnehageplass. Innhenting av informasjon om plan for oppfyljing av retten til barnehageplass, er gjort som quest-back undersøking. I 2013 kalla vi også inn ei einskild kommune som stod i fare for å ikkje kunne oppfylle retten til barnehageplass. Gjennom påtrykk og rettleiing om krava i regelverket fekk vi avverga mangel på oppfyljing av retten. I denne saka fekk vi god hjelp av Udir.

Kvalitets- og kompetanseutvikling

Vidare skal Fylkesmannen forvalte midler til lokale utviklingstiltak, følge opp og vere ein pådrivar i kompetansesatsingen, rekrutteringskampanjen og andre kvalitetstiltak innanfor barnehagesektoren.

Med så mange kommunar i fylket, er regionssamarbeidet viktig. Fylkesmannen har støtta nokre større utviklingsprosjekt som kvar av dei fire regionane har gjennomført i løpet av dei siste åra. Høgskulen i Volda har vore fagansvarleg for satsingane og fagpersonane har brukt FOU-ressursen sin i arbeidet. Fordelen med slike prosjekt er at alle kommunar i regionen er med, også kommunar med svak barnehagefagleg kompetanse.

Den årlege barnehagekonferansen har god deltaking og er ein viktig arena for personalet i barnehagen og kommunen. Den samlar kvart år 4-500 deltakarar og temaet i år var bla. utnytting av sosiale media. Arrangørar av konferansen er Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet, og Fylkesmannen.

Det er etablert likestillingsnettverk og nettverk for GLØD, som har jamlege møte og som arbeider godt. Men det er vanskeleg å måle effekten av arbeidet, men vi trur at det vil ha effekt på sikt.

Opplæringsområdet

Tilsyn, klage og rettleiing

Som det går fram av kap 3 har vi stort sett følgd aktivitetsplanen for tilsyna, det gjeld både FNT og oppfølgingstilsyna om skulen sitt psykososiale miljø. I tillegg har vi gjennomført tilsyn med "lokalt læreplanarbeid og skulebasert vurdering".

Vi ser at effekten av tilsyna er varierende. Dei skolane som arbeider godt med forbetningsarbeid, er god til å gjennomføre prosessar for å lukke avvika, medan andre har liten forståing av lovkrava og må ha ekstra rettleiing og støtte. Vi ser også at kommunenivået er viktig for å legge litt press på og å følgje opp skolane slik at pålegga blir lukka.

Vi har gjennomført svømmetilsyn etter avtale med Udir. Dette tilsynet har hatt færre pålegg og det har vore lettare for skuleeigar å lukke pålegga i og med at det var mest rutiner som måtte på plass. Det skrifteleg tilsynet på gjennomføring av nasjonale prøver vart utvida til å gjelde fleire skular/kommunar for vi såg av gsi-tala at her var det fleire skuleeigarar som hadde utfordringar. Vi hadde planar om å gjennomføre tilsyn på fysisk aktivitet og leksehjelp, men ved gjennomgang av GSI fann vi ut at risiko for lovbrøt ikkje var så høg likevel som vi trudde. Vi har også gjennomført nokre situasjonsbestemte tilsyn utfrå bekymringsmeldingar og oppslag i media. Vi ser nok at vi kunne brukt meir tid til slike tilsyn.

Utover dette er det gjennomført tilsyn etter introduksjonslova, som har belasta tilsynskapasiteten i embetet utover opphavleg plan. Det viser seg at vi bruker mykje ressursar på dette tilsynet, meir enn vi brukte på tilskotsordninga. Dette går på bekostning på anna arbeid i embetet.

Som vist ovenfor bruker vi risiko og vesentleghetsanalyse når vi veljer ut kommunar til tilsyn, og i tillegg til GSI har vi brukt Skoleporten, KOSTRA, klagesaker og medieoppslag som grunnlag for å plukke ut kommunar.

Vi har store forventningar til det nye nasjonale tilsynet om Elevens utbyte av opplæringa som kjem no med rettleiingsdelen på førehand supplert med eigenvurdering. Vi har prøvd den same metodikken på svømmetilsynet med godt resultat.

Vi må nok konstatere at regelverksetterlevinga varierer mykje ute i skolar og kommunar. I tillegg er det stor utskifting av personalet i kommunane/skulane. Derfor er det nødvendig å halde trykket opp med mykje rettleiing i lov og regelverk. Vi ser at rein forvaltningskompetanse ofte er mangelfullt ute i kommunane og skulane.

Vi har hatt for lang saksbehandlingstid på klagesaker, men vi har arbeidd det siste året med å få den redusert. Det er stort sett dei same personane som arbeider med tilsyn, og vi bruker svært mykje tid til stadlege tilsyn der det går med mykje tid til reise, som må avspasserast. Vi har styrka avdelinga med ein ekstra jurist slik at vi har to juristar. I tillegg samarbeider vi godt internt i embetet slik at vi kan dra nytte av jusskompetansen på andre avdelingar også. I tillegg har vi trekt inn fleire rådgivarar som arbeider med klagesaker. Vi ser no at saksbehandlingstida på klagesaker har gått ned, og ligg no på eit akseptabelt nivå.

Auka kvalitet, kompetanseutvikling og erfarings- og kunnskapsinnhenting.

Vi har kontrollert bruken av statlege etter- og vidareutdanningsmidlar og følgd opp at skuleeigar rapporterar på dei ulike ordningane i det elektroniske rapporteringssystemet. Oppdraget er utført etter fleire purringar og

rettingar av rapportert beløp. Med kontroll av 36 kommunar, fylkeskommunen og 15 privatskolar er arbeidet tidkrevjande.

Vi har informert og motivert om ordninga med vidareutdanning av lærarar i ulike møte og samanhengar, ikkje minst i møte med regionskontaktane.

Når det gjeld deltaking i det regionale GNIST-samarbeidet, har fylkesmannen bidratt og vore aktiv. Det har vore møte jamt gjennom året og vi har gitt informasjon om status for deltaking i vidareutdanning av lærarar på fleire av møta.

Auken i deltakinga i vidareutdanninga det siste året er ikkje så stor som for resten av landet. Vi ser at det er mange lærarar som søker om å få kome med på vidareutdanning (170), men at over halvparten blir avvist av sine skuleeigarar. Det er 6 skuleeigarar som ikkje har deltatt i ordninga sidan den vart etablert. Fleire grunngir det med store reiseutgifter som skuleeigar må betale. Høgskulen i fylket har fått få fag godkjent i vidareutdanningsstrategien så lærarar må reise utav fylket for å ta utdanning som er omfatta av strategien. Kommuneøkonomien i fylket er svak og under gjennomsnittet i landet og det er no seks kommunar som er på Robeklista. Det kan kanskje forklare litt av årsaka til at vårt fylke ikkje nyttar seg av ordninga i like stor grad som andre fylke.

Men likevel må vi nemne at det er mange lærarar som tek vidareutdanning i fylket vårt i sentrale fag utanom strategien, og mange er deltidsstudentar ved Høgskulen i Volda.

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god når det gjeld eigne tiltak - og delvis tilfredsstillande når det gjeld skoleeigar si deltaking i vidare-utdanningsstrategien.

Fylkesmannen har saman med prosjektleiar for Gnist deltatt på alle dei 6 møta i Gnist-partnerskapen M&R i 2013, der hovudtema har vore ungdomstrinnsatsinga. På nokre av møta har også tilbydar frå Høgskulen i Volda (HVO) vore til stades og orientert om satsinga ut mot skolane i fylket. Vi er svært tildreds med at lærarutdanninga i fylket er tungt inne i ungdomstrinnsatsinga, og tilbakemeldinga frå skular som er med i 1. pulje, er svært positiv.

I tillegg har vi - saman med KS og UDF - hatt eigne møte i arbedisutvalet med prosjektleiar Gnist - ofte lagt i forkant eller i etterkant av dei ordinære Gnist-møta.

Samarbeidet i partnerskapet er godt og fylkesmannen vurderer måloppnåinga i Gnist som god.

Elles har den skolebaserte kompetanseutviklinga på ungdomstrinnet vore tema både på ein skoleutviklingskonferanse og på ein fagdag for kommunane hausten 2013, samt vore tema på fleire møte med dei regionale kontaktpersonane i 2013.

Vi har fordelt dei tre stillingane på 4 regionar etter mykje diskusjonar

Når det gjeld satsinga Vurdering for læring har Møre og Romsdal vore med i 4. pulje. Fylkesmannen har etter søknad valt ut kommunale skuleeigarar i tråd med kriteria for deltaking. I alt deltek 21 av dei 36 kommunane i fylket. Fylkesmannen har summert opp og sendt inn rapportar til Udir i samsvar med oppdraget, og har deltatt på alle sentrale samlingar. Vi har teke på oss ei meir aktiv rolle i samband med at vi valte ei brei satsing på *Vurdering for læring* i fylket. Dette har vi gjort på to måtar: Gjennom å knytte til oss ekstern kompetanse frå UH-sektoren og å opprette eit fylkesnettverk for ressurspersonar og skuleeigarar. For å gje støtte/rettleiing til ressurspersonane valte vi å bruke av Fylkesmannens eigne lønnsmidlar for å knytte til oss ekstern kompetanse frå Høgskulen i Volda. Dette har vore svært vellukka. Fylkesmannen også initiert og oppretta eit fylkesnettverk for alle deltakande kommunar (skuleeigar + ressursperson) i fylket. Hovudformålet har vore å sørge for erfaringsdeling, og støtte i gjennomføring av tiltaka. Vi har også hatt fokus på å sjå satsinga på vurdering for læring i samanheng med andre satsingar retta mot skulen, m.a. ungdomstrinnsatsinga. Det har vore tre møter i fylkesnettverket i 2013.

Vi vurderer det slik at vi har innfridd resultatkrava, og meiner det var viktig å involvere så mange kommunar og skular i satsinga. Vi har gode erfaringar med å bruke fagperson frå Høgskulen i Volda på møte mellom dei sentrale samlingane med Udir. Vi har forstått no at alle skular vil få tilbud om å vere med i dei neste puljene i 2014. Med den modellen vi har gjennomført, har nettverk av kommunar samarbeid og måtte dele midlane seg imellom. Vi ser behov for meir oppfølging, særleg i dei kommunane som har vore i nettverk og håper midlar kan stillast til disposisjon for desse kommunane også komande år.

Når det gjeld etterutdanningsmidlar til ppt, har Fylkesmannen informert om ordninga, tildelt midlar i tråd med oppdraget. Fylkesmannen vurderer si eiga måloppnåing som god. Det hadde vore ønskeleg at det var klarare

kriterie på tildeling av midlane, og at vi kunne prioritere meir tiltak for å styrke PPT sitt systemretta arbeidet i barnehagar og skular, noko det er stort behov for. Elles håper vi på at rammene til etterutdanning blir større i åra som kjem slik at det kan resultere i eit løft på PPT sin kompetanse i det systemretta arbeidet.

Skoleporten har blitt ein god reiskap også for fylkesmannen i arbeidet med å hente fram og bearbeide data for bruk m.a. i tilsynsarbeidet. Vi ser at dei fleste kommunane brukar rapporteringsreiskapa i Skoleporten til å utforme sine tilstandsrapportar. Alle kommunale tilstandsrapportar vert lagt ut på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vi ser behovet for meir skolering i vurdering og analyse når vi studerer tilstandsrapportane til kommunane. Vi har arrangert ein samling for skulefagleg ansvarlege der temaet var den nye Ståstedsanalysen.

Vi gav tilbod til ein kommune/skule som hadde høge mobbetal, men skulen trekte seg til slutt og ønskte ikkje å delta.

Elles støtta vi to regionar med midlar for å evaluere tiltaka dei hadde sett i verk for å betre læringsmiljøet. Vi gjennomfører kommunebesøk der vi bruker ein dag på møte med ordførar, rådmann og formannsskap i ein kommune. Der presenterer vi statistikk på mobbing og læringsmiljø frå den enkelte skule i kommunane og har det som dialogpunkt slik at politikarane blir utfordra. Dette har vist seg å skape engasjement.

Vi ser at Udir set i gang mange tiltak som skuleeigar/skolar gir gode tilbakemeldingar på som t.d. "veilederkorps", "vurdering for læring" og "rektorskolen". Vi merker at det er eit enormt behov for støtte og rettleiing og at endringsarbeid på skolane tar tid. Vi ser også behov for at skolane/skuleeigarar blir følgd opp også etter at satsingane er over. Derfor oppfordrer vi Udir til å legge meir langsiktige strategiar der også kompetansemiljø i fylka som lærarutdanninga blir kobla på satsingane. På den måten kan dei ta meir ansvar for den meir langsiktige støtta og oppfølginga etter at Udir har trekt seg ut. Vi har den erfaring at den regionale lærarutdanninga vil styrke sin kompetanse også for grunntutdanninga dersom dei blir trekt meir inn i slike satsingar.

Vi er opptatt av å sjå satsingane for barnehage og skole i samanheng, og har alltid ein av fagdagane vår og haust felles for barnehage og skule. Vi kunne ha tenkt oss at oppdraga oppfordra meir til det. Rekrutteringsbehovet i barnehage og skule er stort i åra som kjem, og det er viktig at vi set inn tiltak som har effekt. Vi ser at Gnist og Glød kører ulikt opplegg frå sentralt hald, og vi kunne ha tenkt at dette blir samordna meir, noko vi vil arbeide meir med i 2014.

2.4 Arealdisponering, byggesaker og universell utforming

Arealdisponering

Fylkesmannen har hatt fokus på dei områda som er vektlagt i embetsoppdraget. Vi har lagt stor vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane. Nasjonal politikk blir formidla gjennom rettleiing på ulike måtar, m.a. gjennom møter, førehandsfråsegner og høyringsfråsegner. FMMR har eit tett samarbeid med fylkeskommunen i plansaker. Dette omfattar både samarbeid i enkeltsaker, så vel som kontakt og rettleiing gjennom dei regionale plannettverka og i regionalt planforum. Fylkesmannen er også ein viktig høyrings- og samarbeidspart i samband med regionale plansaker.

Dei nasjonale forventningane knytt mellom anna til strandsone, fjellområda, naturmangfald, landskap, samfunnstryggleik, jordvern, klima, kjøpesenter, universell utforming og barn- og unge har hatt særleg fokus i arbeidet knytt til saker etter plan- og bygningslova. Dette viser att mellom anna i innspel til plan- og dispensasjonssaker, og i motsegner og klager til slike saker.

Mange av plansakene har vore både komplekse og konfliktfylte. I 2013 var det spesielt mange motsegner knytt til barn- og unge, dvs 20 motsegner til reguleringsplanar noko som utgjer omlag 1/3 av motsegnene. Det totale volumet på motsegner til reguleringsplan utgjer berre 11.8 %. Det er forøvrig motsegner knytt til alle kommuneplanar(arealdelen) som er på høyring.

Fylkesmannen har i 2013 behandla til saman 1100 plan- og dispensasjonssaker.

Fylkesmannen har fremma motsegn til 64 planar. Det har vore gjennomført 8 meklingar i 2013. Ei sak er oversend til Miljøverndepartementet for avgjerd.

Gjennom klagesaksbehandlinga etter plan- og bygningslova ser vi at saksbehandlinga i kommunane ber preg av små fagmiljø og mangelfull kompetanse. Vi ser at det sviktar på heilt grunnleggjande område, og behovet for råd

og rettleining er stort. Når fylkesmannen må oppheve til dømes ei regleringsplan på grunn av sviktande saksbehandling, forsinkar dette byggeprosessen, med auka kostnader til følge.

2.5 Landbruksbasertforvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling

Dei siste åra har todelinga i landbruksnæringa blitt tydelegare. Hovudtrends er at næringa har for lav lønnssevne til å konkurrere med industrien. Nedgangen i aktive bruk har fortsatt, og i mange bygder er landbruksmiljøet for alvor trua. Utviklinga setter synlege spor, mellom anna at beitedyra har blitt borte, landskapet grør endå meir til, og presset mot dyrkamarka har blitt større. Samtidig ser vi optimisme og sterk vilje til å satse mellom dei som har valt å bli verande i næringa. Etterspørselen etter mjølkekvotar og investeringsmidlar er stor, og vi kan med ein viss rett seie at fleire av miljøa blomstrar og utviklar seg positivt. Den siste store investeringsbølga kom på slutten av sytti til midten av åttitalet, og desse brukarane nærmar seg no slutten av yrkeslivet. Desse bruka er stamma i det aktive landbruket på våre kantar, og det er med betydeleg uro vi går mot generasjonsskiftet. Det er no færre enn 900 aktive mjølkeprodusentar i fylket.

Landbruksdirektøren har gjennom mange år hatt dialogmøter med leiinga i kommunane. Dette er lagt til sides som eige tiltak, men blir gjennomført i samarbeid med fylkesmannen sitt opplegg for kommunedialog.

Landbruksmeldinga

Summen av desse utfordringane var bakteppet for at Fylkesmannen i 2011 tok initiativ til å lage ei regional landbruksmelding. Meldinga vart vedteken av fylkestinget i desember 2012, og dette dokumentet har blitt eit viktig grunnlag for prioriteringar og innsats på tvers av sektorane og mellom næring og forvaltning. Landbruksmeldinga identifiserte dei viktigaste problemområda, og dette har vore grunnlaget for målretta innsats og bruk av bygdeutviklingamidlane i 2013.

Lokalmat

Fylkesmannen har gjennom mange år støtta prosjektretta arbeid for å løfte lokalmatområdet. Dei første åra var arbeidet organisert som BU støtta prosjekt i regi av bondelaget, men dei to siste åra har dette blitt ein integrert del av oppdraget for landbruksavdelinga. Vi ser no tydeleg effektar av innsatsen. Lokalmatområdet er i sterk utvikling, og det blir skapt gode nettverk mellom produsentane, og mellom produsentar og sluttledet. Samarbeidet med Matnavet, fylkeskommune og næringsaktørane er godt. Vi føler oss sikre på at innsatsen frå fylkesmannen på dette området har gitt eit vesentleg bidrag til entusiasmen og innovasjonen vi i dag ser på lokalmatområdet.

Næringa har etter kvart blitt meir moden, og tida er inne for å rette meir av ressursane inn mot nettverksbygging, konsolidering og strategikutvikling hos etablerte.

Næringsutvikling

Tradisjonelt har næringsutviklinga blitt handtert sektorvis, med ad hoc samarbeid om enkelttiltak. Dei siste åra har innsatsen frå Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, alle kommunane og Fylkesmannen blitt handtert gjennom felleskonstruksjonen Hoppid. Nesten alle kommunane – 35 av 36 – har skrive kontrakt som regulerer samarbeidet om næringsutvikling. Alle kontraktane vart fornya i 2013, og fylkesmannen er saman med Innovasjon Norge og Fylkeskommunen avtalepart i mot kvar enkelt kommune. For fylkesmannen betyr dette i praksis at tradisjonell bruksutbygging blir handtert som tidlegare, medan såkalla bygdenæringar i hovudsak blir støtta gjennom Hoppid systemet. Med lokalmat som eksempel praktiserar vi ei tredeling, der matnavet får ansvar for den matfaglege støtta, Hoppid følgjer opp med rådgeving rundt tema som bedriftsleiing og økonomistyring, og fylkesmannen tar ansvar for nettverksbygging og koordinering.

Fylkesmannen har – med utgangspunkt i landbruksmeldinga – peika på spesielt viktige innsatsområde. Fylkesmannen har tatt initiativ til prosjektet Fortsatt drift på gode gardsbruk, og Best på før som er eit «eliteprogram» for bønder som vil løfte forproduksjonen til eit høgare nivå. I tillegg til desse prosjekta er fylkesmannen aktivt deltakar i vegvalgsarbeidet gjennom Tine, og vi er aktive medspelarar for å utvikle og gjennomføre næringsretta forskingsprosjekt. Dei siste åra har vi hatt særleg oppmerksomheit på spørsmål rundt dyrehelse og beiting.

Fylkesmannen har gjennom mange år jobba godt med **Inn på tunet**, men dette oppdraget er ikkje utan vidare enkelt. Det er gjort mykje for kompetansebygging, nettverksbygging og kvalitetssikring. Inntrykket vårt er at aktørane har godt omdømme, men dei blir altfor ofte salderingsposten når kommunebudsjetta skal lagast. Mange som vil satse blir usikre på grunn av labil marknad, og kortsiktige avtalar.

PT og velferdsordningane

Forvaltning av produksjonstilskot og velferdsordningane er ein heilt sentral del av oppdraget, og det praktiske skjer i nært samarbeid mellom Fylkesmannen og kommunane. Det er heilt klart problematisk at kommunane har knappe ressursar, og at personale oftare enn før blir omdisponert internt. Lite erfaring og svakare kompetanse i landbruksforvaltninga er utfordrande, og krev tiltak frå Fylkesmannen. Fylkesmannen følgjer opp kommunane gjennom kurs, rundskriv, nettbasert støtte og telefon. Fylkesmannen vil i større grad enn før tenkje førebyggjande, og legge endå meir vekt på introduksjonskurs og målretta «behovsorientert» oppfølging. Samarbeidet med kommunane er godt, og saksfeltet blir generelt godt handtert.

Det blir jobba godt med kontrollområdet, og vi forventar at dette får endå større oppmerksomheit framover. Fylkesmannen har ambisjonar om å gjennomføre forvaltningskontroll i ni kommunar kvart år, og med eit fireårig perspektiv ligg vi omtrent i rute.

Gardskartprosessen er i rute. Fylkesmannen følgjer opp, og tar status for gardskartarbeidet opp på alle møtepunkt der vi treff kommunane. Det blir arrangert kurs etter behov, men etterspørselen er mindre enn for eit par år tilbake.

Miljøvirkemiddela

Det regionale miljøprogrammet er nyleg revidert, og forvaltninga er flytta til ny elektronisk plattform. Vi har gjort viktige grep, og mellom anna lagt langt større vekt på miljørett handtering av husdyrgjødsel. Endringane har blitt godt tatt mot i næringa, og søknadsmassen på dei nye ordningane er over det vi hadde venta. Dette har blitt eit viktig grep for å gjere landbruket meir miljørett. Desse endringane har også opna for tettare samarbeid mellom landbruksavdelinga og miljøvernabdelinga, som blir tatt med i forvaltninga på to av tiltaksområda.

Innføringa av det elektroniske saksbehandlingssystemet eStil har skapt mykje frustrasjonar både mellom bønder og i kommunane. Problema er særleg knytt til integrasjonen med kartmodulen.

I løpet av 2013 vart det gjort ein stor jobb med å avvikle gamle saker. Ansvaret var særleg stort på SMIL sakene. Ved årsskiftet er vi i rute, og frigjorte midlar blir delvis gjenbrukt i kommunen, eller tatt med i fordelinga på kommunane for 2014.

Den nye ordninga for tilskot til drenering er godt mottatt i kommunane, og så godt som heile ramma på 4,1 millionar kroner vart disponert.

Bioenergi og utnytting av skogressursane

Fylkesmannen har sterkt engasjement i bioenergi og utnytting av skogressursane. Utfordringane for bioenergiområdet er lave energiprisar, manglande infrastruktur for vassboren varme og ofte svak kompetanse. Marknaden for flis fungerer ikkje tilfredsstillande, og det blir importert betydelege kvanta frå andre fylke. Dette skuldast både logistikkutfordringar og klimatiske vilkår for tørking. Vi har nokre mindre firma som tilbyr brenselflis, men desse er ikkje store nok til å kunne levere tilstrekkeleg volum og kvalitet. Dette er utfordrande for både eksisterande og nye anlegg som er avhengig av å kjøpe flis frå andre fylke. Det eksisterar i dag ingen anlegg som kan ta i mot skogsflis som er laga av GROT.

Problema knytt til aksellastbestemmeslar og framføring av tømmer er fortsatt mellom dei største utfordringane for næringa.

Økologisk jordbruk

Satsinga på økologisk landbruk er uhyre vanskeleg å følgje opp gjennom praktiske tiltak. Utgangspunktet er at marknaden ikkje etterspør varene, og at mottaksapparatet (Tine og Nortura) ikkje opnar for nye avtalar. Med dette som bakgrunn er det problematisk å anbefale omlegging til økologisk, der dette ikkje har ei økonomisk oppside for gardbrukar. Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er lite, og investeringsviljen er ikkje heilt på topp. I denne situasjonen har Fylkesmannen lagt vekt på å jobbe mot matnæringa med opplysningstiltak, og vi har også tiltak for å få fokus på økologisk jordbruk mellom barn og unge. Slik dette er pr 2014, synes det vanskeleg å følgje opp dei nasjonale ambisjonane på området. Satsinga på økologiske produkt blir til ein viss grad samkøyr

med lokalmatsatsinga.

Beiteinteresser og vern av rovvilt

Møre og Romsdal høyrer til forvaltningsregion 6, saman med trøndelagsfylka. Den viktigaste skadegjeraren hos oss er heilt klart jerv. Jerven gjer mest skade på seinsommaren og mot hausten, og det viktigaste mottiltaket har derfor vore tidleg sanking. Vi har ambisjonar om å utvikle dette vidare, og arbeider med idear rundt beredskapsbeiting og tiltak for å profesjonalisere tilsynet. Vi vil også arbeide meir med vaktarhundar, som har vist seg å vere effektive i dei mest belasta rovdryrområda.

Tilrettelegging for meir beiting i områda rundt innmark fell saman med landbrukspolitiske intensjonar og satsing derfor vore tidleg sanking. Vi har ambisjonar om å utvikle dette vidare, og arbeider med idear rundt beredskapsbeiting og tiltak for å profesjonalisere tilsynet. Vi vil også arbeide meir med vaktarhundar, som har vist seg å vere effektive i dei mest belasta rovdryrområda.

Tilrettelegging for meir beiting i områda rundt innmark fell saman med landbrukspolitiske intensjonar og satsing på kulturlandskapet. Vi har lagt til rette for at SMIL midlane kan brukast som delfinansiering av beiteprosjekt som er viktige for kulturlandskapet. Vi oppfordrar i tillegg aktuelle søkjarar om å vurdere dei spesielt utvalde kulturlandskapsområda i samband med beredskapsbeite. Dette er viktig, men vanskeleg arbeid. Hovedutfordringa er gjerdehaldet, eigedomsstrukturen og omfattande teigdeling. Dette temaet blir tatt opp i prosjekt som fylkesmannen har initiert i samarbeid med bondelaget.

Rovdyr er eit stort problem i dei indre fjordstrøka og i fjellområda. Ei like stor utfordring er tapa som skuldast anaplasmose (infeksjon frå flåttoverførte bakteriar) og alveld. Problema knytt til desse må løysast, og fylkesmannen har jobba aktivt saman med Universitetet i Oslo og Bioforsk. Dei siste åra har Beiteprosjektet vore eit viktig verktøy for arbeidet.

Beitetapa i Møre og Romsdal har ligge på landstoppen gjennom mange år. Det er påfallande at tapa er omtrent like store i kystkommunane som i dei typiske jervområda. Det er all grunn til å tru at tapsårsakene er samansette, og at både sjukdom og rovdyr er inne i bildet. Svært ofte er det vanskeleg å kunne seie noko sikkert om tapsårsak, og det er også nærliggande å tenkje at sjuke dyr lettare blir tatt av rovdyr. Dette er utfordrande problem for forvaltning av erstatningsordningane. Rovvilterstatning gir større økonomisk utbytte enn ordninga "Erstatning for tap av sau på beite". Topografi og effektivt renovasjonssystem i naturen gjer det svært utfordrande å finne kadaver, og det kan oppstå konflikt mellom dyreeigar og forvaltning om årsak til tapa. Dette er uheldig – både av omsyn til ei ryddig og «korrekt» forvaltning, men også for omdømmet mot storsamfunnet. Vi legg stor vekt på tiltak som kan gi betre dokumentasjon av årsaker, og nøkkelen er openbart tidleg funn av kadaver. Vi har satsa på radiobjeller på vaksne søyer, men dette har i liten grad hjelpt oss til å finne daude lam. Sendarar på lam er prøvd i lang tid, men vi er langt frå fornøgd med teknologien. Elektronisk utstyr har vore finansiert både med miljøpolitiske verkemiddel (FKTmidlar) og med landbrukspolitiske verkemiddel (Investeringsmidlar Organisert beitebruk).

Det er utfordrande at næringa er splitta på mange små beitelag, der kvart lag er for lite og utan ambisjonar om å ta oppgåver og ansvar utover heilt lokale tiltak. Dette er eitt av fleire problem som fylkesmannen vil ta opp i prosjektsamarbeid med bondelaget og andre.

Naturressursforvaltning og miljøvern

Dei fleste oppgåvene i embetsoppdraget har blitt løyst på ein tilfredsstillande måte.

Embetet har i 2013 vore igjennom en omfattande OU prosess. Seksjonane er erstatta av faggrupper ledet av en fagsjef/fagansvarlig, og det er tilsatt assisterende direktør i alle avdelingar.

Det har dei siste par åra vore gjennomført økonomiske innsparingar på embetet, bla ved kutt i stillingar. I tillegg har vi i 2013 hatt fleira langvarige vakansar, noko som gjer at regnskapet for avdelinga i år går i pluss. Miljøvernavdelinga er framleis prega ein stram ressursituasjon, og det må gjerast strenge prioriteringar av oppgåvene.

For øvrig lyste vi no i januar ut til saman 4 stillingar; miljøverndirektør, fast stilling som rådgivar naturforvaltning, verneområdeforvaltar i Geiranger/Herdalen og prosjektstilling på forureining for oppfølging av prioriterte skipsverft og tiltaksplanarbeidet i Ålesund.

Avdelinga har i dag 4 stillingar finansiert av prosjektmidlar frå Miljødirektoratet (gamle DN) og 2 stillingar finansiert med gebyrmidlar. Av desse er 4 faste og 2 midlertidige engasjement. Dei tilførte prosjektmidla gjer at

vi klarer å løse vesteleg fleire av dei pålagte oppgåvene våre.

Heilskapleg vassforvaltning

Arbeidet med vassforskrifta har i 2013 hatt høg prioritet. Her er det mange oppgåver som krev mykje samordning både internt og i forhold til andre aktørar, men vi meiner at vi er betre rusta til desse oppgåvene no. Fleire i Miljøvernavdelinga har vore tungt involvert i utarbeiding av tiltaksanalyser innanfor FM ansvarsområder og i arbeidet med regionalt overvåkingsprogram. Innspel til tiltaksanalysen vart sendt Fylkeskommunen som Vassregionmynde (VRM) på slutten av året i 2013 og overvåkingsprogrammet vart sendt VRM i januar 2014. Vi har hatt regelmessig og god dialog med VRM for å sikre eit best mogleg samla grunnlag til arbeidet med forvaltningsplan. Arbeidet med vassforskrifta har tatt mye tid i 2013, og vi meiner no at arbeidet er godt i rute.

Aksjonen for å fjerne lakseparasitten gyrodactylus-salaris frå Raumavassdraget vart gjennomført på ein god måte. Behandlinga må gjentakast i 2014, samtidig som arbeidet med å bygge fiskeperre i Driva vil starte opp for fullt, etter at Stortinget bevilga 10 millionar til arbeidet med å berge villaksen i Driva.

Det har vore ei stor auke i søknader om småkraftverk. Vi har behandla 28 søknadar og har hatt motsegner til 9 av desse.

Naturforvaltning

På naturforvaltningsområdet er det utarbeidet 3 nye forvaltningsplanar, og laga utkast til fleire andre. Det er gjennomført skjøtselstiltak i 28 av verneområdene (uttak av framande treslag, søppelrydding, sti-forbetringar, minkuttak mm). Vi har brukt nokre månadsverk på å planlegge og sette igang sitkaprojektet i verneområder i kommunane Fræna og Eide, og dette er godt i gang.

For ein del pålagte oppgåver må vi melde frå om lang behandlingstid, men det har vore ei viss betring i forhold til førre året.

Landbruksavdelinga vår arrangerte fagsamling for kommunane innafor tema tilskotsforvaltning 14. august. Her fekk vi bistand med foredrag om aktuelle tema i naturmangfaldloven frå miljødirektoratet.

Vi ser det som mest tenleg at opplæring i NML-tema blir knytt opp til andre tema slik som til dømes i denne fagsamlinga. Vi har òg planar om å få inn tema naturmangfaldloven på planforum i fylket i løpet av året.

Kartlegging av biologisk mangfald knytt til naturtypar har hatt god framdrift. Data er ajourført og kartfesta. I 2013 var størstedelen av kartleggingsinnsatsen i kommunane Haram, Stordal, Molde, Sunndal og Tingvoll. I tillegg blir det kartlagt/kvalitetssikra registreringar av slåttemark i 5 kommunar.

Arbeidsoppgåvene knytta til rovvilt har så langt gått greitt. Det har vore varierende tap av bufe med tre konsentrerte skadetilfelle frå ulv i mai-juni og høge tap til jerv i den delen av Sunndal kommune som ligg i Trollheimen.

Rovviltnemnda har prioritert Trollheimen som beiteområde, men det har ikkje lukkast å få ned tapa til jerv i dette området. Skadane har vore aukande dei siste åra. Det er sett i verk fellingsforsøk på jerv og tidleg nedsanking av sau.

SNO har alt for små ressursar til å kunne foreta nødvendig tilsyn/ skjøtsel. Innanfor gitte rammer har SNO likevel gjort eit utmerkt arbeid og profilert forvaltninga positivt. Forvaltninga av dei store verneområda går greit. Vi er glad for oppfølginga DN/MD har hatt i forbindelse med tiltak for bevaring av kulturlandskapet i Verdsarvområdet Geirangerfjorden. Det er her viktig at vi får til ei langsiktig forvaltning av kulturlandskapet.

Plansaksbehandling

På planområdet har aktiviteten vore omtrent som i dei føregåande år. FMMR har i 2013 behandla til saman 1100 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (PBL). Det er reist motsegn til 64 planer og avholdt 8 meklingsmøte, der berre ei sak vart sendt til departementet for endeleg avgjerd. Det var flest motsegner knytt til barn- og unge sine interesser. Ei årsak til mange motsegner kjem av låg plankompetanse i mange kommunar og mykje privat regulering som har ein anna agenda enn kommunen som samfunnsutviklar. Talet på dispensasjonar var 533 som er ein nedgang frå 2012 med 72 stk. Dei aller fleste dispensasjonane er frå kommuneplanen og byggeforbodet i 100 meters beltet. I juli i fjor vart det bevilga 500 000 kr frå Miljøverndepartementet for å auke sakshandsamarkapasiteten på plansakene, og vi har ansatt ein person i 1 års engasjement.

Forureiningsforvaltning

Tilsyn og konsesjonshandsaming vart høgt prioritert i 2013, med spesielt stor tilsynsaktivitet utover hausten. Vi deltok på fellesaksjonane for kjemisk overflatebehandling, mottaksanlegg for farleg avfall og for reine brensler. Alle tilsyn ved mottaksanlegg for farleg avfall og for reine brensler var umelde tilsyn. FMMR har meldt 2 saker til politiet i år, om ulovleg handsaming av avfall. Vi nådde målet om å bruke 2 årsverk på tilsyn, og innteninga på gebyrfinansiert aktivitet var i tråd med tildelinga på 1,65 MNOK. Av gebyrfinansiert aktivitet vart det i 2013 gjennomført 60 tilsyn og 48 konsesjonssaker. Vi ser behov for å auke tilsynsaktiviteten i 2014 ytterlegare og ynskjer auka ramme for gebyrinntekter til 2 millionar, tilsvarande 2.5 årsverk.

2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap

Samfunnstryggleik og beredskap har aldri før hatt ein meir framtrudande plass i nasjonale politikk og i det offentlege ordskiftet. Medan 2011 vert hugsa for krisene og den store katastrofen, og 2012 var rettssaka, gjennomgangen, granskinga og ettertankens år, har 2013 vore prega av utgreiingsarbeid og forslag om nye grep og ny kurs for tunge beredskapsaktørar som Politiet, Sivilforsvaret, Heimevernet og brannvesena.

Ingen konklusjonar er førebels trekte, og fylkesmannen følgjer arbeidet med stor interesse og ein viss uro. I høyringsfråsegnene som vi har gitt, har vi slutta oss til mange av dei føreslåtte endringane. Men med eitt vesentleg unntak: Vi har vore gjennomgåande urolege for dei nye distriktsgrensene som er føreslått – både for 110-sentralane og politidistrikta. Her meiner vi utgreiingane kjem til kort når det gjeld å vurdere kva som er føremålstenelege grenser for regionalt samarbeid om samfunnstryggleik og beredskap – ikkje berre innafor nødetatane åleine. Men også mellom nødetatane og kommunane, ulike fagstyresmakter og frivillige organisasjonar. Etter vår vurdering blir eit politidistrikt som strekkjer seg frå Larsnes i sør til Majavatn i nord for stort, rett og slett, og utan føresetnader for å vere den nøkkelaktøren som politiet bør vere – både lokalt i kommunane og i det regionale beredskapsamarbeidet. Per no er det nesten ingen andre beredskapsstyresmakter som har Midt-Noreg som geografisk arrondering. Det er eit generelt problem i statsforvaltninga at ulike etatar har fått trekt sine eigne grenser. Når det gjeld beredskap er det likevel slik at dei fleste styresmaktene og nær alle frivillige organisasjonar brukar fylkesgrensene, og vi kan vanskeleg sjå at det er ført gode argument for å tillate fleire avvik eller for at fylkesgrensene ikkje er føremålstenelege også for politiet og 110-sentralane.

Tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Kommunane sitt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i lokalsamfunnet vart formalisert gjennom sivilbeskyttelseslova som vart vedteken i 2010 og [forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) som kom i 2011. Gjennom forskrifta fekk også fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta.

Fylkesmannen førte i 2013 tilsyn med 10 kommunar: Volda, Ulstein, Sykkylven, Aukra, Ørsta, Giske, Sula, Sande, Eide og Stranda. I 2014 blir det tilsyn i 13 kommunar, og dei 13 siste kommunane får besøk i 2015.

Hovudinntrykket etter tilsyna i 2013 er at det i kommunane er høgt medvit og god kunnskap om kommunen sine plikter og ansvar ved ekstraordinære hendingar. Med få unntak er også pålagde beredskapsplanar på plass. Størst forbettringspotensial er det når det gjeld utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalysar og heilskapleg, risikobasert arbeid – med klare samanhengar mellom lokalt risikobilde, overordna kommuneplanlegging, førebygging av risiko, beredskapsplanlegging og øving.

Det store bildet er om lag som venta – eller litt betre. All erfaring frå ekstraordinære hendingar dei siste åra stadfestar bildet av høgt medvit, god beredskap og handlekraft når ekstraordinære situasjonar oppstår. At fleire kommunar heng etter i «papirarbeidet» med risiko- og sårbarheitsanalysar er heller ikkje overraskande – det er på dette området den nye lova og forskrifta føresette mest nybrottsarbeid.

Alle kommunane som det vart ført tilsyn med i 2013 fekk eitt eller fleire avvik – definert som manglande oppfølging av pålegg gitt i lov eller forskrift. Fylkesmannen er likevel positivt overraska over at fleire av kommunane berre fekk små avvik – nærast på detaljar. Og dessutan: at dei kommunane som har noko meir å gå på, alle brukte tilsyna på ein offensiv måte – gjennom aktivt å bidra til at tilsyna fungerte som statuskartleggingar som dei sjølve kan bruke i eige forbettringsarbeid.

Tilsynsrapportane er tilgjengelege på fylkesmannen sin nettstad. Rapportane blir publiserte der etter kvart som dei

er klare. Per 07.01.2014 er seks av ti rapportar publiserte. Dei fire siste (frå tilsyn gjennomført i november) kjem i løpet av januar.

Nettverk for psykososiale kriseteam

Kommunane sine psykososiale kriseteam (i fleire kommunar kalla *omsorgsberedskapsgrupper*) er blant hjørnesteinane i den norske beredskapen. I alle hendingar der menneske er utsette for ekstraordinære påkjenningar har kriseteama ei rolle. I både hendingar med nasjonal merksemd og hendingar som brått og brutalt råkar enkeltmenneske og familiar vert kriseteama sin eksistens og innsats teken for gitt.

Dei psykososiale kriseteama er likevel blant dei minst definerte og regulerte tenestene innanfor beredskapsfamilien – eller innanfor helse- og omsorgstenestene, om ein vel det perspektivet. Først i juli 2011, i dagane etter terroråtaka på Utøya og i Regjeringskvartalet, kom det ein statleg rettleiar om temaet, og også denne er vag i tilnærminga.

Styrking av dei psykososiale kriseteama har derfor vore etterspurt frå kommunane, og temaet har vore sentralt i fylkesmannen si ressursgruppe for samordna oppfølging etter 22. juli. Denne ressursgruppa, som i tillegg til fylkesmannen har medlemmer frå spesialisthelsetenesta, KS, kommunane, fylkeskommunen, Arbeidarpartiet/AUF og støttegruppa etter 22. juli, har i 2013 laga ein plan for styrking av kriseteama.

I samsvar med planen skal det etablerast eit fast nettverk bestående av alle leiarane for dei psykososiale kriseteama. Nettverka sine viktigaste oppgåver er å vere arena for fagleg utvikling og samordning. Og: å legge til rette for opplæring, rettleiing og erfaringsdeling. Ta initiativ til kurs, konferansar og øvingar – utarbeiding av rettleiingsmateriell, plangrunnlag og malar.

Nettverket vil også vere eit naturleg knutepunkt mellom kommunale kriseteam og viktige samarbeidspartnarar lokalt og regionalt. Fylkesmannen skal ivareta sekretariatsoppgåver for nettverket, og det vert også arbeidd med å få på plass ein eigen nettverkskoordinator i 30% stilling.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

Fylkesmannen har ikkje hatt besøk frå Kongehuset dette året.

00.2 Saksforberedelse av tildeling av ordener og medaljer

Det er delt ut 10 Kongens fortjenstmedaljar i sølv dette året.

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 – 06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning

Nasjonal marin verneplan

Møre og Romsdal har foreløpig ikkje starta opp arbeidet med marin verneplan, og avventar vidare signaler på dette området. Vi deltok på konferanse om temaet no i starten av 2014.

Oljeforureining

Ein russisk trålar som sank ved kai i Sykkylven kommune under orkanen "Dagmar" i jula 2011 utgjer ein trussel om oljeforureining. Fylkesmannen har bistått kommunen i prosessen knytt til å få vraket fjerna og har mellom anna delteke på møte med Fiskeri og kystdepartementet og Kystverket.

Elles ingen spesiell aktivitet, ut over kontakt med Kystverket i forbindelse med øvingar og aktuelle hendingar.

Heilskapleg vassforvaltning og oppfølging av vassforskrifta

Arbeidet med vassforskrifta har i 2013 hatt høg prioritet. Fleire i MVA har vore tungt involvert i utarbeiding av tiltaksanalyser innanfor FM ansvarsområder og arbeidet med regionalt overvakingsprogram. Innspel til tiltaksanalysen vart sendt VRM på slutten av året i 2013 og overvakingsprogrammet vart sendt VRM i januar 2014. Vi har hatt regelmessig og god dialog med VRM for å sikre eit best mogleg samla grunnlag til arbeidet med forvaltningsplan.

FM har to viktige men prinsipielt forskjellige roller. Den eine er som miljøfaglig ansvarlig og rådgivar om samla miljøtilstand, den andre som regional miljømyndighet. Arbeidet med vassforskrifta er omfattande og prega av mange aktørar. Ulike aktørar har divergerande oppfatningar av eigen og andre sine roller og mandat. FM har brukt mykje tid og krefter på å diskutere rollar, mandat og prosess. Dette tek fokus bort frå faglige problemstillingar, og har også innverknad på arbeidsklimaet regionalt. Dette gjer arbeidet krevjande.

Vi har fortsatt en stor jobb å gjøre når det gjelder forbetring av kunnskapsgrunnlaget i Vann-nett. Det vart i 2013 sendt ut eit brev til alle kommunar i fylket samt alle aktuelle sektormyndigheter for å få innspill og sikre best mogleg kunnskapsgrunnlag for dei regionale vassforvaltningsplanane. Det var blanda kvalitet på tilbagemeldingane men alt er no lagt inn Vann-nett. Vi har tidlegare oppfatta databasen Vann-nett til å være et verktøy meint for å utarbeide forvaltningsplaner. Vi registrerer at andre FM langs kysten har lagt inn alle rapportar slik at alle kan få innsyn i underlagsdokument. Dette er tidkrevjande arbeid som vi så langt ikkje har prioritert. Vi registrerer no at akvakulturnæringa og konsulentfirma no ynskjer at dette òg blir gjort i MR.

FMMR sendte 2. halvår i 2012 statusrapport i forhold til framdrift på forvaltningsplana på Søre-Sunnmøre til VRM.

Det er no lagt ned eit enormt arbeid, og med stor involvering i dei ulike vassområda, i forbindelse med utarbeiding av tiltaksanalyser og forvaltningsplaner. Denne prosessen har skapt ei forventning om midlar til gjennomføring av tiltak og kartlegging. Det er viktig at vi før start på neste planperiode får gjennomført mange av dei små tiltaka og nokre av dei meir ressurskrevjande tiltaka. Det er uttrykt bekymring i kommunane om at tiltaka ikkje vil bli gjennomført om dette er tenkt finansiert over kommunane sine budsjett.

Arbeidet med vassforskrifta syner å ha ein permanent karakter som vil krevje stor innsats òg dei neste åra framover og vidare mot neste planperiode. For å komme godt i gang med neste planperiode vil det vere spesielt viktig med fokus på forbetring av kunnskapsgrunnlaget. Vi ber derfor om at arbeidet med overvaking og kartlegging blir prioritert høgt òg dei neste åra, og at det fortsatt blir avsatt ekstra midlar til å kunne prioritere dette arbeidet hos FM.

Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Vi er langt på vei ferdig med ein gjennomgang av alle kultiveringsanlegga knytt til anadrom fisk. Gjennomgangen har vært styrt av retningslinjer for kultivering/utsetting av fisk. Det meste av dette arbeidet har vært omkring frivillig kultivering som går føre seg i enkelte vassdrag på Sunnmøre. Berre eit anlegg gjenstår.

Fylkesmannen har hatt ei sentral rolle i planlegginga av kjemisk behandling av elvane i Rauma. Aksjonen for å fjerne lakseparasitten gyrodactylus-salaris frå Raumavassdraget vart gjennomført på ein god måte. Rotenonbehandlinga i dei gyroinfiserte vassdraga i Rauma vart gjennomført i veke 35 og 36, og så langt har alt gått etter plana. Behandlinga må gjentakast i 2014, samtidig som arbeidet med å bygge fiskesperre i Driva vil starte opp for fullt, etter at Stortinget bevilga 10 millionar til arbeidet med å berge villaksen i Driva.

I Drivaregionen er konsulentfirmaet Sweco i slutfasen med å utarbeide ein detaljplan for fiskesperra i Driva og er i gang med anbudsgrunnlag for fiskesperra.

Akvakultur

Møre og Romsdal har ca 130 aktive anlegg med utslippsløyve. Alle aktive akvakulturløyve er no lagt inn i Forurensningsdatabasen. Søknader om akvakultur etter forureiningslova vert behandla løypande. Alle nye utsleppsløyve i Møre og Romsdal inneheld krav til miljøundersøkingar. Ved endring av eksisterande utslippsløyve blir det òg stilt krav til miljøundersøkingar.

Det har vore eit krevjande år for sakshandsaming av akvakulturløyve. Fleire løyve er påklaga og vi har hatt for lang sakshandsamingstid etter akvakulturlova. Det har vore tidkrevjande arbeid med klagesakene, då klagarane har ytra ønske om prinsippavgjersler hos klageinstans på fleire sentrale punkt når det gjeld dagens praksis.

Rettleiaren for Fylkesmannens behandling av oppdrettssaker er ikkje oppdatert dei seinare åra. Ein viktig føresetnad for å kunne gjennomføre embetsoppdraget på ein god måte er einskaplege retningslinjer. Mangelfulle retningslinjer medfører mange og gjentakande diskusjonar internt og eksternt om roller ansvar.

Avløp

Vi er i dialog med kapittel 14 kommunane, og dei er godt kjende med at det ikkje vil bli gitt utsatt frist til forskriftskravet om minimum primærreinsing innan 31.12.2015. Dei har satt mål av seg til å greie reinsekrava innan fristen, sjølv om dei seier dette vil bli krevjande. Alle kommunane har i år lagt fram resultat av resipientundersøkingar og er no i prosess med detaljplanlegging og søknader om nye utsleppsløyve. Det er forventa mykje arbeid i forbindelse med rettleiing og sakshandsaming av løyver framover.

Fylkesmannen med leiargruppe har i år hatt møte med formannskapet i alle dei 3 største bykommunane i MR (Molde, Ålesund og Kristiansund), der forskriftskravet med siste frist for ferdigstilling av primærreinsanlegg vart lagt fram. Det var viktig at politisk leiing i kommunane òg vart gjort kjende med desse krava.

Miljødirektoratet har utarbeidd ein ny mal for utsleppsløyve. Vi har teke i bruk ny mal for utsleppsløyve til det første nye reinseanlegget som tilfredsstillar dei nye framtidige reinsekrava. Molde kommune fikk i 2013 fritak for kravet om sekundærreinsing på eit anlegg.

Oppfølging av kommunen som myndigheitsforvaltar når det gjeld avløp er svært krevjande i eit fylke med mange små kommunar. Det er mange som slit med mangel på kompetanse innafor avløp, noko som kjem spesielt godt fram no i forbindelse med vassforskriftarbeidet. Vi har ikkje hatt kapasitet til å framskaffe ein samla oversikt over

alle avløpsanlegg som overskrid reinsekrava etter forureiningsforskrifta, men inntrykket frå arbeidet med tiltaksprogrammet er at direkteutslipp til sjø er utbredt og at mange gamle anlegg har svært dårlig reinsegrad.

Vi ser òg eit aukande problem med mangel på kompetanse i kommunane i forbindelse med påsleppsløyve frå industri. Det er mykje fiskeforedling og næringsmiddelindustri i Møre og Romsdal og dårlege påsleppsløyver kan påføre avløpsreinseanlegga skadar samt redusere reinsegraden på avløpsvatnet..

Forvaltning og naturoppsyn i verneområder

Etter at fylkesmannen fekk ekstra midlar til å utarbeide forvaltningsplanar og tilsette eigne personar i august 2009, har produksjonen eskalert. Det er i år utarbeidet 3 nye forvaltningsplanar, og laga utkast til fleire andre:

- Godkjent i 2013: Sandblåst-/Gautadvågen nr, Runde ffo og Goksøymyrane nr.
- Godkjent 06.01.2014: Surna nr og Søysetøran nr. Gjennom arbeidet med forvaltningsplan for Surna nr har det blitt avdekkja ei rekkje utfordringar knytt til endra vasshushaldning på grunn av inngrep i to av delområda. NVE var på synfaring i september for å vurdere moglege tiltak for å sikre verneverdiane. (Arbeidet med forvaltningsplan for Surna nr tek difor vesentleg meir ressursar enn vi rekna med.)
- Under arbeid, forventet godkjent 1. halvår 2014: Myklebustvatnet nr, Tjørnvågosen nr, Hostadvatnet nr, Hustadvassdraget nr, Sylteosen ffo og Aureosen ffo.
- Under arbeid, vart sendt Miljødirektoratet for faglig gjennomgang jan 2014: Sør-Smøla lvo og Haverøya lvo.

Det er få saker i dei små verneområda, men det viser seg at det blir gjort mange inngrep utan søknad. Dette vert oppdaga i samband med forvaltningsplanarbeid og skjøtselstiltak. Det må tettare oppfølging til frå SNO, òg i høve til melding av brot til politiet. SNO har alt for små ressursar til å kunne foreta nødvendig tilsyn/ skjøtsel. Innanfor gitte rammer har SNO likevel gjort eit utmerkt arbeid og profilert forvaltninga positivt. Vi har gode rutinar for bestillingsdialog og oppfølging av tiltak, og tiltaka vert stort sett gjennomført i høve til tildeling. Endringane er godkjente av SNO.

Hogstprosjekta i Sandblåst-/Gautadvågen nr og Gule-Stavikmyrane nr er omfattande, og krev store ressursar til planlegging og til administrasjon av innkjøp.

Nasjonalparker og andre større verneområde

Forvaltninga av dei store verneområda går greit.

Verneområdeforvaltarar/ ny forvaltningsordning

Vi har tilsett verneområdeforvaltar for Geiranger/Herdalen med kontorstad Geiranger. Ho starta opp i jobben 1. september, men har dessverre sagt opp for overgang til ny jobb 1. mars 2014. Stillinga vart utlyst på ny i januar 2014.

I 2011 tilsette vi verneområdeforvaltar for Trollheimen med kontorstad Rindal. For å sikre langsiktig god drift av desse to knutepunkta, har vi verneområdeforvaltarane inne i miljøvernavingdelinga 1 – 2 gonger kvar månad. Det sikrar fagleg utveksling mellom forvaltarane og kjennskap til fagmiljøa og den kompetansen fylkesmannen har.

Geiranger/Herdalen

Kommunen regulerte området med stien til Storseterfossen for å ha det juridisk grunnlaget for ekspropriasjon. I siste runde før det var aktuelt å starte ekspropriasjonsprosessen, fekk vi til avtale med alle grunneigarane. Sherpaer har arbeid med stien i sommar og har utbetra dei viktigaste delane av stien til svært god standard. Totalt er det brukt 1,5 millionar kroner i år. Det er trong til meir midlar for å slutføre prosjektet i 2014. Dette er tatt opp i verneområdestyret sin bestillingsdialog med SNO.

Grensemerking av Geiranger-Herdalen blei sett i gang i 2011, men vil truleg ikkje bli slutført før i 2014.

Dovrefjell-Sunndalsfjella

Vi følgjer med i vedtak frå nasjonalparkstyret som gjeld vårt fylke.

Reinheimen

Vi arrangerte konstituerande møte for nasjonalparkstyret på Åndalsnes 6. mars. Etter at forvaltningsknutepunktet blei lagt til Lom, har Fylkesmannen i Oppland tatt over den vidare oppfølginga, både økonomisk og

administrativt. FMRR må følge opp gjenopprettingssaker som er avdekka ved SNO tilsyn i området.

Vi har hatt ein del arbeid med å følge opp erstatningssakene for store verneområde. Det er uklårt kor omfattande dette vil bli vidare.

Motorferdsel i utmark

Saksfeltet har relativt låg prioritet, men vi tek unna dei få klagesakene vi får på kommunale vedtak og rettleier kommunane i regeltolkinga på konkrete førespurnader

Arbeid med og forvaltning av utvalde naturtypar (UN), prioriterte artar (PA) og trua artar

Slåttemark og slåttemyr: 123 lokaliteter (643 daa) blei skjøtta i samsvar med skjøtselsplan i 2013 (103 skjøtselsavtalar). 156 skjøtselsplanar er ferdigstilte. Arbeidet er svært omfattande med over 250 A- og B-lokalitetar i fylket. Vi har eit godt samarbeid med landbruksavdelinga.

Kystlynghei: Det er utarbeidd skjøtselsplanar for delar av arealet i alle tre referanseområda. (7 A og B-lokalitetar med skjøtselsplan) Det vart gjennomført sviing i 2 av referanseområda i 2013 og det er beitedyr på delar av arealet i alle tre. Det var gjennomført kurs i lyngheiskjøtsel i eit av referanseområda i år. Det er førebels ikkje inngått skjøtselsavtalar. At delar av arealet er verna skapar ein del utfordringar i høve til samordninga av tilskot. Det blei betalt ut tilskot til sviing og beiting i 2 av referanseområda. Omsyn til viltinteresser og ulike grunneigarinteresser skapar ein del utfordringar.

Faggrunnlag for trua beitemarkssoppar i Norge: Dette er eit prosjekt som har medført ein del arbeid for avdelinga. Det er inngått avtale om kartlegging av beitemarksopp i haust. Kartlegginga vil skje i dei fylke og område der potensialet for funn er størst.

Kulturlandskap

Utvalde kulturlandskap: Godt samarbeid med landbruksavdelinga og kulturavdelinga hos fylkeskommunen, både når det gjelder metodikk, avtalar og kontroll av skjøtsel. Alle har vore med på nettverkssamlingar. Det vart utarbeidd skjøtselsplanar for artsrike slåttemarker i Utvalde kulturlandskap i 2012. I 2013 er det inngått skjøtselsavtale for 16 av 18 lokalitetar.

Regionalt miljøprogram og SMIL: Regionalt miljøprogram har gått gjennom hovudrevisjon. Det er no mellom anna lagt langt større vekt på miljørett handtering av husdyrgjødsel. Elles er det er som før for tilskot til slåttemark og kystlynghei, medan naturbeitemark vart tatt ut i år utan at miljøvernavdelinga var samd i det. Miljøvernavdelinga har vore lite involvert i forhold til arbeid med SMIL-saker, men det har vore ein del samordningsarbeid i forholdet til den nye tilskotsordninga for utvalde naturtypar.

Verdsarv: Samarbeid med landbruk om tildeling av verdsarvmiddel til kulturlandskapslokalitetar. Dette har fungert greit. Vi samarbeider med Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv om fleire tiltak i verdsarvområdet. Deltaking på verdsarvrådsmøte.

Nasjonalt viktige kulturlandskapsområde: Det er gitt tilskot til slåtteeing i Fræna (Skutholmen) og beiting på Tautra.

Kartlegging av kulturmarker: Mange oppdateringar i samband med kvalitetssikring av utvalde naturtypar (skjøtselsplanarbeid)

Viltforvaltning

Manglande kapasitet på det som er fylkesmannen sine oppgåver etter forvaltningsreforma fører til at ein del saker får lang behandlingstid.

Forvaltning av villrein

Villreinnemnda for Ottadalen er i god drift med støtte frå innleidd sekretærbistand frå Skjåk kommune. Grunneigarane har ei god og robust organisering som tar eit solid ansvar for sin del av villreinforvaltninga. Vi har deltatt lite i prosessen med fylkesdelplan for Ottadalen ut over dei ordinære høyringsrundane.

Rovviltforvaltning

Rovviltarbeidet er i rute. Forvaltningsplanen for regionen er revidert og Trollheimen er tatt ut som yngleområde

for jerv. Dette skaper utfordringar når rovviltnemnda framleis har mål om 3 årlege ynglingar av jerv i Møre og Romsdal. I år er det registrert 1 yngling innafor området med mål om 3 ynglingar i vårt fylke. I tillegg er det registrert 2 ynglingar innafor Trollheimen. Ein av desse ynglingane blei tatt ut av SNO.

Det var ulveskade på sau i tre ulike område i kommunane Sunndal og Nesset i mai – juni. Det blei satt i verk fellingsforsøk i alle tre områda utan at ulven blei felt.

Det ble satt i verk fellingsforsøk på jerv i den delen av Sunndal kommune som ligg innafor Trollheimen. Dette er eit område som har hatt vesentlege jerveskadar dei siste tre åra. Etter at rovviltnemnda prioriterte Trollheimen som beiteområde, er det eit høgt frustrasjonsnivå bland sauehaldarane når det ikkje lukkast å få slutt på jervaskadane i dette området.

Framande organismar

Vi har godt samarbeid med 5 kommunar og Statens vegvesen om kartlegging av framande planteartar. Det er løyvt skjønnsmidlar til kommunane til kartlegging og utrydding. Fjerning skjer stort sett berre i verneområde, og mot sitkagran, gran, bergfuru, rynkerose og nokre andre plantar. SNO har drive storstilt fjerning av mink i Sør-Smøla lvo. Vi har behandla vel 10 søknader om utsetting av utanlandske treslag. Alle søknader om juletreproduksjon er innvilga, ein søknad om utsett av sitkagran ligg til behandling. Vi har ikkje prioritert arbeidet med å koordinere arbeidet mot framande artar utafor verneområda.

Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv

Ivaretaking av attraktive friluftslivsområde i plansaker

Følgjast opp i løypande sakshandsaming etter PBL.

Fylkesmannen som grunneigar/rettshavar på vegne av staten i dei statleg sikra friluftslivsområda

Dei som følgjer opp saker etter PBL i kommunane har òg hovudansvaret for dei sikra friluftsområda. Vi har eit visst etterslep med saker som vi ventar å hente inn i løpet av året. Vi er ikkje ferdige med å gå gjennom forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområde. Hovudgrunnen er at berre eit fåtal av planane vi har fått til godkjenning tilfredsstillar krava som er sett til utforming av slike planar. Det er spesielt store manglar på kartfesting av ønskte tiltak.

Tilrettelegging for jakt og fiske

Grågås, villrein og store rovdyr: Vi har noko kontakt med kommunar for å få utarbeida forvaltningsplaner for grågås. Tilrettelegging for jakt er elles òg eit tema. Vi informerer om jakt på og felling av rovdyr etter førespurnad. Fylkeslaget av NJFF har fått midlar frå FKT-potten for å arrangere jaktkurs på rovvilt.

Resultatområde 09 Giftfritt miljø

Sediment

Vårt bidrag inn i Borgundfjordprosjektet og elles i andre oppryddingsprosjekt ved prioriterte skipsverft har vore begrensa i 2013, men vi har forsøkt å prioritere det viktigaste dette året. Vi er godt fornøyd med tildeling av ekstra prosjektmidlar til dette arbeidet i 2014 og ser fram til å kunne prioritere framdrift i dette arbeidet.

Vi har i 2013 sendt ut pålegg til alle aktuelle grunneigarar i tiltaksplanområdet for forureina sjøbotn i Ålesund kommune, der 2 av 3 pålegg vart påklaga. Begge klagane vart trekt tilbake etter eit møte med grunneigar, FM MR og konsulent.

I september vart det arrangert eit seminar om opprydding i forureina sediment ved Runde Miljøseier, med Søre Sunnmøre vassområde, FKMR og FM MR som arrangør. Det var brei deltaking frå kommunar, lokale skipsverft og andre statlege sektormynd. Seminaret fekk òg god mediadekning. Målsettinga var å forankra arbeidet med forureina sjøbotn betre lokalt, slik at vi kan få meir trykk på arbeidet med opprydding i gamle synder.

Arbeidet med oppfølging av prioriterte skipsverft måtte vi sette på vent i år på grunn av ressursituasjonen. Det er

svært sprikande konklusjonar i forhold til vurdering av kartleggingsresultat og forslag til tiltaksplaner frå dei ulike konsulentane som har vore involvert. Det blir ei utfordring å få kvalitetssikra desse rapportane og sikre samordna rammekrav ved utsending av pålegg om tiltak. Her blir det viktig med god rettleiing frå Miljødirektoratet.

Innkomne mudre- og dumpesaker blir handsama fortløpande. Det er mange veg- og bru-prosjekt i Møre og Romsdal, og nokre av desse mudre- og dumpesakene er konfliktfylte og krevjande. Vi har elles gitt innspel til overvåkingsprogrammet om kartlegging av ein terskelfjord der det er fylt ut og laga bru-forbindelse ved inngangen til eit fjordsystem.

Grunnforureining

Vi har hatt auka fokus på å legge inn nye aktuelle saker i Grunnforureiningsdatabasen og opplæring av kommunane i kapittel 2 i forureiningsforskriften. Vi har etablert kontakt med nokre kommunar med betydeleg sakshandsaming på grunn av bygge- og gravearbeider i forureina grunn og har i 2013 prioritert rådgjeving og hjelp til innlegging av data i grunnforureiningsdatabasen. Vi har òg blitt flinkare til å legge inn «nye funn» i Grunnforureiningsdatabasen for verksemder der FM har mynde.

Avfall og gjenvinning

Vi deltok på fellesaksjon for farleg avfall. Alle tilsyn ved mottaksanlegg for farleg avfall var umelde tilsyn. Inntrykket etter farleg avfallsaksjonen er at fleire anlegg har dårleg kunnskap og forståing av regelverket rundt farleg avfall. Vi er no godt i gang med oppfølgingstilsyn og gjennomgang av tilbakemeldingar frå verksemdene.

Vi har i år trekt eit utsleppsløyve til eit biloppsamlingsanlegg. Vedtaket vart ikkje påklaga. Vi følgjer no opp handlingsplana for avslutning av verksemda. Dette vil bli ei tidkrevjande sak der vi fryktar at det vil bli behov for tvangsrydding. Det var anslagsvis 400 bilar på eigedommen då løyvet vart trekt.

Vi registrerer ei auka mengde henvendingar knytt til mellomlagring og deponering av reine massar. Dette arbeidet må vi prioritere framover. Vi har mistanke om at det i mange kommunar finst ulovlege massedeponi. Vi har i samarbeid med direktoratet utarbeidd eit rundskriv som er sendt til alle kommunane i fylket, for å klargjere grensoppgangane for krav til massedeponi og andre deponi.

FMMR har meldt 2 saker til politiet om ulovleg handsaming av avfall. Sakene vart melde etter tips frå kommunane. Vi arbeider òg med ei klagesak som vart henlagt av politiet om ulovleg deponering av farleg avfall i sjø.

Resultatområde 10 Rein luft

Luftforureining

Vi har få saker med konfliktar i forhold til luft forureining. Ålesund er einaste kommune med overvaking av luftkvalitet og der dette er aktuell problemstilling i plansaker.

Støy

Vi har i år valt å prioriterer å kontrollere at støy er tilstrekkelig ivaretatt i kommunanes overordna planlegging etter plan- og bygningsloven i dei 3 største byane, og i saker der boliger/skuler/barnehagar kan komme i konflikt med industri og veger med stor trafikkbelastning.

Vi gir rettleiing og bistår kommunane i aktuelt støyregelverk etter førespurnad. Miljøkommune.no er eit viktig hjelpemiddel på dette området.

Elles mottar FMMR aukande mengde klager på alle typar støy (frå vegtrafikk, industri, naboar, fuglar, dyr mm.). Det klages etter plan- og bygningslova, forureiningslova og folkehelselova, og det er ei utfordring for FM å samordne sakshandsaminga.

Støy blir elles regulert i utsleppsløyver til verksemder. Vi har nokre bedrifter i spesielle konfliktområder som blir regulert med kjøretidsbegrensningar og med strengare utsleppskrav enn grenseverdiane angitt i T-1442. Det er viktig med fokus på godt planarbeid i og rundt industriområder, slik at ein unngår å måtte tidsregulere næringsrelatert trafikk gjennom utsleppsløyver.

Resultatområde 11 Stabilt klima

Kommunale klimaplaner

Fylkesmennene skal følgje opp kommunane med tanke på å komme frå plan til handling når det gjeld arbeidet med klima- og energiplanlegging. Vi gjev uttale til slike planar når dei er på høyring, men det er ikkje ressursar til å følgje opp etter at planen er vedteken.

Alle dei 36 kommunane i Møre og Romsdal har laga klima- og energiplaner, men vi har ikkje i år hatt kapasitet til å gå inn i alle desse for å finne ut kva for planar som skal reviderast i år og neste år, og omtale kvar enkelt kommunes måloppnåing på dette området. Vi vil prioritere å sette av noko tid til dette arbeidet i starten av 2014 og arbeidet vil bli koordinert med Fylkeskommunen.

Industri

Energieffektivisering i næringslivet blir følgt opp i forbindelse med utsleppsløyver, tilsyn og bedriftenes eigenkontrollrapporteringar.

Vi har no teke i bruk ny mal for utsleppsløyve for avløpsreinsanlegg, der krav til betre handtering av overvatn i dei største bykommunane er spesifisert.

Resultatområde 12 Resultatkrav knyttet til Tverrgående virkemidler

12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling

Plansaksbehandling 2013

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2013 behandla til saman 1100 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (pbl). Tilsvarande tal for 2012 var 1189, medan det for 2011 vart registrert 1032 saker. Av desse er 567 regulerings- eller kommuneplaner som er lågare enn 2012, men høgare enn 2010 og 2012. Det var reist motsegn til 64 planer og avholdt 8 meklingsmøte, der berre ei sak vart sendt til departementet for endeleg avgjerd. Talet på motsegner knytt til plan, men det kan vere mange motsegner til f.eks ein kommuneplan, noko som ikkje kjem fram i statistikken. Det var flest motsegner knytt til barn- og unge sine interesser(20), medan strandsone og natur/miljø og landskap hadde 26 tilsaman. Jordvern, støy, kjøpesenterstopp og ROS har dei andre. Ei årsak til mange motsegner kjem av låg plankompetanse i mange kommunar og mykje privat regulering som har ein anna agenda enn kommunen som samfunnsutviklar. Talet på dispensasjonar var 533 som er ein nedgang frå 2012 med 72 stk. Det går litt opp og ned frå år til år, td var det 628 i 2010, noko vi ikkje har noko god forklaring på. Heller ikkje at talet på klager er gått ned frå eit snitt på 19 siste 3 åra til berre 3 i 2013. Dei aller fleste dispensasjonane er frå kommuneplanen og byggeforbodet i 100 meters beltet.

Fylkesmannen som garantist for rettstryggleik og samordnar av statlege interesser

Fylkesmannen gir omfattande rettleiing både i høve tolking og praktisering av plan og bygningsloven. Ein monaleg del av rettleiinga skjer gjennom telefon og e-post, men også gjennom møter. Rettleiing vert ytt både til kommunar, private planleggjarar, Statens vegvesen, fylkeskommunen og privatpersonar. Rettleiinga er ofte ikkje direkte knytt til klagesak hos fylkesmannen. Rettleiingsarbeidet er relativt tids og arbeidskrevjande.

Det er behandla 26 klager på reguleringsplanar i 2013. Kommunestyret sitt eigengodkjenningssvedtak vart stadfesta i 22 av dei sakene som er handsama. I fire saker vart klagen tatt heilt eller delvis til følgje. Der klager er tatt til følgje, er dette i det vesentlege på grunn av manglar ved kommunens saksutgreiing og avgjersgrunnlag.

Tala på behandla klager på reguleringsplanar for 2012, 2011 og 2010 er til samanlikning 34, 47 og 38. Det har soleis vore handsama færre reguleringsplanklager i 2012 enn i dei tre føregåande åra.

Vi har i lengre tid hatt for lang sakshandsamingstid. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid ved inngongen av 2013 var i om lag 30 veker, altså på 6-7 månader. Sakshandsamingstida på reguleringsplaner har diverre auka i 2013 til om lag 40 veker, altså på 9-10 månader. Bakgrunnen for dette er for det fyrste at vi i lys av den innførte 12-vekersfristen på byggesaker etter plan- og bygningslova fortsette å prioriterte å nå dette målet, noko vi var nær å lukkast med i byrjinga av 2013. For det andre hadde vi i 2013 personalmessige utfordringar då fire røynde juristar gjekk ut i permisjon i fyrste kvartal, i tillegg til at ein vart overført til verjemålsområdet. Trass i at vi har lukkast med å få inn tre vikarar for desse, har mykje tid gått til naudsynt opplæring og rettleiing. Som tiltak for å betre vår situasjon har vi i haust/vinter fått bistand frå to tidlegare tilsette ved embetet som er gått av med pensjon, båe med tung erfaring frå planområdet. Dette har gitt god effekt for oss, og vi ser no at sakshandsamingstida er på veg ned. Vi vonar at vi i løpet av 2014 vil oppnå ei vesentleg forbetring i vår sakshandsamingstid.

Miljøvernavdelinga har det største koordineringsansvaret for plansakene på embetet. Det har vore ytt juridisk bistand i samband med fråsegner til reguleringsplanar der dette har vore naudsynt. Vi har òg målsetjing om at kommuneplanar med føresegn skal vurderast av jurist. I lys av vår personalmessige situasjon har vi etablert ei ordning der vi har ytt bistand til miljøvernavdelinga på etterspørsel. Vidare har vi ytt bistand når fylkesmannen leiår mekling i motsegn saker etter pbl. § 5-6.

12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling

Tilsyn og konsesjonshandsaming

Tilsyn og konsesjonshandsaming vart høgt prioritert i 2013, med spesielt stor tilsynsaktivitet utover hausten. Vi nådde målet om å bruke 2 årsverk på tilsyn, og innteninga på gebyrfinansiert aktivitet var i tråd med tildelinga på 1,65 MNOK. Av gebyrfinansiert aktivitet vart det i 2013 gjennomført 60 tilsyn og 48 konsesjonssaker i 2013.

Vi deltok på fellesaksjon for kjemisk overflatebehandling, mottaksanlegg for farleg avfall og for reine brensler. Alle tilsyn ved mottaksanlegg for farleg avfall og for reine brensler var umelde tilsyn. Inntrykket etter farleg avfalls aksjonen er at fleire anlegg har dårleg kunnskap og forståing av regelverket rundt farleg avfall, og vi er godt i gang med arbeidet med å følgje opp anlegga med mange alvorlege avvik.

Vi ser tilsyn som eit svært viktig verkemiddel i arbeidet med oppfølging av forureining frå verksemder. Tilsyn er einaste verkemiddel for oppfølging av forskriftregulerte verksemder, og i Møre og Romsdal er det fortsatt mange verksemder der vi ikkje har gjennomført forureiningstilsyn.

FMMR har meldt 2 saker til politiet, om ulovleg handsaming av avfall. Sakene vart melde etter tips frå sakshandsamarar i dei aktuelle kommunane. Vi arbeider òg med ei klagesak som vart henlagt av politiet om ulovleg deponering av farleg avfall i sjø. Vi har ikkje varsla eller krevd inn tvangsmulkt i år.

Kommunen som forvaltar av miljøvernlovgivinga

Vi har lagt ut informasjon på heimesida vår om Miljokommune.no og nyttar høve til å orientere kommunar om verktøyet i andre naturlege samanhengar. Det er så langt ikkje planlagt eit fagleg arrangement retta mot kommunane om Miljokommune.no

Vi deltok ikkje på årets kommuneundersøking på landbruksområdet, på grunn av ein krevjande ressursituasjon.

Vi bistår elles etter førespurnad så godt som mogleg når det gjeld rettleiing til kommunar som forvaltar av miljøvernlovgivinga, og «Miljokommune.no» og «Veiviser i miljøregelverket» er gode verkty som er klargjerande for både FM og kommunane i spesielle saker. Vi ser det som særst viktig at dette arbeidet med rettleiingsmateriale på nett blir ført vidare.

12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon

Kart og geodata

Kartportalen GisLink (www.gislink.no) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. GisLink vert drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, og gjev oppdatert

informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemdar og ålmenta.

Noreg Digitalt-samarbeidet sørgjer for at oppdaterte data alltid er tilgjengeleg via GisLink. Dette er særskild viktig for at medarbeidarar skal kunne drive sakshandsaming på rett avgjerslegrunnlag.

GisLink vart etablert i 2004, som ein av dei første regionale karttenestene av denne typen. I 2012 vart ein heilt ny versjon av GisLink teken i bruk. Den nye versjonen skal kontinuerleg oppdaterast og utviklast med nye GIS–onlinetenester. I 2013 skjedde det mange små utviklingar, kanskje den mest spanande utviklinga var tilrettelegging av historisk ortofoto på karttenesta (historikkortofoto blei digitalisert av Statens kartverk i samarbeid med FMMR og MRFK). Det er om lag 400 brukarar av GisLink kvar vekedag.

FMMR har tett samarbeid med Statens kartverk i Molde. Fundamentet i samarbeidet er organisert med Geodatautvalet som styringsgruppe. Dette utvalet er samansett av representantar frå Statens vegvesen, Telenor, kommunar, kraftselskap, Statens kartverk, MRFK og FMMR.

Plan- og temadatautvalet til FMMR er ei undergruppe av Geodatautvalet, som arbeider med å prioritere tematiske data og plandata i fylket. I 2012 vart det oppretta eit arbeidsutval med fem representantar: to frå Kartverket, ein frå Statens vegvesen, ein frå FK og ein frå FM. I år vart ein representant frå faggruppa for samfunnstryggleik og beredskap hos fylkesmannen invitert i utvalet. Målet med dette er å auke kvalitet og bruk av beredskaps-temadata.

Temadatautvalget organiserte i mars temadatadagen. Hovudfokuset denne dagen var risiko, tryggleik, og kulturminne. 83 deltok, med representantar frå 23 kommunar i fylket.

Den internasjonale GIS-dagen vart organisert gjennom plan- og temadatautvalet, 16 studentar deltok frå Geofag 1 på Romsdal vidaregåande skule. Målet med GIS-dagen er å informere om geomatikk, og rekruttere til bransjen. I tillegg til undervising på skulen, fekk elevane vere med på fleire praktiske øvingar og feltarbeid, geocoaching, quiz, omvising og lunsj på Molde brannstasjon.

Miljøstatus

Det vart satt av ein del tid til arbeid med Miljøstatus i 1. kvartal 2013. No har vi satt alt arbeidet på vent i tråd med vedtaket om at dei fylkesvise sidene ikkje skal bestå. Vi har historisk lagt ut mykje informasjon på Miljøstatus, som det no er viktig å sikre at ikkje blir slettet. Vi ynskjer å sjå på moglegheita for å overføre noko av dette til våre eigne nettsider.

Naturbase

I år er størstedelen av kartleggingsinnsatsen lagt til kommunane Haram, Stordal, Molde, Sunndal og Tingvoll. I tillegg er det kartlagt/kvalitetssikra registreringar av slåttemark i 5 kommunar.

Vidareføring av arbeidet med Naturbase vil bli ei utfordring i 2014, men vi søker å finne løysningar på kort og lang sikt. Dette er viktig for oss for å sikre vidareføring av dette arbeidet på ein tilfredsstillande måte.

Forureiningsdatabasen

Alle sakshandsamarane brukar Forureinings-databasen aktivt. Tilsyn blir gjennomført etter innlagt tilsynsplan. Tilsynsplanane vart utarbeidd med tanke på alle planlagde fellesaksjonar. Vi har utover hausten satt av ressursar til meir systematisk arbeid med Forureiningsning, med fokus på å få på plass ein betre oversikt over alle verksemdar som FMMR er mynde for etter Forureiningsforskriften. Det er fortsatt mange forskriftsregulerte verksemdar som ikkje er registret i Forureiningsning, og vi vil fortsette dette arbeidet i 2014.

Ressursrapportering

Kolonne fagdep. inneheld lønn/honorar til eksterne kr. 1029354,-

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01-06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning	kr 3 762 080,94	kr 6 226 514,90
09 Giftfritt miljø	kr 634 004,00	kr 164 395,03
Andre oppgaver under MD	kr 1 428 745,73	kr 0,00
11 Stabilt klima	kr 204 552,04	kr 0,00

12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 3 276 855,53	kr 393 544,15
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 502 489,35	kr 853 812,22
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 329 619,28	kr 0,00
12.4 Internasjonalt samarbeid (Finnmark)	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 10 138 346,00	kr 7 638 266,00

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Matsikkerhet

21.1 Økt matproduksjon og trygg mat

Sentrale utviklingstrekk og drivkrefter i landbruket i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal er eit sterkt landbruksfylke, med om lag 10 prosent av grovfôrbasert produksjon i landet. Fylket har viktige klynger innanfor frukt, grønsaker og bær. Møre og Romsdal har om lag 600 000 dekar jordbruksareal.

Fylket har om lag 284 000 ha produktiv skogsmark, noko som utgjer ca 4 fire prosent av skogarealet i Noreg. 70 prosent av den produktive skogen er drivverdig. Driftstilhøva er svært vekslende, både når det gjeld klima og topografi.

Fylkestinget vedtok i desember 2012 ei landbruksmelding for Møre og Romsdal. Meldinga peikar på mange av dei store utfordringane for fylket:

- Nesten halvparten av jorda er leigejord
- Det har vore ein sterk nedgang i dyrka areal
- Gjennomsnittsalderen blant brukarane er høg
- Strukturrasjonaliseringa held fram og landbruket klarer ikkje å konkurrere med anna næringsliv om arbeidskrafta

Hovudmål i landbruksmeldinga er at *Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket. Dette målet er følgt opp med delmål og tiltak for korleis ein skal nå måla.*

Mjølkeproduksjonen dominerer i Møre og Romsdal, og det aller meste av arealet blir brukt til fôrdyrking og beite. Utviklinga går raskt mot større og færre einingar, og talet på aktive mjølkeprodusentar er no knappe 900. Talet på mjølkekyr er redusert med 5780 dei siste ti åra – til 22 361. Med færre mordyr gir dette mindre produksjon av storfekjøtt.

Møre og Romsdal er også eit stort sauefylke og talet på produsentar har vore nokonlunde stabilt, i overkant av 1000, dei siste fem åra. Ufordringane i sauehaldet er knytt til store tap på utmarksbeite og låg lønsemd. Fylket opplevde ein sterk reduksjon i sauetallet frå 2004 til 2008, deretter ein auke i åra 2009 til 2011 og så ein nedgang i 2012 igjen. Den relative andelen er om lag uendra.

Møre og Romsdal er det tredje største geitefylket i landet, med 14 prosent av totalkvoten. Geitehaldet har mykje å seie i fleire av bygdene på Sunnmøre. Fylket har ein relativt liten andel av lyse kjøttslag, men har eit sterkt fagmiljø knytt til den etablerte purkeringen.

Mange vil investere i landbruket og det er stor etterspørsel etter investeringsmidlar og mjølkekvotar. Mange legg ned drifta, og mange andre satsar offensivt. Utviklinga går raskt mot større driftseiningar, mindre beiting og meir jordleige. Dei nye driftsformene er ikkje tilpassa eigedomsstrukturen – meir og meir av produksjonen er basert på leigd jord, og i snitt er leigejordandelen ca. 50%. Store driftseiningar og mykje transport er viktige utfordringar for dei som har satsa stort.

Vi ser at motivasjonen for å halde oppe produksjonsevna på marginale areal kan verte mindre, jordbruket blir mindre synleg i mange lokalmiljø, og presset mot dyrkajorda blir større.

Kampen om arbeidskrafta er kanskje den største utfordringa for landbruket både på kort og lengre sikt. Næringslivet på Nordvestlandet er inne i ein langvarig høgkonjunktur, og landbruksnæringa har lite å stille opp med i konkurransen. Dette er særleg synleg rundt generasjonsskifta. Det er ikkje lenger slik at det berre er dei svakaste bruka som går ut.

Fylkesmannen sitt bidrag for å auke matproduksjonen

To av dei konkrete tiltaka i landbruksmeldinga er å auke mjølk- og kjøttproduksjonen med 20 prosent innan 2013 – altså målsetjingar som er i tråd med den vedtekne stortingsmeldinga. Det er sett i verk fleire satsingar for å nå dette målet der fylkesmannen er med på finansieringa:

- Auka produksjon av sau- og storfekjøttproduksjon i Møre og Romsdal. Målsetjinga er ein auke i lam- og storfekjøttproduksjonen i Møre og Romsdal på 5% i forhold til 2012 i løpet av ein 3-års periode. Vidare vil ein tilrettelegge for ein auke på ytterlegare 5 % dei neste 2 åra. Fylket har i dag ein relativ andel på 8,6 % av storfekjøttproduksjonen (6 700 tonn av 77 800 tonn på landsbasis) og 5,1 % av lammekjøttproduksjonen (900 tonn av totalt 17 600 tonn). Ein auke på 5 % vil innebere ein auke på 335 tonn storfekjøtt til vel 7 000 tonn, og 45 tonn lammekjøtt til 945 tonn. Nortura leier satsinga og fylkesmannen er blant fleire organisasjonar som samarbeider i prosjektet.
- Best på fôr: Eit prosjekt i regi av Norsk Landbruksrådgjeving og Tine har som mål å auke grovfôrkvaliteten og grovfôrmengda. Tilstrekkelege grovfôrmengder av høg kvalitet er ein føresetnad for å auke matproduksjonen. Femten gardbrukarar pr år i tre år får tilbod om å delta – første året er gjennomført. Dei som får vere med i prosjektet, blir ein del av eit fagmiljø og ei diskusjonsgruppe og kan seinare fungere som «fyrårn» i lokalmiljøet sitt.
- Kurs i ammekuproduksjon: Nortura arrangerer kurs for nyoppstarta ammekuprodusentar, mjølkeprodusentar som vurderer overgang til ammeku og produsentar elles som er interesserte i ammeku som driftsform.
- Rekrutteringsprosjekt: I mange tilfelle vert drifta på gardsbruka avvikla ved generasjonsskifte. Møre og Romsdal bondelag driftar eit prosjekt som skal arbeide med å vidareføre drifta på flest muleg gardsbruk. Ein viktig del av prosjektet vert å jobbe tett opp mot einskildbønder for å kartlegge vegval og avklare flaskehalsar. Vi har jobba med rekruttering gjennom mange år, men med fokus på ungdommar som skal inn i næringa. Dette prosjektet snur bildet, og har fokus på foretaket og generasjonen som går ut av næringa.

- Beiteprosjekt: Målet er å auke beitinga gjennom blant anna kartlegging av beite, betre lokal organisering av beiting og meir beiting totalt sett.

Sluttrapportering av det nasjonale beiteprosjektet 2009-2012

Møre og Romsdal har vore del av det nasjonale beiteprosjektet sidan det vart sett i gong som ein oppfølgar av tilsynsprosjektet i 2007. 2012 var siste året i prosjektet, men noe av arbeidet vart slutført i 2013. Møre og Romsdal har hatt hovedfokus på sjukdom – Alveld og flåttbårne sjukdomar, medan resten av beiteprosjektet i hovudsak har gått på rovdyrproblematikk. Beiteprosjektet har gjort det mulig for FMLA å ta initiativ og medvirke i fleire viktige forskingsprosjekt. Vi samarbeider med UiO om forskning på alveld, og samarbeidet med Bioforsk la grunnlaget for det NFR finansierte prosjektet Tickless som skal finne ut av flåttbårne sjukdomar og husdyr. Midlar frå Beiteprosjektet har vore brukt i eit delprosjektet "Hot spots", der ein søker å finne områder på vårbeitene som er kraftig infisert med flått. Bioforsk har fått støtte frå Beiteforsøket til yttligare to prosjekt: "Go'beite", der ein kartlegg prioriterte beiteområder i kommuner, samt "NoFence", der ein testar ut eit gjerdssystem basert på dyreklave med lyd og strøm.

Det siste året var eit godt beiteår, men fleire tunge tapsår vil kome. Problemet må løysast, og tilbakemeldingar frå UiO om alveld ga grunn til optimisme. Dei har mest sannsynleg funne giftstoffet som gjev sjukdomen Alveld. Bioforsk fekk avslag frå forskingsfondet på ein søknad om å gå vidare for å finne førebyggjande tiltak. Dette finn både forvaltninga og næringa her svært tyngjande. Å finne ei bot mot Alveld hadde kunne senka dei store tapstalla i Møre og Romsdal. Innsatsen frå beiteprosjektet og UiO er motiverande for næringa. Det er svært viktig for heile saueneinga at dette arbeidet blir slutført, men økonomisk ligg dette no utanfor Fylkesmannen sitt handlingsrom. Alveld er også eit problem i fleire av rovviltområda vår, men det er vanskeleg å finne kadaver. Ei løysing på alveldgåta har heilt klart potensiale til å dempe konfliktnivået i debatten om rovvilt

Veterinære tenester og samarbeid med Mattilsynet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterte til eit årleg samhandlingsmøte med Mattilsynet, ved regionkontoret i Midt-Norge og fylkesleiinga. Vi ser på det som ein svært verdifull arena. For dei neste åra håpar vi å få eit enda nærare samarbeid med Mattilsynet. Fleire avdelingar ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal, deriblant landbruksavdelinga, deltok på Mattilsynet i Midt-Norge si atomberedskapsøving.

Veterinære tilskot er fordelt og utbetalt. Rapportering kjem i slutten på februar til SLF. Vi kan sjå at forhold rundt topografi, samferdsel og sentralisering gjev utfordringar for veterinærdekninga i fylket.

Fylkesmannen fekk kr 980 000 i 2013 som stimuleringstilskot til delar av kyst og øysamfunn for å sikre tilgang på veterinære tenester i næringssvake område. Kommunar med vanskeleg kommunikasjon grunna ferje og med store avstandar mellom bruka, vart prioritert.

Resultatområde 22 Landbruk over hele landet

2013 var første året i ny programperiode med Regionalt Miljøprogram. SLF hadde også hovedrevisjon av Nasjonalt miljøprogram, nye forvaltningsrutiner, og det vart utvikla og tatt i bruk nytt, moderne fagsystem, distribuert gjennom nettlesaren. Endeleg kunne søkjarane levere søknaden elektronisk og saksbehandlarane kunne behandle søknadene i det same systemet. Møre og Romsdal var eit av fylka, der både fylkes- og kommunenivået var med på testing, og kunne dermed gje viktige innspel i utviklingsarbeidet.

Det nye miljøprogrammet for Møre og Romsdal legg meir vekt på å hindre forureining og avrenning, og tilsvarende mindre på kulturlandskap og estetiske verdiar. Nytt er m.a. tettare samarbeid mellom landbruksavdelinga og miljøvernafdelinga (MVA), der MVA inngår skjøtselsavtaler for skjøtsel av artsrike slåttenger, og teiknar avtaler om utsett slått av hekkeplasser for utryddingstrua fuglearter. Prosessen har gått i nært samarbeid med sektoretatar og faglag. Dei nye tiltaka i miljøprogrammet har blitt svært godt mottekne. Det har vore godt trykk og samarbeid om miljøordningane, og vi kan bekrefte at forvaltninga av miljøvirkemiddela har kome inn i eit godt spor. Dette gjeld også samarbeidet rundt vassforskifta.

22.1 Bruk av landbruksarealer

Førebyggjande tiltak mot rovviltsskadar:

Møre og Romsdal høyrer til forvaltningsregion 6, saman med trøndelagsfylka. Løyvinga for 2013 var i vårt fylke på kr. 1,95 millionar. Det aller meste av rovvilttapa skuldast jerv. Vi har også mål om auka bestand av gaupe, og vi ser at bestanden er i ferd med å bygge seg opp, særleg midt i fylket. Jerven har ei åtferd som gjer at han tek flest lam på seinsommaren og mot hausten. Vårt viktigaste førebyggjande tiltak har derfor vore tidleg sanking, og sekundære tiltak som støttar opp om dette, t.d. utvida tilsyn og tilrettelegging for beredskapsbeiting. Vi har også nokre vellukka vaktarhundprosjekt og kadaversøk med hund i fleire av dei mest belasta rovviltområda. Tilrettelegging for auka beiting i områda rundt innmark fell saman med landbrukspolitiske intensjonar og satsing på kulturlandskap. I mange tilfelle er det derfor nytta kommunale SMIL-middel eller middel frå tiltak i beiteområda som delfinansiering av slike prosjekt.

I Møre og Romsdal blir søknadar om middel til førebyggjande og kofliktdempande tiltak samanstillt og innsendt felles frå kommunane. Dei har med det høve til å samordne dei ulike tilskotsordningane. Vi har fleire eksempel på at dette vert gjort. Vi har hatt ei utfordring med å få dei til å nytte MD sitt elektronisk søknadssenter, og vil stramme inn krav om det neste år.

Vi oppfordrar i tillegg aktuelle søkjarar om å vurdere dei spesielt utvalde kulturlandskapsområda i fylket i samband med aktuelle beredskapsbeite. Vi har gjort fleire forsøk, men har enno ikkje lukkast med å lage større inngjerda område som fleire kan nytte i samband med tidleg sanking. Hovedutfordringa er gjerdehald, eigedomstruktur og omfattande teigdeling.

Rovdyr er eit stort problem i indre fjordstrok og i fjellområda. Ei like stor utfordring er tapa som skuldast anaplasmose (infeksjon frå flåttoverførte bakteriar) og alveld. Det blir satsa på å finne løysingar på desse store utfordringane. Vi har hatt fokus på dette gjennom det nasjonale beiteprosjektet frå 2009-2012, gjennom eige arbeid, og gjennom å initiere og støtte aktuelle forskingsprosjekt.

Tapsutviklinga er urovekkande, og erfaringane våre bør få merksemd ut over Møre og Romsdal sine grenser. I 2011 kom lammetapa over 12%, og tapa var tilnærma like store i kommunar utan freda rovvilt som i fjellområda. 2012 var eit svært godt beiteår, med lavt tap både til freda rovvilt og sjukdommane alveld og anaplasmose. Lammetapet var på 8,4 % i 2012, og er det lågaste sidan 1995. Beitesesongen 2013 var også god, med lavt lammetap 8,7%. Tapa kom seint i beitesesongen, og det vart sett inn mindre av tiltaket tidleg sanking enn ein vanlegvis ville gjort. Årsaka til det var at vi i dei indre områda, som har store tap til rovdyr, også var ramma av store vinterskadar og avlingsskadar på enga. Det var lite haustbeite å ta dyra heim til. Sidan det var lite tap tidleg i sesongen, og få kadaverfunn, vart det tatt avgjerd om å ikkje tidlegsanke sau i den utstrekning ein har gjort dei siste åra. Snittapet vart likevel lågt i fylket, medan enkeltbesetningar har store tap.

I nokre område er tapsårsakene svært samansette. Både sjukdom og rovvilt er heilt klart viktige faktorar. Samtidig er sjuke dyr lettare bytte for rovdyr. Dette er utfordrande for forvaltninga av erstatningsordningane. Rovvilterstatning gir større økonomisk utbytte til beitebrukaren enn ordninga "Erstatning for tap av sau på beite". Topografi og effektivt renovasjonssystem i naturen gjer det svært utfordrande å finne kadaver, og det kan oppstå konflikt mellom dyreeigar og forvaltning om årsak til tapa. Dette er uheldig – både av omsyn til ei ryddig og «korrekt» forvaltning, men også for omdømmet mot storsamfunnet. Ein bør sjå på moglegheita for å lage ei felles erstatningsordning.

Vi legg stor vekt på tiltak som kan gi betre dokumentasjon av årsaker, og nøkkelen er openbart tidleg funn av kadaver. Vi har satsa på radiobjeller på vaksne søyer, men dette har i liten grad hjulpet oss til å finne daude lam. Sendarar på lam er prøvd i lang tid, men vi er langt frå fornøgd med teknologien. Elektronisk utstyr har vore finansiert både med miljøpolitiske verkemiddel (FKTmidlar) og med landbrukspolitiske verkemiddel (Tilskot til tiltak i beiteområda). Samstundes har det vore brukt FKTmidlar til kurs i trening av kadaversøkjande hundar. Vi ser behovet for å leggje enda meir vekt på dokumentasjonen av tilsyna framover. Vi vil ta grep for meir bruk av GPS, og det blir sett inn kurs og motivasjonstiltak for å få fleire sauebønder til å bruke denne teknologien.

I 2013 fekk vi moglegheita til å sette inn to tiltak vi har hatt planar om i fleire år, sidan vi nytta mindre middel enn

vanleg på tiltaket tidleg sanking, nemleg kompetanseheving av dei kommunale fellingslaga og inforskilt i beiteområda. Dei siste to åra har vi hatt besøk av både ulv og bjørn, utan å få tatt ut skadedyret i fellingsperioden. Norges jeger og fiskerforbund arrangerer jaktkurs på ulv og bjørn på Flå, og vi har kjøpt plass for 7 personar frå kvart at dei 4 kommunale fellingslaga i fylket. I tillegg har vi nytta middel til tillaging av skilt med info om kadaverfunn og funn av skadde dyr, som skal setjast opp i beiteområda i dei mest rovviltutsatte kommunane våren 2014.

KOSTRA-rapportering

Alle kommunane har rapportert inn tal på omdisponert dyrka- og dyrkbare areal. Vi har ikkje gjort ein god nok jobb når det gjeld å kvalitetssikre tala for 2012. Årsaka er at Tingvoll har rapportert inn at dei har omdisponert 436 dekar dyrkbar jord, medan det rette talet er 4. Dette burde vore avdekket under kontrollen av tala. Mannskapsmangel i 2012 er årsak til at dette arbeidet ikkje vart prioritert. Tala som blir rapportert inn for 2013 vil bli kvalitetssikra på ein betre måte, ikkje minst fordi vi no er ein fulltallig arbeidsgjeng.

Geovekst

Fylkesmannens landbruksavdeling, som geovekstpart, deltek med ein representant i Arbeidsutvalet for basisgeodata. Vidare blir fylkesmannen og landbruksparten representert i Fylkesgeodatautvalet for Møre og Romsdal. Fylkesmannen er også representert i Arbeidsutvalet for temadata. Dette er arenaer for å ivareta landbruksparten sine interesser, i tillegg til god dialog med kommunane, Kartverket og Skog og landskap gjennom året.

Gjennom Geovekstsamarbeidet blir flyfotografering finansiert og realisert, som igjen er grunnlag for oppdatering av AR5. AR5 er eit vitalt kartlag for Gårdskartet, med tanke på ajourhold av kartdata. AR5-data blir brukt i karttjenester som dagleg vert nytta av kommunalt- og regionalt nivå både i tilskotsforvaltning og plansamanheng.

Gårdskartprosessen vert avslutta i 2014. Som siste kommune leverer Midsund kommune sitt bidrag innan 1.mars 2014. 15 kommunar leverte kontinuerleg ajourhold i 2013, medan 16 leverte i 2012. Dette er ikkje godt nok, fordi alle kommunane i fylket har i sin fdv-avtale krav om årelg innsending. I dag nyttar vi ulike høve der kommunane er samla til å informere om viktigheita av eit godt og kontinuerleg ajourhald. Det kan sjå ut som om kommunen behovsprøver oppdatering av AR5.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2013	2012
FMMR	31331	48665	62	2,66	8,63	6,29	6,02
Sum	31331	48665	62	0	0	0	

22.2 Eiendom og bosetting

Det meste av arbeidet under dette resultatområdet er den daglege kontakten med kommunane på epost og telefon. Endringar i regelverk/rundskriv, sentrale dommar og vedtak oversendt frå Statens landbruksforvaltning, blir forløpande sendt alle kommunar på epost.

For å sikre oppdaterte fagfolk i kommunane og for å medverke til at nyttilsette får eit god grep om saksfeltet blei det i regi av fylkesmannen arrangert fagsamling for kommunane hausten 2013. Tema var særlovene i landbruket, med gjennomgang av nytt i praksis og lov. Særleg vart det fokusert på ny bestemmelse i jordlova § 12 og korleis kommunen skal følgje opp brudd på boplikta.

Til no har vi ikkje nytta kontrollheimelen i jordlova § 3, men vi har planer om å nytte den i 2014.

I 2013 har fylkesmannen ikkje hatt saker som gjeld odelsfrigjøring etter odelslova § 31.

Klagesaker for fylkesmannen i 2013 - jordlov og konsesjonslov

Ved utgangen av 2013 hadde fylkesmannen totalt behandla 12 klagesaker, hvorav 7 saker gjaldt konsesjon, og 5 saker gjaldt frådeling etter jordlova § 12. I tillegg behandla fylkesmannen 3 frådelingsøknader og 1 konsesjonsøknad som førsteinstans. Fylkesmannen har ikkje hatt saker som gjaldt omdisponering etter jordlova § 9, og heller ikkje saker som gjaldt fritak frå driveplikt etter jordlova § 8a.

Overprøving av kommunale vedtak utan klage i 2013

Fylkesmannen innhenta 5 kommunale jordlovssaker for overprøving etter forvaltningslova § 35 tredje ledd i 2013. Overprøvinga resulterte i at alle 5 vedtaka blei omgjort av fylkesmannen. Tre av vedtaka er påklaga og oversendt SLF for klagebehandling.

22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Fylkesmannen som kompetansesenter

Rådgeving mot kommunane var ei sentral oppgåve også i 2013, med tilnærma dagleg oppfølging i tilskotsamheng, i tillegg til kurs og samlingar. I produksjonstilskot- og RMP-samheng arbeider FMLA mot kommunane med tanke på å halde tidsfristar, og FMLA har gjennomført sine arbeidsoppgåver innafør dei fristane som er sette.

Også i 2013 har Fylkesmannen arrangert kurs om gardskart. 28. mai var det feltkurs i Fræna med deltakarar frå seks kommunar og to frå Fylkesmannen si landbruksavdeling. 3. oktober arrangerte vi kurs i digitalisering av endringane i kartet. Fire kommunar deltok på dette kurset. Innføringskurset vart avlyst, fordi det var for lita påmelding. Det ser ut til å vere tid for å målrette denne typen kurs meir mot dei som har særlege behov.

Det var knytt store forventingar til eStil, det nye fagsystemet for miljøprogram, som skal danne framtidig plattform for forvaltning av tilskot i landbruket. Møre og Romsdal fekk vere med på testing og tilbakemeldingar i utviklingsperioden. Systemet er tett integrert til kart, noko som gjev godt grunnlag for utmåling av arealbaserte tilskot, dersom kartet er rett og oppdatert. Samtidig viste denne eigenskapen å by på store utfordringar for mange bønder. Kommunane viste stor entusiasme, og fortener stor ros for korleis dei gjennomførte søknadsomgangen hausten 2013.

Fylkesmannen gjennomførte kurs for kommunane før sommarferien. Dette ga kommunane god tid til å førebu seg til søknadsomgangen. Ulempa var at eStil var noko uferdig. Under kurset vart både feil og fleire alvorlege svakheiter avdekka, og SLF fekk tid til å utbetre desse før søknadsfristen. Fylkesmannen fulgte opp kommunane tett ut over hausten, og brukte svært mykje tid på brukarstøtte og informasjon. Andre mindre tidskritiske oppgåver måtte vike.

Kort oppsummering av viktige utfordringar knytt til eStil:

- Mange søkjarar hadde lita eller ingen erfaring med bruk av kartprogramvare. Fleire kommunar fortalde at meir enn 90 % av dei som ba om hjelp, trengte hjelp til kartdelen.
- Mange vart kasta ut av Altinn (tidsavbrot) mens dei teikna i kartet, og dette skapte ekstra frustrasjonar.
- Det tok lang tid å teikne inn alle tiltaka for bønder som disponerte jord på mange landbrukseigedomar med små og spreidde jordstykke, slik det er mange plassar i vårt fylke.
- Fleire hadde liten linjekapasitet på datalinja si.
- Nettlesaren var for gammal hos mange brukarar.
- Det vart behov for å endre eller legge til eigenskapar etter at systemet var teke i bruk.

Fagsystemet har potensiale for forbetringar til neste søknadsomgang. Det er von om at søknadsbehandlinga blir lettare frå neste år, fordi systemet blir forbetra, innteikna data kan brukast om att og søkjarane er meir erfarne.

Kommunar med særleg stram økonomi reduserer bemanninga innanfor landbrukssektoren, og det er tendensar til at sakshandsaming blir utført av personell som ikkje er utdanna eller har kompetanse innan landbruk. Mangel på tilfredsstillande kompetanse på kommunenivå gjer at Fylkesmannen i stadig større grad må fylgje opp kommunale vedtak for å sikre at sakshandsaming og utforming av vedtak er korrekt utført.

På kommunesamlingane i 2013 vart det i hovudsak fokusert på introduksjon av eStil som fagsystem for Regionalt Miljøprogram. Dernest vart det informert om Naturmangfaldlova i høve til landbruket, og likeeins om vassforskrifta i høve til landbruket.

2013 var eit år med store klimarelaterte avlingsskader i Møre og Romsdal, med ca 340 søknader om erstatning. Ca 230 av søknadene galdt tilskot til utbetring av vinterskadd eng, medan resten omhandlar søknad om erstatning etter klimabetinga avlingssvikt i jordbær, bringebær, korn og eng. Det er uvanleg med så omfattande skader i fylket, og dei fleste kommunetilsette har i utgangspunktet lita eller ingen kompetanse på dette området. Det store

skadeomfanget har difor ført til mykje ekstra arbeid både i dei råka kommunane og hos fylkesmannen.

Landbruksvikarordninga:

Det er ei stor utfordring for avløyssarlag å rekruttere landbruksvikarar til å dekke behovet i heile fylket. I teorien er alle kommunane dekkja av tenesta, men i realiteten greier ikkje avløyssarlag å tilfredsstille etterspørselen etter landbruksvikar i alle kommunar. Vi har hatt ein nedgang i alle tala som vert sende inn i år samanlikna med rapporten frå i fjor, både når det gjeld tal vikarar i alt, tal vikarar i faste stillingar og i tal beredskapsavtalar. Det er også nedgang i tal dagar med bruk av avløyssar i både sjukdomsrelaterte tilfelle og anna. Også i tal føretak som nytta landbruksvikar.

På grunn av nyare statistikk utførte Fylkesmannen i Møre og Romsdal ein ny vurdering av korleis dei 19,5 årsverka som fylket har fått utdelt av staten skal fordelast. Dei nye tala gjaldt frå 01.01.2013.

Dei nye fordelingane er slik:

Landbruk Nordvest 12,3
Indre Nordmøre landbrukstenester 3,0
Vanylven avløyssarlag 1,0
Midsund avløyssarlag 0,2
Storfjord landbrukstenester 3,0
Sum tal årsverk: 19,5

Foreløpige tal for 2013 viser at 197 føretak har fått sjukdomsavløyssing i 3819 dagar og anna avløyssing i 1064 dagar. Det er 111 vikarar i alt sysselsett i dei 19,5 årsverka i fylket. 14 er faste og 91 har beredskapsavtale. Det er vanskeleg å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. At der er mange deltidstillingar gir god fleksibilitet, men det kan også signalisere mangel på arbeidskraft.

Det må framleis fokuserast på rekruttering av gode vikarar. Husdyrbruket og då særleg mjølkeproduksjonen blir stadig meir teknologisk avansert, slik at det krevst spesialisert opplæring for å kunne bruke det tekniske utstyret. Datastyrt mjølkerobotar og føringssystem er vanleg driftsutstyr på så godt som alle nyare mjølkebruk, og dette krev grundig opplæring på kvart enkelt bruk.

Avløyssing ved sjukdom m.m.

Det er jamt trykk på behandling av søknader om tilskot til avløyssing ved sjukdom m.m. I alt vart det behandla 565 saker. Det vart registrert 21.515 sjukedagar. Av desse vart det avløyssst på 17.807 dagar, 11.464 med landbruksvikar, 3.463 med privat avløyssing og 2880 med anna avløyssar. Dokumenterte utgifter utgjorde 18.415.463 kroner og tilskotet 13.370.367. Landbruksvikaren spelar ei viktig rolle når det oppstår sjukdom hos bonden.

Regelverket er innfløkt og vanskelig å forvalte, og fagsystemet har få kontrollar som kan hjelpe saksbehandlaren til å fatte rett vedtak. Kontrollane i fagsystemet handterer berre utrekning av refusjon, etter at korrekte grunnlagsdata er registrert. Enkle kontrollar, som maksimal alder på søkjaren og tal sjukmeldingsdagar siste 3 åra må saksbehandlaren sjekke manule. Altfor ofte må Fylkesmannen kontakte kommunen for å korrigere vedtaket, fordi registrering i fagsystemet viser at kommunen sitt vedtak inneheldt feil.

Vi meiner tida er overmoda til å utvikle og sette i drift eit nytt fagsystem, som kan handtere slike enkle kontrollar automatisk, og som kanskje også kan kommunisere mot NAV. Sjukdomsavløyssing inn i eStil vil kunne gi betre saksbehandling med høgare kvalitet, og all saksbehandlinga vil kunne flyttast til kommunen, dei som faktisk avgjer søknadene. Søkjarane vil kunne søkje elektronisk via Altinn, og det bør vere mogleg å sende med nødvendig dokumentasjon som vedlegg, noko som vil spare kommunen for arbeid.

Regionalt miljøprogram

Ved revisjonen av miljøprogrammet skjedde det ei omfordeling av midlar frå estetiske verdiar (t.d. skjøtselstiltak) til tiltak med hovudvekt på å motverke utslepp til luft og avrenning. Dei viktigaste tiltaka er Spreiing av husdyrgjødsel tidleg i vekstsesongen og bruk av tilførselsslantar. Under planlegginga av søknadsomgangen rekna vi med at det kunne bli søkt om tilskot til tidleg spreiiing på 50-70.000 dekar, men så viste tala at det vart søkt om tilskot til tidleg spreiiing på om lag 108.000 dekar og bruk av tilførselsslantar på om lag 10.000 dekar.

Kommunane fekk i 2013 færre søknader om dispensasjon for å spreie husdyrgjødsel ut over hausten. Miljøprogrammet ser ut til å ha medverka til omlegging av husdyrgjødselhandteringa i ei meir miljørett retning, noko vi ser svært positivt på. Gevinsten kan vere betre miljø, betre utnytting av gjødsla og sparte kostnader for

bøndene.

Det er venta at desse tiltaka kan få endå betre tilslutning i 2014. Signala tyder på det.

Regelverket i Regionalt miljøprogram er følgd opp gjennom forvaltningskontrollar. I denne samanhengen har krav om miljøplan fått stor merksemd. Miljøplan trinn 2 er eit vilkår for å kunne søkje tilskott til skjøtsel av automatisk freda gravminne. Dei som ville søkje om tilskot til skjøtsel av artsrike slåttenger, måtte ha inngått skjøtelsavtale med Fylkesmannen, Miljøvernavdelinga. Dette har vore med og sett fart i arbeidet med å ta vare på artsrike slåtteenger. Miljøvernavdelinga kunne også inngå avtale med bønder om vern av hekkeplassar for utryddingstrua fugleartar.

Samarbeidet med næringa og andre forvaltningsorgan om miljøvirkemidla er godt. Vi har lagt opp til tettare samarbeid med Miljøvernavdelinga på fleire punkt, m.a. utslipp til luft, avrenning, hekkeplassar for verna arter, og skjøtsel av artsrike slåtteenger. Vi vil utvikle dette samarbeidet vidare.

Tilskot fordelt på miljøtema, søknad 2013, utbetaling i 2014

Kulturlandskap, (41 %): 7.362.804
 Biologisk mangfald, (3 %): 532.050
 Kulturmiljø og kulturminner, (11 %): 2.016.167
 Friluftsliv og tilgjengelighet, (0 %): 0
 Avrenning til vassdrag og kyst, (5 %): 814.500
 Utslipp til luft, (40 %): 7.044.660
 Plantevernmidler (0 %): 0

Innspel til Statens landbruksforvaltning om bl.a. forenkling, sidevirkningar og utfordringar med kontroll til jordbruksoppgjøret 2014:

Der ser ut til å vere to hovudutfordringar i samband med kontroll av produksjonstilskots-ordningane. Den absolutt største utfordringa er kontroll av mogeleg driftsfellesskap. Der er regelverket i dag så vagt utforma at det er opp til kvar einskild medarbeidar i forvaltninga å bruke sitt skjønn til å vurdere om samarbeidet mellom to eller fleire føretak kanskje er så tett at det kan kallast driftsfellesskap - eller om det ikkje er det. Det er svært omfattande og ressurskrevjande å kontrollere slike saker, og i dei fleste tilfella har korkje kommunane eller fylkesmannen kompetanse til gjennomføre ein skikkeleg, tillitvekkande kontroll. Det er også svært vanskeleg for næringsutøvarane å orientere seg i dette regelverket, og investeringar basert på det ein tolkar seg til som lovleg, kan føre til store økonomiske konsekvensar dersom forvaltninga vurderer det same til å vere ulovleg. Vi ber om ei kraftig forenkling av dette regelverket.

Den andre utfordringa er kravet til miljøplan. Undersøkinga frå Telemarksforskning om miljøplan viser at der er veldig stor sprik både mellom bønder, og mellom tilsette i forvaltninga på ulike nivå, om nyttegraden av kravet til miljøplan slik det ligg føre i dag. Eit forslag til endring kan vere at den blir delt opp i absolutte *krav* (gjødslingsplan), som t.d. krav til omsetning over 20 000, og *ønske* (andre miljøregistreringar), der føretaka kan premierast for innsatsen i staden for straffast for forseelsen (gulrot meir enn pisk).

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2012 - antall

Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
2	4	0	0	0	0

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
29	0	2	1	0	0	0	0	0

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2012

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,4

Antall personer: 7

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	Aure kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal, Nærings- og miljøtiltak i skogbruket og avløyning ved sjukdom m.m.
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	Averøy kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal og avløyning ved sjukdom m.m.
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	Herøy kommune
Orninger/omfang:	Forvaltningskontrollen for Herøy kommune gjelder også Ulstein og Hareid kommune (Søre Sunnmøre landbrukskontor) Produksjonstilskot, Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal og avløyning ved sjukdom
Registrerte avvik:	Avvik 1: Miljøplan skal til ei kvar tid vere oppdatert. Mangelfull eller manglande miljøplan skal ikkje godkjennast. Avvik 2: Kontrollerte saker ved ordninga Avløyning ved sjukdom m.m. mangla dokumentasjon for utrekning av sjukepengar, uføretrygd og lønnsutbetalingar for omsøkt periode. Det ser ikkje ut til å vere samsvar mellom brukt dokumentasjon og utrekna trekkbeløp på skjemaet.
Oppfølging av avvik:	Endre praksis i tråd med registrerte avvik.

Kommune:	Molde kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal, Nærings- og miljøtiltak i skogbruket og avløyning ved sjukdom m.m.
Registrerte avvik:	Avvik 1: Det kan gis tilskot til areal til produksjon av grovfôr for sal, jf forskrift om produksjonstilskot § 5. I ein konkret sak fra 2011 var pris for surfôrrundball 150 kr per ball.
Oppfølging av avvik:	Ved en såpass lav pris per rundball som 150 kr per ball bør kommunen vurdere om prisen kan godkjennast som regningsvarande. Kommunen er bedt om å leggje om praksis i tråd med dette.

Kommune:	Sykkylven kommune
	Produksjonstilskot, Regionalt miljøprogram

Orninger/omfang:	for Møre og Romsdal, Spesielle miljøltiltak i jordbruket og avløyising ved sjukdom
Registrerte avvik:	Avvik 1: Vi fann to mindre avvik ved utrekning av dagsats sjukepengar.
Oppfølging av avvik:	Rutinane må korrigerast når det gjeld framgangsmåte ved utrekning av dagsats sjukepengar.
Kommune:	Ørsta kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot, Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal, Spesielle miljøltiltak i landbruket og avløyising ved sjukdom
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Foretak:	
Orninger/omfang:	Det er ikkje gjennomført føretakskontrollar i Møre og Romsdal i 2013. Det var sendt ut varsel om kontroll på eitt føretak saman med mattilsynet, men representantar for føretaket var ikkje tilstades då fylkesmannen, kommunen og mattilsynet møtte fram til avtalt tid. Mangel på frammøte førte til avslag på søknad om produksjonstilskot.
Hjemmel for kontroll:	
Registrerte avvik:	
Oppfølging av avvik:	

4. Andre kommentarer/ innspill:

Rapportering husdyrkonsesjon: - Det er totalt 233 føretak med fjørfe- eller svinproduksjon i fylket. - Alle 233 føretak er kontrollert opp mot LIB/PT. - Utover det som er tilgjengelig i egne system er det innhenta opplysningar om 3 føretak. - 4 føretak er følgd opp i etterkant av kontrollen som vart gjort i 2012. - 2 føretak skal følgjast opp om produksjonsgrensa for 2014. - Det er ikkje gjennomført kontrollar ved besøk på føretak i 2013 - Ingen føretak er kontrollert på grunn av mistanke om driftsfellesskap. - 2 føretak har fått krav om standardisert erstatning, 8.700 kr og 9.900 kr. - Ingen føretak har fått krav om standardisert erstatning på grunn av driftsfellesskap. -Ingen føretak der kontroll er gjennomført, men vedtak om erstatning er under arbeid.

22.4 Regionalt tilpasset innsats

Landbruksavdelinga har årlege møte med partnerskapet om Regionalt næringsprogram (RNP), Regionalt miljøprogram (RMP) og Regionalt skog- og klimaprogram (RSK). I det siste året har Allskog blitt meir aktive på desse møta.

Den landbrukspolitiske dialogen som landbruksavdelinga har hatt i mange år, har i 2013 blitt avløyst av møte, der heile embetsleiinga møter kommuneleiinga og formannskapet. I løpet av 2013 møtte Fylkesmannen 6 kommunar. I 2014 er det planlagt 20 kommunebesøk.

Dei siste åra har landbruksavdelinga tatt initiativ til ein forsknings- og utviklingskonferanse med partnerskapet og forsknings- og utviklingsmiljøa i fylket. Denne vart gjennomført i desember 2013, med brei deltaking frå næring, forvaltning og FoU institusjonar.

Det er gjennomført ei rekkje opplærings- og samrådingstiltak med kommunane. Midla på kap 1144, post 77 er i hovudsak brukt til Landbrukskonferanse, der alle kommunar var inviterte, oppfølging av vannrammedirektivet, rovviltforvaltning og kommuneretta arbeid. Konkrete tiltak ut over det som er nemnt ovafor:

Kurs i gardskart, feltkurs og programvarekurs

2 Kurs i eStil + oppfølgingskurs

Fagsamling om direkte tilskot

Spesialtilpassa kurs for ein kommune

Skogkultur møte

Kurs for nytilsette

Beitemøte

Tal årsverk i kommunane

Oppgåver frå kommunane viser at 1.1.2013 brukte 69 personar omlag 50,25 årsverk på landbruksforvaltning i kommunane i fylket. Det er i alt 15 kommunar som kjøper tenester frå andre kommunar, 11 av desse på jordbruk. Utviklinga ser ut til å gå i retning av meir interkommunalt samarbeid på dette området.

Ressursbruken 1.1.2013 er nesten 5 årsverk lågare enn i 2011.

Utvikling i tal årsverk i landbruksavdelinga i 2013

Ved starten av året var det 18,5 årsverk i avdelinga. Ein person kom attende frå permisjon i løpet av våren, slik at det ved utgangen av året var 19,5 årsverk, mot 22,9 i 2011. Innsatsen fordeler seg omlag slik:

Areal- og samfunnsplanlegging 3,3

Miljø 2,7

Tradisjonelt jordbruk 6,5

Tilleggsnæring 4,0

Skogbruk 3,0

Resultatområde 23 Økt verdiskaping

23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

Utarbeiding av det regionale næringsprogrammet har skjedd i samarbeid mellom fylkesmannen, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, Allskog, fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Partnerskapen har fleire møte gjennom året og drøftar også andre aktuelle saker. Den regionale partnerskapen har ansvaret for å ta diskusjonen rundt næringsprogrammet ned i sine organisasjonar. Etter fylkesmannen si meining har dette fungert godt gjennom heile prosessen. Kommunane har blitt orienterte og rådspurte.

Fylkesmannen er også ein aktiv deltakar i Fylkesplanen for Møre og Romsdal – og då særleg arbeidet med revidering av dei årlege handlingsprogrammet for verdiskaping, som er ein del av fire hovudsatsingar i den fireårige fylkesplanen 2013-2016.

Investeringsbehovet er stort for å rasjonalisere produksjonen og møte stadig nye offentlege krav. Det har i alle år vore større etterspurnad etter offentlege investeringsmidlar enn tilgjengelege rammer til tradisjonelt landbruk i fylket. For at flest moglege skal kunne byggje ut, har tildelingane pr bruk gjerne vore lågare enn dei tak som er

bestemt sentralt.

Av dei bedriftsretta regionale BU-midla har Innovasjon Norge i 2013 løyvd ca. 33,8 mill. kr i tilskott og ca. 96,8 mill. kr i rentestøttegrunnlag.

Løyvingane viser ei stor spennvidde, både geografisk og på ulike produksjonar. Storparten har gått til kufjøs på einskildføretak, men det er også gjeve løyvingar til storfekjøtt, sau, geit, høner og gris. Der er nokre løyvingar til frukt, bær og

grønsaker, reiseliv og bioenergi, og ganske mange tiltak under Inn på tunet og verdiskaping på mat.

Fylkesmannen fekk i 2012 ei løyving på kr 4,42 mill. kroner til utgreiings- og

tilretteleggingstiltak, og vi løyvde 5,29 mill. kroner gjennom denne ordninga. Mellomlegget» skuldast inndregne midlar. Ein stor del av utgreiings- og

tilretteleggingsmidla vert brukte til utviklingsprosjekt i regi av landbruket sine

eigne organisasjonar. Vi brukar aktivt desse midlane til å gjennomføre tiltak som vart vedteke i landbruksmeldinga i 2012.

Elles støttar vi framleis lokale bygdemobiliseringsprosjekt der BU-midla er med på å bidra til næringsutvikling, bulyst og auka trivsel. Erfaringane våre er at bygdemobilisering fungerer godt og vekkjer lokalt engasjement og handlekraft. Talet på søknader om bygdemobilisering har gått ned dei siste åra.

Fylkesmannen er aktiv deltakar i Hoppid.no-samarbeidet. Hoppid.no er Møre og Romsdal fylkeskommune si satsing på entreprenørskap. Satsinga er eit samarbeid med Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kommunane. Målet er å få til fleire og betre nyetableringar i fylket. Gjennom hoppid.no-kontora ute i kommunane, kan gründaren få råd og rettleiing i spørsmål knytt til etablering av eiga bedrift.

Gjennom satsinga Hoppid.no er førstelinjearbeidet mot etablerar styrka og systemisert. Hoppid.no er gjennomført som varemerke for bedriftsrådgeving og etablerarstøtte. Virkemiddel til kompetanse og rådgeving frå både fylkeskommune, Innovasjon Norge og fylkesmannen blir kanalisert gjennom Hoppid.no-kontora.

Ei viktig oppgåve er å samordne rettleiinga mellom kommunal landbruksforvaltning og hoppid.no-kontora. Det er elles etablert regionale samarbeidsfora mellom hoppid.no-kontor og lokal landbruksforvaltning.

Hoppid.no-kontora er etablert gjennom ein partnerskapsavtale mellom den aktuelle kommunen, Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. I 2012 starta arbeidet med fornying av partnerskapsavtalane. Dette arbeidet vart fullført i 2013. Fylkesmannen var med i prosessen med fornying av avtalane. Fornyinga vart gjennomført som møte med alle kommunane som har inngått avtale.

Matsatsing

Fylkesmannen har gjennom konkrete tiltak lagt til rette for auka samarbeid mellom småskalaprodusentar, landbruk og reiseliv. Det har vore arbeid med å bygge nettverk mellom matprodusentar, reiselivsaktørar og landbruksorganisasjonane. Ved å bidra til auka samarbeide med reiselivet, ser vi at lokalmat-produsentane oppnår betre prisar, og meir fleksible leveringsavtalar. Året starta med deltaking på Fjord Norge sin stand på IGW med seks småskala bedrifter innan kjøtforedling, (beitebasert storfe og lam) lokalmat-restaurantar, røykalaks og klippfisk.

MRmat vert arrangert kvart år i februar. Matnavet i Midt-Norge har fagansvaret, og Fylkesmannen har den praktiske tilrettelegginga. Kursa vert lagt til ulike «mat-miljø» i fylket, og i 2013 var Klippfiskakademiet arena for dei praktiske kursa innan kjøtforedling, fiskeforedling, lokalmat-menyar, øl og tradisjonsmat og handverksbakst.

Matkultur - Fylkesmannen har det siste året arbeid aktivt saman Klippfiskakademiet for å planlegge og

finansiere formidlings-prosjektet «Fisk og tradisjonsmat for barn og unge». Forprosjektet er fullfinansiert, og tilsetjing av prosjektleder er i gang. Fylkesmannen hadde det faglege ansvaret for konferansen «Matkultur og reiseliv», som vart arrangert under Den Norske Matfestivalen i Ålesund. Konferansen vart arrangert i samarbeid med Innovasjon Norge, og innleiarane sette fokus på matkulturen si rolle i utviklinga av i innovative mat- og reiselivsprosjekt.

Matnettverka - I Møre og Romsdal er Bondens Marked og Hanen dei mest synlege matnettverka, og vi har hatt ei aktiv rolle når det gjeld fagleg og økonomisk støtte til organisasjonsutvikling og marknadstiltak. I tillegg har pilotprosjektet «Mat langs nasjonale turistvegar» skapt ei svært innovativ mat/reiselivsklynge på Sunnmøre, i aksen Geirangefjorden – Ålesund – Tingvoll.

Vi held kontakten med aktørane i dette nettverket ved å invitere til deltaking i ulike arrangement der dei kan presentere seg, og bidra med servering av sine lokale spesialrettar. Vi har enno ikkje lukkast med å få bedriftene ved Trollstigen like aktivt med i lokalmat-satsinga. For å få meir lokal mat på menyen på dei nye profilbygga, vil vi prøve å få eit nærare samarbeid med Nasjonale Turistvegar.

Lokalmat på Den Norske Matfestivalen i Ålesund - «Lunsj langs nasjonale turistvegar» var tittelen på lunsjen som vart servert under matkulturkonferansen. Bedrifter i dette matnettverket stilte sjølve opp med sine spesialitetar innan lokal mat og drikke på Rica Parken Hotel. Resultatet vart både ei stor matoppleving for eit 50-tals deltakarar, og meir lokal mat på hotellet i etterkant.

Fylkesmannen og DNM tok initiativ til å drive eigen lokalmat-restaurant under heile matfestivalen. Bonden Marknad Sunnmøre fekk prosjektansvaret, og rigga eit flott «hesjestauro-byggesett» som skapte den rette atmosfæren rundt serveringa. Restauranten fekk svært gode tilbakemeldingar frå gjestene og i media. Men økonomien i prosjektet vart krevjande, og BM stod att med eit større økonomisk ansvar enn det som var planen. Dette vert det jobba med å finne ei løysing på.

Felles marknadstiltak for lokalt og økologisk mat. - Lokal mat har vorte eit «must» i reiselivet i Møre og Romsdal, og mange av dei etablerte småskala-produsentane opplever at dei ikkje har kapasitet til å dekkje etterspørselen. Tida er difor er inne for ei ny mobilisering for å få fleire «mat-gründerar» her i fylket. Økologisk mat er også på full fart inn i norske heimar og storkjøkken, og er svært viktig at vi kan møte denne etterspørselen med norske og lokale produkt! For å gjere dei økologisk produkta meir tilgjengelege, har vi lagt til rette for ei sterkare samordning av tiltaka mot småskala og økologisk matproduksjo, mellom anna i samarbeidet med Matnavet i Midt-Norge.

Økologisk landbruk

Handlingsplanen for økologisk landbruk (2012-2015) er ramma for arbeidet 2013. Planen er integrert i næringsstrategien og skal ligge til grunn for prioritering av tiltak i perioden. Møre og Romsdal har ikkje status som føregangsfylke, men vi er involvert i prosjekt for økologisk mjølkeproduksjon saman med Trøndelagsfylka.

Økologisk mjølkeproduksjon - Dei viktigaste produksjonane her i fylket er framleis grovfôrbasert husdyrhald, med særleg vekt på mjølkeproduksjon. Landbruk Nordvest er i gang med kartleggingar og oppfølging av økologiske mjølkeprodusentar. Arbeidet vil gje eit nyansert bilete av situasjonen for økologisk mjølkeproduksjon. Det er særleg fokusert på kva økonomiske, fagleg faktorar som er viktige for at dei skal halde fram med økologisk produksjon. Møre og Romsdal har ikkje status som føregangsfylke, men vi er involvert i prosjekt for økologisk mjølkeproduksjon saman med Trøndelagsfylka.

Økologisk Skulehagar - Fylkesmannen har i fleire år satsa på økologiske skulehagar i samarbeid med Bioforsk Økologisk på Tingvoll. Sidan 2008 har over 50 økologiske skulehagar fått støtte til oppstart og vidareutvikling. Vi får gode tilbakemeldingar på denne satsinga, som gjev barn og unge kunnskap om dei biologiske prosessane i naturen og samstundes koplær denne kunnskapen saman med mat og ernæring. Bioforsk Økologisk har fått tilskot til å ferdigstille eit sett med resurshäfte for skulane.

Økologiske menyar - For å følgje opp seminaret om bruk av økologisk mat i storkjøkken, vart det under DNM i Ålesund arrangerte inspirasjonsdag for kokkar som jobbar med økologisk mat. Det var Nofima og Klippfiskakademiet som stod for det praktiske arrangementet.

Samrådsmøte - Handlingsplangruppa med Bioforsk Økologisk, Landbruk Nordvest, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget og Oikos Midt-Norge/Møre og Romsdal har vore den viktigaste fag-gruppa i arbeidet med økologisk landbruk dei siste åra. For å få ta pulsen på øko-prosjekta i fylket, og for å få nye innspel til den vidare satsinga vart inviterte Fylkesmannen til samrådsmøte i november. Oppslutninga om møtet var stor, og alle innspela er samla i eit eige notat. Møtet resulterte i mange gode søknader, så mot slutten av året vart det løyvd

midlar til nye typar prosjekt som td. andels-landbruk, 4H-matskule, studietur til IGW med fokus på sal av småskala økologiske produkt.

Årets økologiske leverandør - Det er niande året på rad vi kårar ”Årets leverandør av økologiske produkter” under Den Norske Matfestivalen i Ålesund.» Med dette tiltaket ønskjer vi å løfte fram aktørar som utmerkar seg i arbeidet med å auke salet av økologiske varer. Norganic som vart årets prisvinnar er ein økologisk grossist som betyr mykje for å auke salet av økologiske matvarer i Norge.

Økologisk Gründercamp - I oktober var økologisk og marknadsretta småskala-produksjon tema for Gründercamp på Gjermundnes vgs. Elevar frå media-lina ved Molde vgs. var også med, og dei synte eit stort engasjement for eit tema som var nytt for mange av dei. Svært mange gode produktidear og flotte marknadsføringskonsept vart presentert, så læringskurva før økologisk landbruk var nok ganske bratt den veka gründercampen pågjekk.

Inn på tunet

Inn på tunet-prosjektet vart avslutta hausten 2013. Det var i siste året av prosjektet lagt vekt på kompetanseutvikling og kvalitetssikring. Det har gjennom eit samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland vore utvikla eit samarbeid med Høgskolen i Molde som har utvikla kompetansegivande studium på til saman 20 studiepoeng. I tillegg har Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med Landbrukets HMS-tjeneste arrangert kurs i kvalitet og tryggleik Inn på tunet. Samarbeidet om desse kursa har fungert godt. Fylkesmannen har i året 2013 hatt fleire kontaktar med Inn på tunet-bønder som ikkje har fått fornya avtale med kommunen som kjøpar. Kommunane grunnar dette i kommuneøkonomi. At flinke profilerte Inn på tunet-tilbod blir nedlagte er ei utfordring for rekrutteringa i næringa og utviklingsarbeidet til Fylkesmannen. Kommunane har ikkje synt interesse for å nytte skjønsmidlar til Inn på tunet tilbod. Mange Inn på tunet bønder har ikkje søkt om godkjenning i Matmerk sitt kvalitetssikringssystem. Det har vore arbeid målretta i alle regionar med rekrutteringsmøte der tema ha vore nytt kvalitetssikringssystem og oppretting av tilbydarnettverk. Oppretting av tilbydarnettverk og utarbeiding av Handlingsplan for Inn på tunet i Møre og Romsdal er eit mål for neste år.

23.2 Skogbruk

Skogkultur: Sum tilplanta areal har auka (1884 da) i høve til 2012 (1688 da). Det er utført ungskogpleie på om lag 25 % meir areal i 2013 enn året før.

Ut frå resultatkontrollen og foryngelseskontrollen går det fram at avverka areal i hovudsak vert planta til att. Nokre hogstflater vert omdisponert til andre føremål som beite og liknande. Vi har framleis store utfordringar med angrep av gransnutebille. Institutt for skog og landskap har forsøksflater i fylket og ser nærare på dette.

Aktiviteten innan skogkultur heng tett saman med kva kommune som sett inn ekstra ressursar til å arbeide med dette. Fylkesmannen arbeider for at kommunane skal samarbeide om å leige inn fagpersonar til å avdekke behov og utføre praktisk arbeid med tilgang på kompetent arbeidskraft.

Skogeigarane sjølve utfører mindre av dette arbeidet enn før.

Forynging og ungskogpleie er prioritert i høve til andre tiltak ved tildeling av NMSK-midlar til kommunane.

Skogbruksplanlegging: Det er ikkje sett i gang nye prosjekt i 2013. Vi samarbeider framleis med Skog og landskap om ei alternativ løysing i Sunndal. Her har ein skrive fram ressursdata frå eldre takst og i tillegg er det nytta laserdata.

På slutten av 2013 viste fleire kommunar interesse for å setje i gong nye skogbruksplanprosjekt. Det gjeld Rauma, Aure, Sykkylven, Stranda og Norddal. I Surnadal er det planar om å gjere miljøregistreringar på delar av kommunen.

Dei styrka sertifiseringskrava knytt til tømmerkjøparar gir oss store utfordringar med tanke på at det er liten dekning av skogbruksplaner i fylket.

Avverking:

Det var rekordhøg avverking av gran i 2013 (172 000 m³). Dette skuldast dels stormen Dagmar, men hogstaktiviteten var også høg i område som ikkje hadde stormfelt skog. Vi er i ein gryande haustingsfase av kulturgran planta etter krigen.

Auka hogst har gitt utfordringar med tanke på infrastruktur. Det gjeld både skogsvegar, offentlege vegar og tilgang til kaianlegg. Bruksklasse/aksellast på kommunale vegar har ofte vore hinder for tømmertransport m bil. Nokre kommunar er særst tilbakehaldne med å tillate tømmertransport på kommunevegane.

Stormfelt virke er no av liten verdi og det er vanskeleg å få inntening ved opprydding av resterande felt. Høge driftsprisar og dårleg forsikringdekning har generelt gitt dårleg utbytte til skogeigar ved uttak av stormfelt virke.

Oppryddingsarbeidet har vist at det står meir volum pr.da. enn det som er oppgitt i skogbruksplanene.

Skogsvegbygging: Stormen initierte mange nye vegprosjekt og fylket fekk tildelt ekstra midler til skogsvegbygging. Alt er brukt og fleire søknader ligg på vent.

Interessa for bygging av skogsvegar er framleis stor, og auka hogstaktivitet synleggjer behovet. Ved å liggje på etterskot med planleggjing og utbygging av skogsvegar vil ein risikere dårlegare planer og høgare driftskostnader. Det fører også til at den beste og lettast tilgjengelege skogen blir hogd utan vegbygging, og dermed gjer det vanskelegare å finansiere vegløyising for skog som ligger lengre unna offentleg vegnett. Slike bestand er oftast ikkje hogsmodne enno.

Utfordrande terreng og kostbare prosjekt gjer det viktig med profesjonell planlegging og byggeleing. Dette sikrar god forvaltning av tilskotsmidlane. Det er løyvd om lag 4 millionar til bygging av skogsvegar i Møre og Romsdal i 2013.

Ekstraordinære tilskotsmidler: Fylket blei tildelt ekstraordinære tilskotsmidler i samband med opprydding etter stormen Dagmar. Delar av midlane blei nytta som driftstilskot ved uttak av stormskadd skog. Tilskotsmidlane var avgjerande for å få rydda opp i mest mogleg. Områder med dårleg vegdekning og vanskeleg terreng har gitt høge driftsprisar. Vidare har låg tømmerpris og dårleg forsikringsdekning bidratt til at driftstilskota har vore avgjerande for aktiviteten. Det er brukt om lag 5 millionar til ekstraordinære driftstilskot i 2013 og det meste har gått til taubanedrifter.

Hovudplan for skogsbilvegar: Arbeidet blei sett på vent sidan ein har prioritert oppgåver knytt til oppryddingsarbeidet etter Dagmar. På slutten av 2013 blei arbeidet tatt opp att og vert vidareført i 2014.

Kystskogbruket: Vår deltaking i arrangement og felles prosjekt i kystskogbruket er vidareført også i 2013. For fylkesmannsgruppa har arbeid med skogleg infrastruktur og tømmertransport på off vegar hatt stort fokus. Parallelt har vi vektlagt arbeidet med etablering av verdikjedesamarbeidet i regi av eige skognæringsforum og Skognæringa Kyst. Overføring av ansvar og oppgåver på dette området til skognæringa har vore ein milepel og gitt fylkesmannsgruppa klårare rolle i tråd med sitt forvaltningsansvar.

Det har vore stort fokus på tømmerkai/tømmerterminal og søknader om statstilskot til utbedring. Maloterminalen har vore prioritert frå vår side i denne søknadsrunden med fleire møte mellom eigar og brukarar. Etter positivt tilsva frå SLF har arbeidet vore konsentrert detaljer søknad. Realisering av denne oppgraderinga vil få stor betydning for den sentrale Romsdalsregionen.

Også dette året har oppryddinga etter Dagmarstormen tatt mykje fokus og ressursar. Delen av kystskogmidlane retta mot tiltak i eige fylke har også i år i stort monn vore brukte til forsterking av driftstilskot og

skogsvegbygging i dei områda som vårt hardest råka. Det har ført til mindre fokus på andre aktivitetsprosjekt. Halvering av Kystskogbruksramma i 2014 vil forsterke dette. Indirekte har Dagmarstormen ført oss på etterskot med anna viktig arbeid, og der reduksjon av tiltaksrammene framover forsterker dette biletet.

Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

24.1 Jordvern og kulturlandskap

Jordvern

Vi har hatt motsegn til 4 kommuneplaner i 2013, der det innanfor same plan gjerne er fleire motsegner knytt til føreseger og ulike figurar i plankartet. Vidare har vi hatt 3 reguleringsplaner der landbruk har hatt motsegn. Av kommunale dispensasjonsvedtak har vi klaga på 3 stk. I tillegg har vi i vår høyringsuttale varsla at vi vil klage i 10 saker, der kommunen i 6 saker enno ikkje har gjort vedtak og i 4 av sakene har vedtatt å ikkje gi søkjar løyve. Erfaring har vist at utan motsegn i plansaker og varsel om klage i dispensasjonssaker har Fylkesmannen sine tilrådingar liten verdi når kommunale politiske vedtak vert fatta.

KOSTRA-tal for 2012 er misvisande for vårt fylke. Årsaka er at Tingvoll kommune hadde rapportert inn 436 dekar omdisponert dyrkbar jord, der riktig tal var 4. Dette endrar statistikken betydeleg. Vi har i 2012 totalt omdisponert 386 dekar, fordelt på 253 dekar dyrka og 133 dekar dyrkbar jord. Dette gir fylket vårt ein 7. beste plass på landsbasis. Fylkesmannen tolkar dette som eit resultat av eit stadig fokus på jordvern. KOSTRA-tala vil bli fulgt nøye opp i 2014, slik at vi unngår både over- og underrapportering.

I år som i fjor er det eit problem at ganske mange grunneigarar i fylket ikkje lenger vernar om dyrkajorda som matproduserande areal, men som heller fremmar eigeiendomen som utbyggingsområde. Dette kjem av at dei ikkje lenger er aktive gardbrukarar sjølv, og leiger bort dyrkajorda til ein låg pris eller gratis. Leigeavtale er sjeldan på plass. Mange kommunar set ikkje kraft bak driveplikta og følger ikkje opp langsiktige leigeavtaler. Fylkesmannen har heller ikkje hatt fokus på dette. For å sette fokus på dette temaet må vi ha tydelege signal frå slf/dep, slik at vi ikkje risikerer å fokusere på eit tema som ikkje er prioritert. Lovteksta ligg der klar til bruk (jordlova § 8). For Møre og Romsdal med ein leigejordsandel på nær 50 % er dette eit svært viktig tema, som er avgjerande for om jordressursane blir grøfta, gjødsla og hausta på ein forsvarleg måte av dei som disponerer areala.

I fleire kommuner er regulering svært grunneigarstyrt, noko som kan resultere i eit uheldig arealhusald. På sikt kan kommuneplana bli svekka som styringsverktøy, og tilfældighetene får for stor plass i utviklinga av kommunen. Jordvernet har store utfordringer knytt til slik praksis. Med hjelp av dei verktøy fylkesmannen har fått utdelt i form av motsegn og klage, vil vi fortsette vårt arbeid i plansamheng.

Vi har gjennomført fagdag for kommunane i 2013. Temaene var endring av jordlova § 12 og forholdet til pbl, oppfølging av lovbestemt buplikt, konsesjonsregelverket, rutiner for oppfølging av buplikt og kontinuerlig ajourhold av AR5. Anne P Asplin frå SLF hadde innlegget om jordlova § 12 og pbl, og ellers nytta vi eiga arbeidskarft.

Ellers deltek vi aktivt i Planforum, som er ein arena for dialog tidleg i ulike planprosessar i kommunen. Vi prioriterer å synfare tiltak der vi har motsegn eller vil klage, noko vi trur aukar tiltrua til vårt arbeid blant søkjar/tiltakshavar og kommunen. Dette er også ein arean for dialog.

Utvalde kulturlandskap: Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal

I 2013 fekk området i Øvre Sunndal tildelt kr. 870.000 til skjøtsel, drift, vedlikehald, restaurering, investering m.v. (Forskrift 630) Kort oppsummert vart midlane nytta slik: Skjøtsel av areal: kr. 272.492, bidrag til dyr på utmarksbeite kr 189.400. Det resterande , kr 408.108 er løyvt til registrering og restaurering av bygningar og til prosjektet "Vern og verdiskaping i Fjellgardane i Sunndal".

Det er 6 aktive brukarar som driv areala på alle 23 bruka i området. Skjøtsel av dyrka areal og innmarksbeite

utgjør 830 da. Av dette er ca 103 da naturbasefigurar, slåtteeenger og naturbeitemarker. Utanom dei 6 aktive brukarane i området er det 10 som har driftssenter utanfor området og dei har beitedyr inne i området. 2 av desse 10 er grunneigarar, dei andre 8 leiger beite. 2928 sauer og lam, 172 storfe og hestar var på utmarksbeite. Dette er ein liten auke for sauer og lam og ein tilbakegang for storfe. Det er gjennomført setring på Gammelsetra i Grøvdalen som tidlegare år.

Dei ekstra skjøtselsbidraga gjennom ordninga for utvalde kulturlandskap er svært viktige for å oppretthalde drift på bruka i området. Det er også veldig gledeleg at det på øverste bruket Røymo er bygd ny stor sauefjøs.

Det vil vere viktig å kunne formidle verdiane desse områda har til utsida av landbruksnæringa. Det er også ønskeleg å få etablert ny næringsvirksomheit i området. Prosjektet "Vern og verdiskaping" har dette på agendaen.

Verdensarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden:

Verdensarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden / Herdalen fekk i 2013 tildelt kr 1.225.000 gjennom SLF og kr 1.000.000 frå Miljødirektoratet, til saman kr 2.225.000 (Forskrift 485). Av desse midlane gjekk kr 789.312 til arealbidrag og kr 1.090.100 til beitebidrag. Det er og gjeve støtte til andre tiltak som gjerding og ryddingsarbeid. Når det gjeld areal og/eller beitebidrag har vore utbetaling til 55 foretak. Skjøtta areal er det same som i fjor. Antal dyr på utmarksbeite har hatt ein liten auke for heile området. I Geiranger er det ein svært liten auke når det gjeld småfe, men storfe har gått sterkt tilbake. I august leverte siste mjølkeprodusenten kyrne. No er det berre eitt bruk att i Geiranger som driv mjølkeproduksjon på geit. Satsane til areal og beitebidrag har vore uendra alle åra.

Det vert ei utfordring å oppretthalde jordbruksdrifta på ein del av areala i Geiranger. Verdensarvmidlane er såleis svært viktige for å oppretthalde drifta på bruka. Driftsbygningane, spesielt i Geiranger, er nedslitne. Gode investeringsordningar til driftsapparatet vil derfor vere viktig. Vanskane med rekruttering innan landbruket er minst like store i verdensarvområdet som andre stader i nærområdet. Fylkesmannen har god kontakt med brukarane i området og det er godt samarbeid med kommunane Norddal og Stranda. Det vert arbeidd for å koble satsinga på kulturlandskapet i verdensarvområdet og utvalde kulturlandskap enno tettare opp mot innsatsen på reiseliv og kultur.

24.2 Samfunnsplanlegging

Vi viser til pkt 24.1 der tal omdisponert dyrka og dyrkbar jord i 2012 er sett i høve til tidlegare år. Fylkesmannen si landbruksavdeling har bidratt til at landbrukets sine interesser har blitt tatt omsyn til i plansaker i fylket.

Gjennom dialog, merknader og fråsegner har vi gitt signal til kommunane både ved kommuneplanarbeid, reguleringsplaner og ved behandling av dispensasjonar. Strukturendringane i landbruket har gitt oss ei stor utfordring med å få forståing hos lokalpolitikarane for vern om produksjonsareal som er ute av drift, eller som blir brukte som leigeareal.

Vi viser til pkt 24.1 om KOSTRA-rapporteringa for Møre og Romsdal. Vi vil kvalitetssikre tala for 2013 på ein god måte, slik at dei reflekterer dei faktiske tilhøva i fylket.

I 2014 er alle kommunane ferdig med gardskartprosessen. Allereie i dag nyttar vi ulike arenaer til å minne om kontinuerleg og periodisk ajourhald av AR5, og vi vil halde trykket oppe mot landbruksforvaltninga i kommunen på dette området. Vi vil tilby og oppmode kommunane å nytte seg av kurstilbodet som Skog og landskap gir, og der fylkesmannen er arrangør. Det er særskilt viktig at kommunane nyttar høve til å halde ved like og auke sin kompetanse på området.

24.3 Klimautfordringene

Bioenergi

Aktivitet: FMMR deltar i prosjektet «Frå skog til energi» der SINTEF er prosjektleiar. Andre prosjektdeltakarar er Møre og Romsdal Biobrensel AS, Allskog SA og Statkraft varme AS. Målet med prosjektet er å opprette effektive og lønsame verdikjeder for uttak av råstoff til biobrensel. Gjennom arbeidet skal det blant anna utarbeidast ein modell som skal optimalisere lokaliseringa av ein flisterminal i fylket. Vi ser dette som ei

oppfølging av arbeidet gjennom prosjektet «Biostigen».

FMMR har god dialog med næringsaktørane, Innovasjon Norge og Fylkeskommunen, men har mindre kontakt med Enova. Det har ikkje blitt arrangert nokre kurs, eller samlingar i 2013.

Status: I 2013 har det ikkje blitt etablert nokre nye større varmelegg i fylket. Nokre få gardsvarmeanlegg har blitt bygd. Lokal entreprenør har etablert profesjonelt utstyr for uttak av heiltre, dette har ført til auka flisproduksjon. Fortsatt er den lokale flisproduksjonen for låg, noko som gjer at brenselanlegga er avhengig av «import» frå Oppland.

Utfordringar: Mindre interesse for bioenergi på grunn av låge alternative energiprisar og eit ikkje oppegående flismarknad. Oppretting av effektive og lønsame verdikjeder for uttak av råstoff til biobrensel er avgjerande for vidare utvikling. Brenselanlegg med strenge krav til fliskvalitet (fukt og finstoff).

Bortfall av Energiflisordninga vil føre til dårlegare lønnsemd og mindre uttak av trevirke frå attgrodd kulturlandskap.

Trebruk

Aktivitet: Gjennom prosjektet «Tredrivaren» har FMMR i samarbeid med Innovasjon Norge, fylkeskommunen, Møre og Romsdal skognæringsforum, Møre og Romsdal arkitektforening og Trefokus hatt ei spissa satsing på auka bruk av tre og utvikling av treindustrien. FMMR er prosjekteigar og nyttar ein 30% stillingsressurs til prosjektleiing. Prosjektet deltar i det nasjonale tredrivarnettverket til Innovasjon Norge.

Tredrivaren er i kontakt med fleire utbyggingsprosjekt for å promotere tre som byggemateriell, i tillegg arbeider ein med tiltak for å utvikle treindustrien. I samarbeid med SIVA industriinkubatoren i Surnadal er det mål om å rigge eit bedriftsnettverk for treindustrien, planlagt start er februar 2014. Prosjektet blir kontakta av bedrifter som ønskjer å søke Innovasjon Norge om støtte til utvikling av sin bedrift, og bidrar til utvikling av bedriftene sine planer.

Rapporten «Virkessegenskapar for gran frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal» viser at grana på Nordvestlandet har gode virkessegenskapar og eit stort bruksområde. Den har god styrke, gode fibereigenskapar, høg mengde friskkvist, mindre kvistdiameter, lang kvistkransavstand, god stammeform, og omtrent ingen kvaelommer og rotråte.

På Nordvestlandet ble store areal tilplanta med gran på 1950 – og 60 talet. Denne skogen begynner no å bli hogstmoden. Vekstforholda er gode og fleire bestand i analysen har ein volummasse på over 70 fm³ dekar. Råvareanalysen er eit viktig grunnlagsdokument for å etablere strategiar for kva grana skal nyttast til. Skal den eksporterast ut av regionen, eller skal deler av volumet foredlast internt? Tredrivaren saman med samarbeidsaktørar i Trøndelag og i Møre og Romsdal arbeider for å auke verdiskapinga frå grana.

Status: Den nye terminalen ved Molde Lufthamn ble opna i 2013 og er eit forbildeprosjekt på bruk av tre som bygningsmaterieill: Utbygginga er initiert gjennom det nasjonale prosjektet Tre og Samferdsel. Ved Skimuseumet i Rindal er det brukt massivtre i vegger og tak i deler av bygget (opnast i 2014). Romsdal VGS er vedtatt bygd i massivtre (byggstart 2015), det same er Romsdalsmuseet (byggstart 2014). I tillegg er det stor interesse for driftsbygningar i tre, der fylket har 4 bedrifter som leverar ulike løysningar.

Utfordringar: Kompetanse om bruk av tre blant utbyggjar, planleggar og entreprenør. For låg utviklingstakt og innovasjonsgrad blant treindustrien. For låg produksjon av norsk massivtre.

Finansiering av prosjektet «Tredrivaren» er ikkje på plass etter 1. april 2014. Utfordring at Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje vil delta i finansieringa av prosjektet.

Klimatiltak i landbrukssektoren

Fmmr deltar i revidering av den fylkeskommunale Klima og energiplanen. Arbeidet avsluttast i 2014. Gir i tillegg innspel til dei kommunale Klima og energiplanane.

Infomidlar Klima- og miljøprogram

Disponible midlar var kr 216.635. Midlane var utlyste og fordelte på 9 av 11 søknader. Ein stor del av midlane er nytta til prosjekt som gjeld drenering av jordbruksjord. Heftet "Drenering- Teori og praksis", som var eit samarbeidsprosjekt mellom vestlandsfylka m.fl., vart svært godt motteke blant bøndene. Halve tildelinga (ca.kr

119.000) gjeld eit prosjekt som går på økonomi og bruk av ulike system for spreining av husdyrgjødse. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom M og R bondelag, Bioforsk økologisk og Landbruk Nordvest.

24.4 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensningar

Særlege miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Etterspørselen etter SMILmidlar er stor. Med mange kommunar (36) og små rammer kan prosessen lokalt bli krevjande. Midlane er i mange tilfelle for små til at dei vert prioriterte på få og store saker (f.eks bygningar).

Møre og Romsdal fekk tildelt kr. 6.800.000 til SMIL ordninga i 2012. I tillegg kjem noko midlar overførte frå 2012 og mykje inndregne midlar gjennom dette året. Mesteparten av inndregne midlar er løyvde på nytt. Eit interkommunalt landbrukskontor, som har 5 små kommunar, fekk dette året ei rammetildeling. (samla kr 330.000). Dette gav betre og meir fleksibel bruk av tilskotsmidlane der. Løyvingane frå kommunane er slik:

Forskrift 500: Spesielle tiltak i kulturlandskapet: 288 tilsagn, kr.8.240.417 Forskrift 034 Investeringstilskot til miljøtiltak: 40tilsagn, kr 1.239.228 Forskrift 207 hjemmel 02Forskrift Områdetiltak : 11 tilsagn, kr 230.516 Samla tilsagn (339) for desse tre ordningane er kr.9.710.161. 3 kommunar har løyvt SMIL-midlar til gjennomføring av registreringar/analysar av Solnørvassdraget. Løyvingar til saker som gjeld biologisk mangfald er omlag som tidlegare år. Det kan vere vanskeleg for kommunane å prioritere store saker (feks. bygningar) då dette vil ta ein for stor del av kommunetildelinga.

Det var berre ei klagesak innafor SMIL-ordninga dette året. Kommunes sitt vedtak vart oppretthalde. Det er gjort inndragingar i 219 gamle saker, i alt kr 4.409.377. Ansvarer pr 31/12 var kr 19.010.354. (Kr 21.427.960 året før) Fylkesmannen arbeider vidare med å få ned ansvaret.

Mange kommunar skal revidere den kommunale strategien dette året og dette gjev eit godt høve til å kople SMIL nærmare til RMP.

Drenering av jordbruksjord:

Det er gjeve tilsagn om tilskot til drenering i 177 saker. Denne nye tilskotsordninga er godt motteka av bøndene. Samla tilskot kr. 3.536.970 (forskrift 505).

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2013 etter søknadsomgang 2012 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmiddel	Andre miljøtiltak
FMMR	13517370	633200	2126026	0	1216300	0	0	0
Sum	13517370	633200	2126026	0	1216300	0		

24.5 Økologisk landbruk

Økologisk landbruk

Handlingsplanen for økologisk landbruk (2012-2015) er ramma for arbeidet 2013. Planen er integrert i næringsstrategien og skal ligge til grunn for prioritering av tiltak i perioden. Møre og Romsdal har ikkje status som føregangsfylke, men vi er involvert i prosjekt for økologisk mjølkeproduksjon saman med Trøndelagsfylka.

Økologisk mjølkeproduksjon - Dei viktigaste produksjonane her i fylket er framleis grovfôrbasert husdyrhald, med særleg vekt på mjølkeproduksjon. Landbruk Nordvest er i gang med kartleggingar og oppfølging av økologiske mjølkeprodusentar. Arbeidet vil gje eit nyansert bilete av situasjonen for økologisk mjølkeproduksjon. Det er særleg fokusert på kva økonomiske, fagleg faktorar som er viktige for at dei skal halde fram med økologisk produksjon. Møre og Romsdal har ikkje status som føregangsfylke, men vi er involvert i prosjekt for økologisk mjølkeproduksjon saman med Trøndelagsfylka.

Økologisk Skulehagar - Fylkesmannen har i fleire år satsa på økologiske skulehagar i samarbeid med Bioforsk Økologisk på Tingvoll. Sidan 2008 har over 50 økologiske skulehagar fått støtte til oppstart og vidareutvikling. Vi får gode tilbakemeldingar på denne satsinga, som gjev barn og unge kunnskap om dei biologiske prosessane i

naturen og samstundes koplær denne kunnskapen saman med mat og ernæring. Bioforsk Økologisk har fått tilskot til å ferdigstille eit sett med resurshefte for skulane.

Økologiske menyar -For å følgje opp seminaret om bruk av økologisk mat i storkjøkken, vart det under DNM i Ålesund arrangerte inspirasjonsdag for kokkar som jobbar med økologisk mat. Det var Nofima og Klippfiskakademiet som stod for det praktiske arrangementet.

Samrådsmøte -Handlingsplangruppa med Bioforsk Økologisk, Landbruk Nordvest, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget og Oikos Midt-Norge/Møre og Romsdal har vore den viktigaste fag-gruppa i arbeidet med økologisk landbruk dei siste åra. For å få ta pulsen på øko-prosjekta i fylket, og for å få nye innspel til den vidare satsinga vart inviterte Fylkesmannen til samrådsmøte i november. Oppslutninga om møtet var stor, og alle innspela er samla i eit eige notat. Møtet resulterte i mange gode søknader, så mot slutten av året vart det løyvd midlar til nye typar prosjekt som td. andels-landbruk, 4H-matskule, studietur til IGW med fokus på sal av småskala økologiske produkt.

Årets økologiske leverandør - Det er niande året på rad vi kårar ”Årets leverandør av økologiske produkter” under Den Norske Matfestivalen i Ålesund.» Med dette tiltaket ønskjer vi å løfte fram aktørar som utmerkar seg i arbeidet med å auke salet av økologiske varer. Norganic som vart årets prisvinnar er ein økologisk grossist som betyr mykje for å auke salet av økologiske matvarer i Norge.

Økologisk Gründercamp - I oktober var økologisk og marknadsretta småskala-produksjon tema for Gründercamp på Gjermundnes vgs. Elevar frå media-lina ved Molde vgs. var også med, og dei synte eit stort engasjement for eit tema som var nytt for mange av dei. Svært mange gode produktidear og flotte marknadsføringskonsept vart presentert, så læringskurva før økologisk landbruk var nok ganske bratt den veka gründercampen pågjekk.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
21 Matsikkerhet	kr 2 513,86	kr 0,00
22 Landbruk over hele landet	kr 0,00	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 0,00	kr 0,00
24 Bærekraftig kultur	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 10 799 457,91	kr 449,09
Sum:	kr 10 801 971,00	kr 449,00

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på opplæringsområdet

Vi viser til punkta nedanfor som beskriv måloppnåing på tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområda.

Vi vil også i år understreke at det er svært ressurskrevjande å gjennomføre tilsyn i vårt fylke på grunn av store reiseavstandar - ofte må vi overnatte. -som kjent er reisetid det same som arbeidstid .. Vi ser at vi skulle ha brukt meir ressursar på hendelsesbaserte tilsyn, men på grunn av aktivitetskrava blir det for lite tid på det. Dette gjeld ikkje minst på kap 9a der det har vore aukande mengde henvendinger.

Vi synest det er positivt at vi har fått felles metodehandbok for tilsyna på barnehage- opplæringsområdet, det gjeld også skoloringa i regi av Udir som vi prioriterte høgt og mange deltok.

31.1 Tilsyn

Årsrapport for resultatområde 311 Tilsyn

Ein er bedd om å vurdere eiga måloppnåing sett i lys av embetet sine ressursar, kompetanse, metodikk og strategiar og andre forhold i fylket som har påverka måloppnåinga i 2013.

Tilsynsaktiviteten sett i samanheng med aktivitetskrava.

Det er tatt utgangspunkt i aktivitetskravet til embetet for tilsyna med grunnopplæringa.

I innsendt plan for tilsynsaktiviteten for 2013 var det lagt inn oppfølgingstilsyn etter FNT 2010- for 3 skular, ordinære FNT tilsyn med 2 skular i ein primærkommune og 2 vidaregåande skular, og tilsyn med lokalt læreplanarbeid og skulebasert vurdering ved 2 skular i same kommune. Alle desse tilsyn er gjennomført etter planen. Innsendt plan hadde stadlege tilsyn med § 2-8 for 2 kommunar. I staden er det gjennomført tilsyn med symjeopplæringa etter avtale med Udir. Dette er gjennomført med 2 kommunar og med to skular i kvar. Det var også planlagt skriftlege tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøvar for 3 kommunar med eit utval skular. Vi valde å utvide dette tilsynstemaet til 6 kommunar. Det var i innsendt plan sett opp skriftlege tilsyn med fysisk aktivitet og leksehjelp, men ut frå ein gjennomgang av GSI-rapporteringa, fann ein låg risiko for lovbrøt her, så desse tilsyna er ikkje gjennomført. I tillegg var det sett opp uspesifiserte situasjonsbaserte tilsyn med 5 skular. Det er gjennomført skriftlege situasjonsbaserte tilsyn med 3 skular. Ein med oppl. § 9a-3 på grunnlag av «bekymringsmelding», ein med oppl. § 2-3, 3. ledd, § 8-2 og forskr. § 1-15 på grunnlag av kjennskap vi har fått om skulen sin praksis, og eit tilsyn med oppl. § 2-3 fjerde ledd (gjeld opplæringa i kroppsøvingfaget), også på grunnlag av «bekymringsmelding».

Ved ei berekning av gjennomført tilsynsaktivitet, med utgangspunkt i nytt poengberekningssystem frå og med 2014, kjem ein fram til at gjennomført aktivitetsnivå samsvarar bra med planen/ aktivitetskravet (56 poeng i planen mot gjennomførte 54). I samband med symjetilsynet har vi utover sjølve tilsynsaktiviteten gjennomført rettleiingsopplegg. Det vart i haust utarbeidd eigenkontrollskjema etter modell frå opplegget for FNT 2014-17. Dette vart presentert og formidla som del av ein konferanse for skuleigarar og skuleleiarar hausten 2013.

Samla sett vurderer vi såleis aktivitetskravet som fullt ut oppfylt.

Utover dette er det gjennomført tilsyn etter introduksjonslova, som har belasta tilsynskapasiteten i embetet utover opphavleg plan.

Metodehandbok og instruksverk

Tilsyna er gjennomført i samsvar med metodehandbok og instruksar for dei tilsyna der slike er utarbeidd. Ved situasjonsbaserte tilsyn har ein lagt til grunn metodehandboka, og gjennomført tilsyn så nær opp til denne som ein har funne formålstenleg.

Vurderingar som grunnlag for val av tilsynsobjekt og tema/ risiko og kva som er vesentleg

Ved val av tilsynsobjekt har ein lagt til grunn embetet sin kunnskap om kommunar og skular gjennom klagehandsaming og anna kjennskap til lokale forhold, altså ei form for vurdering av risiko og kva som er vesentleg.

Ved val av ein kommune med skular til tilsyn etter kap. 9a tok ein omsyn til kunnskap om at de over tid har vore utfordringar med skulemiljøet ved særleg ein av desse skulane. Grunnlaget for val av vidaregåande skular som tilsynsobjekt har vore resultat frå elevundersøkinga.

Når ein valde vekk å føre tilsyn med fysisk aktivitet og leksehjelp, var dette på grunnlag av ein gjennomgang av GSI-rapporteringa. Frå tidlegare år gav denne rapporteringa grunnlag for mistanke om lovbrøt ved ein del skular. Det vart laga oppdaterte rapportar frå GSI med oversikt over alle skulane i fylket. Situasjonen for hausten 2013 viste då ei rapportering som indikerte at kommunane held seg innanfor lova på dette området.

Grunnlaget for å utvide omfanget av tilsyn med gjennomføringa med nasjonale prøvar var på liknande måte ei omfattande kartlegging og analyse der ein samanstilte data frå PAS og GSI, og gjennomførte ei risikovurdering. Vi fann det då nødvendig å føre tilsyn med seks kommunar i staden for dei planlagde tre, for å få med oss dei kommunane det var størst grunn til å føre tilsyn med.

Grunnlag for eit situasjonsbasert tilsyn i forhold til praktisering av lovkrav i kap. 9a-3 var enkeltsak Fylkesmannen fekk informasjon om. Denne tilsynssaka er avslutta, men vil bli følgd opp med eit meir omfattande

kap. 9a-tilsyn med kommunen og to skular. Eit anna situasjonsbasert tilsyn er starta opp på grunnlag av kontakt mot Fylkesmannen som gav grunnlag for å tvile på om ein skule driv kroppsøvingsoplæring i tråd med forskrifter om læreplanar og forskrifter om elevvurdering. Denne saka er ikkje avslutta. Det er også opna tilsyn med ein ungdomsskule der vi har fått kunnskap om organiseringsformer som kan bryte med fag- og timefordelingsplanar og bruk av 25%-regelen. Her blir også forhold rundt forskrifta § 1-15 og oppl. § 8-2 undersøkt. Dette tilsynet er heller ikkje avslutta.

I kva grad tilsynsobjekta rettar lovbrøt

Fylkesmannen har også i 2013 hatt auka fokus på i kva grad tilsynsobjekta rettar avdekka lovbrøt.

I dei fleste sakene viser skular og kommunar stor vilje til å rette opp påpeika forhold.

Vi har likevel eitt døme på manglande vilje hos ein skule og ein kommune. I denne saka har kommunen klaga Fylkesmannen sitt pålegg inn for Udir., som stadfesta Fylkesmannen sitt vedtak. Denne saka er endå ikkje avslutta frå vår side.

Vi har eit par oppfølgingstilsyn med kap. 9a som vi etter kommunane si tilbakemelding ikkje har kunna avslutta. Her har vi gitt utsett frist og rettleiing om kva som må rettast på. I begge desse sakene fin vi manglar med enkeltvedtak etter § 9a-3 og for lite relevant aktivitet i skulemiljøutvalet. Ved eitt tilsyn med lokalt læreplanarbeid og skulebasert vurdering har det vore nødvendig med nye rundar og møte med rettleiing etter kommunen si erklæring om retting. Det har vore utfordringar for tilsynsobjektet med å forstå kva som blir kravd for å rette opp avvika.

Effekten av tilsyna

Ut frå erfaringa med oppfølgingstilsyna etter FNT 2010 ..., ser vi god effekt ved nokre skular. Dette gjeld skular som frå før gjorde eit godt arbeid, og der det var lite å justere for før ein kom innanfor dei rettslege krava. Ved skular der leiinga synest mindre interessert i å ta lærdom av tilsynet og der det var lita forståing for behovet for oppretting, ser vi dårlegare effekt. Nokre skular vil trenge meir inngåande rettleiing og bistand for å få god kvalitet på arbeidet med skulemiljøet.

Tilsyna med lokalt læreplanarbeid og skulebasert vurdering er krevjande tilsyn. Det er mange måtar å drive lokalt læreplanarbeid på, og det er ei utfordring å utforme pålegg som blir forstått rett. Vi har erfaringar for at det kan vere nødvendige med rettleiing utover det som ligg i dei formelle tilsynsdokumenta for å gje god forståing kva som ligg i krava. Tilsynet synest å ha god effekt i forhold til å auke forståinga for læreplanen sin rolle i undervisningsplanlegginga.

Tilsyna med nasjonale prøvar synest å ha hatt god effekt. Her er det meir konkrete forhold å rette opp, og dermed er det lettare å sjå effekten.

Ut frå tilbakemeldingar frå skuleleiarar og skuleeigarar har det å få tilsyn generelt god effekt i forhold til forståing for regelverket og også regelverksetterleving for dei som har hatt tilsyn.

Vi har som nemnt over prøvd ut rettleiing ved gjennomgang og formidling av eigenkontrollskjema for symjetilsynet. Dette har vi fått positive tilbakemeldingar på og vi har fått signal om at det har resultert i at det er starta opp utviklingsarbeid.

Kompetanse m.m

Vi vurderer å ha god kompetanse på tilsynsfeltet no. Vi har fått tilsett ein jurist ekstra frå 1. nov 2013. Vi har fordelt tilsyna på mange medarbeidarar, og vi har brukt tid til intern skolering med faste møte i tilsynsforum. I tillegg har skoleringa i regi av Udir vore nyttig med felles metodehandbok for tilsyn på barnehage- og opplæringsfeltet.

31.2 Klagesaksbehandling

Talet på klagesaker har auka litt i forhold til i fjor. Vi har ein del klager på kap 9a om Elevens psykososiale miljø (14), spesialundervisning (18) og spesialpedagogisk hjelp i førskulealderen (19). Mange av klagesakane på kap 9a har vore svært arbeidskrevjande.

Klage på standpunktarakter i grunnskulen har gått ned (frå 84 til 64).

Elles har vi hatt ein del klagesaker på skuleskyss (21) der dei flesta vart stadfesta. Fleire av sakene omhandlar usemje om avstandar frå heim til skule.

Klage på standpunkt og orden og oppførsel

Vi meiner at embetet har innfridd resultatkrava på ein god måte jf. embetsoppdraget. Embetet har gode ressursar og brei kompetanse både pedagogisk og juridisk i handsaminga av karakterklagene. I hovudsak er det to/tre pedagogar som arbeider intensivt med desse sakene frå dei kjem inn til oss frå og med slutten av juni til dei siste er ferdig handsama innan medio september. I tillegg har vi jurist på avdelinga som også deltek ved behov.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk i 2013 inn 64 klager på standpunktkarakter. Vi ser at det dei siste to åra har vore ein markant nedgang i talet på klager på standpunktkarakterar. Frå at talet på klager i mange år har halde seg stabilt på i overkant av 100 klager i året, gjekk talet i 2012 ned til 84 og i 2013 ned til 64. Vi fekk også inn ei klage på standpunktkarakter i orden. I denne klagesaka fekk klagar medhald grunna for dårleg dokumentasjon av karakterfastsettinga og manglande varsel.

Det kom inn 99 klager på sentralt gitt eksamen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje ansvar for klagehandsaming på sentralt gitt eksamen, men vi ser av klagehandsaminga gjort av aktuelle embeter at 14 karakterar vart heva, 3 sett ned, medan 82 ikkje fekk medhald. 99 klager var ei sterk auke frå 2012 då det vart klaga på 35 eksamenskarakterar.

Vi tenkjer at nedgangen i talet på standpunktklager kan ha samanheng med auka fokus på god undervegsvurdering ute i skulane. Vi vil særskilt nemne at 21 kommunar og tre private grunnskular deltek i pulje 4 i satsinga «Vurdering for læring». I samband med den breie satsinga i fylket har vi henta inn ekstern rettleiarkompetanse på undervegsvurdering til kommunane frå Høgskolen i Volda. Vi har også på eige initiativ oppretta eit fylkesnettverk for vurdering for læring. I tillegg vil vi peike på fokuset embetet har hatt på tilsyn med lokalt læreplanarbeid og skulebasert vurdering. På våre ulike møtearenaer, med kommunar og rektorar, har vi med bakgrunn i tilsynet hatt oppe tema som lokalt arbeid med læreplanar og vurdering i faga. Dette informasjons- og rettleiingsarbeidet vart i desember 2013 vidareført gjennom informasjon om nytt nasjonalt tilsyn med Elevane sitt utbytte av opplæringa.

I vår handsaming av klagene på standpunktkarakter ser vi ei endring i kva fag som har fått mest klager. Det er framleis dei praktisk- estetiske faga som peiker seg ut. Tidlegare har "mat og helse" vore faget det kom flest klager på. I 2013 endra dette biletet seg og det inn kom flest klager på kroppsøving.

Av dei 64 klagene fordelte fag/antal klager seg slik:

- **Klager praktisk - estetiske fag:** kroppsøving (17), mat og helse (11), musikk (6), kunst og handverk (2).
- **Klager andre fag:** samfunnsfag (8), norsk munnleg (6) på, matematikk (5), andre fag (9)

Det var i 2013 ein markant auke i talet på klager som vart sendt attende til skulen for ny vurdering. I 2012 vart om lag 50 % av klagene sendt attende til skolen for ny vurdering, i 2013 vart over 70 % av klagene blei sendt attende til skulen. Det var gjennomgåande at grunnen til dette var svak grunngjeving eller manglande dokumentasjon av karakterfastsetjinga. Av dei klagene som vart sendt attende til skolen for ny vurdering, fekk i overkant 45 % heva karakteren. I dette reknestykket manglar tilbakemeldig på sju nye vedtak.

Vi ser at nokre skular treng særleg oppfølging og rettleiing både når det gjeld det pedagogiske og det juridiske i denne typen klagesaker. Vi ser også eit behov for å ha tettare kontakt med skuleeigar. Eit eksempel på dårleg sakshandsaming er at ein skule har avvist klage på fastsett standpunktkarakter, og sett opp karakteren utan at Fylkesmannen har handsama klagene. Dette har ført til at vi i 2013 fekk inn klager så seint som i desember.

Fylkesmannen ber om kopi av skulen sitt nye vedtak. Enkelte skular bruker for lang tid på å fatte nytt vedtak, trass i purringar frå fylkesmannen. Så vi ser at det er behov for endring av kap 5 i forskrift til opplæringslova, ikkje berre for å få betre samsvar med kap 3, men også for å stille konkrete krav til grunngjeving.

Embetet lagar årleg statistikk over resultatet av klagebehandlinga. Denne blir m.a. gjennomgått på årleg møte om eksamen og vurdering der målgruppa er rektorar og eksamensansvarlege på kommunenivå. På desse møta har vi også dei siste åra fokusert på dokumentasjon og grunngjeving for karaktersetjinga. M.a. har vi vist til døme både på gode og mindre gode grunngjevingar. Vidare oppdaterer vi kvart år ein rettleiar for klage på standpunkt, utarbeidd i samarbeid med embeta i Sørvest. Denne blir formidla til kommunane og rektorane på årleg møte om eksamen og vurdering, samt lagt ut på nettsida vår.

Klage på spesialpedagogisk hjelp for førskolebarn § 5-7:

Framleis er dette klagesaker under. kap. 5 i opplæringslova som er mest krevjande å behandle. Dette fordi den sakkunnige vurderinga frå PPT har ein tendens til å omhandle alle sider ved barnet sin livssituasjon og behov, og i for liten grad fokuserer særskilt på opplæringslova § 5-7 for kva som er spesialpedagogisk hjelp. På denne måten blir også kommunen si saksbehandling lite presis på kva som er tiltak innanfor barnehagelova og/eller opplæringslova. Tekstane i «Veileder» for kap. 5 som omhandlar spesialpedagogisk hjelp for førskolebarn, har vore til svært god hjelp i vår veiledning til kommunane. Dette har også danna mykje av grunnlaget for felles omgrepsforståing mellom dei samarbeidande partane i kommunen. Slike drøftingar har t.d. vore: «Kva skal vere det faglege fokus i sakkunnig vurdering?». «Kor lenge varer ei sakkunnig vurdering?». «Om bruk av assistent som del av den spesialpedagogiske hjelpa». «Tidsperioden for hjelpa sett i høve barnehageårets lengde». «Grensegangen mellom tiltak etter barnehagelova og tiltak etter opplæringslova.»

For skoleåret 2013/2014 har vi behandla 19 klagesaker. For 11 klagesaker stadfesta vi kommunen sitt vedtak, medan 6 klagesaker fekk medhald og 2 klagesaker vart sendt attende til kommunen for ny utgreiing og ny saksgang.

Klage på spesialundervisning § 5-1:

Grunnskolen: Av 17 klagesaker, stadfesta vi kommunen sitt vedtak for 8 klagesaker, medan vi gav medhald for 3 klagesaker. 6 klagesaker vart sendt attende til kommunen for ny utgreiing og ny saksgang. – I hovudsak er det bra kompetanse, både ved utgreiing og saksgang, i PPT og i skolane/kommunane for slike saker.

Vidaregåande opplæring: Vi har behandla 1 klagesak for dei vidaregåande skolane, og der vi stadfesta fylkeskommunen sitt vedtak. Det er etter måten få klagesaker frå vidaregåande opplæring. Ei av årsakene til dette, er at alle klagesakene frå dei vidaregåande skolane blir sendt om fylkeskommunen (skoleeigar) for ny gjennomgang/kvalitetssikring. Etter vår vurdering gjer fylkeskommunen som skoleeigar ei bra vurdering/behandling av slike saker, før sakene blir sendt vidare til oss eller ved at fylkeskommunen gjer nytt vedtak.

Klage på eleven sitt skolemiljø § 9a-3:

Av 14 klagesaker har vi stadfesta skolen/kommunen sitt vedtak for 3 klagesaker, medan vi har gitt medhald for 5 klagesaker. 6 klagesaker har vi sendt attende for ny utgreiing/saksgang. Av vår saksbehandling og samhandling med kommunane, ser vi at skolane/kommunane har fått ein auka kompetanse til å behandle slike saker. Sjølv om «elevane sitt skolemiljø» er eit tilbakevendande tema i våre møte med kommunane, så trur vi likevel at det nasjonale tilsynet på opplæringslova kap. 9a har medverka til ein generelle auke i denne kompetansen.

Framleis er det slik at enkelte av desse sakene er svært krevjande, både for skolen/kommunen og Fylkesmannen. Dette betyr også at enkelte saker kan vare over 1-2 år før ein finn fram til omforente løysingar. – Som ein del av vår saksbehandling, så har vi for slike klagesaker gjennomført «situasjonbestemt tilsyn». Dette er ein arbeidsmåte vi vil følgje vidare opp.

Skyss-saker

Vi har gjennomgått alle skoleskyssakene for å finne kva type saker det er og om vi kan finne noka årsak til at det har vore ein auke. Det har vore ein del strid om skolenedleggelse, men det er ikkje noko saker som har samanheng med det. Den største enkeltårsaka frå ein kommune, er usemje om avstandsmåling fra Ålesund og to fra Molde. Elles er sakene spredd jamt utover kommunane, og er ganske likt fordelt mellom «særleg farleg» og måten skyssen er organisert på.

Sakshandsamingstid for klagesaker i 2013 etter opplæringslova

For alle klagesakene er det ei viktig målsetting for oss å halde saksbehandlingstida innanfor 3-4 veker. Der vi ser at vår saksbehandling vil gå ut over denne tida, sender vi ut førehandsvarsel om at saksbehandlingstida vil drøye ut over forventa tid. Som del av sjølve det faglege/sosiale opplegget, ser vi at ei effektiv og «progressiv» saksbehandling for dei sakene som vedkjem § 9a-3, er svært viktig for utfallet av saka.

Resultatkrav for klagesakshandsaminga er at Fylkesmannen i hovudsak skal behandle klagesaker innan 3 månader.

Ved gjennomgang av sakshandsamingstida for klagesakene, finn ein at for nokre saker har sakshandsamingstida overskride 3 månader.

For saker etter oppl. § 9a-3 har ein i alle saker sakshandsamingstid under tre månader. Det same gjeld for klagesaker om spesialpedagogisk hjelp. For saker om spesialundervisning har ein i to saker for lang sakshandsamingstid. Vi har også for nokre saker etter oppl. § 7-1 om skoleskyss, for lang sakshandsamingstid. For dei andre klagesakene i 2013 ligg sakshandsamingstida under 3 månader.

Avdelinga har vore klar over at vi i nokre saker har hatt utfordringar med sakshandsamingstida, og har i det siste hatt fokus på generelt å korte ned denne. Tiltaka som er sett i verk er ei meir systematisk registrering og oppfølging av sakshandsamingstid, omprioritering av arbeidsoppgåvene og tilsetting av ein jurist til ved avdelinga. I tillegg er det frå og med 1. mars 2014 etablert ein funksjon som koordinator for tilsyn og klage ved avdelinga. Ei av oppgåvene for denne funksjonen er ei meir systematisk overvaking av sakshandsamingstida, men også utviklingsarbeid for å betre kvaliteten på klagesakshandsaminga. Vi ser alt no effekt av auka fokus på dette. For klagesaker innkomne siste halvdel av 2013, har vi ingen saker med for lang sakshandsamingstid.

Konklusjonen blir at vi ikkje fullt ut har nådd måla når det gjeld sakshandsamingstida i klagesaker etter opplæringslova i 2013, men at tiltaka som er sett i verk på dette området har og vil gje god effekt.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	64	0	19	45	0	Vi ber skolane om kopi av nytt vedtak. Vi ventar framleis på nytt vedtak på fem klager på standpunkt frå ein skule.
Lokalt gitt muntlig eksamen	2	0	2	0	0	
Sentralt gitt skftlig eksamen	99	0	85	14	0	Embetet har ikkje ansvar for klagehandsaming etter sentralt gitt eksamen. Tala er klager til handsaming frå vårt fylke.
Spesialundervisning, § 5-1	17	8	3	6	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	14	3	5	6	0	
Skyss, § 7-1	21	3	16	1	1	
Bortvisning, § 2-10	1	0	1	0	0	
Skoleplassering, § 8-1	6	1	4	1	0	
Særskilt språkopplæring, § 2-8	1	0	0	1	0	
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	1	0	1	0	0	
Sum	226	15	136	74		

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	19	6	11	2	0	
Sum	19	6	11	2		

31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Oppgåvene er utført i samsvar med oppdraget.

Fylkesmannen har sett til at det ligg føre data frå alle kommunane og private skolar. Vi har rettleia kommunane/skolane, kvalitetssikra data og følgd opp feilmeldingar. Data er overlevert Utdanningsdirektoratet innan fristen.

Vi har bidratt til vidareutvikling av GSI gjennom innspel til Utdanningsdirektoratet. Dette gjeld under innsamlinga og gjennom evaluering etter årets innsamling.

Tal frå GSI er brukt i tilsynsarbeidet og i dialogen med skoleeigarane. Vi har trekt ut relevante data ut frå tilsynsystemaet, samanstillt dei og brukt dei som grunnlagsmaterialet i samband med tilsynet.

Vi vurderer GSI-møte i regi av Utdanningsdirektoratet som gode og nødvendige for å bli oppdatert på området. Vi deltok med to personar.

Nytt i år er at kulturskolar og vaksenopplæringscenter kom inn i UBAS, og fekk same pålogging som skolane og kommunane, samt synkronisering av alle einingar frå NSR til GSI. Dette har i år kravd mykje ekstraarbeid.

Vi har brukt ein god del tid og ressursar på å rettleie kommunane og skolane, oppfølging (bl.a. puring) og kvalitetssikring av GSI-innsamlinga.

Fylkesmannen har hatt ein del arbeid med korreksjonsordninga i samband med innsamling av individdata frå private grunnskular. Vi har følgd opp privatskulane og kommunane si rapportering.

Det blir stadig tilsett nye personar som får ansvaret for utfylling av GSI-data i kommunen. Det vil vere behov for skoloring, men ikkje kvart år slik vi ser det. Vi gjennomførte ei dagssamling for kommunar, private skolar, vaksenopplæringscenter og kulturskolar i 2012. I 2013 har vi derfor ikkje hatt GSI-samling her i fylket.

Generelle tilbakemeldingar frå brukarane er at GSI er blitt betre, lettare å fylle ut (bl.a. at dei fleste felte i ramme C blir berekna frå ramme B) og at rettleiaren har blitt betre dei siste åra.

Kalkulatorane ("beregning av årstimer og årsverk for assistenter" og "beregning av månedlig foreldrebetaling i SFO") er godt motteke, men er usikre på om alle har oppdaga dei. Vi ser at det må informerast, og det gjer vi fortløpande.

Vi har også i år inntrykk av at videosnuttane på GSI-nettsida er til god hjelp ved utfylling.

Det er positivt med tidleg GSI-publisering, men det betyr at kontrollperioden vi har til kvalitetssikring av GSI-data er forholdsvis kort. Vi ser at kommunane si kvalitetssikring ikkje alltid er like god, og vi må derfor ta ein del kontaktar som er tidkrevjande (vanskeleg å få kontakt med dei rette personane). Dette resulterte i at tida til feilretting blei knapp.

Det er ønskeleg at alle kontrollar er lagt ut før skolar og kommunar melder ferdig. I år kom det til ein del partnarkontrollar som utløyste ein del advarslar/feil. Dette kravde ekstra oppfølging fra vår side.

Vi har brukt ca. 10 vekerverk på dette området i 2013, same som dei siste åra.

Fylkesmannen har god kompetanse på feltet.

31.4 Informasjon og veiledning

Gi informasjon om nasjonal utdanningspolitikk, og gi informasjon og rettleiing om regelverket for grunnopplæringa. Formidle resultat frå tilsyn for å auke regelverksetterlevinga blant skoleeigarar og -leiarar. Informere om krava til saksbehandling og enkeltvedtak etter forvaltningslova og opplæringslova.

Dei første signala for nasjonal utdanningspolitikk og nasjonale satsingar blir presentert på fagmøtet i slutten av oktober. Dette blir følgd opp og konkretisert vidare på dei fire regionale samlingane vi har i januar. I tillegg har vi andre fagkonferansar, t.d. om eksamen og vurdering i februar der vi informerer om nasjonale satsingar som omhandlar dette området. Vi har også faste møte med regionskontaktane der alt nytt blir presentert og det blir drøfta korleis ein får spreidd informasjon om satsingane ut til den enkelte skole/ barnehage. Elles blir nasjonal utdanningspolitikk og nasjonale satsingar presentert på møte i Gnist og andre møte med våre samarbeidspartar. Vi er også aktive med informasjon på vår heimeside som vi oppdaterer regelmessig. I januar har vi ein pressekonferanse, og i samband med den utarbeider vi ein presseinformasjon. Dokumentet inneheld bl.a. oversikt over nasjonale satsingsområde og saker som vil ha særskild fokus i 2014. Denne presseinformasjonen sender vi ut til alle aviserredaksjonar i fylket og i fleire månader etter kan vi sjå saker i media som er henta frå dette dokumentet.

På samlingane med kommunane gjennom 2013 har vi tatt opp ulike tema som handlar om regelverket. Det er alltid høve for kommunane til å melde inn spørsmål åp førehand til desse møta. Det har særleg vore

spesialundervisning, spesialpedagogisk hjelp og læringsmiljø med kap 9a i opplæringslova. I tillegg har regelverk kring skoleskysst vore oppe. Det er innanfor dei områda vi har mest klagesaker. Vi har også hatt egne samlingar der regelverket som omhandlar vaksenopplæring har vore behandla. På møta viser vi også til Udir si nettside der ein finn svar på ulike problemstillingar innanfor lov- og regelverket. I tillegg bruker vi mykje tid til rettleiing pr telefon og epost.

Vi har kvart år fomidling av resultatata av tilsyna. I samband med sluttmøtet på skolane t.d. på kap 9a, har vi i 2013 brukt mykje tid på å rettleie på regelverket. Mange skolar nyttar høve til å stille med mange personar på sluttmøta for å få rettleiing på lovkrava i tilsynstemaet. På grunn av at forhold rundt enkeltvedtak har vore den mangelen vi har kommentert oftest i tilsyna, har vi brukt mykje tid til å informere og rettleie om det. Temaet tok vi særskilt opp på dei fire regionale møta i januar der dei skulefagleg ansvarlege og ppt-leiarar var målgruppe. På møtet vart det lagt opp til spørsmål og kommentarar etter presentasjonen om enkeltvedtak. På møta viser vi også til mal for enkeltvedtak som ligg på Udir si nettside.

I behandling av klagesaker legg vi mykje arbeid i rådgivning, og viser til "veiledere" - i tillegg har vi utarbeidd eit informasjonsskriv der vi summerer opp klagesakene for året og presiserer kva det er viktig å legge vekt på innanfor dei områda som blir påklaga. Informasjonsskrivet ligg på vår heimeside.

I samband med svømmetilsynet var vi ute og rettleia i regelverket før tilsynet - og med høve til eigenvurdering. Dette viste seg å gje god effekt då vi seinare gjennomførte tilsyna. Vi har allereie i 2013 starta rettleiinga av det felles nasjonale tilsynet som vi skal ha 2014-17.

Den enkelte region samarbeider godt og vi har formidla at vi kan kome ut på deira samlingar og presentere ulike område i lovverket. På desse samlingane er både skuleeigarar og rektorar på skolane. Vi har også vore på rektormøte for vidaregåande skolar og informert om resultat av tilsyna og om komande tilsyn.

Informere om endringar i regelverket knytta til lokalt gitt munnleg eksamen

Kommunane har ansvaret for gjennomføring og sensorfordeling. Interkommunalt og regionalt samarbeid om sensorar ser ut til å fungere godt for kommunane. Fleire regionar gjennomførte også skolering av munnlege sensorar. Dei fleste regionane / kommunane har utarbeidd egne retningslinjer for gjennomføring av munnleg eksamen. Desse retningslinjene er noko ulike, så praksis når det gjeld m.a. førebuingstid og eksaminasjon, kan vere ulik frå kommune til kommune. Våren 2013 var det knytt stor spenning til den venta forskriftsendringa. Då denne kom hausten 2013, var det stort behov for regelverksavklaringar og embetet fekk inn svært mange spørsmål knytt til det nye regelverket. Mange kommunar kom tidleg i gang med revisjon av lokale retningslinjer, men i påvente av nytt rundskriv om lokalt gitt munnleg eksamen vart mykje av dette arbeidet lagt "på is" til januar 2014.

Fylkesmannen skal medverke ved gjennomføring av regionale konferansar om lokalt læreplanarbeid med særleg vekt på grunnleggande dugleikar i samband med implementering av reviderte læreplanar, jf. eige oppdragsbrev

- Konferansen for M&R vart halden i Molde 19. november med 147 frammøtte deltakarar (av 159 påmelde) - pluss 14 frå Udir og FMMR. Konferansen vart godt mottatt av dei som var til stades.
- 32 av 36 kommunar deltok med både rektorar og lærarar, samt skulefagleg ansvarleg frå 11 av kommunane. Frå fylkeskommunen deltok berre 5 skolar, samt 2 frå utdanningsavdelinga. Dette grunna ein møtekollisjon med eit anna kurs fylkeskommunen heldt for skolane sine. Av dei private skolane deltok berre 3 av 16 private skolar.
- Av dei tildelte midlane på 200.000 kroner, er 34.000 kroner sendt attende til statskassa.
- Måloppnåinga må seiast å vere god kva som vedkjem kommunane og grunnskolane, men mindre god når vi ikkje fekk med oss fleire av dei vidaregåande skolane. Informasjon vart gitt i god tid i førevegen og eige brev vart sendt ut til både skoleeigarane og skolane, men likevel vart det møtekollisjon.

Fylkesmannen skal vidareføre arbeidet med fylkesvise nettverksgrupper for kommunar og skolar som er med i forsøket med arbeidslivsfaget og arrangere ei fylkessamling våren 2013

- Dei tre kommunane Kristiansund, Vanylven og Fræna er framleis med i forsøket og har utvida med nye elevar som starta med faget skoleåret 2013/2014. Dei 8 skolane samarbeider noko på tvers av kommunegrensene i det vidare arbeidet med faget.
- Den fylkesvise samlinga i 2013 valde vi å halde så tidleg som muleg for å påverke forsøkskommunane til å prøve ut munnleg eksamen med praktiske innslag. Det var viktig å få kommunane i gang med å planlegge og

sjå faget inn i planlegging av lokalgitt eksamen i sine kommunar. Hovudtema for samlinga var difor vurdering i ALF. Mål for samlinga var å få flest muleg av kommunane/skolane til å lage prøveeksamen i ALF og prøve det ut.

- Måloppnåing for samlinga: Det viste seg at ingen av kommunane forut for samlinga hadde konkrete planar om prøveeksamen, sjølv om det har vore tema på tidlegare møte. Måloppnåing for samlinga vurderer ein difor som høg, då alle kommunane starta prosessen med å prøve ut eksamen i ALF. Alle 3 kommunane utførte munnleg eksamen med praktiske innslag på ein eller fleire av skolane, medan alle skolane jobba med prosessen.

Fylkesmannen skal arrangere ei fylkessamling for skoleleiarar og lærarar i grunnskulen og vidaregåande opplæring knytt til kroppsøvingsfaget

- 4. april 2013 arrangerte Fylkesmannen i Møre og Romsdal fylkessamling for skuleleiarar og lærarar i grunnskulen og vidaregåande opplæring knytt til kroppsøvingsfaget. Invitasjonen gjekk ut i god tid til kommunane, fylkeskommunen og alle kommunale og private grunnskular i fylket. I tillegg til ekstern kompetanse hadde Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune innlegg om klagehandsaming av standpunktarakterar for grunn- og vidaregåande opplæring.

Måloppnåing: Talet på påmeldte var lavt, berre 108 møtte. Dette vil seie at berre 26 av 36 kommunar i Møre og Romsdal var representerte på møtet. Fylkesmannen ser at det framleis er utfordringar i kroppsøvingsfaget: I klagehandsaminga på standpunkt fekk vi i år inn 64 klager. Av desse var 17 klager: 27 %, på standpunkt i kroppsøving. Det er tydeleg at ikkje alle skolane er godt nok informert om dei nye vurderingskriteria i kroppsøvingsfaget. Vi har følgd opp enkeltskular med rettleiing, og har opne tilsyn på ein av skulane.

Fylkesmannen skal "bistå" Udir med informasjon om bruk av rettleiingsmateriell til valfag ved å gjennomføre ei samling i kvar region, jf. eige oppdrag.

- Fylkesmannen har deltatt på ein regional konferanse om valfag som Sunnmøre regionråd arrangerte våren 2013. I tillegg har vi lagt ut informasjon på heimesida vår om dei nye valfaga skoleåret 2013/14.
- FMMR har ikkje fått noko eige oppdrag om å arrangere ein valfags-konferanse i 2013, noko som det truleg vil vere behov for. Måloppnåing er difor ikkje vurdert.

Fylkesmannen skal gi informasjon om "Bedre læringsmiljø" som ressurs i arbeidet med læringsmiljøet

- FMMR har informert om "Bedre læringsmiljø" og nettressursane i ulike fora, også som rettleiing etter tilsyn på kap. 9a og som informasjon på heimesida vår. "Bedre læringsmiljø" har også vore tema på ein eigen fagdag for kommunane - skole og barnehage - hausten 2013 der vi hadde foredrag ved Læringsmiljøseneteret. I tillegg var dette også tema på læreplankonferansen i haust.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal følgje opp det lokale arbeidet med Manifest mot mobbing 2011 - 2014 og ha eit særleg søkjelys på dei årlege fokusområda

- Manifest mot mobbing er blitt følgd opp med informasjon både på heimesida vår, som rettleiing etter tilsyn på kap. 9a, samt på fagsamling for kommunane hausten 2013.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal informere og rettleie opplæringssektoren om regelverk, læreplanar og tilhøyrande materiell og resursar som er relevant for opplæring av minoritetsspråklege elevar

- Fylkesmannen har informert om St.meld. 6 (2012-2013) *En helhetlig integreringspolitikk* - med vekt på opplæring av barn, unge og vaksne på ein fagdag for kommunane, grunnskolane og barnehagane våren 2013.
- I tillegg har vi på førespurnad halde kurs om regelverket for grunnskolen på ei regional samling for skoleeigarar og skoleleiarar på Sunnmøre hausten 2013.
- Fylkesmannen har hatt eit møte med NAFO og fokusverksemdene (barnehage og skole) hausten 2013. Vi ønskjer å utvide talet på fokus-verksemdar i 2014.
- Vi har lagt ut lysark frå fagkonferansen våren 2013.
- Informasjon om regelverket på dette området blir elles gitt i telefonsamtalar og som rettleiing i samband med klagesaker.
- FMMR vurderer måloppnåinga som god for dei som har fått informasjon om regelverket.

Kompetanse, ressursar, strategiar/metodikk

Vi har ein god strategi for å formidle nasjonal utdanningspolitikk, og nasjonale satsingar gjennom dei fire regionskontaktane som vi har møte med 3-4 gongar pr år. Der blir informasjon vidareformidla, samtidig som vi får tilbakemeldingar på deira behov og kva effekt dei ulike satsingane har. I fellesskap planlegg vi fylkesmannen sine faste fagsamlingar for kommunane - vår og haust - og evaluerer tiltaka. Vi får råd om kva samlingar/tiltak vi på fylkesnivå skal gjennomføre, kva samlingar/tiltak som skal gjennomførast på regionsnivået og kva den enkelte kommune kan prioritere. På den måten blir det ein samanheng i tiltaksrekka frå fylkesmann og ned til den enkelte kommune. Vi betaler kvar region kr 50 000 pr år av skjønnsmidlar til dekking av utgifter i samband med samarbeidet med fylkesmannen. Dette organiseringa gjer at det er lett for oss å formidle statlege signal og er med på å sikre meir treffsikre tiltak for kommunane/ skolane. Fylkeskommunen er også invitert til desse regionskontaktmøta. Konklusjonen er at vi synest vi lukkast med å oppfylle dei tiltaka som står i embetsoppdraget på ein god måte. Utan denne organiseringa hadde det vore vanskeleg å nå ut med informasjon og rettleiing til all 36 kommunane i vårt fylket med over 200 skolar. Vi har tilsvarande regionskontaktordning for barnehagesektoren, og vi har planleggingsmøte saman slik at vi kan sjå tiltaka for barnehage og skole i samanheng. Vi har no god kompetanse i avdelinga, både innanfor pedagogikk, juss og økonomi slik at vi til saman er eit sterkt fagmiljø som ivaretek resultatkrava på ein god måte. Dessutan samarbeider vi internt i embetet slik at vi kan hente kompetanse frå dei andre avdelingane også. Men det er nesten eit umetteleg behov for informasjon, rettleiing og støtte ute i skolane/kommunane så det er vanskeleg å vurdere om den informasjonen og rettleiinga vi gir, er tilstrekkeleg.

31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Møta med Udanningsdirektoratet er nyttige og nødvendige både for å sikre oppdatering og erfaringsutveksling på feltet. Fylkesmannen som sensuransvarleg (SR-ansvarleg) opplever at PAS, særleg når det gjeld bileta «Oppnevne sensorer, «Grupper sensorer» og «Allokere svar» fungerer dårleg. Dette gjeld både tilgang på nødvendige rapportar og funksjonalitet. Mykje tid går difor med til å manuelt lage oversiktar, eigne rapportar og sikkerheitskopiar.

Fylkesmannen sine nettsider blir brukt for å nå ut med informasjon til sektoren. Vi får melding frå sektoren om at desse sidene vert opplevt mindre tilgjengelege etter omlegging. I våre artiklar frå eksamens- og vurderingsfeltet har vi med lenkje til meir informasjon på www.udir.no.

PAS/PGS

Brukaradministrasjon og brukarstøtte krev mykje tid, m.a. ser vi at det ikkje alltid er god kompetanse på dette området på skuleeigarnivå. I faste fora med kommunane minner vi om at dei har ansvar for rettleiing av skulane sine. Vi har også rutine på årleg å be om oppdatert kontaktinformasjon til eksamensansvarlege i alle kommunane. Likevel er det slik at når ting hastar, ringer skulane direkte til fylkesmannen.

Vi sender i januar ut brev til kommunane om oppdatering av fagpersonregisteret og påmelding av elevar i PAS. Vidare hadde vi den 12. februar 2013 møte med kommunane og rektorane på ungdomstrinnet om eksamen og vurdering. På dette årlege februar møtet er skulering i bruk av PAS/PGS ein fast programpost. Vi går m.a. gjennom rutinar for påmelding av elevar, registrering av fagpersonar, bestilling av prøvemateriell til elevar som skal ha særskilt tilrettelegging og prøvegjennomføringssystemet PGS. Vi får tilbakemeldingar på at dette opplevast som svært positivt for skulane der særskilt nyttilsette treng ei innføring i PAS/PGS, men også positivt som ei oppdatering for dei meir røynde. I tillegg har vi på vår sensorskulering ein fast programpost om bruk av PAS for sensorar. På fellessensuren har vi fortløpande overvaking og kontroll på registrering av resultat på elevar. I 2013 var eksamensgjennomføringa i engelsk og fagkodane i norsk på det næraste 100 % IKT-basert.

For fylkesmannen er PAS- hjelp ei viktig støtte. Det er svært nyttig å kunne søke opp og finne løysing på problem som andre har sendt inn. Samtidig er det viktig med raske svar på hastesaker.

Vi ser at kompetansen på området på skulenivå blir stadig betre og at brukarane er nøgd med verktøyet samstundes som ein forventar eit stabilt og forutsigbart system.

Nasjonale prøver

Arbeidet med nasjonale prøver er følgt opp og gjennomført etter gjeldande nasjonale retningslinjer. Fylkesmannen følgjer opp fristane for registrering med e-postmeldingar til kommunar med manglande registreringar. Her er rapportane i PAS til god hjelp. Vi registrerer at også Udir sender ut purringar helt ned på skolenivå når resultat manglar rett før registreringsfristen. Her i fylket får da skolane / kommunane dobbelt sett med purringar, noko vi må unngå i framtida.

Systemet for registrering av elevar med fritak frå nasjonale prøver ser ut til å fungere betre enn tidlegare, noko som gir auka kvalitet på statistikken. Fylket ligg litt over landsgjennomsnittet på andelen fritak. Samstundes ser vi at andelen «Manglande resultat» for 2013 er langt lågare i vårt fylke enn gjennomsnittet nasjonalt. Berre 0,5 % av alle påmelde elevar i Møre og Romsdal er registrerte i PAS med manglande resultat mens tilsvarende tal for landet viser rundt 1,9 %. Vi tolkar det slik at skulane/ kommunane her i fylket har blitt flinkare til å registrere rett status på elevane i PAS, etter at fylkesmannen har brukt ein del tid på oppfølging, puring samt tilsyn. Ei anna muleg årsak til at vårt fylke ligg over landsnittet for andel registrerte fritak, kan vere at vi har følgd opp kommunane ved å kontrollere elevtal i GSI mot oppmeldingane i PAS, og bedt om at alle elevane må meldast opp, også dei som har fritak. Her er det ulike registreringsrutinar i PAS for eksamen og nasjonale prøver. For eksamen skal ikkje dei med fritak for vurdering registrerast. Vår erfaring er at dette gjer at rektorar ofte er usikre på om dei med fritak skal meldast opp til nasjonale prøver eller ikkje. Vi reknar med at dette også gjeld for andre fylke og kan vere ei feilkilde i statistikken.

Fylkesmannen nyttar i høg grad resultatata frå dei nasjonale prøvene både i tilsynsarbeidet og i anna dialog med skuleeigarane. I 2013 vart det utført tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøver 2012 med seks kommunar i fylket. Grunnlaget for tilsynet var ei omfattande kartlegging og analyse der ein samanstilte data frå PAS og GSI, og gjennomførte ei risikovurdering (sjå resultatområde 31.1 Tilsyn).

Eksamen i grunnskolen

Eksamen i grunnskolen vart gjennomført etter gjeldande, nasjonale retningslinjer, jf. embetsoppdraget. Til sentralt gitt eksamen hadde vi ansvar for sensur i faga engelsk og norsk for eksamensregionen Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Vi registrerte ingen avvik.

Informasjon om eksamen etter LK06 vart gitt til kommunane og skulane m.a. på møte om eksamen og vurdering 12. februar 2013. Som nemnt under punktet PAS/PGS informerer vi på møtet om PAS/PGS: også om levering av elektroniske elevsvar. Andelen elektronisk leverte elevsvar i engelsk og norsk er både for åra 2013 og 2012 på det næraste 100%. Våren 2011 låg andelen elektronisk leverte elevsvar på om lag 40 % og 17 % i 2010.

Fylkesmannen ser at behovet for sensorar er stadig aukande, og då særleg i norsk. Vi har ei god kjerne med sensorar, men for at vi også i framtida skal kunne sikre ein rettferdig og god sensur har vi i tillegg særleg oppfordra skular som ikkje har hatt sensorar om å oppmuntre sine lærarar til å melde seg. Vi har fagleg gode og stabile sensorar i oppmannsgruppene. Sensorskolering for alle sensorar i eksamensregionen vart gjennomført som to dagars lunsj-til-lunsjsamling 13. – 14. mai med fagpersonar frå Udir og frå fagutvala. I tillegg utvida vi fellessensurmøtet 17. og 18. juni med ein halv dag der oppmennene hadde ansvar for drøfting og gjennomgang av årets oppgåver etter førehandssensuren. Vi ser skuleringa for sensorar svært viktig for kvaliteten på sensureringa og ein rettferdig sensur og oppmoder difor alle sensorar om å møte. Kommunane har så langt dekkja reise og vikarutgifter ved sensorskolering, medan fylkesmannen har dekt opphaldet. Vi minner elles om at sensorskuleringa og fellessensuren i vår eksamensregion er ressurskrevjande særleg p.g.a. geografien og lange avstandar.

Fellessensuren blei gjennomført etter retningslinene. Nettverket og tilgang til PAS fungerte godt. På fellessensurmøtet har oppmennene m.a. som oppgåve å vurdere elevsvar der det er tvil eller usjemje mellom sensorane. Det betyr at oppmennene må ha tilgang til andre sensorar sine elevsvar. For elektronisk leverte svar er ikkje dette muleg i PAS. Dei fleste sensorane skriv ut elevsvara frå PAS. Så i år vart dette brukbart løyst ved at vi bad sensorane ta med eigne papirkopiar av elevsvara til fellessensurmøtet.

Lokalt gitt eksamen

Kommunane har ansvaret for gjennomføring og sensorfordeling. Interkommunalt og regionalt samarbeid om sensorar ser ut til å fungere godt for kommunane. Fleire regionar gjennomførte også skulering av munnlege sensorar. Dei fleste regionane / kommunane har utarbeidd eigne retningslinjer for gjennomføring av munnleg eksamen. Desse retningslinene er noko ulike, så praksis når det gjeld m.a. førebuingstid og eksaminasjon, kan vere ulik frå kommune til kommune. Våren 2013 var det knytt stor spenning til den venta forskriftsendringa. Då denne kom hausten 2013, var det stort behov for regelverksavklarings og embetet fekk inn svært mange spørsmål knytt til det nye regelverket. Mange kommunar kom tidleg i gang med revisjon av lokale retningslinjer, men i påvente av nytt rundskriv om lokalt gitt munnleg eksamen vart mykje av dette arbeidet lagt på is til januar 2014.

Eksamen i vidaregåande opplæring

Eksamen i vidaregåande skule vart gjennomført etter gjeldande nasjonale retningslinjer, bl.a. oppmelding av kandidatar til eksamen og oppdatering av fagpersonregisteret. Fylkesmannen bruker ein del tid på opning for etteroppmelding og retting av feilregistreringar i PAS. Vi registerer etteroppmeldingar fortløpande og oversender det til fylkeskommunen.

Kartleggingsprøver

Vi har kontrollert at obligatoriske elektroniske kartleggingsprøver vart gjennomført og har følgd opp dette med fylkeskommunen.

Eigenvurdering: Oppgåvene knytt til resultatområdet er utførte i samsvar med oppdraget. Vi har god kompetanse på feltet og har brukt i underkant av to årsverk på dette omfattande og detaljerte området. Vi følgjer kontinuerleg opp gjennomføring av eksamen, nasjonale prøver og obligatoriske kartleggingsprøver i PAS/PGS.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	Totalt ligg fylket om lag på landsgjennomsnittet når det gjeld fritak frå nasjonale prøver. Unntaket er 5. trinn: Fylket ligg i underkant av 1 prosentpoeng over landsgjennomsnittet i både engelsk, lesing og rekning.		Talet på manglande resultat har gått ned i 2013. Det er difor naturleg at ein får ein liten auke i fritaksprosenten.	- Løpende oppfølging i PAS - Tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøver

31.7 Tilskuddsforvaltning

[Kap. 225 post 60 Tilskudd til landslinjer](#)

I samsvar med retningslinene for tilskotet har Fylkesmannen kontrollert og sendt til Utdanningsdirektoratet søknader vår og haust frå Møre og Romsdal fylkeskommune om tilskot til drift av landsline for yrkessjåførar ved Kristiansund videregående skole. Oversendingane er daterte 30.4 og 8.11.2013.

[Kap. 253 post 70 Tilskudd til folkehøgskoler](#)

I samsvar med retningslinene for tilskotet har Fylkesmannen i brev av 28.8.2013 rapportert til Utdanningsdirektoratet om gjennomført kontroll med rekneskap og økonomi for folkehøgskolane i fylket. Som i 2011 hadde alle folkehøgskolane i fylket, med unntak av Borgund, positivt årsresultat i 2012. Borgund hadde eit underskot på kr. 355 000 i 2012 og på kr. 271 000 i 2011. Både styre og revisor konkluderer likevel med at det er grunnlag for at drifta held fram. Sunnmøre Folkehøgskule og Møre Folkehøgskule hadde negativ eigenkapital per 31.12.2012. Økonomien er likevel betra i høve til tidlegare år.

[Kap 225 post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak](#)

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet, jfr Rundskriv UDir -tilskot-7-2005, samt reviderte retningsliner frå 01.01.09.

I 2013 hadde Møre og Romsdal 7 kommunar med asylmottak.

Utbetaling i 2013 var totalt på kr 7 794 150,- for hausten 2012 og våren 2013. Kontrollert søknader frå kommunane opp mot DUF nr som vi har fått tilsendt frå UDI over barn registrert i asylmottak i det aktuelle tidsrom det er søkt tilskot for. Rapportert på tertialrapport til Udir.

Fylkesmannen har god kompetanse på området og eigen måloppnåing er vurdert som god.

[Kap 225 post 66 Tilskot til leirskuleopplæring](#)

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Udir, jfr Rundskriv UDir-tilskot-4-2005, samt reviderte retningsliner frå

01-01-09.

Utbetalt etter søknad frå kommunane 2 gongar i 2013, vår og haust. Kontroll er utført og rapportert på tertialrapport til Udir.

Det var utbetalt kr 2 588 974,- i 2013.

Kompetansen og måloppnåing på området er god.

Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

Her blir arbeidet med følgjande område omtalt:

32.2 Kompetanseutvikling

- Kompetanse for kvalitet - Strategi for vidareutdanning av lærarar 2009-12
- Etterutdanning
- Vidareutdanning
- Vurdering for læring
- Ungdomstrinnsatsinga

32.3 Skoleporten

32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

32.5 Tiltak innan tilpassa opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

32.2 Kompetanseutvikling

Oppdrag

Fylkesmannen skal motivere til deltaking og informere om statlege kompetanse-utviklingstiltak, m.a. Kompetanse for kvalitet og Strategi for etter- og vidareutdanning 2012-2015

- Dette er gjort gjennom møte med kommunane, privatskolane, regionkontaktane og Gnist-partnarskapen, samt utlagt informasjon og lysark på heimesida til FMMR.
- FMMR vurdere måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal "bistå" Udir i arbeidet med vidareutdanning av lærarar. jf. eige brev om dette

- Fylkesmannen har behandla søknader i søkesystemet (Udir) og dette har fungert ganske bra. Sendt ut tilsagnsbrev til alle kommunane og skuleeigarane som hadde søkt og fått godkjent søknader i midten av juni. Behandla endringar i systemet før 15. september og har fått veldig god bistand fra Udir på dette etter 15. sept. Betalte ut midlane + studiavgift medio oktober. Ordninga har fungert bra etter intensjonane, måloppnåinga er forsåvidt bra, men jfr notat om at ikkje alle kommunane har nytta seg av dette av ulike grunnar. Kompetansen på området er god.
- FMMR vurdere måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal kontrollere bruken av statlege etter- og vidareutdannings-midlar og følgje opp at skoleeigar rapporterar på dei ulike ordningane i det elektroniske rapporteringssystemet

- Oppdraget er utført etter fleire purringar og rettingar av rapportert beløp. Med kontroll av 36 kommunar, fylkeskommunen og 15 privatskolar er arbeidet tidkrevjande.
- Litt enklare i 2013 med kontroll av berre ein utbetaling av ettarutdannings-midlar i 2012 - mot tidlegare to. Likevel rapporterar mange kommunar feil tal. Når det gjeld vidareutdanning, rapporterar mange skoleeigarar berre for hausten 2012, då dei på rapporteringstidspunktet ikkje har fått midlane for våren 2013 enno. Mange gløymer elles å rapportere at dei også har fått midlar til studieavgift.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som tilfredsstillande.

Fylkesmannen skal bidra til samarbeid mellom partane og til at skoleeigarar ivaretar sitt ansvar for

kompetanseutvikling etter opplæringslova § 10-8, og delta i det regionale GNIST-samarbeidet

- Gnist-partnerskapen i M&R har hatt 6 møte i 2013 (3 vår og 3 haust), der informasjon om og status for vidareutdanning av lærarar var tema på 2 av møta. I tillegg har tema vore oppe på møta med dei 4 regionale kontaktpersonane for skole. Referat frå både Gnist- og regionkontakt-møta er lagt ut på heimesida vår.
- På landsbasis deltar 20 % fleire lærarar i 2013 enn i 2012 - mot 16 % i M&R. - 22 (av 36) kommunar, fylkeskommunen og 5 privatskolar har fått vikarmidlar for til saman 80 lærarar hausten 2013. Talet for våren 2013 var 69 lærarar. - Søknaden var på 170 lærarar, så over halvparten er blitt avvist av sine skoleeigarar.
- Sidan starten i 2009 er det 10 skoleeigarar som har deltatt i strategien i alle dei fem åra. 6 har deltatt i fire år, medan 6 skoleeigarar aldri har deltatt med lærarar i strategien: "Kompetanse for kvalitet". Hovudårsaka, seier dei, er den dårlege kommuneøkonomien.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god når det gjeld eigne tiltak - og delvis tilfredstillande når det gjeld skoleeigar si deltaking i vidare-utdanningsstrategien.

Fylkesmannen skal motivere for deltaking i skolebasert kompetanseutvikling med god tilknytning til leiarnivået i kommunane, jf. Strategi for ungdomstrinnet *Motivasjon og mestring for bedre læring - Felles satsing på klasseledelse, regning, lesing og skrivning*

- Fylkesmannen har saman med prosjektleiar i Gnist deltatt på alle dei 6 møta i Gnist-partnerskapen M&R i 2013, der hovudtema har vore ungdomstrinnsatsinga. På nokre av møta har også tilbydar frå Høgskulen i Volda (HVO) vore til stades og orientert om satsinga ut mot skolane i fylket.
- I tillegg har FM&R - saman med KS og UDF - hatt eigne styringsmøte med prosjektleiar Gnist - ofte lagt i forkant eller i etterkant av dei ordinære Gnist-møta.
- Gnist-partnerskapen har også deltatt på dei statlege Gnist-konferansane, hausten 2013 med heile partnerskapen på 15 deltakarar til stades.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga i Gnist som god.
- Elles har den skolebaserte kompetanseutviklinga på ungdomstrinnet vore tema både på ein skoleutviklingskonferanse og på ein fagdag for kommunane hausten 2013, samt vore tema på fleire møte med dei regionale kontaktpersonane i 2013.
- Møta med dei regionale kontaktpersonane for skole har særleg vore om samarbeidet kring dei nye stillingane som utviklingsrettleiarar i fylket frå januar 2014. M&R har fått midlar til 3 heile stillingar, der to av regionane ønskte 3 utviklingsrettleiarar som fordelte kommunane seg imellom og arbeidde i team saman med både FM og HVO. Dei to andre regionane ønskte ein rettleiar i kvar region. Då det ikkje var nok stillingsressursar til dette, ønskte dei å fylla opp stillingane med eigne midlar. Dette kunne ikkje dei to andre regionane gå med på av økonomiske årsaker.
- Resultatet er blitt at dei tildelte resursane til 3 stillingar no er fordelte på 4 regionar etter same utrekningsmodell som Udir har brukt.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god, sjølv om kanskje 3 fulle stillingar som arbeidde i team hadde vore det beste.

Fylkesmannen skal velje ut kommunale skoleeigarar og utbetale midlar i satsinga "Vurdering for læring" i tråd med kriteria

Fylkesmannen har etter søknad valt ut kommunale skoleeigarar i Møre og Romsdal. I og med at det var så stor interesse frå kommunane å vere med på satsinga, fekk vi i samråd med Udir med i alt 21 av dei 36 kommunane i fylket.

- *Sunnmøre regionråd* deltek med kommunane Norddal, Stordal, Sykkylven, Stranda, Ørskog, Haram, Skodje, Sula, Giske og Sandøy. Våren 2013: Utbetalt kr 480 000,- etter godkjent plan for satsinga.
- Vurdering for læring - Nordmøre deltek med kommunane Sunndal, Averøy, Tingvoll, Kristiansund og Surnadal. Våren 2013: Utbetalt kr 390 000,- etter godkjent plan for satsinga.
- Molde kommune og Midsund kommune. Våren 2013: Utbetalt kr 220 000,- etter godkjent plan for satsinga.
- Ørsta kommune. Våren 2013: Utbetalt kr 220 000,- etter godkjent plan for satsinga.
- Ålesund kommune. Våren 2013: Utbetalt kr 250 000,- etter godkjent plan for satsinga.
- Fræna kommune. Våren 2013: Utbetalt kr 220 000,- etter godkjent plan for satsinga.
- Herøy kommune. Våren 2013: Utbetalt kr 220 000,- etter godkjent plan for satsinga.

I tillegg deltek tre private skular:

- Molde Friskole. Våren 2013: Utbetalt 100 000,- etter godkjent plan for satsinga.

- Bjørkedal Nærskule. Våren 2013: Utbetalt 100 000,- etter godkjent plan for satsinga.
- Åmås Friskule. Våren 2013: Utbetalt 100 000,- etter godkjent plan for satsinga.

Fylkesmannen skal følge opp at skoleeigar rapporterar om erfaringar og utvikling til fastsette fristar, og oppsummere rapportar frå kommunale skoleeigarar

- Fylkesmannen mottok undervegsrapportar innan fristen 5. desember 2013. Det var mange svært gode rapportar. Alle kommunane fekk i etterkant av undervegsrapporteringa tilbakemelding på sine rapportar. Oppsummering av undervegsrapporteringa frå Fylkesmannen til Utdanningsdirektoratet vart sendt innan fristen 6. januar 2014.

Fylkesmannen skal delta på enkelte nasjonale og evt. regionale samlingar og medverke til erfaringsspreiing knytta til satsinga.

- Fylkesmannen har delteke på alle nasjonale samlingar i satsinga i 2013: 5.- 6. januar, 18.- 19. mars, 16.- 17. september, og 26.- 27. november.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal har teke på seg ei meir aktiv rolle i samband med at vi valte ei brei satsing på *Vurdering for læring* i fylket. Dette har vi gjort på to måtar: Gjennom å knytte til oss ekstern kompetanse frå UH-sektoren og å opprette eit fylkesnettverk for ressurspersonar og skuleeigarar.

1) Ekstern kompetanse frå Høgskulen i Volda:

For å gje støtte/retteleiing til ressurspersonane valte vi å bruke av Fylkesmannens egne lønnsmidlar for å knytte til oss ekstern kompetanse frå Høgskulen i Volda. Dette har vore svært vellukka.

2) Fylkesnettverk Vurdering for læring - Møre og Romsdal:

Fylkesmannen også initiert og oppretta eit fylkesnettverk for alle deltakande kommunar (skuleeigar + ressursperson) i fylket. Hovudformålet har vore å sørge for erfaringsdeling. Fylkesnettverket er eit fora for spreining av tema og prinsipp som har vore tema på Udir sine møter. Vi har også hatt fokus på å sjå satsinga på vurdering for læring i samband med andre satsingar retta mot skulen, m.a. ungdomstrinnsatsinga. Det har vore tre møter i fylkesnettverket i 2013.

- Oppsummering/eigenvurdering Vurdering for læring: Embetet har i høg grad innfridd resultatkrava. Vi har god kompetanse på område og har oppnådd god effekt ved samarbeidet med Høgskulen i Volda.

Fylkesmannen skal vurdere søknader og utbetale midlar til etterutdanning for tilsette i PPT, jf. eige tildelingsbrev

- Fylkesmannen har informert om ordninga i eige brev til kommunane, fylkeskommunen og PPT. Vi fekk inn 14 søknader frå til saman 7 PPT-kontor og har tildelt midlar - 271.000 kroner - til 9 etterutdanningstiltak i 6 PPT-kontor, derav 2 interkommunale kontor, for hausten 2013.
- Fylkesmannen vurderer si eiga måloppnåing som god, men den låge tildelingssummen og tidspunktet denne ordninga kom på frå Udir, var mindre gode. Vi vonar dette blir betre i 2014. Vi etterlyser likevel meir konkrete kriterie for tildeling av midlar for fokuset må vere hjelp til ppt i det systemretta arbeidet i barnehage og skolar.

32.3 Skoleporten

Fylkesmannen opplever at utviklinga av Skoleporten har vore svært positiv dei siste par åra. Mellom anna er tilgangen til ferske data betre, og statistikk og talmateriale er gjort meir tilgjengeleg. Skoleporten har blitt eit godt reiskap også for fylkesmannen i arbeidet med å hente fram og bearbeide data for bruk m.a. i tilsynsarbeidet.

For å kunne rettlege kommunane er det til stor hjelp at fylkesmannen har fått utvida tilgang til rapporteringsreiskapa i Skoleporten. Det er også til god hjelp for å få fram rask dataoversikt.

Embetet sine ressursar, kompetanse, metodikk og strategi

To saksbehandlarar har oppdatert brukarstøttefunksjon. Dette vil også seie at desse kan rettlege i bruk av dei ulike verkty i Skoleporten. Vi bruker om lag fire vekerverk på arbeid med Skoleporten, og vi har utført oppgåvene i samsvar med oppdraget

Vi har god kompetanse på feltet, og opplever som svært nyttig å bli oppdatert på samlinga i regi av Udir i september. Embetet deltok med to saksbehandlarar på samlinga i haust.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltek på dei årlege samlingane for superbrukarar på Udir og tilbyr oppdatert

brukarstøttefunksjon til sektoren, gjennom samling og mykje pr telefon og epost.

Vi ser at dei fleste kommunane brukar rapporteringsreiskapa i Skoleporten til å utforme sine tilstandsrapportar. Alle kommunale tilstandsrapportar vert lagt ut på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal: <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Barnehage-og-opplaring/Grunnskule-og-vidaregaande-opplaring/Kommunale-tilstandsrapportar-etter-opplaringslova--13-10-2-ledd/>

På Skuleutviklingskonferansen som Fylkesmannen i Møre og Romsdal arrangerte den 27. august 2013 hadde Udir ein gjennomgang av den nye «Ståstadsanalysen» med skulefagleg ansvarlege.

Kommunane har og høve til å kome med innspel til dei to årlege møta med dei fire regionane i fylket. I tilsynsarbeidet gjev tilstandsrapportane viktig informasjon.

I 2013 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med KS og Møre og Romsdal fylkeskommune starta utviklingsprogrammet «Den gode skuleeigar». Eit tema i dette programmet har vore mål, rammer og resultat. I samband med dette har reiskapa i Skoleporten for sikring av styring (planar og rapportering) vore tema.

Eigenvurdering: Vi har innfridd resultatkrava i embetsoppdraget.

32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

Fylkesmannen skal "bistå Utdanningsdirektoratet med informasjon og kunnskap om skulane si gjennomføring av nasjonale prøver og bruk av resultatata

- Dette vert gjort løpande ved behov og i møter på feltet. I tillegg er det i 2013 gjennomført tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøver med seks kommunar i fylket. Grunnlaget for tilsynet med dei seks kommunane var ei omfattande kartlegging ved hjelp av PAS/GSI.
- Fylkesmannen har innfridd resultatkrava og har god kompetanse på dette området. Vi vurderer måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal nominere kandidatar til Dronning Sonjas skolepris for inkludering og likeverd, jf. eige brev

- Fylkesmannen har informert kommunane og skolane om dette i e-post og utlagt informasjon på heimesida vår. Kommunane har også fått informasjon om denne prisen på fagsamlinga våren 2013.
- Vi fekk inn berre 1 søknad og det var frå Romsdal vgs. Søknaden var god, og vi hadde eit telefonmøte med skolen før vi sendte søknaden over til Udir som nominasjon frå FMRR.
- Det er vanskelg å få skolar til å søkje om denne prisen, då kriteria for å delta blir oppfatta som relativt høge. Men vi prøver å motivere skuleeigarar som vi ser har høg kvalitet på arbeidet med inkludering og tilpassa opplæring.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal gi informasjon om tilbod om Veilederkorps, og stimulere skoleeigarane med behov for rettleiing om å søkje på tilbodet. Fylkesmannen skal motta søknader frå skoleeigarane og sende ei samla oversikt over søknader til direktoratet innan 1. oktober.

- Fylkesmannen sendte ut eit informasjonsskriv i juni om kommunar/skolar som ønskjer hjelp til lokalt utviklingsarbeid frå det nasjonale Veilederkorpsset. Skrivet vart også lagt ut på heimeida vår.
- I tillegg arrangerte vi ein skuleutviklingskonferanse i slutten av august for skoleeigarar og grunnskolar/vgs. Sula kommune, som har mottatt rettleiing frå Veilederkorpsset, fortalde om sine erfaringar som "veisøker" og oppmoda andre kommunar om å delta.
- Konferansen fekk gode skussmål frå deltakarane, men grunna møtekollisjonar med andre tiltak i fylket ved oppstart av skoleåret, var vi ikkje fleire enn 50 deltakarar på denne fylkessamlinga.
- Trass i god informasjon og oppmoding om å søkje, var det ved søknadsfristen sitt utløp berre 1 søknad, Aukra kommune er no ny "veisøker" i Veiledningskorpsset.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god, sjølv om ein ikkje har fått med fleire kommunar/skolar i denne omgangen.

Fylkesmannen skal gi informasjon om rekruttering av rettleiarar til Veilederkorpsset for aktuelle kandidatar

- Fylkesmannen sendte ut eit informasjonsskriv i juni med oppmoding om at aktuelle skoleeigarar og skoleleiarar søkjer om å få delta som nasjonal rettleiar i korpsset. Både brevet - og informasjon om rekrutteringssamling i Trøndelag hausten 2013 - vart lagt ut på heimesida vår.
- Pga møtekollisjon med andre tiltak, kunne vi ikkje delta på denne rekrutteringssamlinga. VI har heller ikkje

- fått nokon tilbakemelding frå Udir på kven som er tatt ut som nye rettleiarar i M&R,
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal delta på enkelte nasjonale og evt. regionale samlingar og "bidra" til erfaringsspreiing knytt til satsinga

- Fylkesmannen har deltatt på ei samling på Gardermoen for Veilederkorpset og sluttsamlinga i Trondheim for kommunane/skolane våren 2013. Vi ser det som nyttig å vere til stades på slike samlingar, men har ikkje kunne delta på fleire samlingar grunna andre tiltak.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal samarbeide med Utdanningsdirektoratet om å velje ut kommunar og skolar som har behov for støtte og oppfølging på grunn av vedvarande høge mobbetal. Fylkesmannen skal "bistå" utvalde skoleeigarar slik at dei gjennomfører tiltak mot skolar med høge mobbetal

- Vi valde ut ein skule med høge mobbetal, men skulen/kommunen trekte seg tilslutt.
- Elles er det to nettverk av kommunar/skular som har jobba mykje med læringsmiljø og som fekk støtte av fylkesmannen for å evaluere tiltaka. Fleire av desse skulane i dei to nettverka hadde høge mobbetal over tid.

Fylkesmannen skal ha vurdert kommunar og skolar i fylket som har behov for særskilte støttetiltak og sett opp ei prioriteringsliste i samarbeid med fylkes-mannsregionen innan 8. mai 2013

- Vi har mottatt liste frå Udir over skolar med høge mobbetal og plukka ut nokre skolar som vi vurderte hadde behov for særskilte støttetiltak. Vidare samarbeidde vi med Region Midt om ei felles prioriteringsliste på skular.

Fylkesmannen skal ha tatt kontakt med kommunar som embetet meiner har kompetanse og kapasitet til sjølv å følge opp skolar med vedvarande høge mobbetal, og bedt om at dei set i verk tiltak overfor dei aktuelle skolane

- Fylkesmannen har tildelt prosjektskjønsmidlar til to regionale nettverk av kommunar som ønskte å arbeide med å forebygge mobbing og styrke læringsmiljøet. Vi delte ut ekstra midlar til evaluering av tiltaka, og dei har rapportert til fylkesmannen på dei gjennomførte tiltaka. Vi har også gjennomført ein fagdag der vi inviterte særskilt nokre kommunar med høge mobbetal. Læringsmiljøsesteret hadde det faglege innhaldet. På kommunebesøka som fylkesmannen gjennomfører med formannskapet presenterer vi alltid statistikk over mobbing på den enkelte skolen i kommunen og har det som dialogpunkt slik at politikarane blir utfordra på området.
- I og med vi hadde lagt eit løp for dette frå begynnelsen av året, har vi følgd vårt planlagte opplegg - derfor innhenta vi ikkje rapport over tiltaka pr 1. 10. 2013. Likevel vurderer vi det slik at vi har god måloppnåing på satsinga. Aktiviteten på området har vore svært stor i fylket i 2013, og dei skolane med høge mobbetal har fått tilbod om støtte og skoloring.

32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Informere og veilede kommuner om nye mål og strategiar for spesialundervisning

På dei fire regionale møta i januar informerte vi om nasjonale mål og strategiar for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. Vi presenterte statistikk som viste fordelinga av spesialundervisning på trinn og samanlikna tala for kommunane i kvar region. I tillegg presenterte vi tabellar over assistentbruk og formidla forskningsresultat på kva effekt spesialundervisning har.

Vidare oppfordra vi kommunane til å arbeide med konkrete tiltak utifrå dei behova dei hadde og informerte om fylkesmannen sine prosjektskjønsmidlar der spesialundervisning var eitt av dei prioriterte områda dei kan søke midlar til. Vi tildelte 10 søknader som omhandla spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp frå enkeltkommunar og nettverk av kommunar. Fleire av desse prosjekta var vidarføring frå året før. Vi samlar alle som har fått prosjektmidlar ein gong i året (mars) der det er erfaringsdeling og veiledning. Vi inviterer representantar frå Statped og Høgskulen i Volda til desse samlingane. Det er eit enormt arbeid som blir gjort ute i skolar/kommunar i samband med desse prosjekta. Enkelte av prosjekta kan vise til god effekt som nedgang i spesialundervisninga og reduksjon i enkeltvedtaksprosenten, med ein tilsvarende styrking av ressursar til den ordinære opplæringa.

På kommunebesøka der målgruppa er ordførar, rådmann og formannsskap, legge vi fram statistikk og analyse på området for den enkelte kommune, og har ofte det som dialogpunkt som utgangspunkt for diskusjon.

Vi har ein del klagesaker i spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp og rettleier mykje foreldre, skolar, skulefagleg ansvarlege og ppt.

Vi lager eit årleg informasjonsskriv der vi summerer opp erfaringane med klagebehandling og gir råd og informasjon vidare.

Stimulere til tverretatlig og tverrfaglig samarbeid som omfattar barn, oppvekst og opplæring, samt følge med på om slikt samarbeid skjer på lokalt nivå.

Embetet har ei tverrfagleg 3-årig satsing kalt "Betre Oppvekst". Alle avdelingar deltek og har lagt inn oppgåver frå sine embetsoppdrag i satsinga. Satsinga har difor 4 strategimål som alle har blitt samde om: 1. Sikre barn og unge sin medverknad 2. Betre det fysiske oppvekstmiljøet 3. Betre det psykososiale oppvekstmiljøet 4. Redusere negative konsekvensar av sosiale skilnader for barn og unge. Embetet informerer dei ulike fagmiljøa i kommunane om satsinga og stimulerer alle nivå i kommunane til å vektleggje barn og unge i sitt daglege arbeid. Kommunane kan søkje om skjønsmidlar til prosjekt som omfattar dei 4 strategimåla. Satsinga skal bidra til eit betre tverrfagleg og tverretatleg samarbeid til det beste for barn og unge i kommunane i fylket.

Kartlegging av innsatsar for elevar med psykiske vanskar, i vidaregåande skolar (vgs) i alle fylke.

Oppvekst/utdanning gjennomførte i samband med H&S avdelinga kartlegginga av kva for innsatsar som blir gjort i offentlege og private vgs i fylket vårt. Kartlegginga må sjåast i samheng med NyGIV satsinga som har som mål å få fleire til å gjennomføre vgs. Vi fekk svar frå 23 av dei 26 vgs i fylket. Vår vurdering av kartlegginga er mellom anna: Det er ein del ulike satsingar i fylket retta mot elevar med psykiske problem, men det er opp til den enkelte skole kva og om ein har tiltak. Det er difor tilfeldeg og avhengig av kva for skole elevane går på om det faktisk er hjelp å få. Samanstilling av kartlegginga med beskriving av dei ulike tiltaka er sendt Udir og Helsedirektoratet innan fristen 1. sept 2013. Vurdering av måloppnåing er god då vi etablerte eit godt samarbeid med fylkeskommunen, 23 av 26 skolar svarte og innrapporteringsfrist vart holdt.

Stimulere til at spesialpedagogisk hjelp blir bedre forankret i barnehagen, at det etableres en bedre sammenheng mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning i grunnsopplæringen og at det skal bli økt bevissthet om spesialundervisningens varighet og resultater.

På dei nemnde regionsmøte i januar og på kommunebesøka fokuserer vi på tidleg innsats og viser korleis kurven for spesialped hjelp/spesialundervisning stig mykje frå barnehagen til 1. trinn i barneskolen og så aukar jamt utover klassetrinna. Vi diskuterer korleis vi skal snu den trenden. Vi har også fokusert på tilhøvet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Utfordringane med auka bruk av spesialundervisning vart også tatt opp som tema på samlinga for "Den gode skuleeigar" i 2013. Dette er eit tema som engasjerer skuleadminstrasjonen og politikarane som er målgruppe for denne skoleringa fordi dei fleste kommunar har utfordringar her.

Bidra til at innsatsen i kommunale og fylkeskommunale tjenester rettet mot barn og unge med sammensatte problemer blir bedre koordinert.

Som ledd i omorganeringsprosess internt i embetet har vi vorte samlokalisert med barnevernet. Føremålet med det er at vi skal framstå meir samla mot kommunane.

Vi deltek i referansegruppa for oppfølgingsprosjektet som del av Ny Giv og som fylkeskommunen har ansvar for. Ulike instansar er representert med fokus på korleis gi tenester som er meir koordinert, og vi drøfter kva dei ulike instansane kan gjere for å få auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen deltek også på våre arena som vi har med kommunane for å informere om denne satsinga

Ha medvirket til og deltatt i tverrfaglig og tverretatlig nettverk mellom skoleeiere, PP-tjenesten, Statlig spesialpedagogisk støttesystem (Statped), universitet- og høgskolesektoren og andre statlige og kommunale tjenester og fagmiljøer.

Vi har deltatt i møte med Statped saman med dei andre fylkesmannsembeta i Region Midt. Vi har også vore ein pådrivar for å få med høgskulen i fylket i nettverket og hatt møte med høgskolen der dette har vore tema. Fylkesmannen har også deltatt og hatt innlegg på konferansar som PPT arrangerer og vore med på PPT sine leiarmøte og møta i arbeidsutvalet til PPT. Statped har deltatt på vår fagkonferanse i mai der dei informerte om den nye organiseringa av Statped Midt og det arbeidet dei gjer mot kommunane og PPT.

Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

Vi har gjennomført tilsyn i fem kommunar i 2013. Kommunane er Sunndal, Rauma, Stranda, Tingvoll og Stordal. Systemrevisjonsmetoden er nytta i alle tilsyna og alle har vore stadlege. Antalet er i samsvar med oppdraget. Tilsyna har vore omfattande og tilsynstema med kommunen som barnehagemyndigheit har omhandla kommunen sitt ansvar, godkjenning, rett til barnehageplass, kommunen sitt tilsyn eksemplifisert gjennom paragrafane 17, styrar, 18, øvrig personale, forskrift om pedagogisk bemanning, 19, politiattest og 22, opplysningsplikta til barneverntenesta. Gjennom tilsyna opplever vi at kommunane får eit sterkare medvit om kva oppgåver som ligg til rolla som barnehagemyndigheit. Einskilde kommunar formidlar at tilsynsrapporten er viktig i vidareutviklinga av rolla som barnehagemyndigheit innad i kommunen og også utad i eige tilsynsarbeid med både egne og ikkje-kommunale barnehageverksemdar.

Ved val av tilsynsobjekt, gjer vi risikovurderingar utifrå kjennskap til kommunane, informasjon om ulike forhold og til dømes medieoppslag som vi ønskjer å sjekke ut. Viktig kjeld til utval er også KOSTRA og Basil, og vi merkar oss ulike forhold å stille spørsmål ved under årsmeldingsgjennomgangen tidleg på året.

I møte med kommunane har vi bedt om og fått tilbakemeldingar på kva effekt dei meiner tilsynet har. Dei melder at tilsyn er krevande både tidsmessig og fagleg, men at det er eit viktig læringsarbeid innad i kommunen. Tilsyn frå fylkesmannen fører også ofte til eit auka interkommunalt samarbeid om tilsyn og tilsynserfaringar. I vårt fylke har vi erfart at det er god effekt for samarbeidet mellom kommunane å gjennomføre til dømes to tilsyn i same region nært i tid. Slik organisering er også effektiviserande for vårt arbeid, då vi ofte samordnar reiser og gjennomføring av tilsyna. Tilsyna set barnehagesektoren på dagsorden i kommunen og vi opplever at rådmann/adminstrasjonssjef i all hovudsak prioriterer å møte.

Tilskotsforvaltning

Fylkesmannen betalte ut ein sum i investeringstilskot som markerte slutten på ei langvarig sak der dårleg dokumentasjon gjorde at det var lenge før den vart avgjort.

Når det gjeld saker innan økonomisk likeverdig behandling har vi hatt tre av fire saker der klagaren ikkje fekk medhald. Sakene var frå same eigar i tre kommunar. Alle galdt krav om ny tilskotsutrekning på grunn av det eigaren meinte var "stor aktivitetsendring". Vi brukte svært lang tid på sakene og saksbehandlingstida var over 3 månader.

Informasjon og veiledning

Vi valte difor å ikkje ha informasjonsmøte våren 2013, men hadde eit dagsmøte for kommunane i september om *Rundskriv Udir-6-2013*. Seinare hadde vi ein kortversjon av dette møtet for alle barnehageeigarar. I tillegg til informasjon om forskrift og rundskriv, la vi også vekt på dei plikter forvaltningslova pålegg kommunane i klagesaker. Det kan sjå ut til at dette kan vere eit like viktig bidrag til færre klagesaker som ytterlegare informasjon om forskrifta. Det synest i det heile ikkje først og fremst å ha vore for lite informasjon som har vore hovudproblemet for kommunane (og fylkesmannen) med forskrifta, men eit alt for upresist regelverk.

33.1 Tilskuddsforvaltning

Kap 231 post 61 Investeringstilskudd

Det er i 2013 gitt tilskot på kr. 279 500 til ein barnehage. Dette tilskotet var slutten på ei klagesak som har gått på sidan 2008 med 24 registrete dokument. Barnehagen søkte i 2008 om tilskot på kr. 1 475 500 for ein udokumentert auke på 31 barn i 2007, men fekk innvilga tilskot på kr. 94 000 for 11 barn. Årsaka til den lange

klagerunden var stadig nye, men for dårleg dokumenterte saksopplysningar, i tillegg til rettleiing om regelverk, saksbehandlingsrutinar m.m. I søknaden om belastningfullmakt er det gjort nærare greie for dette.

Kap 231 post 64 Tilskudd til midlertidige lokaler

Ingen søknader eller tildelingar i 2013.

33.2 Klagesaksbehandling

Alle klager på barnehagefeltet i 2013 gjeld likeverdig behandling.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på klagesakene strekte seg over 3 månader. Lang saksbehandlingstid og nedgang i behandla saker frå 12 i 2012 til 9 i 2013 heng mellom anna saman med:

- Meir kompliserte og uoversiktlege klagesaker
- Mangelfull saksbehandling og dokumentasjon
- Noko høgre sjukefråver
- OU-prosess som tok mykje tid

Talet på innkomne saker varierer frå år til år, og ser i stor grad ut til å ha tilfeldige årsaker. Kvaliteten på sakshandsaminga i kommunen kan ha sitt å seie, men også skifte av saksbehandlarar i kommunane og i barnehagane, særleg dei større (gjerne barnehagekonsern). Stabilitet i personalet i kommunane fører truleg til færre klager. Ofte tek saksbehandlinga lang tid i kommunane, slik at sakene som vert registrerte hos fylkesmannen kan vere to og tre år gamle. Det er difor vanskeleg å nytte registrerte saker som grunnlag for å vurdere den reelle utviklinga i saksmengda.

Avklaringar av regelverksspørsmål frå Utdanningsdirektoratet er viktig for å få ned talet på klagesaker. *Rundskriv Udir-6-2013* var eit positivt bidra som Fylkesmannen trur vil føre til færre klagesaker. Når det gjeld informasjonsverksemda, har Fylkesmannen god kontakt med kommunane for å kartleggje behovet. Vi har fått klar melding om at informasjonsverksemda til Fylkesmannen i utgangspunktet ligg på eit passende nivå. Som rapportert i 2012, har kommunane meldt at det ikkje var ønskje om fleire informasjonsmøte før det låg føre avklaringar frå direktoratet på fleire regelverksspørsmål som hadde vore diskuterte i lengre tid. Vi valte difor å ikkje ha informasjonsmøte våren 2013, men hadde eit dagsmøte for kommunane i september om *Rundskriv Udir-6-2013*. Seinare hadde vi ein kortversjon av dette møtet for alle barnehageeigarar. I tillegg til informasjon om forskrift og rundskriv, la vi også vekt på dei plikter forvaltningslova pålegg kommunane i klagesaker. Det kan sjå ut til at dette kan vere eit like viktig bidrag til færre klagesaker som ytterlegare informasjon om forskrifta. Det synest i det heile ikkje først og fremst å ha vore for lite informasjon som har vore hovudproblemet for kommunane (og fylkesmannen) med forskrifta, men eit alt for upresist regelverk.

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	0	4	2	3	9
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0

Merknad
 Stikkordmessig om sakene i kolonna "Avvist": •Ufullstendig saksbehandling. Saka er no sendt inn på nytt, og er enno ikkje behandla. •Sak avvist av kommunen pga fristoverskriding. Likevel sendt fylkesmannen. •Sak om etterjustering vart rekna som uaktuell då det kom ny klage etter endeleg avrekning. Tre av fire saker der klagaren ikkje fekk medhald, var frå same eigar i tre kommunar. Alle galdt krav om ny tilskotsutrekning på grunn av det

eigaren meinte var stor aktivitetsendring. Saksbehandlingstida strekte seg over 3 månader. Endring i talet på klagesaker er kommentert i rapporten.

33.3 Informasjon og veiledning

På dei årlege regionale møta i januar, med kommunen som lokal barnehagemyndigheit, har vi orientert om den overordna, nasjonale barnehagepolitikken og kva oppdraget omfattar i 2013. Vår vurdering er at det er viktig og nødvendig å halde fram med å presisere kva oppgåver som ligg til kommunen som myndigheit og kva oppgåver kommunen har som barnehageeigar. Kva oppgåver og ansvar som ligg til barnehageeigar dannar utgangspunkt også for samlingane for ikkje-kommunale barnehageeigarar. Med den tydelege innsatsen som er retta mot ulike kompetanse- og rekrutteringstiltak i sektoren, er det viktig å kommunisere og rettleie om kva effekt slike tiltak kan ha. Dette meiner vi vil medføre at både kommunar og ikkje-kommunale eigarar legg til rette for at tilsette får høve til å delta i ulike tiltak. Kunnskap om at eigar si støtte og motivering er avgjerande for at tilsette fullfører, er viktig å løfte opp. Eksempel på tiltak kan vere kompetansehevande tiltak for assistentar og rettleiing av nyutdanna. På ulike samlingar, nettverksmøte, regionale møte og dialogmøte er det informert og kommunisert om aktuelle tema, regelverksavklaringar er gitt mellom anna som gjennomgang av tilsynsresultat. Eksempel på valde tema i 2013 er godkjenning av barnehagar, regelverket knytt til pedagogisk bemanning og handtering av søknader om dispensasjon frå utdanningskravet. Dette var tema også i fjor, men både tilsyn, spørsmål frå kommunar og kontakt med kommunar gjer at vi må halde fram og informere og rettleie om dette. Gjennom erfaringsdeling og presentasjonar frå kommunane får vi også fram gode eksempel. I møte med både kommunane og dei ikkje-kommunale eigarane har vi sett søkjelys på omdømmebygging og korleis vi saman kan auke status for arbeid i barnehage. Val av tema er og ofte gjort i samråd med regionskontaktane på bakgrunn av deira lokale utfordringar. Vi meiner at vi gjennom slik aktiv dialog med regionane, aukar vår presisjon i val av tema og tiltak for ulike møte og samlingar. Innhenting av informasjon om plan for oppfylling av retten til barnehageplass, er gjort som quest-back undersøking. Opplysningar gir oppdatert informasjon om den einskilde kommune og einskilde kommunar rapporterer også om kva planar dei har for å kunne oppfylle retten til plass også i framtida.

Dette gir informasjon vi nyttar oss av til dømes i planlegging og gjennomføring av tilsyn. Vidare når planlegging og dimensjonering av barnehagetilbodet er tema. I 2013 kalla vi også inn ei einskild kommune som stod i fare for å ikkje kunne oppfylle retten til barnehageplass. Gjennom påtrykk og rettleiing om krava i regelverket fekk vi avverga mangel på oppfylling av retten. Rettleiing og regelverksavklaringar pr. tlf. og e-post er ei kontinuerleg oppgåve. Vi vurderer at vi med dei gjennomførte tiltaka samla sett har nådd måla for informasjon og rettleiing av kommunane som barnehagemyndigheit, kommunen som eigar og dei ikkje-kommunale barnehageeigarane. Vår strategi med dei regionale møta, i tillegg til særskilt oppfølging gjennom møte med regionskonktane og fellessamlingar to gongar pr. år med alle kommunane, gjer at vår planlegging og gjennomføring av tiltak er nøye vurdert utifrå dei ulike regionane sine uttrykte behov. Ei samanstilling av oppdrag, egne vurderingar og vurderingar gjort på bakgrunn av dialog med regionane, dannar slik vi ser det eit godt grunnlag for å møte resultatkrava. Vi held fram med å invitere til samlingar for ikkje-kommunale eigarar to gongar pr. år. I 2013 har eigarar vore inviterte til møte med FUB. På dette møtet var også økonomisk likeverdig behandling tema. I oktober var Strategi for kompetanse og rekruttering tema, saman med omdømmebygging og fleire gode eksempel frå kommunar. Vi meiner at vi også har nådd målet om rettleiing av den ikkje-kommunale barnehageeigargruppa, og tek sikte på å framleis invitere dei på samlingar to gongar pr. år. Når det gjeld ressurs- og kompetansesituasjonen for å kunne informere og rettleie tilstrekkeleg og i tråd med resultatkrava, vil vi hevde at vi har god kompetanse på barnehageområdet. Også innanfor dette resultatområdet er vi avhengig av kontinuerleg prioritering. Avstandar og geografi gjer at vi må effektivisere arbeidsmåten vår, mellom anna med å sjå og gjennomføre arrangement i samanheng.

Forskrift om økonomisk likeverdig behandling

Fylkesmannen har god kontakt med kommunane for å kartleggje behovet for informasjon, i tillegg til kunnskapen vi får gjennom klagesaksbehandling. Vårt inntrykk er at kommunane meiner at informasjonsverksemda til Fylkesmannen i utgangspunktet ligg på eit passande nivå. Som rapportert i 2012 har kommunane meldt at det ikkje var ønske om fleire informasjonsmøte før det låg føre avklaringar frå direktoratet på fleire regelverksspørsmål som hadde vore diskuterte i lengre tid. Vi valte difor å ikkje ha informasjonsmøte våren 2013, men hadde eit dagsmøte for kommunane i september om *Rundskriv Udir-6-2013*. Seinare hadde vi ein kortversjon av dette møtet for alle barnehageeigarar. I tillegg til informasjon om forskrift og rundskriv, la vi også vekt på dei plikter forvaltningslova pålegg kommunane i klagesaker. Det kan sjå ut til at dette kan vere eit like viktig bidrag til færre klagesaker som ytterlegare informasjon om forskrifta. Det synest i det heile ikkje først og fremst å ha vore for lite informasjon som har vore hovudproblemet for kommunane (og fylkesmannen) med forskrifta, men eit alt for upresist regelverk.

33.4 Tilsyn

Vi har i 2013 gjennomført tilsyn med fem kommunar. Dette er i tråd med omfanget i oppdraget. Alle fem tilsyna har vore stadlege og systemrevisjonsmetoden har vore nytta på samtlege tilsyn. Tilsyna er omfattande, omhandlar mange tilsynstema og vi vurderer at vi er i overkant av minstekravet i oppdraget når det gjeld tilsynsaktiviteten på barnehageområdet. Vi har i 2013 arbeidd med å tilnærme oss ny tilsynsmetodikk og har til dømes på sluttmøta lagt fram førebels rapport for kommunen. I forhold til ressursituasjonen og kompetansen på vår avdeling, har den blitt merkbart styrka på slutten av året, ved at ein jurist til vart tilsett 1. november. Vi prioriterer framleis at rådgjevar med barnehagefagleg kompetanse er med på samtlege tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit.

Ved val av tilsynsobjekt, gjer vi risikovurderingar utifrå kjennskap til kommunane, informasjon om ulike forhold og til dømes medieoppslag som vi ønskjer å sjekke ut. Viktig kjeld til utval er også KOSTRA og Basil, og vi merkar oss ulike forhold å stille spørsmål ved under årsmeldingsgjennomgangen tidleg på året. Vi har no gjennomført tilsyn med 31 av 36 kommunar i fylket, og tek sikte på å føre tilsyn med dei gjenstående fem kommunane i fylket i 2014. Risikovurderingar og behov for eventuelle hendingsbaserte tilsyn, må naturlegvis likevel vurderast fortløpande gjennom året, og kan medføre at vi endrar vår tilsynsplan.

I 2013 har fleire av dei tilsette i avdelinga delteke på samlingar med Utdanningsdirektoratet og vi har prøvt å vere aktive i forhold til å lære oss og implementere ny tilsynsmetodikk. Tilsyn opna etter samlinga med opplæring, følgjer ny metodehandbok.

Vår erfaring med tilsyn etter barnehagelova er at kommunane i hovudsak er ivrige og raske i å rette opp og lukke avvik. Frå tilsynsdagen og fram til sluttmøtet, er mykje drøfta og ofte i ferd med å verte lukka. Ofte kjem det fram gjennom intervjudagen kvar eventuelle lovbrøt er og fleire kommunar veit ofte med seg sjølve kvar skoen trykkjer. Vi opplever at tilsynet har effekt og at varselet om tilsyn utløyser ein viktig og langvarig prosess i kommunen. Flest spørsmål er knytt til spørsmål kring regelverket om pedagogisk bemanning. Når det gjeld godkjenning etter §§ 1 og 2 er desse krava framleis noko uklare for kommunane. Godkjenningsskjema verkar til dels å vere krevande å framskaffe og vurdering av «egnethet» i forhold til §§ 1 og 2 manglar ved fleire høve. Også i 2013 har vi gjennom tilsynet avdekkja kommunar som ikkje fører tilsyn med barnehagane. Dei meddeler då gjerne sjølve at dei ikkje fører tilsyn. Fylkesmannen sitt tilsyn medfører då at kommunen startar tilsynsaktiviteten. Fylkesmannen har praksis for å følge opp at lovbrøt blir lukka.

I møte med kommunane har vi bedt om og fått tilbakemeldingar på kva effekt dei meiner tilsynet har. Dei melder at tilsyn er krevande både tidsmessig og fagleg, men at det er eit viktig læringsarbeid innad i kommunen. Tilsyn frå fylkesmannen fører også ofte til eit auka interkommunalt samarbeid om tilsyn og tilsynserfaringar. I vårt fylke har vi erfart at det er god effekt for samarbeidet mellom kommunane å gjennomføre til dømes to tilsyn i same region nært i tid. Slik organisering er også effektiviserande for vårt arbeid, då vi ofte samordnar reiser og gjennomføring av tilsyna. Tilsyna set barnehagesektoren på dagsorden i kommunen og vi opplever at rådmann/adminstrasjonssjef i all hovudsak prioriterer å møte.

Endeleg rapport blir sendt kommunen, Utdanningsdirektoratet og publisert på heimesida til fylkesmannen, så snart rapporten er ferdig. Ettersending av dokumentasjon, ikkje minst når det gjeld godkjenningsskjema, har gjort sitt til at vi har brukt tid på å gjere nye vurderingar. Dette har igjen medvirka til at eit par av tilsyna og endeleg ferdigstilling av rapportar i 2013, har trekt ut i tid.

33.5 Kontroll av årsmelding per 15/12 og årsregnskap for ikke-kommunale barnehage

Kontroll av årsmelding pr 15.12.2012 er gjort i henhold til oppdrag.

Kontroll og kvalitetssikring av årsmeldingsskjema frå kvar barnehage - tilsaman 310 barnehagar pr 15.12.12. Som tidlegare år var det framleis mange feilrapporteringar i punkt 8, personale og bemanning og dette går på dei barnehagane som har pedagogiske leiarar på dispensasjon frå utdanningskravet. Sender då melding til kommunen som må sjekke og rette opp det som er feilen, deretter må vi godkjenne på nytt om det no er rett rapportert.

Det hadde vore ønskeleg med fleire kontrollar i akkurat det feltet i rapporteringa slik at det ikkje vart så mange feil der. Dette er tidkrevande i og med at det er så mange feil på dette og det tar tid å få retta det opp. Fylkesmannen ser at kommunane ikkje gjer ein god nok jobb i å kontrollere dette før dei godkjenner årsmeldinga.

Som forbetningspunkt kan Fylkesmannen informere kommunane i forkant av rapporteringa på akkurat dette feltet og gje betre rettleiing.

Basil har no fått funksjon med å ta ut rapportar og det er positivt. Men det er ønskeleg at dette framleis blir ytterlegare vidareført. På Basil- samlinga den 13. november fekk vi ein gjennomgang på dette, men det var etter vår meining altfor lite tid til å gå inn i funksjonen. Synest det er tidkrevande å finne fram og få ut dei rapportane ein ønsker. Til samanlikning er GSI eit mykje betre vertøy for rapport.

FM meiner å ha god kompetanse på området samt at måloppnåinga er god.

Årsreknskap for ikkje-kommunale barnehage vart følgt opp og purra på dei kommunane/barnehagane som ikkje var ferdige innan fristen. Desverre viser det seg at enkelte barnehager ikkje blir ferdige og får derfor heller ikkje levert innan frist og før Basil blir stengt, ofte på grunn av manglande attestasjon fra revisor.

Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

Alle tiltak og all innsats har som felles mål å styrke og fremme barnehagekvaliteten. Rekrutterings- og kompetansetiltak står sentralt, men funn og konklusjonar i tilsynsarbeidet er og med og dannar grunnlag og blir førande for kva val og prioriteringar ein gjer. I planlegging og i gjennomføring av tiltak for å løyse oppdraget på best mogleg måte, er det vi viktig å sjå resultatområda i samanheng. I Møre og Romsdal har vi godt samarbeid med Høgskulen i Volda. Høgskulen og praksisfeltet dreg positiv nytte av kvarandre. I dei omfattande utviklingsarbeida som har involvert heile barnehagen, har ein i fleire tilfelle kopla utviklingsarbeid i barnehagen til gjennomføring av FOU-arbeid for høgskuletilsette. Utviklingsarbeida er noko av det vi erfarer verkeleg er kvalitetsfremmande og som fører til varig endring i barnehagen.

Vi har god erfaring med arbeidet i GLØD-nettverket og erfarer at ei aktiv arbeidsgruppe for likestilling gjer ein viktig innsats saman med GLØD-nettverket i arbeidet med likestillings- og mangfaldsutfordringane. Dette er arbeid som krev langsiktig innsats og det er ikkje slik at vi på kort sikt ser konkrete resultat, t.d. når det gjeld antal tilsette menn i barnehagen. Vi har i år prioritert å bruke tid på auke kompetansen vår på medie- og samfunnskontakt, både for å auke rekrutteringa til yrket og for å behalde kvalifisert personale i barnehagane. Samtidig har positiv omtale for å heve status og auke medvitet om korleis ein fremjar eit godt omdømme vore tema i møte med både kommunen som myndigheit og kommunale og ikkje-kommunale eigarar.

34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Vår vurdering er at vi har oppfylt resultatkrava i oppdraget for 2013. Måloppnåing er i samsvar med oppsett verksemdsplan. Med eit godt fungerande samarbeid med kommunane organisert i regionsnettverk, vurderer vi det slik at innsatsen når ut til barnehagane og at kompetanse- og rekrutteringstiltaka dermed får direkte innverknad på barnehagekvaliteten. Den gjennomgåande strategien for arbeidet vårt er å stimulere og følgje opp kommunane gjennom regionale tiltak og gjennom å dele erfaringar med utfordringar på området. Kommunane melder tilbake at dei erfarer regionssamarbeidet som kompetanseutviklande.

Kompetanseutvikling

Kompetansesemidlane er uavkorta utbetalt til alle kommunane etter fordelingsnøkkelen: grunnbeløp per kommune, per barnehage og per barn i barnehage. Kommunane må rapportere på nytta midlar og legge fram plan. Det kan vere utfordrande å få inn dokumentasjon frå alle kommunane, men det er ein føresetnad for utbetaling. På bakgrunn av rapportar og planar, veit vi at både ikkje-kommunale og kommunale barnehagar er med i kompetansesatsinga. Nokre barnehageeigarar er med på delar og eit fåtal har eiga satsing når det gjeld kompetanseutvikling. Fylkesmannen gir føringar for kva kompetanseområde som skal satsast på og og at kompetansesemidlane skal kome både dei ikkje-kommunale og dei kommunale barnehagane til gode. Vidare oppmodar vi om at midlane og korleis dei vert nytta, involverer og vert drøfta med tilsette og tillitsvalde.

«Vennskap og deltakelse»

Fleire av utviklingsarbeida knytt til kompetansesatsinga "Vennskap og deltakelse", har halde fram i 2013, i tillegg

til nystarta prosjekt. Korleis omsette innhaldet i formålsparagrafen til pedagogisk praksis, er tema i fleire prosjekt og utviklingsarbeid. Spesielt vil vi nemne det store utviklingsarbeidet i Romsdalsregionen - "Danning i Romsdalsbarnehagen - om å vere menneske". Kommunane i regionane har vore med og i tillegg mange barnehagar. Høgskulen i Volda har vore fagleg ansvarleg og rettleiing av barnehagar har vore vektlagt mellom fellessamlingar. Her får ein til eit godt samarbeid mellom høgskule (også knytt til FOU-arbeid) og praksisfelt og erfaringar blir delt på ulike samlingar og konferansar.

Effekt av utviklingsarbeid

Vi erfarer, saman med høgskulen, at desse omfattande utviklingsarbeida, er dei som gir best og mest effekt når det gjeld endrings- og utviklingsarbeidet i barnehagen og i barnehagesektoren. Dette er viktig å ta med seg inn i arbeidet med å ta i bruk det nye systemet for kompetanseutvikling (2014 - 2020) ikkje minst når det gjeld barnehagebasert vurdering og barnehagebasert kompetanseutvikling. Vidare i forhold til å utvikle barnehagen i retning lærande organisasjon.

«Barnehagekonferansen»

Også i 2013 har vi fått presentert eksempel på "Barnehagen som læringsmiljø og dannelsesarena" - og hadde Sør-Trøndelag på besøk på den store, årlege barnehagekonferansen. Barnehagekonferansen er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet og Fylkesmannen. Målgruppe er pedagogisk personale i barnehagane, barnehageansvarlege på kommunenivået, PPT- og høgskuletilsette. Konferansen har etablert seg som ein solid, fagleg møteplass og også i 2013 hadde vi om lag 450 deltakarar. Fleire kommunar og barnehageeigarar forøvrig planlegg deltaking i konferansen inn i øvrig kompetanseplanlegging og dermed blir ikkje konferansen berre ein "happening", men noko barnehage og kommune tek med i det vidare arbeidet. I årets konferanse som hadde tittelen "VI må!", var det bruken av sosiale medium og medvit kring korleis ein nyttar desse, som var tema. Dette vart mellom anna sett inn i ein dannelses- og læringsssamanheng og vi erfarte at dette er svært tidsaktuelt og viktig å sette søkjelyset på. Konferansen og det kontinuerlege arbeidet med den, gir gode synergjar med tanke på øvrig samarbeid mellom høgskule og fagforbund når det til dømes gjeld igangsetting og gjennomføring av kompetanse - og rekrutteringstiltak.

Likestilling

Det er også gitt midlar til utviklingsarbeid som omfattar likestilling- og mangfaldsperspektivet i barnehagen. Vi har gode ambassadørar for dette og dei har reist ut til regionane og orientert og delt erfaringar. Representantar for Arbeidsgruppa for likestilling har også bidratt på fagdag ved Høgskulen i Volda og på andre arrangement.

Tala for del menn i basisverksemda i barnehagane viser forholdsvis små utslag dei siste åra. Ein viss auke i del mannlege assistentar frå 2008 (3,1%) til 2012 (4,3%). For styrarar og pedagogiske leiarar en del menn uendra frå 2008 til 2013 (4,1%).

«Barns trivsel – voksnes ansvar»

Når det gjeld implementering av rettleiaren "Barns trivsel - voksnes ansvar" har den vore tema på samlingar og på ei av fagsamlingane var det å redusere mobbing og krenkande atferd eit hovudtema for både barnehage og skule. Det er også utbetalt midlar knytt til prosjekt som handlar om å auke sosial kompetanse og korleis utvikle vennskap.

Bidrag til etablering av mellombelse studieplassar/ vidareutdanning for barnehagelærarar og kompetanseheving for assistentar

I etableringa av midlertidige studieplassar/vidareutdanning for barnehagelærarar og kompetansehevingstiltak for assistentar er vi godt i gang med noko. Vi erfarer at informasjonsarbeid om eksisterande og nyoppretta tiltak tek tid, og at grupper tilsette treng tid til å bestemme seg for å delta. Samtidig treng barnehageeigar tid til å legge til rette for deltaking og gjennomføring for sine tilsette. Vi har til dømes prøvt å imøtekomme regionane sine ønske om at tiltak blir lagt ut i regionane, slik at det blir lettare å gjennomføre både for eigar og deltakar. Høgskulen i Volda får tid avsett på fylkesmannen sine møte til å orientere om eksisterande og nye tilbod og kommunane får høve til å uttale seg om behov og måtar å gjennomføre tiltak på. Når det gjeld barnehagefagleg grunnkompetanse har kommunane i regionar sjølve i hovudsak hatt ønske om å ta ansvaret for tiltaket sjølve. Det er søkt om og utbetalt midlar til regionane til dette. Når det gjeld fagarbeidarutdanning, er vi i gang med å få noko på plass. Ein kommune har søkt om midlar. Eit par regionar har allereie samarbeid med kompetansesenter og har over tid stimulert kontinuerleg til at tilsette tek fagarbeidarutdanning. Nordre Sunnmøre har på samling for alle kommunar og barnehageeigarar orientert om korleis dei arbeider med dette.

Rettleiing av nyutdanna

Når det gjeld rettleiing av nyutdanna, har desse tiltaka vore orientert om både til kommunar og eigarar forøvrig. Vidare er det utbetalt midlar til tiltak. Høgskulen i Volda har orientert om si leiarutdanning og det har og vore orientert om styrarutdanning ved andre institusjonar som tilbyr slik utdanning.

Rekruttering

Gjennom eit godt fungerande GLØD-nettverk i fylket har vi i større grad vore meir synlege i media i 2013. Vi har retta ein del av innsatsen vår inn mot medieinnsal med tanke på å bygge eit godt omdømme og heve status for utdanninga, for yrket og for heile sektoren. Vi har hatt fleire arbeidsseminar for GLØD-nettverket og Arbeidsgruppa for likestilling. I seminara skriv vi tekstar som vi sender direkte til aviser og inviterer oss sjølve til å bli intervjuet. Vi lagar og tekstar som kan nyttast til publisering på aktuelle heimesider. Vi meiner at dette arbeidet har gjort fleire av nettverksdeltakarane meir kompetente til å uttale seg og meir medvitne om på kva måte ein uttalar seg når ein profilerer utdanning, yrke og sektor. Vi har hatt eksterne ressurspersonar og kompetente mediefolk med oss i seminar. Vi har og arrangert "omdømmedag" for barnehageeigarar.

Det er ikkje så lett å omtale kortsiktig effekt av dette arbeidet, men vi trur at på lengre sikt vil dette ha effekt. At også representantar frå utdanningsinstitusjonane er med på dette vil kunne ha effekt på utviklinga av innhaldet i studiet.

Når det gjeld vidare planar, tenkjer vi oss å i sterkare grad involvere barnehageleiarar/styrarar i arbeidet med å auke status og rekruttering til utdanning og yrke. Dette er noko av det vi no diskuterer som viktig aktivitet for 2014. Vidare har vi brukt statistikk og oversikter gjennom KOSTRA og Basil for å synleggjere faktisk situasjon. Kva kompetanse trengst? Kva utfordring er størst i kva region? Dette er viktig for å kunne diskutere til dømes med barnehageeigarar kva tiltak ein skal prioritere.

Auka del menn i barnehagane

For å ivareta oppdraget med å auke del menn til utdanning og yrke, inkluderer vi Arbeidsgruppa for likestilling i GLØD-arbeidet. Det er naturleg å sjå dette i samanheng. Vi slit framleis med å auke andelen menn i vårt fylke. Val av gode ambassadørar, tema på fagdag, medieinnslag som viser menn i studie og arbeid med barn kan ha effekt, men vi ser ikkje resultat av dette enno. Vi diskuterer også å etablere nye nettverk for menn. Vi har hatt dette tidlegare. Vi har for nokre år sidan prøvt å opprette nye nettverk, utan å få med interesserte.

Tala for del menn i basisverksemda i barnehagane viser forholdsvis små utslag dei siste åra. Ein viss auke i del mannlege assistentar frå 2008 (3,1%) til 2012 (4,3%). For styrarar og pedagogiske leiarar en del menn uendra frå 2008 til 2013 (4,1%).

GLØD/ GNIST

GLØD-nettverket samarbeider noko med GNIST-partnerskapen. Vi orienterer kvarandre om aktivitet og har samarbeid om utdanningsmesser og "Ut i jobb-dagen" ved Høgskulen i Volda. Denne dagen legg opp til eit møte mellom arbeidsgjevar og student og har ein fagleg del og ein messedel med "stands" der kommunale og ikkje-kommunale barnehage- og skuleeigarar får presentere seg og kome i kontakt med studentar som potensielle jobbsøkjjarar.

Plan for kompetanse- og rekrutteringsutfordringar

Talet på dispensasjonar frå utdanningskravet er framleis høgt og vi vil ha rekrutteringsutfordringar i åra som kjem. Vi diskuterer no å utvikle ein plan for kompetanse- og rekrutteringsutfordringane i fylket. Høvet til å gjere det er betre no med ein samla, heilskapleg og meir langsiktig nasjonal strategi.

Vi vurderer å ha høg måloppnåing for 2013. Vi meiner å ha kompetanse til å gjere ein god jobb på dette området. Vår rådgjevar på barnehageområdet har på deltid vore engasjert i GLØD nasjonalt. Dette har gitt positive synergjar for fylket, men har og tatt tid av vår samla ressurs til å arbeide innad i eige fylke.

Kompetansetiltak	Samarbeidspartner/UH-institusjoner m.fl.	Antall deltakere totalt	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager
Videreutdanning i barnehagepedagogikk		0	0	0
PUB-studier		0	0	0

Kompetansehevingssstudie for assistenter	0	0	0
--	---	---	---

Kompetansetiltak jf 20 mill.	Samarbeidspartner/UH-institusjoner m.fl.	Antall deltakere totalt	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager	Midler pr tiltak (kr)
Fagbrev (praksiskandidatordningen)		0	0	0	0
Basiskompetanse for assistenter		0	0	0	0

34.3 Andre satsingsområder

Vi har hatt tiltak direkte retta inn mot styrking av barnehagane sin kompetanse på områda språkstimulering for minoritetsspråklege førskulebarn og fleirkulturell pedagogikk. Dette er også område som kommunane melder tilbake som utfordrande område. I dialog med kommunane kjem det fram at dei har kontinuerlege utfordringar på desse områda. Vi har stimulert utviklingsarbeid og prosjekt. Vi har brukt ressursbarnehage i fylket til å legge fram sine erfaringar frå arbeidet med fleirkulturelle utfordringar og fleire kommunar har og på eige initiativ nytta seg av barnehagar som etterkvart har god kompetanse innanfor dette. Høgskulen i Volda har god kompetanse innanfor det fleirspråklege og dei har og vore med og bidratt. På fagsamling våren 2013 nytta vi ein heil dag samla for barnehage og skule og sette søkjelys på arbeid med språk og fleirkultur. NAFO var med, i tillegg til gode eksempel presentert av barnehage og skule. Vi har styrka samarbeidet med NAFO og er i gang med å etablere nye fokusverksemdar, samtidig som nokre av dei som tidlegare har vore med, held fram. Vi tek sikte på å stimulere til at nettverk blir etablert/retablert både på Sunnmøre og i Romsdal- og Nordmørsregionen.

Når det gjeld rettleiaren «Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barnevernstjenesten», så har den vore gjennomgått og diskutert på møte med kommunane tidlegare. På alle tilsyn etter barnehagelova har opplysningsplikt til barneverntenesta vore tilsystema. På desse tilsyna og i oppfølginga på sluttmøta fell det naturleg å også vise til denne rettleiaren. På tilsyna er og ikkje-kommunal barnehageeigar med. I den tverrfaglege satsinga på embetet, «Betre oppvekst», er alle avdelingane med. Vi er godt i gang med å utvikle policydokument og kvalitetsstrategi for korleis vi sikrar vurderingar til «barnets beste» i all vår saksbehandling. Vi ser eit potensiale i satsinga framover og område som barnehage og barnevern vil vere naturleg og viktig å kople nærare saman.

Vi vurderer at vårt arbeid innanfor dette resultatområdet er i tråd med resultatkrava i oppdraget. Det er eit viktig felt som vi vurderer å måtte prioritere noko sterkare i tida framover. Kompetansen i embetet vil gjere det mogleg å styrke arbeidet, samtidig som satsinga «Betre oppvekst» vil kunne bidra til ei meir samla og samordna satsing på området.

Ressursrapportering

Resultatområde 31.5 inkluderer honorar til sensorer kr. 1412453,-

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 2 298 134,54	kr 0,00
31.4 Informasjon og veiledning	kr 977 940,79	kr 35 090,87
31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 774 878,34	kr 1 444 478,05
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 197 270,81	kr 0,00
32.2 Kompetanseutvikling	kr 276 629,69	kr 905 459,45
32.3 Skoleporten	kr 158 246,64	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 184 894,50	kr 2 399,75
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 192 318,32	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 265 884,83	kr 0,00
33.3 Informasjon og veil. bh	kr 0,00	kr 0,00
33.4 Tilsyn	kr 402 765,21	kr 2,86
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 43 835,38	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 417 111,95	kr 0,00

34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 146 174,42	kr 95 424,36
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KD	kr 10 410,51	kr 0,00
Sum:	kr 6 346 495,00	kr 2 482 855,00

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Behandling av tilsynssaker:

Fylkesmannen behandlet i 2013 209 tilsynssaker. 85 ble behandlet med lokal avklaring, mens de øvrige ble behandlet som regulære tilsynssaker. Disse 124 sakene hadde median saksbehandlingstid 2,6 mnd.

Varselordning:

Antal varsel til Statens helsetilsyns Undersøkelsesenhet har økt betydelig. Dette innebærer hyppige møter med enheten. Dette vil kunne innebære en tettere kontakt og samarbeid mellom Fylkesmannen og Statens helsetilsyn, men medfører samtidig betydelig økt tidsbruk for vurdering av varslene (sammenliknet med tidligere ordning). Særlig krever det økt "legetid".

Politi: Fylkesmannen har regelmessig kontakt med politiet. Gjennom 2013 har kontakten omhandlet i størrelsesorden 5 saker, hvor det har vært spørsmål om etterforskning. I tillegg kommer en rekke kontakter, anslagsvis 20-25 omhandlende andre hendelser hvor det bes om råd/drøftinger osv.

41.2 Planlagt tilsyn

Vi viser til innsendt rapport.

Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter lov om sosiale tjenester i NAV

Fylkesmannen har behandla 86 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV (STL).

Vi mottok 99 saker i 2011, 85 saker i 2012 og 98 saker i 2013.

Vedtak i 72 saker (84%) blei stadfesta og 14 vedtak (16%) blei endra eller oppheva.

71 saker (83 %) av sakene er behandla innan 3 månader.

Vi viser elles til rapportering til Statens helsetilsyn for 2013 gjennom NESTOR.

Fylkesmannen hadde i 2013 fire to-dagers kurs i lov om sosiale tenester i NAV med tilhøyrande forskrifter og rundskriv, og tre dagskurs spesielt om kvalifiseringsprogrammet.

Omlag 400 tilsette i NAV deltok.

I tillegg hadde fylkesmannen to-dagers grunnkurs og to dagars vidaregående kurs i økonomisk

rådgiving/gjeldsrådgiving for dei som har slike oppgåver ved NAV-kontora. Fylkesmannen i Hordaland ved Tor Waardal sto fagleg ansvarleg for desse kursa.

Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV

74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi viser til årsrapport og rapportering i NESTOR til Statens helsetilsyn.

Fylkesmannen får dagleg spørsmål frå folk pr. telefon, brev eller epost om forhold rundt sosialtenestelova i NAV. I dei aller fleste tilfella gir fylkesmannen råd og rettleiing, og det blir ikkje noko sak ut av det. I nokre tilfelle finn fylkesmannen grunnlag for å ta kontakt med kommunen/NAV for å få orientering derifrå, og i nokre av desse sakene oppretter fylkesmannen tilsynssak etter sosialtenestelova i NAV. To slike saker blei avslutta i 2013.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen behandla i 2013: 209 hendelsesbaserte tilsynssaker, av desse vart 85 saker handsama med lokal avklaring. Dei øvrige 124 vart handsama som vanlege tilsynssaker, med median saksbehandlingstid på 2,6 mnd.

82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

Vi mottok 152 klager, og realitetsbehandla 148. 26 saker vart avvist/trekt/bortfall eller vart vidaresendt til rett instans, slik at restansane blei redusert med 22 saker. 76% av dei 148 sakene vart avslutta innan 3 månader.

Detaljert rapportering skjer ved at Statens Helsetilsyn hentar ut data pr. årsskiftet frå registreringssystemet Nestor.

82.9 Andre oppdrag

Erfaring frå sakhandsaming og tilsyn på dette området dei siste åra, har vist at manglande opplæring av tilsette i gjeldande lovverk, kan føre til unødig bruk av tvang og makt. Fylkesmannen har difor i 2013 hatt eit særleg fokus på kompetanseheving og korleis kommunane sikrar tilstrekkeleg kompetanse i sine tenester til personar med ei psykisk utviklingshemming. Fleire kommunar har søkt om, og fått tilskott frå Kompetanseløftet til å styrke kunnskapen på dette området, mellom anna gjennom desentralisert Vernepleiarutdanning, e-læringskurset «Mangfold og muligheter» og særlege opplæringstiltak. Fylkesmannen har i møte med dei overordna fagleg ansvarlege for desse tenestene tatt opp korleis ein gjennom si styring og leiing kan sikre tilstrekkeleg kompetanse. Fylkesmannen heldt i 2013 fire kurs for kommunalt tilsette om bruk av tvang og makt etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9, i samarbeid med habiliteringstenestene i Helse Møre og Romsdal HF.

Fylkesmannen ser gjennom si sakshandsaming at fleire kommunar dette året har fått auka fokus på kva som etter lova reknast som bruk av tvang og makt. Auka fokus har ført til auka rettstryggleik for dei aktuelle brukarane gjennom at reglane for sakshandsaming og bruk av tvang og makt vert følgt.

Tilsynsaktiviteten til fylkesmannen på dette området var i 2013 dobbelt så stor samanlikna med året før. Samstundes visser rapporteringa at det er ei auke både i høve til talet på enkeltmeldingar der det er nytta tvang og makt i ein naudsituasjon, og i høve til talet på personar med ei psykisk utviklingshemming som slike tvangstiltak vert retta mot. I 2013 overprøvde fylkesmannen 69 kommunale vedtak om bruk av tvang og makt overfor personar med ei psykisk utviklingshemming. Det vart rapportert om totalt 72 personar (mot 54 personar året før)

som vart utsatt for tvangstiltak heimla i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Av desse var 7 personar under 18 år.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

Vi viser til årsrapport av 20.1.2014 om tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven til Statens helsetilsyn.

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Det var behandla 39 tilsynsklagar i 2013. Det kom inn 40 slike klagar i løpet av året, i tillegg var det 4 saker i restanse frå 2012. Det var 5 saker som ikkje var avslutta pr 31.12.2013.

Fylkesmannen har konkludert med lovbrøt i 4 tilsynssaker i 2013.

41.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn som systemrevisjon i 3 kommunar. Tilsyna gjekk inn i det landsomfattande tilsynet initiert av Statens helsetilsyn om korleis kommunane følgjer opp barn i fosterheimar. I ein kommune fann vi brot på plikta til å dokumentere arbeidet med å følge opp barn i fosterheimar. I ein annan kommune fann ein store manglar med internkontrollsystemet som skal sikre styring og kontroll med dette arbeidet.

Fylkesmannen har i løpet av 2013 ført tilsyn med i alt 6 barneverninstitusjonar, irekna 9 avdelingar/einingar. 5 institusjonar er statlege, og 1 institusjon er privat. Fylkesmannen har ikkje gjennomført tilsyn som systemrevisjon med barneverninstitusjonar i 2013. Fylkesmannen har i 2013 ikkje ført tilsyn med det eine sentret for foreldre og barn som er i Møre og Romsdal.

41.3 Klagesaker

Fylkesmannen behandla 11 klagar på enkeltvedtak gjort av barneverntenesta i kommunane. 5 vedtak vart stadfesta, 3 vart endra og 11 saker vart avviste. Saksbehandlingstida har vore mellom 1 veke og 2 månader i 10 av sakene. To av sakene gjaldt ettervern og to av sakene gjaldt klage på hjelpetiltak.

Fylkesmannen har delteke i eit meklingsmøte mellom to kommunar for å avklare kven av kommunane som hadde plikt til å yte hjelp etter helse og omsorgstenestelova for to barn i fosterheim.

I 2013 behandla Fylkesmannen i Møre og Romsdal 13 klagar frå bebuarar på institusjonane eller frå deira føresette. 10 av sakene gjaldt klagar på enkeltvedtak, jf. § 26 første ledd, og 3 av klagane gjaldt andre brot på rettighetsforskrifta, jf. § 27 andre ledd.

Sju av sakene gjaldt klage på tvang i akutte faresituasjonar mens ein gjaldt klage på kroppsvisitasjon. Det vart ikkje gitt medhald i nokon av klagane på enkeltvedtak. Av dei tre klagane etter § 27 vart det gitt medhald i ei av sakene.

41.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har kontrollert alle slutførte fristskjema frå kommunane. Fylkesmannen har i 2013 registrert ein liten nedgang i det totale talet på barnvernssaker.

Fylkesmannen registrerte også i 2013 at nokre kommunar har fristoverskridingar og har hatt dialog med desse kommunane om dette. Det er ikkje gjeve mulkt til nokon av kommunane i Møre og Romsdal i 2013.

Rapporteringa for 2. halvår viser at 18 av kommunane nå held lovkravet for fristar i undersøkingssakene. Tala viser ei jamn positiv utvikling frå 2011 da berre 4 av kommunane heldt fristane. Talet på barn med barneverntiltak som har plan for tiltaket, viser den same positive utviklinga. Det ser m.a. ut til at kommunane har

prioritert å følge opp barn i fosterheimar slik dei har krav på.

Trass i både kvantitativ og kvalitativ styrking av det kommunale barnevernet, er det framleis nokre kommunar som har særlege utfordringar i tenesta. Desse vil bli følgt opp vidare i 2014.

I 2013 har Fylkesmannen hatt to opplæringstiltak for kommunane:

- Opplæring for nytilsette i barnevernet - kurs i 3 dagar
- "Geirangerkonferansen 2013" - fagleg samling for alle barnverntilsette i 3 dagar

Begge tiltaka hadde god oppslutning og gode tilbakemeldingar.

Fylkesmannen skal støtte kommunane i å utvikle barneverntenesta. I 2013 har vi hatt møte med to kommunar for å reflektere om nå-situasjonen deira og drøfte kva slags mål dei bør ha for utvikling av tenesta si på kort og lang sikt.

45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

I 2013 vart det delt ut kr. vel 6 mill. til 12,9 nye stillingar i barnverntenestene i Møre og Romsdal. Det vart også tildelt 1,7 mill til kompetansestyrking i kommunane. Fylkesmannen vurderer at desse tiltaka saman med styrkinga i åra før har gjeve ei vesentleg kvalitativ utvikling av barneverntenesta i fylket.

Resultatområde 42 Familierett

42.1 Ekteskapsloven

Vedtak om bevilling til separasjon: 573

vedtak om bevilling til skilsmisse: 427

42.2 Anerkjennelsesloven

Tal på saker avslutta i 2013 - godkjende saker: 70.

42.3 Barneloven

Fylkesmannen i Møre og Romsdal behandla i 2013 1 avtale om foreldreansvar, fast bustad og samvær til stadfesting for tvangskraft.

Fylkesmannen har i 2013 ikkje behandla nokon sakar om reiskostnader ved samvær, men har fortløpande rettleid foreldre som ringer inn med spørsmål om reisekostnader og samvær.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje behandla nokon klager over avslag på opplysingar om barnet, eller krav om tap av opplysningeretten. Dette er likevel ofte et tema det blir rettleid om per telefon. Det har og vore oppe i tilsynssaker etter andre lovverk.

42.4 Veiledning og informasjon

Fylkesmannen har i 2013 rettleid kommunar og publikum på familierettens område herunder på området om mekling.

Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbud

Møre og Romsdal har etablert 3 krisesenter og alle er oppdatert i egna lokaler i samsvar med det vegleiaren vektlegg. Alle kommunane i fylket, med unntak av Rindal kommune, har avtalar med kvart sitt senter forankra i lokal tilknytning. Sentera er styrt som IKS-sammenslutningar. Rindal kommune soknar mot Orkdal med tilsvarande avtale. Målretta arbeid er på gang for å utarbeide handlingsplanar for vald i nære relasjonar. Dette i samarbeid med IMDI, RVTS-Midt og Fylkesmannen.

Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor

Tilsyn med dei tre familieverkontora i fylket gjennomført utan at avvik er avdekt.

Resultatområde 45 Barn og unge

45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

I 2013 har Fylkesmannen hatt to opplæringstiltak for kommunane:

- Opplæring for nytilsette i barnevernet - kurs i 3 dagar
- "Geirangerkonferansen 2013" - fagleg samling for alle barnverntilsette i 3 dagar

Begge tiltaka hadde god oppslutning og gode tilbakemeldingar.

Fylkesmannen skal støtte kommunane i å utvikle barneverntenesta. I 2013 har vi hatt møte med to kommunar for å reflektere om nå-situasjonen deira og drøfte kva slags mål dei bør ha for utvikling av tenesta si på kort og lang sikt.

45.2 Fritak for taushetsplikt

Det er i løpet av året behandla 7 søknader om fritak frå teieplikt etter barnevernlova.

45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

I 2013 vart det delt ut kr. vel 6 mill. til 12,9 nye stillingar i barnverntenestene i Møre og Romsdal. Det vart også tildelt 1,7 mill til kompetansestyrking i kommunane. Fylkesmannen vurderer at desse tiltaka saman med styrkinga i åra før har gjeve ei vesentleg kvalitativ utvikling av barneverntenesta i fylket.

Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

47.1 Statsborgerseremonier

Vi sendte ut invitasjon til 357 statsborgarar, 39 av dei var frå 2012 og som ønskte seg ny invitasjon for 2013. 115 statsborgarar blei påmeldt til seremonien (32,2%). 4 av dei møtte ikkje opp, slik at oppmøteprosenten blei 31%.

Deltakarane representerte 40 land og kom frå 29 av kommunane våre.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMMR	1	31
Sum	1	

47.2 Bosetting av flyktninger

Fylkesmannen har hatt eit møte med IMDI i byrgjinga av 2013, og IMDI ville kome atende med viare planar om samarbeid. Vi har hatt kontakt med IMDI seinare, men ventar fortsatt på konkret samarbeidsavtale. Inspelet lig nå hods IMDI.

Fylkesmannen har tatt opp busetting av flyktningar i mange fora med kommunane, i dialogmøtar, rådmannsutvalget og i fellesmøtar med kommuneleiinga.

47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Fylkesmannen skal behandle klagesaker etter introduksjonslova

- Fylkesmannen har berre behandla ei klagesak etter introduksjonslova i 2013. Dette er færre enn tidlegare år. Klagesaka gjaldt avslag på forlenging av introduksjonslova, der vi stadfesta kommunen sitt avslag.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal gi rettleiing om endringar i lov og forskrift

- Rettleiing om endringar i lov og forskrift vart gjort i form av ei samling for alle kommunane i 2012 som FMMR arrangerte, og der IMDi hadde ansvaret for å informere om lovendringane.
- I 2013 har vi informert om lovendringane i høve dei nye norskprøvene våren 2014. Dette i form av ei samling for vaksenopplæringa, og ei samling for både leiinga av vaksenopplæringa og kommunar/skoleeigarar.
- Ytterlegare informasjon vil bli gitt våren 2014 – både i form av brev/e-post til kommunane og vaksenopplæringa, samt informasjon på heimesida vår.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

Fylkesmannen skal gi nødvendig rettleiing til kommunene om introduksjonslova med tilhøyrande forskrifter

- Fylkesmannen får ein del «henvendinger» på telefon og e-post om tolking av regelverket på dette området. Dette blir svart på så godt råd er.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god, vi har både ein jurist og ein røynd pedagog som arbeider

med området.

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med ordningane i introduksjonslova, jf. pkt.47.5

- Sjå rapporteringa i pkt. 47.5

47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Oppdrag;

Fylkesmannen skal behandle klagesaker etter introduksjonslova

- Sjå 47.3

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med ordningane i introduksjonslova

- Sjå 47.5

Fylkesmannen skal organisere etterutdanninga for lærarar som underviser vaksne innvandrarar i norsk og samfunnskunnskap

Jf. oppdragsbrev frå Vox 12.02.13 om midlar til kompetansehevingstiltak for lærarar og leiarar i norskopplæringa og Oppdragsbrev frå Vox 11.04.13 om midlar til kompetansehevingstiltak for lærarar og leiarar i grunnskoleopplæring for vaksne

- Våren 2013 arrangerte FMMR to parallelle dagskurs i Kristiansund med over 200 lærarar og skoleleiarar frå heile fylket til stades. Tema var ulike vinklingar av arbeidsretta norsk, og begge kursa vart godt mottatt av deltakarane.
- Hausten 2013 arrangerte vi saman med leiarnettverket i fylket ei tredagars samling i Geiranger for om lag 250 lærarar og leiarar i vaksenopplæringa. Det var tre parallelle kurs; den eine for lærarar/leiarar i norskopplæringa med hovudtema om dei nye norskprøvene, morsmålsstøtta opplæring og alfabetisering. Den andre kurset var for lærarar/leiarar i grunnskoleopplæring for vaksne med hovudtema grunnleggjande dugleikar, samt opplæringslova sitt regelverk på dette området. Det tredje kurset var for lærarar/leiarar i spesialundervisning for vaksne – med ulike tema innan spesialundervisning, samt regelverk og drøfting/erfaringsutveksling på området.
- FMMR hadde, i samarbeid med Vox og tildelte midlar, ansvar for dei to første kursa, medan arbeidsgruppa for spesialundervisning i fylket hadde ansvaret for det tredje kurset. Leiarnettverket i vaksenopplæringa hadde også ansvaret for dag 3 – med erfaringsutveksling i dei ulike gruppene. Fylkesmannen var til stades og hadde møte med leiarnettverket.
- Deltakarane i vaksenopplæringa ser på denne forma for kurs som svært matnyttig; ikkje minst at dei får høve til å treffast, utveksle erfaringar og knytte band på tvers av kommunengrensane. Leiarnettverket ønskjer derfor den same kursorganiseringa hausten 2014 og dato er alt fastsett.
- Utfordringa på slike store samordningskurs er logistikk, økonomi og rapportering. Det er ei krevjande organisering og økonomirapportering. Om bruken av midlane skal FMMR rapportere til Vox på to ulike skjema innan 1. mars 2014.
- Fylkesmannen har eit godt samarbeid med arbeidsutvalet i leiarnettverket i M&R, som har jamlege møte der Fylkesmannen deltar etter behov. Fylkesmannen har også hatt ei samling med heile leiarnettverket både vår og haust 2013, samt deltatt på Vox sitt leiarnettverk våren 2013.
- Fylkesmannen har eit godt samarbeid med Vox gjennom heile året, og vi har deltatt på Vox sine møte med fylkesmennene.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med ordningane i introduksjonslova, dvs. opplæring i norsk og samfunnskunnskap og introduksjonsordninga

- Fylkesmannen har ført tilsyn med 2 kommunar i M&R hausten 2013. Tilsynet er gjennomført som eit skriftleg tilsyn med innsending av dokumentasjon, samt eit telefonmøte med kommunen.
- Tema for tilsynet er om introduksjonsordninga er heilårig og på full tid. Begge kommunane stettar lovkrava på dette området, den eine kommunen ved å gjere mindre justeringar etter den førebelse tilsynsrapporten.
- Fylkesmannen arrangerte for andre år på rad ei rettleiarsamling for kommunane i M&R på tilsynsområdet våren 2013 i samarbeid med IMDi Midt-Noreg. Det kan vere grunn til å tru at dette har hatt positiv innverknad på resultatet av tilsynet.
- Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god. Men det har tatt ein del tid å planlegge og gjennomføre tilsynet som kom på toppen av alle dei andre tilsyna -mykje meir tid enn vi brukte på tilskottsordninga som vi ikkje har lenger.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 396 601,79	kr 852 026,96
42 Familierett	kr 582 769,10	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 6 385,08	kr 0,00
45 Barnevern	kr 265 393,94	kr 202 343,34
47 Integrering	kr 183 632,68	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 115 951,44	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 123 801,96	kr 0,00
Sum:	kr 1 674 535,00	kr 1 054 370,00

Justis- og beredskapsdepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

Verjemålsreforma er ei svært krevjande utfordring for fylkesmannen. Den legg beslag på resursar i ein grad som som går ut over dei tildelte rammene. For 2014 vart det gjeve ei mellombels tillegsløyving. Dette var heilt nødvendig. Det vart samstundes signalisert frå departementet at ein ikkje kunne rekne med at denne vert vidareført i 2015. Føremålet med verjemålsreforma var å sikre rettstryggleiken og rettslikheten for dei som ikkje fullt ut er i stand til å ta i vare sine egne interesser. Skil reforma lukkast, er det heilt avgjerande at nivået på tildelinga ikkje vert redusert i 2015. Det er grenser for kor lenge verjemålsområdet kan legge beslag på øvrige ressursar på embetet.

Den store saksmengda og det store trykket våre tilsette møter i arbeidet med verjemål, gjer det heilt nødvendig å oppretthalde talet på tilsette som arbeider med dette viktige området.

51.2 Vergemålsloven

For første halvår 2013 vart det handsama 115 saker etter ganmal lov. Desse er klagesaker og kontroll av reviderte rekneskap. Første halvår 2013 vart vergemålsreforma førebudd internt, med mykje utadretta verksemd. Det vart halde fleire dialogmøter med dei lokale overformynderia, og det vart haldne 13 informasjonsmøter rundt om i fylket for verjene. I tillegg vart reforma førebudd med opplæring eksternt for dei ansatte.

Verjemålsoppgavene i første instans vart overført frå dei 36 kommunale overformynderia til fylkesmannen frå 01.07.13. Arbeidet har vore krevjande med stort antall saker (ca 5600 innregistrerte aktivitetar i Arve i 2013)

som har krevd oppfølging. I tillegg har ein motteke ei mengd historiske dokumenter som i samarbeid med arkiv har blitt handsama her. Henvendingar frå publikum over telefon og besøk har vore svært stor. Mange har ynskt å bytte verje i samband med reforma, og det har vore lagt ned mykje arbeid i å rekruttere faste verjer. Forvaltning av verjemålsmidlane har og eit krevjande arbeid å organisere då det har vore utfordringar rundt overføringar frå overformynderia til fylkesmannen.

Ordninga med oppnevning av representantar for Einslege mindreårige asylsøklarar har og ført til auka saksmengde her i fylket.

Til departementets spørsmål i e-post av 4.februar er vårt svar:

Ang spm 1. : Vi har gjennomgående en god ordning for eventuelle hasteoppnevninger av verger og representanter. Vergekorpsset består av ca 70 personer fordelt i fylket. Når det hastar med å oppnemne representanter, har vi avtale med ein advokat som tar desse sakene.

Spm 2. Overformynderia har vore usikker om regleverket ved overføringa og selve det praktiske rundt overføring av midler, fond, verdipapir .o.l.. I tillegg har overgangen bydd på utfordringar med stor saksmengde og problemer med dataløsninga. Dette har gjort at vi ikke kan gi noe sikkert svar i saken. FM i M og R har derfor valgt å kjøre ein grundig regnskapskontroll for 2 halvår 2013 med hensikt å få oversikt over finansforvaltningen.

Spm 3. Ordningen med utbetaling av vergegodtgjøring har fungert tilfredsstillende fra september 2013 og saksbehandlingstiden har vært 4-6 uker. De midlertidige vergegodtgjøringskravene har vært prioritert.

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMMR	5600	0
Sum	5600	0

51.3 Forliksrådene

Det er oppnemnt settemedlem i forliksrådet i 12 saker. I tre saker har vi på oppmoding uttalt oss om konkrete tilhøve i forliksråda innafor den avgrensa kompetansen fylkesmannen har på dette området.

51.5 Tomtefesteloven

Fylkesmannen hadde ingen saker etter tomtefestelova i 2013.

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

Fylkesmannen behandla i 2013 ca 680 nye søknader om fri rettshjelp. 590 av disse utgjør fritt rettsråd, hvorav omtrent halvparten blir importert via det elektroniske rettsrådssystemet. Ca 90 saker er da søknader om fri sakførsel, inklusiv arbeidsoppgaver fra Kontrollkommissjonen. I tillegg kjem alle nye søknader og henvendelser på tidlige oppretta saker.

Fylkesmannens arbeid med fri rettshjelp innebær i tillegg mykje rettleiing/rådgivning om rettar etter rettshjelpsordningen til privatpersoner som er kommet i ein vanskelig situasjon eller tvist og dermed har behov for juridisk bistand. Det er og mange henvendelser fra advokater vedrørende ordningen. Vi rapporterer kvartalsvis detaljert til Statens sivilrettsforvaltning om sakstyper, saksbehandlingstid og utbetalinger. I tillegg rapporteres det til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om talet på elektroniske saker pr kvartal.

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer (fylkes-ROS)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje utarbeidd FylkesROS som oppfyller resultatkravet. Arbeidet vart påbegynt i 2011 og pågår framleis. Arbeidet er organisert som ein regional delplan og skjer i tett samarbeid med fylkeskommunen.

Analysearbeidet skal fullførast i løpet av 2014, og regional delplan for samfunnstryggleik og beredskap skal føreleggast politisk handsaming.

Ved fullføring av analysen og politisk handsaming blir resultatkravet oppfylt.

53.2 Regional samordning – forebyggende samfunnssikkerhet

Resultatkravet som gjeld fylkesmannen sitt arbeid med leing, kultur, haldningar, risikoerkjening og gjennomføringsevne, vart rapportert om i eige brev til DSB i juni 2013.

Det er vidare bede om punktvis rapportering av tiltak som er iverksett for å samordne det regionale [forebyggjande] samfunnstryggleiksarbeidet:

- 14.-15.06.: Konferanse om kommunal beredskapsplikt mv.
- 12.-13.06.: Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar
- 19.-20.06.: Regionalt beredskapsseminar
- Heile året: Deltaking i fylkeskommunen sitt plnforum og plannettverksmøte
- Heile året: Deltaking i AREALKLIM-prosjektet
- Heile året: Vidareutvikling av GisLink-kartteneste

53.3 Samfunnsplanlegging

Det er bede om punktvis rapportering av tiltak som er gjennomført for å oppnå resultatkravet om samfunnsplanlegging. Fleire av tiltaka kan relaterast til andre resultatområde og er allereie nemnde under oppdraget om samordning av forebyggjande samfunnstryggleik.

- 15.01.: Bidragsytar og deltakar under NVE-seminar om konsesjonssaker.
- 14.-15.06.: Konferanse om kommunal beredskapsplikt mv.
- 12.-13.06.: Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar
- 19.-20.06.: Regionalt beredskapsseminar
- 23.10.: Delteke i KBO sitt fylkesårsmøte.
- Heile året: Delteke i arbeidsgruppe for ROS-analyse for bygging av ny vidaregåande skule i Molde.
- Heile året: Støtta prosjektet "ROS-analyse for ras og flom i Sunndal kommune" med prosjektskjønsmiddel.
- Heile året: Gjennomgang av kommunale planar etter plan og bygningslova. Gjennom året vart det fremja motsegn til X planar.
- Heile året: Deltaking i fylkeskommunen sitt plnforum og plannettverksmøte
- Heile året: Deltaking i AREALKLIM-prosjektet
- Heile året: Vidareutvikling av GisLink-kartteneste

53.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2013 gjennomført tilsyn med 10 kommunar: Aukra, Eide, Giske, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Volda og Ørsta. Tilsyna er gjennomførte i samsvar med gjeldande tilsynsrettleiar. Tilsynsresultata er rapporterte inn gjennom SAMBAS.

Embetet sin tilsynsplan er revidert og planen legg til rette for gjennomføring av tilsyn i alle kommunar over ein fireårsperiode.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Regional samordning - beredskapsforberedelser

Det er bede om punktvis rapportering av tiltak som er iverksett for å oppnå resultatkravet om regionalt samordna beredskapsførebuingar

- 29.01.: Møte med DNK på fylkesmann-direktør-nivå.
- 14.04.: Møte i Fylkesberedskapsrådet.
- 07.05.: Radioplanmøte med DNK
- 14.-15.05.: Konferanse om kommunal beredskapsplikt mv.
- 12.-13.06.: Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar
- 19.-20.06.: Regionalt beredskapsseminar
- 29.-30.10.: Delteke under regionalt totalforsvarsmøte
- 03.09: Delteke under "Øvelse Selvinnlysende", herunder gjennomført møte i atomberedskapsutvalet.
- 23.10.: Delteke under KBO sitt fylkesårsmøte.
- Heile året: Leia fylkesberedskapssjefane sitt arbeidsutval
- Heile året: Delteke i samarbeidsutvalet for fylkesmennene og statens strålevern.
- Andre halvår: Leia prosjektgruppe for etablering av nettverk for psykosiale kriseteam.

54.2 Organisering for krisehåndtering

Det er vidare bede om punktvis rapportering av tiltak som er iverksett for å oppnå resultatkravet om organisering for krisehåndtering

- 14.-15.06.: Konferanse om kommunal beredskapsplikt mv.
- 12.-13.06.: Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar
- 19.-20.06.: Regionalt beredskapsseminar
- Heile året: Ajourføring av eige beredskapsplanverk. Påbegynt større revisjon og betre tilpassing til CIM-plattformar.
- Første halvår: Etablert "Mønster kommune" i CIM. Planmalar som kommunane kan bruke i sitt arbeid med å ta i bruk CIM.
- Arbeidd med dokumentasjon i samband med innføring av nytt gradert sambandssystem.

54.3 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Det er vidare bede om punktvis rapportering av tiltak som er iverksett for å oppnå resultatkravet om beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

- 14.-15.06.: Konferanse om kommunal beredskapsplikt mv.
- 12.-13.06.: Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar
- 19.-20.06.: Regionalt beredskapsseminar
- 28.11.: Arrangerte samarbeidsmøte for fylkesmannen, politiet, PST og Forsvaret om objektryggleik.
- Heile året: Ajourføring av eige beredskapsplanverk. Påbegynt større revisjon og betre tilpassing til CIM-plattformar.
- Heile året: Støtta prosjektet "Interkommunalt beredskapssamarbeid på Nordmøre" gjennom prosjektskjønnsmiddelordninga. Prosjektet har etablert ein felles arena for beredskapsansvarlege i kommunane i regionen, og legg til rette for samarbeid om heilskapleg ROS-analyse og beredskapsplanverk.
- Første halvår: Etablert "Mønster kommune" i CIM. Planmalar som kommunane kan bruke i sitt arbeid med å ta i bruk CIM.
- Arbeidd med dokumentasjon i samband med innføring av nytt gradert sambandssystem.

54.4 Øvelser

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2013 gjennomført eller delteke under desse øvingane:

- 2 varslingsøvingar for kommunane. Den eine i kontortida, den andre laurdag ettermiddag.
- Nasjonal varslingsøving
- Øvelse Selvinnlysende 2013. Regional atomberedskapsøving der fylkesmannen deltok med kriseleieing og krisestab. Atomberedskapsutvalet deltok også.
- Øving Fårikål 2013. Fylkesmannen si hovudøving for kommunane. Stabsøving. 34 av 36 kommunar deltok.
- Øving ved storulykkesverksemda Brødrene Sunde i Ålesund

I tillegg deltok vi som respondentar i mindre varslingsøvingar i regi av Met og Statens strålevern.

Eigen øvingsplan sine mål for 2013 er oppfylte. Kravet om eigen øvingsplan var nytt i 2013, og vi har førebels ikkje fått fireårsperspektivet inn. Per no strekkjer planen seg 1-2 år fram i tid. Strategisk fireårsplan vil bli utarbeidd i 2014.

Alle gjennomførte øvingar har gitt godt utbytte. Vi har i tre år gjennomført halvårlege varslingsøvingar for kommunane, og vi ser ein klar tendens til at kommunane sine rutinar for mottak og handtering av beredskapsvarsel har blitt betre. Hovudkanalen for varsel er epost supplert med sms til nøkkelpersonar. Gjennom dette CIM-baserte systemet har vi no etablert ei påliteleg varslingskjede til kommunane. Ved varslingsøvinga som vart gjennomført laurdag ettermiddag, hadde alle kommunane kvittert for mottak innan ein time.

I perioden 2012-2014 er «Øving Fårikål» fylkesmannen sitt øvingstilbod til kommunane. Alle kommunane si kriseleieing og støttefunksjonar blir øvde samstundes i egne lokale. Fylkesmannen leiar øvinga frå egne lokale i Molde. Berehjelen i øvinga er eit ferdigprodusert scenario med tilhøyrande diskusjonsoppgåver og praktiske utfordringar. Scenarioet i 2013 var ekstremvêr og bortfall av kritisk infrastruktur. Vesentlege øvingsmoment var kommunen sine planar og løysingar for alternativ straumforsyning og alternativ kommunikasjon. Det vart gjennomført praktiske drillar med satellittelefonmøte og vanlege telefonmøte mellom kommunar og fylkesmann. Rapportering gjennom CIM var eit anna vesentleg øvingsmoment.

Kommunane melder tilbake svært godt øvingsutbytte frå dette øvings konseptet. At dei gjennom ein dag får bruke tid til ein relativt kontrollert gjennomgang av kritiske sider ved eigen beredskapsorganisasjon blir framheva som nyttig. I gjennomgangen av Øving Fårikål 2013, vart det meldt ei klar forventning om meir fårikål også i 2014.

Øving Selvinnlysende var embetets hovudøving i 2013. Kriseleieing, stab og atomberedskapsutval vart øvd. Øvinga opplevdest som nyttig og gav læring og erkjenningar både om øvingsplanlegging, stabsarbeid og organisering av den regionale atomberedskapsorganisasjonen. Erfaringar og evalueringar er samanfatta i eigen rapport og denne blir i 2014 vesentleg både for planlegginga av årets hovudøving og for ein brei gjennomgang og revisjon av den regionale atomberedskapsorganisasjonen.

Fylkesmannen deltok som observatør hos kommunen under ei fullskalaøving ved storulykkesverksemda Brødrene Sunde i Ålesund.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Håndtering av uønskede hendelser og kriser

Fylkesmannen i Møre og Romsdal var i 2013 involvert i handteringa av tre ekstraordinære hendingar og etterverknadene av desse:

- 31.07.: Lausmasseskred i Todalen
- 15.11.: Ekstremvêret Hilde
- 12.12.: Ekstremvêret Ivar

Ingen av hendingane fekk vesentlege konsekvensar i regional målestokk her i fylket.

Etter lausmasseskredet i Todalen og Ekstremvêret Hilde tok fylkesmannen initiativ til og arrangerte erfaringsdeling- og evalueringsmøte.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 299 066,57	kr 3 529 345,72
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 167 771,75	kr 86 426,19
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 0,00	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 1 021 969,44	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 1 501 740,35	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 178 615,86	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 3 169 163,00	kr 3 615 771,00

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

61.1 Kommunerettet samordning

61.1.1 Kommunebilde

Gjennom å etablere og systematisere informasjonsflyt avdelingane imellom og opp mot leiinga, får vi eit heilskapleg grunnlag og eit strategisk verktøy for den kommuneretta samordninga. Dette i skjæringspunktet mellom lokale forhold og lokal utvikling i høve nasjonale styringssignal, satsingar og måltal. Resultatet av dette arbeidet er eit kommunebilde som vert utarbeida for kvar kommune. Kommunebildet er bygd opp rundt våre forventningar til kommunane på bakgrunn av statlege styringssignal og embetet sin totale kommunekunnskap generert gjennom sakshandsaming, rapporteringar, statistikk og andre kontaktpunkt med kommunane. Grunnlaget her vert nytta i dialogen med kommunane om samarbeid og samhandling om viktige områder og utfordringar i fylket.

Dialogdokumentet vil saman med kommunestatistikk og andre aktuelle grunnlagsdokument vere eit naturleg utgangspunkt for fylkesmannens opplegg for samordna kommunebesøk i den aktuelle kommunen. Dokumentet vil bli oppdatert/revidert i samband med dette.

Innhaldsmessig rettar dokumentet søkelys mot følgjande tema:

- Lokal samfunnsutvikling og kommunesamordning
- Justis og beredskap
- Oppvekst og utdanning
- Helse og sosial
- Miljøvern og arealforvaltning
- Landbruk

Tema/kapittelinnndeling avspeglar i hovudsak strukturen i fagavdelingane hjå fylkesmannen. For kvart tema blir presentasjonen bygd opp rundt tre hovudpunkt:

- *Fylkesmannen sine fokusområde*

- omfattar relevante og konkrete forhold for gjeldende kommune med utgangspunkt i statlege forventningar og politikk, samt Fylkesmannens kjennskap til kommunen
- *Fylkesmannen sitt bilde av kommunen*
 - *omfattar ei kort oppsummering av kommunens status i forhold til Fylkesmannens fokusområde og eventuelle andre relevante forhold*
- *Dialogpunkt*
 - omfattar forhold der Fylkesmannen ønskjer ein dialog med kommunen

Avslutningsvis i dokumentet er det lagt opp til dialogpunkt med søkelys på vidare dialog og samarbeid mellom Fylkesmann og kommune, gjerne på tvers av tema og fagområde.

Som vedlegg til dokumentet er det m.a. tatt med aktuelle lenker til:

- Statistikk
- Tabellar/figurar/kart
- Planar/dokument m.m.

Det er viktig å understreke at kommunebildet frå fylkesmannen si side ikkje er meint som eit uttømande bilde av kommunen, men at dokumentet rettar søkelyset mot forhold der kommunen har eit handlingsrom eller utviklingspotensial som det er viktig å ha dialog om. Dokumentet er meint å gi ei rask, samla oversikt over ulike utfordringar kommunen har. Dei ulike punkta kan elles i ulik grad vere kvalitetssikra, og vil heller ikkje representere ein fasit eller objektivt syn på situasjonen i kommunen.

Kommunebildet blir sendt til kommunen før kommunebesøket. Kommunen kan kome med innspel på tema til kommunebesøket. Frå oss møter fylkesmannen sjølv og aktuelle direktørar etter kva for tema som er på agendaen. Kommunebildet blir fortløpande lagt ut på nettstaden etter kvar som dei vert utarbeida.

61.1.2 Forum

For å sette trykk bak fylkesmannens kommuneretta samordning er det etablert ei gruppe med deltakarar frå alle avdelingane. Deltakarane er på minst seksjonsledernivå for å sikre tilstrekkeleg breidde og kompetanse i avdelingane si oppgaveportefølje. Mandatet til gruppa er å utarbeide og følge opp strategiar. Viktige områder som gruppa er skjønnsmidlane og statistikk.

61.2 Omstilling og fornying i kommunene

Embetet har dei siste åra endra strategien for prosjektskjønnet. Struktura liknar no meir på ein «fylkesmannstyrt tildelingsmodell» enn ein «normalmodell» i høve til kategoriseringa til NIVI i deira undersøking om fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying. Ønskje bak endringa var å bistå kommunane meir aktivt i utviklings- og fornyingsarbeidet.

Alle kommunane vert invitert til å søkje prosjektskjønn. I brevet til kommunane gir vi informasjon om retningslinene for skjønnsstillinga, inkludert sentrale satsingar, og våre satsingsområder for fylket. Søknadane frå kommunane blir gjennomgått av fagavdelingane for kvalitetssikring og rettleiing/oppfølging.

Prosjekt som vi støtter gjennom prosjektskjønnet er av reell utviklingskarakter. Dette er typisk utvikling av nye modellar eller arbeidsmetodar, pilotprosjekt eller andre prosjekt som går ut på nybrottsarbeid. Lakmustesten er at resultatet til prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar. I det ligg det at vi til dømes ikkje støttar kommunar i prosjekt som går ut på å heve kommunen opp til eit fylkesgjennomsnitt, eller av typen kompetansetiltak for tilsette i kommunane. Det ser vi på som ordinære driftstiltak, og fell ikkje inn under ordninga.

Endringa vi har gjort inneber at vi har bestemte satsingsområder. Arbeidet med satsingsområda skal vere langsiktig for å gi området eit reelt løft, og for å sikre varig læring og leggje til rette for nettverksbygging mellom kommunane.

For å identifisere satsingsområdene nyttar vi vår totale kunnskap om lokale utfordringar og problemstillingar i kommunane, og ser det i høve statlege mål, satsingar og politikk. I 2013 var Betre oppvekst (barn og unge), Velferdsteknologi innen omsorgstjenesta, Truande plantearter, Spesialundervisning og læringsmiljø samt Samfunnstryggleik og beredskap satsingsområda hjå oss.

Satsingsområda må ha ein heilskapleg strategi som inneheld (1) tema, (2) klart definert mål, (3) opplegg for oppfølging og (4) opplegg for erfaringsspreiing. Strategien for satsinga må vere klar før den vert vedteken og forankra i ledermøte i embetet.

For å betre samordninga er det oppretta eit internt forum for prosjektskjønnet. Forumet skal operere på eit overordna og strategisk nivå, og har i oppgåve å samordne aktivitetane i prosjektskjønnet. Forumet har medlemmer frå kvar avdeling på minst mellomleingsnivå for å sikre forankring samt heilskapleg kommunekunnskap og fagkompetanse innanfor avdelinga si oppgåveportefølje. Deltakarane fungerer som eit knutepunkt mellom prosjektskjønnet og avdelinga, og har eit utvida ansvar i å formidle informasjon om retningslinjene for skjønstilldelinga til avdelinga, og for å kome med innspel og tilbakemelding frå avdelinga si til forumet. I forumet vert erfaringar utveksla og diskutert for å spreie gode døme på korleis ein legg opp til gode satsningar.

Vi har også samarbeid med FMST og FMNT innafor satsinga om velferdsteknologi. Somme kommunar i fylket deltek i diverse prosjekt med kommunar i Orkdalsregionen i Sør-Trøndelag som både Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og vi støttar.

Sjå også pkt 2.1.

Vellukka prosjekt

- Ålesund kommune - Velferdsteknologi: GPS-sporing. Prosjektet har testa GPS-sporing og viser at brukarar, pårørande og personalet i kommunehelsetensta ønskjer å ta i bruk lokaliseringsteknologi for å øke tryggleik og fridom i kvardagen. Det blir ikkje oppfatta som overvakning. Vi meiner prosjektet er eit verdifullt bidrag til eit sentralt tema i dag, og i tida framover. Vi har vore pådrivar for å opne opp arenaer der erfaringane kan spreia; Prosjektet har spreia erfaring via "Det midtnorske velferdsteknologiprojektet" sitt opplegg, i regionråd, ved kommunebesøk frå internt i fylket og frå utanfor fylket (Gjøvik-regionen), i KS sine konferansar, Trygge spor II, m.v. og prosjektet har rapportert skriftleg. Prosjektet har hatt ein god del omtale i media: det er viktig fordi dette også er ein modningssak i samfunnet.

- Ytre Nordmøre (Averøy, Aure, Kristiansund og Smøla kommunar - Rett diagonse, men feil medisin? - Endringsarbeid rettet mot økningen av spesialundervisning 2011-2013. Prosjektet har sett på årsakane til høg vekst i bruken av spesialundervisning i skulen. Vi meiner prosjektet har kasta lys over fleire sentrale årsaker som mange kommunar har utfordringar med. Prosjektet har rapportert skriftleg og prosjektet har presentert erfaringane til andre kommunar, i nettverk og PPT-kontor, også frå andre delar av landet.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Fylkesmannenn sitt tilsynsforum sørger for den interne samordninga av embetets tilsynsaktivitet mot kommunane. Det er etablert samarbeid med dei største statlege tilsyna der vi utvekslar planer det kommuneretta tilsynet. Tilsynskalenderen på fylkesmann si heimeside brukast aktivt. Vi har i 2013 ikkje blitt varsla om pålegg frå andre tilsynsetatar eller kommunar om pålegg som kan tenkjast å ha vesentleg verknad for kommunen. Det er etablert samarbeid mellom Arbeidstilsynet og fylkesmannens utdanningsavdeling om tilsyn med lærarane /elevane sitt arbeidsmiljø.

Vi har samarbeid med kontrollutvalga og kommunerevisjonen. Vi får tilsendt planlagte forvaltningsrevisjonar slik at vi kan ta omsyn til desse i vår eigen tilsynsplan. Vi har også orientert dei om status for kommuneøkonomien i fylket, både skriftleg og ved innlegg på nettverksamling.

Vi har i 2013 utvikla ein modell for tilsyn der vi gir meir rettleiande informasjon før tilsyn, og der vi også inviterer andre kommunar til opningsmøte for tilsynet for å spreie både informasjon og erfaring frå tilsynet. Vi trekker framleis erfaringar med ein slik modell.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Fylkesmannen støttar seg til tilrådinga frå TBU om at netto driftsresultat bør utgjere minimum 3 til 3,5 prosent av brutto driftsinntekter over tid. Netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har det siste året gått opp frå 1,0 til 2,1 prosent av brutto driftsinntekt. Det er likevel ein del faktorar som talar for at den

underliggende økonomiske balansen i kommunane framleis er svak.

Kommuneøkonomien står ovanfor fleire utfordringar i åra framover:

- Uro i internasjonal økonomi fører til lågare inntektsvekst enn tidlegare år
- Auka pensjonskostnader på grunn av låg rente og høg lønnsauke
- Endringar i folketal og alderssamansetning
- Høg gjeld og forventningar om høgare rente
- MVA-kompensasjonen frå investeringar kan ikkje nyttast til driftsføremål

Kommuneøkonomien må vere solid no for at den skal kunne stå seg mot utfordringane framover. Rapporten viser at det er fleire utviklingstrekk som tilseier at kommuneøkonomien i Møre og Romsdal svekker seg.

Kommunane i Møre og Romsdal får stadig høgare netto lånegjeld. I løpet av 2012 aleine auka netto lånegjeld med 1,4 prosentpoeng, til 91,3 prosent av brutto driftsinntekt. Det er om lag 18 prosentpoeng høgare enn kommunane i Noreg utanom Oslo. Det er i hovudsak tre årsaker til at gjelda til kommunane i Møre og Romsdal aukar meir enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Dei er at kommunane i Møre og Romsdal har eit litt høgare investeringsnivå, lånefinansierar ein større del av investeringane og nyttar litt lenger tid på å betale ned gjelda enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo).

Gjeldsoppbygginga i kommunane gjer dei meir sårbar for framtidige renteaukingar. Kommunar med høg lånegjeld er avhengig av eit relativt høgare brutto driftsresultat for å få eit netto driftsresultat på nivå med tilrådinga. Brutto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har styrka seg dei siste åra, og har gått opp frå 2,4 prosent i 2009 til 2,7 prosent i 2012, målt i brutto driftsinntekt. I mange kommunar er driftssituasjonen stram. I ein slik situasjon er buffere nødvendig for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida. Kommunane i Møre og Romsdal har lite oppsparte midlar på disposisjonsfond, og det skal ikkje mykje til før det oppstår underskot.

Skal kommunane i Møre og Romsdal halde netto driftsresultat på nivå med tilrådinga frå TBU, er det naudsynt å auke inntektene eller redusere tenesteproduksjonen for å oppretthalde økonomisk balanse.

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Lovlegkontroll etter kommunelova § 59

I 2013 handsama vi ein lovlegkontroll etter kl § 59 som gikk på økonomireglane i kommunelova kapittel 8 og 9 på budsjett og økonomiplan. Klagen førte ikkje fram.

Godkjenning av låneopptak for interkommunale selskap

Vi har hatt fire søknader inne til handsaming i 2013. Alle fire vart godkjent i tråd med søknad.

Godkjenning av kommunale garantiar

Vi fikk inn 25 søknader om kommunale garantiar i 2013. Éin søknad vart avslått grunna den økonomiske situasjonen til garantiobjektet. Det vart godkjent sju søknadar om simpel kausjon, og tolv søknadar om sjølvskuldnar kausjon. Tre av søknadene trengte ikkje vår godkjenning og to er ubehandla.

Godkjenning av vedtekter til kraftfond

Vi hadde ingen saker i fjor.

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

62.2.1 Rettleiing og vidareformidling av informasjon

Rettleiing om økonomireglane i kommunelova kapittel 8 og 9 med tilhøyrande forskrifter, vert gitt skriftleg i samband med kommunane sine budsjett og økonomiplan samt rekneskap. Der vert presiseringar og endringar med betydning for komande handsaming i kommunane gitt informasjon om. Om det skjer presiseringar eller endringar i løpet av året med umiddelbare konsekvensar blir det sendt ut skriftleg, gjerne med kopi på e-post til personane det gjeld, og lagt ut på nettstaden vår.

Vi arrangerer konferansar knytt til kommuneproposisjonen og statsbudsjettet i lag med KS. Tema er naturleg nok

det overordna innhaldet i framlegga, men det er også knytt opp mot meir spesifikke tema. I 2013 var deltema innovasjon på kommuneproposisjonen og NIVI si analyse om interkommunale samarbeid ved statsbudsjettet.

Vi har mykje rettleiing utanom dei faste postane nemnt ovanfor. Denne rettleiing går pr brev, telefon og/eller e-post. Dette gjeld rettleiing der kommunane henvender seg til oss, men ikkje minst der vi må ta initiativ ovanfor kommunane. Ofte gjeld dette mindre saker, men ikkje desto mindre ressurskrevjande i form av tidsbruk. Det er vanskeleg å planleggje for slik tidsbruk, og i periodar er rettleiingsbehovet frå kommunane omfattande, og større enn det vi har moglegheit til å prioritere om vi skal ivareta andre oppgåver og oppdrag. Vi er lei for at kommunane i alle saker ikkje får oppfylt rettleiingsbehovet.

Vårt inntrykk er at kommunar kan få utfordringar med økonomiforvaltninga om økonomisjefen i kommunen sluttar. Det ser ut for oss som om kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å få eit robust fagmiljø som ikkje er avhengig av ein skilde personar. Vi har døme på kommunar som over ein kort tidsperiode har fått ny rådmann og økonomisjef. Vi ser at dei kommunane har eit vakuum når det gjeld økonomiforvaltninga i kommunen, og har store utfordringar med å overhalde relativt enkle krav i kommunelov og forskrift. Dette ser vi skjer i kommunar opp til 10 000 innbyggjarar. I slike situasjonar har ikkje fylkesmannen kapasitet til å dekke heile rettleiingsbehovet. Vi følgjer likevel dei kommunane tett opp, og vonar at utfordringane vert løyst på kort sikt.

Gjennom oppdragsporteføljen møter vi andre aktørar enn kommunane. Til dømes har vi kontakt med bankar og private barnehagar gjennom godkjenning av kommunale garantiar og interkommunale selskap og deira revisorar gjennom godkjenning av låneopptak. Vårt inntrykk er at dei har eit perifert forhold til kommunelova med tilhøyrande forskrifter. Disse opererer med eit tankesett som stemmer overeins med bedriftsøkonomiske prinsipp, men som ikkje er kompatibel med prinsippa i kommunelov og forskrifter. Forståinga for kva som ligg til grunn for den ein skilde regel, og at dei må ta omsyn til dei, kan til tider vere vanskeleg. Det kan vere elementære reglar, til dømes at avdragstida på investeringsobjekt ikkje kan vere lengre enn investeringsobjektet si levetid eller at ein ikkje kan ta opp langsiktige lån til driftsføremål. Det gjer at sakshandsaminga er tidkrevjande for vår del, men ikkje uviktig.

Vi har hatt mange møter med kommunar gjennom 2013. Det er møter der kommunane treng råd og rettleiing, samt ønskjer å diskutere sin eigen situasjon. Andre møter var til dømes knytt til skjønnsstildelinga, inntektssystemet, kommunale garantiar, Robek og den økonomiske utviklinga til kommunen med meir.

Lokalt har KS og NKK faggrupper for kommuneøkonomi. Vi deltek i gruppene, sjølv om 2013 ikkje var eit aktivt år frå vår side.

62.2.2 Fordeling av skjønnsmidlar

På bakgrunn av den fylkesvise skjønnsramma deler vi skjønnsramma i tre hovudkategoriar; ordinært skjønn, prosjektskjønn og tilbakeholdt skjønn. Vi har også i oppdrag å bistå departementet ved skjønnsstildeling i aktuelle saker, i 2013 var det etter Dagmar og etter terroråtaka 22. juli 2011.

62.2.2.1 Ordinært skjønn

Tildelingsprosessen for kvart år starter i juni. Då sender vi ut invitasjon til alle kommunane i fylket om å kome med innspel til skjønnsfordelinga. I brevet går vi gjennom retningslinjene frå departementet. Grunna at brevet frå departementet ikkje kjem før i andre halvdel av august speglar informasjonen til kommunane siste års retningslinjer. Om lag 2/3 av kommunane har dei siste åra kome med innspel. Vi meiner at kommunane kunne vore meir aktiv her.

For å kome fram til tildelinga, er det naudsynt å trekke på heile embetet sin kompetanse og kommunekunnskap. Innspela frå kommunane vert systematisert og sendt til fagavdelingane for kvalitetssikring. Dette vert fulgt opp med eit møte med kvar avdeling der innspela frå kommunane vert gått igjennom. Fagavdelingane har sjølv høve til å kome med innspel på bakgrunn av forhold i retningslinjene, egne saker samt offentleg og anna statistikk. Om kommunane har innspel om andre forhold som ikkje inngår i fylkesmannen si oppgåveportefølje vert rette instans kontakta.

Vi ser at somme kommunar har store utgifter som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet. Det gjeld utgifter av midlertidig karakter, men ikkje minst utgifter som er gjentakande innanfor utgiftsdrivande tenester. Det er i første rekke utgifter til barnevern, språkdeling, ressurskrevjande tenestemottakarar, m.f. Skjønnsmidlane er eit viktig verkty for at kommunane skal ha like moglegheiter til å yte gode tenester.

I 2013 var det ein kommune som klaga til departementet om manglande skjønnsstildeling og det gjaldt Dagmar.

62.2.2.2 Prosjektskjønn

I 2013 handsama vi over 70 søknadar om tilskot til prosjekt. Omsøkt beløp var på om lag 35 millionar kroner. Vi tildelte om lag 8,5 millionar kroner til 28 prosjekt. Talet på søknadar og omfanget i søknadane tyder på at prosjektskjønnet er sett på som eit viktig bidrag i innovasjons- og utviklingsarbeidet i kommunane.

Sjå pkt 2.1.2 og 61.2 for meir om tildelinga til innovasjons- og utviklingsprosjekt.

62.2.2.3 Tilbakeheldt skjønn

Vi held tilbake skjønn til fordeling gjennom året. I løpet av året tildeler vi skjønn knytt til ressurskrevjande tenestemottakarar etter at vi har fått nye og oppdaterte tal frå Helsedirektoratet. Ein del av det tilbakehalte skjønnet går til innovasjons- og utviklingsprosjekt. Vi held igjen 500 000 kr til kvar Robek-kommune som vert utbetalt avhengig av kommunen sitt arbeid med forpliktande plan og budsjettbalanse.

62.2.2.4 Ekstraordinære skjønnsmidlar etter Dagmar

I 2013 handsama vi ein klage frå ein kommune som blei sendt til departementet for handsaming. Kommunen fekk ikkje medhald. Det vart sendt ut ei påminning til kommunane om rapportering av brukte skjønnsmidlar i høve søknadane om tildeling. Elles var det lite arbeid på Dagmar gjennom året.

Vi meiner at ordninga er unødvendig byråkratisk og rigid. Kommunane og vi vil vere betre tent med å ha ordningar som er meir fleksibel når det kommer til tildeling av skjønnsmidlar etter ekstraordinære hendingar. Dette er ein unødvending tidsstjuv.

62.2.2.5 Ekstraordinære skjønnsmidlar etter terroråtaka 22. juli 2011

Vi vart bedne om å tildele fylkesvis skjønnsramme knytt til 22. juli 2011 til kommunane. Vi tildelte kommunane i samsvar med innmeldt behov. Etter at vi hadde kompensert innmeldt behov, vart resterende skjønnsmidlar sendt tilbake til departementet.

Vi meiner dette også har vore ein unødvendig tidstjuv. Sjå ovanfor.

62.2.3 Robek

Vi ser at mange kommunar i Møre og Romsdal er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Sjølv om talet på Robek-kommunar gikk ned frå åtte til seks i 2013, var det til dømes 6 kommunar som fikk underskot i 2012. Vi har fått signal om at i alle fall to nye vil bli meldt inn i 2014. Oppfølging av Robek-kommunane har difor vært ei av to hovudprioriteringar innanfor kommuneøkonomi i 2013.

I samband med lovlegkontrollen av budsjettet til Robek-kommunane, gjer vi òg ein analyse av drifts- og investeringsbudsjettet. Denne tilbakemeldinga gir både kommunen og oss eit grunnlag for dialog om status og arbeidet vidare mot økonomisk balanse, herunder også signal om godkjenning av lån og garantiar.

Som virkemiddel er lovlegkontroll av budsjettet etter vårt syn eit svakt virkemiddel. Lovlegkontrollen testar mellom anna om det er innholdsmessig lovleg, om det er rett organ som har truffet vedtaket og om det er blitt til på lovleg måte. Lovlegkontrollen er i liten grad egna til å teste dei økonomiske realitetane. I praksis er det berre inntekta frå skatt og ramme som vert testa. Vår erfaring er at kommunane sjeldan har store inntektssvikt på dei postane. Kommunane har større problem med å halde utgiftene nede på budsjettert nivå. Kommunane driv i stor grad rammebudsjettering av einingane. Det vil seie at einingane har ansvar for å halde seg til vedtekte budsjett. Vi ser i mange høve at optimismen mtp realiseringen av kutt er for stor og at budsjettstyringa og -oppfølginga er for svak.

Noko anna som var nytt i 2013, var at vi skreiv ein høyringsuttale til budsjettet for 2014 til alle Robek-kommunar. Dette blei gjort etter at det vart behandla i formannskapet og vi har berre fått positive tilbakemeldingar på at dette vart gjort.

Gjennom 2013 hadde vi mange møte etter ynskje frå den enkelte Robek-kommune. Tema på møta var ofte kommuneøkonomi, men også økonomi knytt opp mot spesielle utfordringar innafor spesifikke fagområde. Dei ulike fagavdelingane intern i embetet blir kopla inn etter behov. Vidare prioriterer vi å gi god og tett oppfølging ved førespurnad på e-post eller telefon frå Robek-kommunane.

I 2013 handsama vi fire søknadar om forlenga inndekningstid knytt til budsjettet for 2013. Vi har fått signal om at det er fleire kommunar som har vanskar med å halde seg innafor hovudregelen for inndekningstida.

Som nemnt er det fleire kommunar enn dei som no er i Robek som har utfordringar med økonomien. Vi har i 2013 hatt formell kontakt med slike kommunar, gjennom at vi har vitja formannskapet. Ikkje minst så er det særleg aktuelt gjennom kommunebesøket knytt til kommunebilde. Forutan kommunebesøka, vitja vi formannskapet i to andre kommunar.

Vi har god oversikt over kommunar med ein gryande ubalanse gjennom dei faste oversendingane med budsjett, økonomiplan, rekneskap, Kostra og innspel til skjønnsstilskot, samt gjennom anna uformell kontakt. Vi ser at det er mange kommunar som har ein gryande ubalanse; 19 kommunar har eit gjennomsnittleg NDR dei 5 siste åra som er under ein prosent av driftsinntektene. Vi har ikkje kapasitet til å følgje opp alle dei kommunane i like stor grad som Robek-kommunane.

Lånegodkjenning

I samband med budsjetthandsaminga ønskjer vi å godkjenne ei låneramme som ligg fast for kommunen ut året. Nivået på låneramma Robek-kommunane får godkjent er situasjonsbestemt. I utgangspunktet godkjenner vi lån til investeringar i VAR-sektoren og såkalla startlån. Vidare støttar vi opp om investeringar knytt opp mot tilskot, rente- eller avdragskompensasjon (statlege satsingsområder) om kommunen dekker inn underskot i tråd med plan og elles kan vise til ei sunn økonomisk utvikling. Kor høg låneramme den enkelte kommune får, er avhengig av korleis den økonomiske situasjonen og utviklinga er. Vi godkjenner ikkje høgare låneramme enn budsjetterte avdrag etter at lån til VAR-sektoren og startlån er tatt ut. Søknader om likviditetslån godkjenner vi alltid, og vi prioriterer rask handsaming av dei slik at kommunen ikkje får vanskar med å betale til forfall.

- Vestnes kommune fikk godkjent eit investeringslån på kr 15,975 mill. og eit likviditetslån på kr 120 mill. Investeringane var innafor VAR og startlån. Vestnes kommune vart meldt ut av Robek i 2013.

- Gjemnes kommune fikk godkjent eit investeringslån på kr 3,2 mill, eit startlån på kr 3,0 mill og eit likviditetslån på kr 5,0 mill.

- Fræna kommune fikk godkjent eit investeringslån på kr 34,175 mill, kor kr 22 mill gjekk til VAR og kr 5 mill til startlån.

- Stranda kommune fikk godkjent 50,8 mill kr. I investeringsbudsjettet var ferdigstilling av Stranda ungdomsskule med 58,57 mill kr (inkl mva) , rehabilitering av vatn (VAR) utgjorde 400 000 kr, slutføring av rehabilitering av Sunnylven skule med 430 000 kr og IKT til 400 000 kr. I tillegg fikk kommunen godkjent to langsiktige leigeavtalar knytt til VAR. Vi vil rapportere særkilt på situasjonen til Stranda kommune når urevidert rekneskap for 2013 er klart.

- Hareid kommune fikk godkjent 25 mill kr i likviditetslån. Til investeringer fikk kommunen godkjent 10,4 mill kr knytt til VAR og 6 mill kr til startlån. Det innebærer at kommunen ikkje fikk godkjent låneopptak til investeringar innanfor brannvern (ny tankbil), utviding av kyrkjegard, prestebustad, diverse trafiktryggingstiltak, rehabilitering av rådhuset og ombygging av sjukeheimen. I tillegg fikk kommunen godkjent leieavtale av frankeringsmaskin.

- Sykkylven kommune fikk godkjent 14 mill kr, i hovudsak til teknisk sektor.

- Vanylven kommune fikk godkjent det dei søkte om iom at det gikk klart fram fra urevidert rekneskap at kommunen ville bli meldt ut.

- Ørsta kommune fikk godkjent likviditetslån på 115 mill kr. Kommunen fikk avslag på alle søknadar om lån til investeringar.

Forpliktande plan

Vi legg vekt på å følgje opp kommunane sitt arbeid med forpliktande plan. Vi ser for oss at ein slik plan må innehalde tre punkt. For det første må kommunen sette opp ein tabell som viser når kommunen har fått underskot, kva som eventuelt er allereie inndecka og plan for inndecking av akkumulert underskot. Vi vil også at kommunen skal gjere greie for kva som var årsaka til underskota, med vekt på om det er midlertidige eller permanente forhold som forårsaka underskota. Kommunen må til sist her konkludere med kva som er omstillingsbehovet, på kort og lang sikt. For det andre vil vi at kommunen skal sette seg mål for økonomiforvaltninga, både for sentrale økonomiske indikatorar og for budsjettarbeidet og for oppfølginga gjennom året. I det siste punktet må kommunen, gjerne i form av ein tabell, sette opp kva for tiltak kommunen skal gjennomføre for å få balanse i økonomien. Tiltaka må vere spesifisert på tenestenivå, med venta innsparingseffekt og når dei vert sett i verk. Omfanget av tiltak må minst vere lik det kommunen konkluderer med er omstillingsbehovet i punkt éin. Ved

lovlegkontrollen av budsjettet følger vi opp at kommunen har utarbeidet ein slik plan for året.

På hausten rapporterer kommunane på forpliktande plan knytt opp mot tilbakeheldt skjønnstilskot på 500 000 kr. For at kommunane skal få utbetalt skjønnstilskot må dei oppfylle følgjande kriterier; (1) halde driftsbudsjettet, (2) gjennomføre forpliktande plan og (3) nedbetale underskot i tråd med nedbetalingsplana. Rapporteringa viste at fleire kommunar hadde utfordringar med å halde balansen i driftsbudsjettet, og at somme kommunar låg an til å måtte bokføre tap i staden for gevinst på finansielle instrument. Følgjeleg ville dei heller ikkje nedbetale underskot. På bakgrunn av rapporteringa vart det berre utbetalt skjønnstilskot til fire av dei åtte kommunane i Robek.

Etter vår meining kan skjønnsmidlane vere eit sterkt virkemiddel i oppfølginga av Robek-kommunane. Vi er likevel varsam med å nytte skjønnsmidlane i for stor grad som gulrot for dei aktuelle kommunane. Vi får tilbakemeldingar frå andre kommunar som går på at tildeling av skjønn til kommunar i økonomisk ubalanse er urettmessig. Vi er til dels einige i dei innspela, og ser at vi ikkje ønskjer å premiere dei kommunane som ikkje fører ein ansvarleg budsjettpolitikk i for stor grad.

Robek-nettverk

Robek-kommunane har delteke i Robek-effektiviseringsnettverket som ein del av forpliktande plan. Nettverket er eit samarbeid mellom KS og Fylkesmannen. Kommunane har mellom anna gjennomgått ei grov perspektivanalyse kor innsparingspotensial blei vist i forhold til landssnitt og befolkningsprognoser. Vidare blei handlingsrommet på enkeltnestene utdjupa og kommunane blei utfordra til å vurdere tiltak for å kutte driftsutgiftene. Kommunane har også hatt kommunevise besøk kor både folkevalde, rådmann, verksemdsleiarane og tillitsvalde samla belit vist kva for utfordringar og moglegheiter kommunen står ovanfor.

Resultata etter første år er at fleire av kommunane har laga nye rutinar for resultatstyring av økonomien, systematisk statistisk materiale nyttast for oppfølging, konkrete tiltak er lagt inn i kommunebudsjetta for neste år og fleire peiker på at dei no kjenne suksessfaktorane for å lykkast. Nettverkssamarbeidet fortsetter neste år for å sikre at tiltaka vert følgt opp og at dei problemstillingane som dukkar opp blir drøfta slik at man i fellesskap kan finne løysningar.

62.2.4 Finansforvaltning

Vi har følgt opp om kommunane har vedtatt nytt finansreglement i tråd med ny finansforskrift. Rapporteringa viste at dei fleste kommunane vedtok nye finansreglement i løpet av 2013. Det var berre ein kommune som ikkje rapporterte. Vi har sidan følgt opp dei kommunane som ikkje hadde vedtatt nytt finansreglement før rapporteringsfristen.

Rapporteringa i 2013 viser at dei aller fleste kommunar skulle vedta nytt finansreglement for inneverande kommunestyreperiode. Etter vårt syn bør finansreglementet vedtakast tidleg i kommunestyreperioden for forankring hjå dei folkevalte. Vi vil kommunisere dette til kommunane, og halde fram med å følgje opp om når finansreglementa vert vedteken.

62.2.5 Rapportering og bruk av Kostra

Vi utarbeider årleg ein statistikkrapport som viser den økonomiske utviklinga og status for kommunane i Møre og Romsdal. I rapporten ser vi på samanhengen mellom dei mest sentrale økonomiske indikatorane, og viser tala på kommunenivå og opp mot eit gjennomsnitt for fylket og landet utanom Oslo. Vi nyttar medviten konserntal. Vi legg vekt på å formidle tala og kommentarane på ein slik måte at ein utan mykje forkunnskap kan forstå innhaldet. Slik vonar vi at rapporten også vert lest og nytta av til dømes folkevalte og andre tilsette i offentlege sektor som ikkje har kommuneøkonomi som fagfelt. Vi får mange gode tilbakemeldingar frå kommunane på rapporten, og fleire nyttar den som eit grunnlag og utgangspunkt opp mot kommunestyret. Rapporten vert sendt departementet.

I samband med innrapporteringa av data frå kommunane til SSB, sender vi ut eit brev med informasjon om tidsfristar og kontaktpersonar hjå fylkesmannen som kommunane kan nytte ved behov.

Oppdraget om å gå igjennom nøkkeltal og identifisere vesentlege feil, og i å veilede kommunane slik at dei rapporterer inn riktige tal, er i hovudsak prioritert ned for oppfølginga av Robek-kommunar. Årsplanmessig er dette samanfallande med ein periode kor vi må prioritere å få ferdig lovlegkontrollen av dei kommunale budsjetta. I og med at overføringa til embeta ikkje er avhengig av talet på Robek-kommunar er det vanskeleg å

prioritere begge oppgåvene høgt nok. Det er ikkje heldig. Kostra er, og bør vere, ein grunnpilar for analyse, planlegging og styring på lokal, regionalt og nasjonalt nivå. At Kostra er kvalitetssikra og påliteleg er ein føresetnad for det.

Elles nyttar vi ofte Kostra-dataene i dialogen med kommunane. Kostra vert nytta internt som grunnlag i ymse samanhengar og i alle typar kontaktpunkt med kommunane, som konferansar, møter, brev, osv.

Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

63.1 Kommunalrett

Fylkesmannen har i 2013 ikkje behandla nokon saker om lovlegkontroll. Vi har i tre saker blitt oppmoda om å ta opp kommunale avgjerder til lovlegkontroll. I alle desse tre var vuderinga vår at vi ikkje såg grunn til å kontrollere lovlegeita av avgjerda. Vi har ved årsskiftet ein restanse på fire saker der det er kravd loblegkontroll.

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMMR	0			0			0	0
Sum	0	0	0	0	0	0		

63.2 Valg

Av erfaring er det mindre arbeid for fylkesmannen ved stortingsval, enn ved kommunestyreval. I 2013 tok departementet ansvar for opplæring av nytt valadministrivt system, og fylkesmannen har kun hatt råd og rettleiing av regleverket knytt til val. Dette har i stor grad vore telefonar frå valmedarbeidarar og leiarane i valstyra.

Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Fylkesmannen har i 2013 behandla 4 klagesaker etter offentleglova.

I to av sakene har fylkesmannen stadfesta kommunen sitt avslag på innsyn, medan i ei sak vart kommunens avslag endra. Den siste saka gjaldt klage på tilgjengeleggjering av dokument på kommunens nettsider, og klagen vart ikkje tatt til følge.

Vi har vidare behandla 1 sak om partsinnsyn etter forvaltningslova.

Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

I Møre og Romsdal er det 36 kommunar. Mange av dei er små målt i talet på innbyggjarar. Berre fire kommunar har over 10 000 innbyggjarar. 20 kommunar har under 5 000 innbyggjarar.

Det er mange små fagmiljø innafor mange fagområde i kommunane. Trongen for interkommunalt samarbeid stort og presserande i mange av kommunane for å ha god nok kompetanse til å ha tilstrekkeleg kvalitet og stabilitet i tenesteytinga.

Vi ser at mange små kommunar er aktive opp mot fylkesmannen for råd og rettleiing. Det er godt å registrere at kommunane er oppteken av kvalitet i arbeidet dei gjer, men med så mange små kommunar er det krevjande å yte

den rettleiinga som er naudsynt.

65.1 Kommuneinndeling

Vi har dei siste åra hatt nokre saker som gjeld kommuneinndeling der kommunane har søkt om støtte frå KMD for å utgreie kommunesamanslåing.

Elles er det fleire kommunar som har kontakta oss for å diskutere kommunesamanslåing og kva fylkesmannen kan bidra med både økonomisk og prosessmessig. Møre og Romsdal har 36 kommunar, 20 av dei har under fem tusen innbyggjarar. Dette gjer at behovet for å utgreie kommunestrukturen er stort.

65.2 Interkommunalt samarbeid

Vi oppmodar om, og stimulerer til, gjennom skjønnsmidlane til interkommunalt samarbeid. Dette gjeld frå nettverksnivå, og opp til innføring av interkommunalt samarbeid med forankring i lov.

Gjennom prosjektskjønnet ser vi at det er mange interkommunale samarbeid i fylket, men at det er svært varierende kva for kommunar som samarbeider med kvarandre. Vi ser også ein tendens til at dei interkommunale samarbeida er kortvarig fordi kommunane er raske med å trekkje seg ut. Det er i mindre grad faste og forpliktande samarbeid.

Det er ofte mange faktorar inne i bilete når det gjeld søknadar om interkommunalt samarbeid. For å ha eit grunnlag å handsame søknadene etter, blei det utarbeida eit notat som skal sikre at vi handsamar alle søknadane likt og etter same kriterier.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i samarbeid med KS i Møre og Romsdal gjennomført ei kartlegging knytt til interkommunalt samarbeid i fylket. Det var Geir Vinsand ved NIVI Analyse som utførte arbeidet. Kartlegginga er gjort av heile fylket sine 36 kommunar og har form av ei totalkartlegging av samarbeidsområda for alle kommunane. Dette utredningsarbeidet resulterte i rapporten «Status for interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal». Rapporten viser at det er funnet 253 formelle interkommunale samarbeidsordningar. Talet på formelle ordningar per kommune varierer frå 23 til 55 per kommune. Vi syntest at 'timinga' på prosjektet var perfekt med tanke på den varsla kommunereforma.

Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Fylkesmannen behandla 140 klagesaker etter bygningsdelen i plan- og bygningsloven i 2013. I 34 saker vart klagen tatt til følge og kommunen sitt vedtak endra eller oppheva. Vi behandla 7 krav om sakskostnader etter byggesaksdelen av plan- og bygningsloven i 2013. Vi har også behandla 7 saker om utsett iverksetting.

Fylkesmannen har i 2013 ikkje greidd å halde saksbehandlingsfristen på 3 månader for byggesaker. Saksbehandlingstida har i gjennomsnitt vore i overkant av 5 månader året sett under eitt, men behandlingstida har auka i andre halvdel av 2013 og var på slutten av året på 7-8 månader. I starten av året vart ressursane sett inn på å jobbe ned restansane på dette saksområdet, og behandlingstida var da berre litt i overkant av 3 månader. Da fire erfarne juristar på området gjekk ut i permisjon våren 2013, og ein vart overført til verjemålsområdet, fekk vi ei vesentleg auke i behandlingstida. Vi vonar at vi vil sjå ei klar forbetring av dette i løpet av 2014

Fylkesmannen ser eit behov for å auke kompetansen i kommunane på dette saksområdet. Kommunane våre har store utfordringar i det å reagere på ulovlege tiltak. Vi har derfor ei særleg merksemde på denne problematikken. regelverket som skal sikre tigjenge for alle (universell utforming) er og noko vi har fokus på. Vi har delteke med innlegg på byggesaksnettverk i 2013 der vi har fokusert på desse temaene. I 2014 vil vi i tillegg konsentrere rettleiningsverksemda på barn og unges interesser.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har ikkje behandla nokon søknader om oreigning i 2013.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Fylkesmannen hadde ingen klagesaker på dette området i 2013.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMMR	0			
Sum	0	0		

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Fylkesmannen hadde ingen klagesaker på dette området i 2013.

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMMR	0			
Sum	0	0		

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 1 414 233,35	kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 1 355 957,06	kr 0,00
Andre oppgaver under KR D	kr 416 201,45	kr 0,00
Sum:	kr 3 186 391,00	kr 0,00

Arbeidsdepartementet

Resultatområde 73 Sosiale tjenester

73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Klagesaker:

Fylkesmannen har behandla 86 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV.

Vedtak i 72 saker (84%) blei stadfesta og 14 (16%) blei oppheva eller endra.

71 av sakene (83%) blei behandla innan 3 månader.

Vi viser elles til rapportering til Statens helsetilsyn for 2013 gjennom NESTOR.

Opplæring STL gjennomført trinn 2 A + B + C 4 steder i fylket (for mer utfyllende info se 73.2).

Internkontrollplikten er tema i NAV-ledermøtene og i samtaler/veiledning. Det blir også tatt opp i

opplæringsdagen på KVP og synliggjort i diskusjoner i opplæringa.

Erfaringer fra tilsyn blir brukt i møter og opplæring.

Faglig veiledning:

- under og særlig etter STL-opplæringa
- Informasjonsskriv (e-post)
- Veiledning telefon og e-post

Områdeovervåkning/vurdering i HS-meldinga når det gjelder tjenstemottakers behov med særlig vekt på hensyn til barn og unge.

73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Kompetansehevende tiltak:

Fylkesmannen har tett og jamnleg kontakt med NAV Møre og Romsdal, både på leiar- og rådgivarnivå. Dette er nedfelt i ein samarbeidsavtale. Vi samarbeider om

- NAV leiarmøter (fire to-dagersmøter i 2013)
- Arbeidsgruppe NAV – (månadleg) FM kallar inn. Tema er:
 - KVP
 - arbeid og psykisk helse/rus og barn og unge.
 - opplærings-/ utviklingstiltak

Vi samordnar kompetansetiltaka slik at aktivitetane ikkje kolliderer når det gjeld tid eller tema. Vi let kvarandre delta på våre respektive arenaer eller vi lagar felles arena.

Vi har delteke i opplæringa i Standard for arbeidsretta brukaroppfølging, både på sentrale møter hos NAV Møre og Romsdal, samt i selve innføringa i NAV Molde.

Videre har vi delteke i pilot på Veiledningsplattformen i NAV Herøy.

Fylkesmannen har gjennomført opplæring i STL lov, forskrift og rundskriv fire stader i fylket: KVP (1 dag) Øk.sosialhjelp, bustad, IP, råd og vegleing, lovens virkeområde (2 dagar). I samarbeid med NAV fylke kobla vi på Standard for arbeidsretta brukaroppfølging. AV-dir.'s presentasjonsmatriell vart supplert med "NAV kontekst", NAV relevante gruppeoppgaver og standard for arbeidsretta brukaroppfølging. NAV fylkes rådgivarar var med i planlegging, gjennomføring og evaluering. Dette for å sikre sammenheng og samordning.

Partnerskapet i NAV:

For å understøtte partnerskapet deltar vår direktør i "Samarbeidsarena NAV". Vår direktør/fylkeslege deltar i møte med rådmannsutvalget, saman med NAV Møre & Romsdal og KS. (3- 4 møter i året)

I februar gjennomførte vi vårt årlege "Samarbeidsmøte om NAV" (heldagsmøte) med vekt på dialog. Målgruppe var kommuneleing (politisk og administrativt) samt NAV leiarar. Desse møtene blir planlagt og gjennomført saman med NAV M&R og KS M&R.

I 2013 starta Fylkesmannens sentrale leing sine kommunebesøk, alle dei 36 kommunane skal få besøk i løpet av 2013 - 2015. I samband med det lagar vi "kommunebilde" for kvar enkelt kommune på alle dei mest aktuelle områda. Under overskrifta sosiale tenester beskrive vi det enkelte NAV kontor med tilhøyrande dialogpunkt. Eit slikt punkt er spørsmål om korleis partnerskapet fungerer lokalt.

Samarbeid mellom NAV Møre og Romsdal og Høgskulen i Volda

Det er utarbeidd samarbeidsavtale. Fylkesmannen er ikkje avtalepart, men vi er med i eit årleg møte mellom partane.

Vår rådgjevar har hospitert i NAV kontor for bedre å forstå NAV konteksten og kva som trengs av kompetansehevande tiltak.

Fylkesmannen har utlyst og tildelt tilskot til fagsamlingar i tenesteområda med utgangspunkt i tema frå kommunebrevet. Vi har delteke på dei fleste av desse samlingene.

Vi opplever det som vanskelig å måle kvalitetsforbetring etter Fylkesmannens innsats. Det er mykje som spelar inn på kvaliteten, men vi har i alle høve fått gode tilbakemeldingar etter lov-kurs og etter NAV- leiarmøter.

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Tertialvis rapportering til AV-dir. Sjølv om direktoratet henvender seg til Fylkesmannen om rapportering, samarbeider vi med NAV fylke også på dette punktet. Dette for å kunne gje så fullstendig rapport som mogleg og for å sikre samarbeidet om KVP med NAV Møre og Romsdal. Vi får til meir på KVP saman enn kvar for oss. Vi ser at det er nødvendig og nyttig å innhente oppdatert informasjon frå NAV-kontora når vi rapporterer. Eit eksempel på dette er spørsmål om gode KVP og korleis dei sikrar retten til KVP.

Vi har hospitert i NAV kontor for å forstå og halde oss orientert.

STL opplæring med fordjupning KVP (dagssamling fire stader i fylket). Her har vi samarbeida tett med NAV fylke både i planlegging, innhald og gjennomføring. Vi har lagt inn "standarden", NAV lova og hatt fokus på praksis; der kommune møter stat (regelverk).

Fylkesmannen legg vekt på å sjå tilsyn, klage og utvikling i samanheng og forankre KVP gjennom å dele erfaringar frå KVP tilsyn (landsbasis) på alle relevante møtearenaer som Samarbeidsarena NAV, NAV leiarmøter og fagdagar.

KVP

Vi gjev råd og veiledning om KVP via e-post og telefon (kontinuerleg).

Fylkesmannen gav tilskot til, og deltok på KVP - Fagdag i eit tenesteområde på Nordmøre. Tema var innhald og rutiner. Vi inviterte med oss Øysten Olsen (AV - dir).

KVP informasjon har også vore formidla inn i Ringar i vatn (nettverkssamling for rus og psykisk helse). KVP «roll up» og KVP brosjyre var del av denne informasjonen.

Fylkesmannen gjennomførte KVP fagdag for NAV kontor i heile fylket i desember. Tema her var Innhold i program (statleg og kommunalt) oppfølging og KVP funksjonen i Arena. Elisabeth Munch Ellingsen og Christine Selnes (begge frå AV-dir, deltok med innlegg og i diskusjonane. NAV kontora og NAV Møre og Romsdal hadde også innlegg.

Ekstraoppdrag som gjeld prosjekt "Helhetlig prinsippstyrt metodisk tilnærming (HPMT)".

Vi har hatt aktivitet fram til august 2013:

Statusmøte NAV Ålesund (inkludert leiarar og NAV fylke)

HPMT vegleiing til HPMT vegleiarar ved NAV Ålesund fram til 1. juli 2013

Motteke vegleiing frå direktoratet ca. ein gong pr måned til mai 2013

Fulgt opp og medverka med dokumentasjon av vegleiingsaktivitet fram til 1.juli 2013.

Delteke på alle HPMT dialogmøter og HPMT booster med AV-dir

Vi heldt ein lokal HPMT booster med NAV Ålesund i januar

Avslutningsmøte med NAV Ålesund (inkl leiarar og NAV fylke). Dette var ikke spesielt nemnt i oppdraget, men vi fann det nødvendig for å sikre erfaringar og kunnskap. Referat er sendt Terje Lillehaug.

Fylkesmannen har frikjøpt Kari Røkkum Winje i ei deltidstilling frå NAV Kristiansund til vegleiingsoppdrag saman med ein annan rådgivar frå fylkesmannen.

Fordi det er mykje HPMT element i Veiledningsplattformen deltok vi i piloten i NAV Herøy og sentrale samlingar med AV-dir.

73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning

I 2013 var det gjennomført to-dagars grunnkurs og to-dagars vidaregåande kurs for kommunane. Dette blei gjort i samarbeid med kompetansekontakt Tor Waardal hos Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen har gjeve økonomisk stønad til samlingar dei ulike tenesteområda har arrangert i 2013 og deltatt på disse. Den siste utlysinga hadde fokusområde: samarbeid mellom NAV kontor og Namsmenn. Desse blir avvikla i 2014

Fylkesmannen har arrangert fire to-dagars kurs i ulike deler av fylket om sosialtenestelova i NAV, og ein hadde da også noko om råd og rettleiing etter §17 i lova.

Fylkesmannen deltok på konferansen "*Penger til besvær*" 30. - 31.10.13.

Vi har også vurdert prosjektsøknader fra NAV kontor på dette området, og sendt de vidare for endelig behandling i direktoratet. Vi har også deltatt i de prosjektene vi har blitt invitert inn i.

73.5 Boligsosialt arbeid

Vi har i samband med sosialteneste-lovopplæringa hatt opplæring i retten til midlertidig bustad og krav til denne, samt understreka behovet for vidareformidling til varig bustad, samt at NAV kontoret må medverke til å kartlegge behovet i kommunens arbeid for tilfredstillande og varige bustader for utsette grupper. Vi har påpeka bruken av internkontroll og melding av avvik opp til kommunens leiing; som har ansvar for at det er nok bustader.

I 2013 har det vore sju aktive tilskotskommunar knytt til bustadsosialt tilskot. (kap.0621 post 63)

73.6 Barn og unge

Fylkesmannen har innhenta informasjon om utviklingstrekk frå ulike partar som:

- Fylkeskommunen
- Ungdata
- KOSTRA
- Folkehelseinstituttet

Tilskuddsforvaltninga blir sett i samanheng med tilskot innan bustadsosialt arbeid og psykisk helse. Samarbeid om oppfølging av tilskuddskommunar blir teke opp i internt tilskuddforum.

Fylkesmannen har delteke i oppfølging av NAV Moldes prosjekt Ung Kvalifisering og tilhøyrande prosjektsamlingar. Prosjektet vart avslutta ved utgangen av året og gjekk inn i ordinær drift.

Vi har også delteke i referansegruppe for Ny GIV, samt på alle nasjonale nettverksamlingar for Ny GIV.

Vi har handsama søknadar om tilskot til barnefattigdom (søknadsfrist 1. febr.), utarbeidd innstilling og gjennomført tildelingsmøte med AVdir i Oslo 7. mars. Ellve kommunar har disponert prosjektmidlar til bekjemping av barnefattigdom.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ei eiga satsing for barn og unge. Målsettinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i all aktivitet hos Fylkesmannen. Vi arbeider for å

- sikre barns og unges medverknad
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- utjamne konsekvensar av sosiale ulikskap

Dette kjem til uttrykk på mange område, som kurs, sakshandsaming, tilsyn osv.

Ressursrapportering

Resultatområde 739 inkluderer honorar kr. 18.200,-

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 7 750,65	kr 227 973,44
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 335 109,09	kr 1 235 385,80
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 323 078,43	kr 110 336,45
Andre oppgaver under AD	kr 129 618,66	kr 0,00
Sum:	kr 795 556,00	kr 1 573 695,00

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberedskap

76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten

- Fylkesmannen gjennomførte kurs i ny helselovgivning for alle kommunane i 2012.
- Fylkesmannen, ved direktør/fylkeslege sit som medlem i overordna samhandlingsutval i Helseforetaket MR saman med KS og representantar frå kommunene.
- Fylkesmannen har oversikt over kva kommunar som har fått tilskot til Ø-hjelp tilbud, og prøver å følge med fortløpande i kva kommunar som etablerer slike tilbud og samarbeid om øyeblikkeleg hjelp.
- Fylkesmannen har i 2013 framleis kontakt med sentrale aktører i Samhandlingsreforma gjennom vår kontaktgruppe for samhandlingsreforma i fylket.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltar i regionalt nettverk saman med Trøndelagsfylka.
- Fylkesmannen har elles samarbeidd med Fylkeskommunen om informasjon og opplæring vedrørende krav i folkehelseova når det gjeld oversikt over helsetilstand i befolkninga.

76.3 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten

Tilsynserfaringar

Fylkesmannen har lagt informasjon om tilsynserfaringar inn i dei ulike kurs og konferansar som vart arrangert. Tilsynserfaringar vart lagt fram mellom anna på omsorgskonferansen, demenskonferansen, fagdagar for sjukeheimslegar m.fl. Ved tilsyn blir kommunane rettleia på kvalitetssystem og internkontroll.

Det var ikkje gjennomført eigen fagdagar om IPLOS saman med Helsedirektoratet. Ved klagesaker og tilsyn blir IPLOS kartlegging etterspurt. Og IPLOS har vært tema på ulike fagdagar, som f.eks Eldre og rus.

Legetenester i sjukeheim

Fylkesmannen har bidratt til oppstart av nettverk for sjukeheimslegar. Det er gjennomført fagdagar for sjukeheimslegane. Det var ca.50 deltakarar. Tema var mellom anna pasientsikkerheitskampanjen " Riktig legemiddelbruk i sykehjem" og polyfarmaci. To kontaktpetsonar for nettverket er oppnemnt, ein for Nordmøre og Romsdal og ein for Sunnmøre.

Utviklingscenteret for sjukeheim i Kristiansund kommune har den praktiske organiseringa av nettverket.Fylkesmannen dekkjer utgifter til møterom og bevertning I tillegg har fylkesmannen arrangert ein årleg fagdagar for nettverket.

Det er laga oversikt over status for sjukeheimslegar frå KOSTRA og satt det saman med normtal frå 2007, for å sjå utviklinga. Dette er gjort kjent for kommunane gjennom nyhendebrev, nettside og blir teke opp på fagdagen i 2014.

Dette er også tema på dialogmøte med kommunane som gjennomføres av leiinga frå Fylkesmannen og vårt dialogpunktet til diskusjon i alle kommunar er:

"Har kommunen riktig normtall på legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim i 2013, basert på risiko - og behovsvurdering?"

Etikk

Fylkesmannen, KS og utviklingssentra for sykehjem og hjemmetjenesten arrangerte ein fagdag om etisk kompetanseheving med tema "Etikk og brukarmedverknad". Konferansen var for alle etikkkommunane og for dei andre kommunane for inspirasjon/stimulering til å komme igang med eller videreføre etisk kompetanseheving. Det var ca. 80 deltakarar.

Omsorgskonferansen

Fylkesmannens årlege omsorgskonferanse vart arrangert i Molde 24. og 25 september i Molde. Målgruppa var både kommune og helseforetak. Tema var Kvalitet og internkontroll. "Kvalitetsarbeid - ein "happening" eller kvardagsaktivitet" Det var ca. 150- 200 deltakarar på konferansen. Innlegga handla om Morgondagens omsorg, Helsetilsynet hadde innlegg om internkontroll, likeins fylkeslege Christian Bjelke. Kvalitetssjefen i Helse Møre og Romsdal hadde innlegg om "Det er mykje god omsorg i god kvalitet" Pasient og brukarombudet hadde innlegg om forventningar, det var innlegg om modell for kvalitetsforbetring og læringsnettverk m.m

Det var fokus på at dette ikkje er ei happening, men at vi saman skal arbeide vidare med internkontroll og kvalitet. Pasientsikkerhetskampanjen "Riktig legemiddelbruk i sykehjem og hjemmetjenesten" gjennomføres i 2013-2014. Kommunane har fått invitasjon til å delta i læringsnettverk, 3 samlinger i 2014. Tema følgjast opp i nettverka i pleie og omsorg som utviklingssentra drifter, og Fylkesmannen deltar.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har fått invitasjon til å delta i Pasientsikkerhetskampanjen "riktig legemiddelbruk i sykehjem". Det var 21 team som gjennomførte frå 15 kommunar. Med gode tilbakemeldingar som at det har gitt varige endringar i arbeidet med sikker medikamentbruk. Pasientsikkerhetskampanjen fortsett i 2014, for heimetenesten med team fra 14 kommuner.

Det vart gjennomført møte med Overordna fagleg ansvarleg for tenester for personar med utviklingshemming i kommunane 19. og 20. mars.

Fylkesmannen har samarbeid med KoRus med tema Eldre og rus- det har blitt etablert nettverk og det er gjennomført nettverksmøte i Molde, for kommunene Molde, Averøy og Midsund.

76.5 Felles digitalt nødnett

Fylkesmannen var medarrangør saman med helsedirektoratet i samband med møte mellom fylkesmannen og kommunane den 22.08.13 vedrørende tilretteleggig/ og førebuing av etablering av nødnettet i Møre og Romsdal. Her var det gitt informasjon og status rundt etablering av nødnettet, dialog rundt organisering av legevaktsentralar og innføring av nasjonalt legevaktnummer. 23 av kommunane i fylket var representert i møtet.

Vi deltok også i møte om implementering av nødnettet i møte mellom DNK og Fylkesmannens leiing.

76.6 Helseberedskap og smittevern

Fylkesmannen har oppdatert oversikt over fastlagene i fylket, jf. pkt. 84.1. Oversikt over kommuneloverlegar finnst i dataverktøyet CIM.

Smittevernkurs: Det er arrangert smittevernkurs for helsepersonell i fylket. Representanter frå folkehelseinstituttet og helsedirektoratet bidro med innlegg på kurset.

Helse- og sosialavdelinga samarbeider med Justis- og beredsskapsavdelinga hos Fylkesmannen på dette feltet.

Smittevernsøvelse: Fylkesmannen har delteke i strålevernsøvelse i regi av Mattilsynet.

76.7 Personell og kompetanse

Kompetanseløftet er fylgt opp som ein del av Omsorgsplan 2015. Det er etablert ei eiga arbeidsgruppe vedrørende utfordringar knytt til rekruttering og utdanning til helseareidarfaget og fagskole. Gruppen er leia av KS sin prosjektleder for Aksjon Helsefagarbeidar.

Det årlege møtet med alle kommunane vart arrangert i februar. Det var ca 50 deltakarar. Der gjekk vi gjennom rapportering og søknadsprosedyrer. Det vart minna om at kommunane må sjå satsingane i Kompetanseløftet i samanheng med implementeringa av samhandlingsreforma og de rekrutterings- og kompetansebehov reforma fører til i dei kommunale omsorgstenestane.

Tema på møtet var mellom anna:

- «Jeg vil bli helsefagarbeider. Med ABC til fagbrev»
- Opplæring som bidrar til å oppfylle kompetansekravene jf. helse- og omsorgstjenesteloven §9-9 tredje leddv / Fylkesmannen
- Erfaringar frå «Lederutdanning i helse- og omsorg. Kompetanseløftet 2015»
- Dette må eg kunne - introduksjon til helse- og omsorgsarbeid
- Utvikling gjennom kunnskap,
- Senter for omsorgsforskning

Det var Kafedialog og det vart sendt oppsummering til deltakarane frå borddialogen.

Opplæringspakke innan Aktiv Omsorg var tema på Aktiv omsorgskonferansen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sidan 2008 gitt tilskot frå kompetanseløftet til desentralisert vernepleierutdanning ved Høgskulen i Molde. Ved studieopptak vert studentar som er tilsette i kommunane og som har ein avtale med arbeidsgivar om studiepermisjon/tilrettelegging prioriterte. Det første kullet var ferdig våren 2012, og tilskotet vart vidareført frå hausten 2012, for nye 4 år. 52 nye studentar starta opp i august 2012.

Det har vore gode tilbakemeldingar på dette studiet. Fylkesmannen vonar at den solide auken i talet på utdanna vernepleiarar vil føre til reduksjon i talet på søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet knytt til HO-lovens kap 9.

Det vart gjennomført to konferansar for elevar i Vg 2 også i 2013, slik vi har gjort dei siste åra. Fokus er rekruttering til læretid. Kommunane er tilstades i konferansen for å profilere seg med eigne stands. ca Det var ca 200 deltakarar totalt, rekrutteringspatruljen på Søre Sunnmøre og i Kristiansund hadde innlegg på kvar sin konferanse om "Derfor ble jeg Helsefagarbeider", Plikter og rettigheter som helsefagarbeider ved fagforbundet, Korleis bli ein helsefagarbeider m.m

Det er etablert 3 rekrutteringspatruljer, som alle er aktive og fekk tilskot frå Kompetanseløftet.

Tilskot til utdanning er tildelt kommunane i to tildelingsrundar, vår og haust. Resultat og plantal 2012 for Kompetanseløftet 2015 vart rapportert i en fylkesrapport til Helsedirektoratet 01.mars.

Kompetanse var tema på fagdag ved Høgskolen i Molde – nettverk for Funksjonshemming og habilitering - der Fylkesmannen hadde innlegg "Kompetanse for frihet og likeverd.

Turnuslegar. I Møre og Romsdal er det oppretta 29 turnusplassar for legar. Fordelinga vert gjort to gonger i året og talet på kandidatar varierar. Våren 2013 fekk v tildelt 33 turnusleger. Ved oppstart 15. februar var det tre kandidatar som fekk godkjent permisjon. Vi måtte oppret en nye plasser i fylket, Ålesund. Hausten 2013 fekk vi tildelt 39 kandidatar 7 fekk då permisjon/ flytting. Det vil si vi hadde 32 turnuslegar. Tala for vår og haust er framleis ustabile.

Vegleiing: Det er tilsett tre legar som går i 17% stilling kvar, og som deler fylket mellom seg. Dei har fire møter med turnuslegane pr halvår.

Kurs i legevaktsmedisin og normaltariiffen. Dette kurset er lagt opp over to dagar og vi har ein fast avtale med Molde sjukehus og Den norske Lægeförening i Møre og Romsdal. Den eine dagen er det akuttmedisin i samarbeid med Molde sjukehus, den andre dagen er sett av til normaltariiffen ved legeföreninga. Kurset blir lagt til andre veka etter at legane har starta i kommunehelsetenesta. Responsen frå turnuslegane er svært positiv.

Turnusteneste for fysioterapeutar. For å få godkjenning som fysioterapeut må ein ha gjennomført turnusteneste i eitt år med seks månader i kommunehelsetenesta og seks månader i institusjon. Til vanleg er det 7-10 turnuskandidatar kvart halvår i kommunane si helseteneste og 7 – 10 på institusjon. Turnuskiropraktorane er også med på kurset.

Talet på uteksaminerte fysioterapeutar har vore noko ustabil.

Vi har gjennomført kurs i offentlig helsearbeid for turnuslegar og fysioterapeutar over to dagar vår og haust.

Alle turnuslegane har hatt praksisteneste ved sjukeheim.

76.8 Rettsikkerhetsarbeid

Rettsikkerheit ved yting av helsehjelp med hjemmel i pasient- og brukarrettighetslova kap. 4A

Det er gjennomført undervisning/opplæring/telefonisk vegleiing til kommunar/HF innan fagområdet.

Konkrete opplæringstiltak i 2013:

- Eige tema på kurs for legar (gjennomført Kristiansund, Molde og Ålesund).
- Eige tema på turnuskurs vår og haust.
- Tema i møte med fylkestannlegen.

I 2013 har Fylkesmannen teke imot 245 vedtak. Dette er ein oppgang på 76 saker frå året før. 173 av vedtaka gjeld tiltak som varar meir enn 3 månadar. Tilnærma alle vedtak vi tok i mot, vart svara med utgåande brev. I 2013 hadde vi 7 vedtak som vart oppheva. Det var 8 vedtak som vart endra heilt eller delvis, og vi mottok ei klage som vart overprøva.

Vi ser ei betring i gjennomføring av vedtak. Likevel er det etter vår vurdering framleis behov for meir opplæring og vegleiing på dette feltet, både når det gjeld samtykkevurderingar og melding av tiltak.

Fylkesmannen har gjennomført seks umelde tilsyn på området i 2013.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	1	1
Sum	1	

77.3 Særfradrag

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	8	15
Sum	8	

77.4 Førerkortsaker

Statistikkdata for 2013 føreligg ikkje frå Helsedirektoratet i skrivande stund. Eigenuthenta statistikk tilseier at talet på dispensasjonar i 2013 er 948, ein nedgang fra 2012 (1097). Når det gjeld samla antal saker (rådgjeving, dispensasjonar, tilrådningar) vil dette først kunne føreligge ved utlevering av statistikk frå Helsedirektoratet.

Når det gjeld talet på anmodningar om tilbakekalling av førarrett hadde Fylkesmannen i 2012 774 saker, medan det i 2013 var 644 slike anmodningar.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	948	29
Sum	948	

77.5 Pasientjournaler

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMMR	0
Sum	0

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

83.1 Folkehelsearbeid

Regional delplan for folkehelse 2014-2017 er utarbeid og vedtatt i fylkestinget. Fylkesmannen har nært samarbeid med fylkeskommunen om folkehelsearbeidet og gir fagleg råd og rettleiing. Det er arrangert møteplassar, som til dømes partnerskapsforum, arbeidsmøter, folkehelsekoordinatorsamlingar m.m. for medverknad i arbeidet for regional delplan for folkehelse.

Alle kommunane har partnerskapsavtale om folkehelsearbeid med fylkeskommunen. Det er etablert nettverk for kommunane og fylkesmannen deltek i nettverka og dei møte som blir arrangert. Fylkesmannen nyttar alle desse møta til kompetanseheving og vere pådrivar for kunnskapsbasert folkehelsearbeid. I tillegg har det utvikla seg ein låg terskel for kontakt med fylkeskommunen og folkehelsekoordinatorane i kommunane. Vi har til dømes oppretta kontaktpersonar i alle 36 kommunane, som vi møter regelmessig, og dei kan kontakte oss. På den måten kjem det fram både små og store utfordringar som dei treng råd og rettleiing på.

Fylkesmannen har ei fireårleg plan for kommunebesøk (starta i 2013) til alle kommunane i fylket. Til kvart kommunebesøk blir det utarbeidast kommunebilde for den ein skilde kommune. Kommunebilde vise den samla kommune kunnskapen som fylkesmannen har, og i alle kommunebilde inngår fagkunnskap om folkehelse. Vi ser at det bidrar til prosessar i kommunane, for det vidare arbeidet.

Ein del kommunar har utfordringar på å samle og organisere oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar, mens ein del av kommunane har utfordringar i analyse delen i arbeidet med oversiktsarbeidet. Kommunane er ikkje kome likt i arbeidet. Vi skal no gjennomføre kompetanseheving på område – kommunal planlegging i eit folkehelseperspektiv.

Når det gjeld miljøretta helsevern har vi gitt råd og rettleiing til kommunar og enkeltpersonar og vi samarbeider med dei andre avdelingane i embete. Det har ikkje vært klager innan miljøretta helsevern.

Kartlegging av godkjenningsstatus av skolar og kommunane sin tilsynspraksis er ikkje gjennomført, ettersom Helsedirektoratet meldte at dei skulle ta ei nasjonal kortlegging som fylkene skulle arbeide etter i 2014. I tillegg blei vi råda til av Helsedirektoratet å avvente kurs om skolemiljø til etter kartlegginga, då det skulle utarbeidast felles opplegg for fylkene.

Satsinga i FRI- programmet er gjort i samhandling med fylkeskommunen. Det inngår som tema på "grundercamp"

i ungdomsskole, og elevane har fått oppgåve innen FRI og tobakkkksførebygging. Vi ønskte å prøve ut medvirkning av elevar for korleis få til ei auke i deltakinga i FRI- programmet.

Det er seks kommuner /studentskipnader som er tildelt tilskot til oppfølging av handlingsplan for uønska svangerskap og abort i 2013. Hovedtype av tiltak er lavterskel tilbod (rådgivning og clamydiatesting) for studentar innan høgskolenivå.

Resultatområde 84 Kommunale helse- og omsorgstenester

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Fastlegekapasitet

Fylkesmannen mottok i 2012 fleire munnlege og skriftlege spørsmål frå pasientar som påpeikar at det enten ikkje er ledige fastlegar i kommunen eller det kun frå tid til annan er ei liste tilgjengeleg. Dette var også spørsmål frå personar med utenlandsk statsborgarskap som er bosett i kommunane. I samband med desse spørsmåla vart det oppretta to enkelttilsynssaker, der Fylkesmannen påpeika at retten til fastlege også gjeld asylsøkarar og deira familie når dei er medlemmer av folketrygda (desse vil då ha et såkalt D-nummer).

I Møre og Romsdal var det på Helfos hjeimesider registrert 243 fastlegar, av desse var det 69 lister (pr. 04.12.12) som er åpne. Pr. 21.01.14 er det registrert 253 fastlegar, der 98 har tilgjengelege plassar på sine lister. Det er framleis kommunar som ikkje har tilgjengelege fastlegar, og det er mange kommunar som har svært få tilgjengelege plassar på fastlegelistene. I mange tilfeller er det reelt sett ingen valgmoglegheit då det er kun ei open liste i kommunen.

Fylkesmannen ser fortsatt med bekymring på at det er så vidt marginal fastlegekapasitet i fylkets kommunar. Fastlegen er ein «joker» i samhandlingsreformen, og dette krev at kommunane planlegg framtida med dette i mente.

Legevaktstjeneste:

Fylkesmannen i Mre og Romsdal har gjennom klagesaksbehandling og tilsyn med legevaktstenestene i fylket erfart at det gjennomgåande blir ytt gode, forsvarlige tenester til befolkninga. Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser elles med bekymring på bemanninga og kompetansenivået i dei kommunale legevaktstjenestene i fylket.

Henvendingar frå einskilde kommunar seier at dei i løpet av den næraste tida ikkje vil klare å oppretthalde eigen legevaktsordning. Grunnen til dette er at eit større tal legar som deltek i legevaktsordninga enten er fritatt for vakt, eller i løpet av nokre år vil bli det. Legevaktstjenesta mister på denne måten legar med mykje røynsle, lokalkunnskap og kompetanse innafor «legevaktsfaget».

Fylkesmannen har gjennom det siste året hatt fleire tilsynssaker der pasientar har blitt skadelidande som følgje av svikt i legevaktstjenesta. Fellesnemnaren for fleire av sakene er gjerne utilstrekkeleg kompetanse/erfaring hos den som svarar på spørsmåla, vikarlegar som ikke kjenner dei lokale tilhøva og kommunikasjonssvikt på grunn av språkproblem. Spesielt dei små legevaktsordningane er i denne samanhengen utsett, særleg som følge av frávær/fråfall hos dei «faste legane». Fylkesmannen ser med bekymring på den risiko for svikt ein ser i deler av legevaktstjenesta i fylket.

I første halvdel av 2014 er det planlagt å innføre nytt digitalt nødnett i Møre og Romsdal. Dette vil innebære monaleg økonomiske og personellmessige oppstartskostnader for den einskilde legevaktssentral. Fylkesmannen vil følgje denne prosessen.

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Tilsette i kriminalomsorgen er invitert og har delteke på nettverssamlinga *Som ringar i vatn*.

Det er mellom anna gjennomført opplæring kring tilrettelegging av bustad som ein viktig føresetnad for eit godt

liv etter soning.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Landsgruppen av Helsesøstre arrangerte i samarbeid med Fylkesmannen fagdagar for helsesøstre 5. og 6. november 2013. Tema: Korleis kan helsesøster bli betre rusta til å møte born/kvinner som blir utsett for kulturelt betinga vald. Om Kvinnehelse, kjønnslemlesting og tvangsekteskap v/Justina Amidu (RVTS) og Runa R.Bostad (iMDi). Tilskot pålydande kr.20 000,- vart tildelt frå Fylkesmannen og knytt til gjennomføring av konferansane.

56 helsesøstre deltok på fagdagen på Sula og 33 helsesøstre i Kristiansund. 26 av fylket sine 36 kommuner var representert.

84.8 Forebyggende helsetjenester

Det er gjennomført tilsyn med internkontroll i helsestasjonstenesta. Resultata er rapportert til Helsetilsynet. Det er gjennomført kurs for tilsette i forebyggande helsetenester med tema; internkontroll, dokumentasjon/journalføring, seksuell helse og vaksinasjon.

Fleire folkehelsekoordinatorar melder at dei har god samhandling med dei som arbeider innan forebyggande helsetenester.

Gjennom møter med kommunane blir det sett fokus på kapasitet innan helsestasjon- og skolehelseteneste. Fylkesmannen ser i Kostra tal for 2012, at 29 kommunar har styrka tilbodet og 7 kommunar har redusert tilbodet. Det er ei positiv auke i forhold til tidlegare år.

Det er 13 frisklivssentralar i fylket og vi har etablert nettverk for desse. Fylkeskommunen, idrettskretsen og fylkesmannen samarbeider om det. Vi har gjennomført 2 samlinger i år for nettverket med kompetansehevende tiltak, inkludert opplæring i lovverk og lovforklaring. 10 kommunar har fått tilskot til etablering og utvikling av frisklivssentral i år.

84.11 Tannhelse

Vi har også i 2013 gjennomført det årlege samarbeidsmøtet med Fylkestannlegen. Tema er status for tilbod til ulike grupper og samarbeid om informasjons- og forbetringarbeid.

Vi har også i samarbeid med fylkeskommunen gjennomført kompetansehevende tiltak, der målgruppe er kantinepersonell i alle videregående skoler. Mat og måltid i skolen inkl tannhelse.

84.12 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Alle kommunane i Møre og Romsdal har nå formelt sett ei koordinerande eining. Dei koordinerande einingane fungerer i ulik grad i samsvar med intensjonane i lova. Fylkesmannen samarbeider med koordinerande eining i Helse Møre og Romsdal HF og Helse- Midt om oppfølginga av dei koordinerande einingane i kommunane. Fylkesmannen deltok på netterverksamlingar for kommunale Koordinerande einingar og har i dialogen med kommunane (møter, tilsyn og konferanser) minna om deira plikt til å ha ei koordinerande eining og kva funksjon den skal ha.

Fylkesmannen deltek i "nettverk for habilitering og funksjonshemming" saman med mellom anna representantar frå brukarorganisasjonar, habiliteringstenestesta, høgskule, videregående skule, kommunar m.fl. Hausten 2013 arrangerte nettverket en konferanse om levekår og tjenester for mennesker med utviklingshemming."

Her inngikk også retten til Individuell plan og koordinator som tema.

Fylkesmannen har også koordinerande eining som tema i dialogmøter med kommunane.

84.13 Omsorgsplan 2015

Omsorgsplan 2015

Fylkesmannen utarbeidde eigen strategiplan 2013- 2015 ut i frå målsettingane i Omsorgsplan 2015. Fylkesmannen deltok på fire nettverksmøte i pleie og omsorg, saman med USHT som administrerer nettverka. I tillegg deltok senter for omsorgsforskning , Høgskolane og Helse og Møre og Romsdal. Dette er ein arena som blir nytta til å bistå kommunane i deira arbeid med å nå målsettingane i Omsorgsplan 2015,og bidrar til erfaringsutveksling mellom kommunar, og at kommunene har sett fokus på forskning, fagutvikling og innovasjon.

Prosjektleiari for omsorgsplan er med i planforum og gjev innspel til kommunale planer.

Nevroplan 2015 vart delt ut og gjort kjent på omsorgskonferansen i september og på ReHab konferansen i oktober. Rehab konferansen " Livskvalitet på eigne premisser" var et samarbeid med Helse Møre og Romsdal. Tema var mellom anna "Samhandlingsreforma frå eit brukarperspektiv", eit nytte /kostnadsperspektiv på rehabilitering, erfaringar frå nevroprosjektet " Leve som den du er", motivasjon, læring og endring og velferdsteknologi.

Det er gjennomført to regionale møte med Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Nord- og Sør-Trøndelag og Husbanken om tiltak i Omsorgsplan 2015. Leena Stenkløv, regional koordinator for samhandlingsreforma ved Fylkesmennene i Midt-Norge har deltatt. Det var samling i Nord- Trøndelag 3.og 4. april med tema førebygging og rehabilitering, demensplan 2015, Menn i helse og kompetanseløftet, analyse og planleggjing av helse- og omsorgstenestene, samarbeid med utviklingssentra m.m. og Sør- Trøndelag 31.10 og 01.11 i Trondheim med tema koordinerende eining,krysningspunkt mellom st.meld 29 Morgendagens omsorg og Folkehelsemeldingen st.meld nr. 34.

Aktiv omsorg

Fylkesmannen og utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester arrangerte ein Aktiv omsorg-konferanse i Kristiansund 14. og 15. februar, " Maten er halve føa". Det var ca. 130 deltakere. Alle kommunane fekk utdelt ein Aktivitetskoffert og ein velværekoffert. Det var erfaringsdeling frå Inn på tunet, Klokkelovnene, som har spesialisert seg på kontakt med menneske med demens, erfaringar frå andre sjukeheimar om kultur og trivselstiltak og måltid. Idebank om aktiv omsorg vart gjort kjent på denne konferansen.

Kap.4A

Kap. 4A var tema i etablerte fora/kurs. Vi hadde stands på Omsorgskonferansen med ulike stortingsmeldingar og deriblant Kap 4A, og deltakarane fekk informasjon og rettleiing av sykepleiar og jurist på området.

Velferdsteknologi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har deltatt i Det Midt-Norske Velferdsteknologiprojektet saman med FM i Nord- og Sør-Trøndelag. Prosjektperioden varte ut 2013. Fylkesmannen har gjennom projektskjønnsmidlar stimulert til aktivitet innan området. 5 kommunar på Sunnmøre (Herøy, Ulstein, Vanylven, Ålesund og Sjøholt) har arbeidd målretta med utprøving av sporingsteknologi/GPS og spelteknologi og Kristiansund kommune med vandrealarm i sjukeheim. Eigen prosjektrapport er i ferd med å verte avslutta og presentasjon av arbeidet er planlagt på eigen erfaringskonferanse på Stjørdal 14.mars d.å.

Investeringsstøtte

Det er etablert ei eiga arbeidsgruppe i fylkesmanneembetet for gjennomgang av søknader frå kommunane. I gruppa deltek to tilsette frå prosjektgruppa for Omsorgsplan 2015 og ein tilsett frå justis- og beredskapsavdelinga.

Fylkesmannen har gitt fagleg uttale (assistanse) under søknadshandsaminga på søknader i 2013 til Husbanken, med spesielt fokus på tilrettelegging for personar med demens og velferdsteknologi. Det er lite aktivitet i Møre og Romsdal.

Investeringsstøtten var tema på møte med Overordna faglig ansvarlig.

Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester

Fylkesmannen har et utstrakt samarbeid med Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester.

Fylkesmannen deltar i styringsrådet, med møte ein gong i året. I 2013 var det et ekstraordinært møte på høsten vedr. oppstart av læringsnettverk i forbetningsarbeid. Vi har deltatt på nettverkssamlingane i alle 4 regionene.

Fylkesmannen deltok ikkje på regionalt nettverksmøte med utviklingssentra og senter for omsorgsforskning og høgskolen pga at det var lagt på samme dato som samlinga med Helsedirektoratet i Stavanger.

Vi har kontaktperson for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt. Søknadsfrist på midler var 01.03 og søknadene ble vurdert og prioriterte.

Fylkesmannen og utviklingssentra har i samarbeid arrangert Omsorgskonferanse, demenskonferanse, Aktiv omsorg konferanse og pasientsikkerhetskampanjen.

Demensplan 2015

Fylkesmannen har fulgt opp den einsskilte kommune i Møre og Romsdal etter den nasjonale kartlegginga i 2011. Det blei sendt brev til alle kommunane om status for nasjonal kartlegging 2011- og spørsmål om vidare arbeid med målsettinga for Demensplan 2015. Ut i fra svara blei det sendt tilbakemelding til den enkelte kommune. Vi har også utarbeidd ein eigen rapport om status i Møre og Romsdal i 2013.

I 2013 blei det sett ned en arbeidsgruppe av Fylkesmannen, Utviklingssentra og Helse Møre og Romsdal, samt alderspsykiatrisk enhet i Molde og Ålesund for kvalitet og kompetanse innan demensområdet. Desse var ansvarleg for gjennomføring av demenskonferansen 2013. Dette var samtidig også USHT sin årlege Erfaringskonferanse. Konferansen vart utsett til 2014 og arrangert 4. og 5. februar 2014, pga stor aktivitet høsten 2013. Tema var ma. demens og palliasjon, marte meo, erfaringer dagaktivitetstilbud og demensteam.

Prosjekt Inn på tunet i samarbeid med landbruksavdelinga var tema på Aktiv omsorg konferansen.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med USHT og alderspsykiatrisk eining Ålesund og Molde om Demensens ABC.

Fylkesmannen gjennomfører dialogmøte med alle kommunene. Seks kommuner vart besøkt i 2013. Demensomsorgen er tema i desse møta.

84.14 Psykisk helse og rus

Fylkesmannen har teke del i arbeidet rundt kommunane sin rapportering av psykisk helsearbeid i samarbeid med Sintef(IS 24). FM har teke initiativ ovanfor Sintef med formidling av kunnskap knytt til rapportering i samband med korferansedag på Høgskulen i Molde 29.11.13.

Fylkesmannen har hatt ein aktiv rolle i samband med etablering av IPS tiltak (arbeid og psykisk helse). NAV Molde har fått tildelt egne prosjektmidlar frå direktoratet og vår rådgivar inngår i prosjektgruppa med målsetting å spreie erfaringar om prosjektet til andre kommunar i fylket. Prosjektet er nå utvida til status Pilot.

Fylkesmannen har delteke aktivt i oppfølging av dei som vart ramma av terrorhandlingane 22.juli. Gjennom godt samarbeid med *Støttegruppa for dei ramma* i Møre og Romsdal har Fylkesmannen arbeid målretta med å betre arbeidet med krisehandtering gjennom etablering av eige nettverk. Hoveddelen av tildelte midlar for oppfølging er kanslisert gjennom Støttegruppa. Ut over dette er to einsskilte kommunar tildlt midlar.

Fylkesmannen har inngått i samarbeidet med kommunane og helseføretaka kring etablering av ACT-Team. Det er nå etablert tre team i M&R. År 2013 er det siste prosjektåret og det foregår ein prosess både i helseføretaket og i den einsskilte kommune med målsetning å sikre vidare drift ut over prosjektperioden.

Dei lokale etterutdanningmidlane blir hovedsakeleg nytta til gjennomføring av nettverksamlingane (sjå over).

Det er gjennomført samarbeidsmøte med kompetansesentrera i Midt-Norge. Evaluering og stimulering for oppretting av nettverksgrupper blir ei viktig utfordring framover. Vidare det å vere ein pådrivar for kompetansebyggjing inn mot dei ulike nettverka. NAPHA har også delteke aktivt i nettverksamlingane der mellom anna brukarperspektivet har vore eit sentralt tema i 2013.

Fylkesmannen deltek fast i kommunenettverk innan psykisk helsearbeid. Spesielt kommunenettverket kring Molde DPS arbeider målretta, mellom anna med fast deltaking frå spesialisthelsetenesta og Høgskulen i Molde. Samhandlig rundt pasientflyt har her vore sentralt.

Fylkesmannen har prioritert deltaking på Rådgiversamlingane i regi av Helsedirektoratet. Gjennom desse møta vert viktig kunnskap formidla, samtidig også ein viktig sosial og fagleg møteplass mellom kollegaer tilsett i dei andre embeta.

Vi har vidareført felles tenkning og tiltak rundt tema rus, psykisk helse, boligsosialt arbeid.

Rådgivarane innan psykisk helse har oppgåver innan ulike resultatområde i verksemda, mellom anna tilsynsoppgåver, etablering av overgrepsmottak, krisesentertilbodet og klagebehandling knytt til tvang som også kan relaterast til dei opprinnelege arbeidsoppgåvene.

Vi viser ellers til særskilt rapportering vedrørende vidareutdanning.

Fylkemannsembeta har fått i oppdrag å bringe fagfelte rus og psykisk helse nærare saman. For å støtte opp under denne målsettinga etablerte Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2009 eit felles fagnettverk for desse felte. Konseptet har vi kalla *Samhandling som ringar i vatn*. Fylkesmannen arrangerer to slike samlingar i året som går over to dagar. I samband med desse samlingane er det satt ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå spesialisthelsetenesta, nærara bestemt frå DPS og rusinstitusjonane i fylket. I kvar samling er det sett av tid til møte mellom spesialisthelsetenesta og kommunane for å få betre samarbeid og auka informasjon mellom tenestenivåa. Denne samhandlinga er forankra i leiinga både hos Fylkesmannen og hos Helseforetaka. Nettverket var samla i april med tema "*Pårørande*" og i november med tema "*Bustadsosialt arbeid*".

Folkehelsearbeidet er godt forankra i Møre og Romsdal gjennom partnerskap for God helseprogrammet. Det er nært samarbeid mellom fylkeskommunen og fylkesmannen når det gjeld rusfeltet og partnerskapet for god helse, ved at er det etablert ei arbeidsgruppe med eit rusfagleg fokus knytt til God Helse satsinga. Både Fylkesmannen og KoRus Midt Norge er representert saman med både politikarar, frivillige organisasjonar, spesialisthelsetenesta og andre delar av det statlege og fylkeskommunale tenesteapparatet. Gruppa gjev eit godt grunnlag for samarbeid på tvers av nivå og faggrenser og høve til å samordne tiltaka på feltet. I 2013 har handlingsplan for rusbruk i vidaregåande skule vore eit satsingsområde, i samarbeid med NYGiv. I tillegg har vi arrangert dialogmøter for politikarar og sakshandsamarar for skjengeløyve for å diskutere alkoholpolitikk.

Planarbeid og rusførebyggjande arbeid var og fokus på konferanse Fylkesmannen arrangerte for kommunar i januar.

Fleire frisklivsentralar er under etablering i Fylket. Fylkesmannen tek del i dette arbeidet både i høve til folkehelse generelt og rus spesielt. Her er det også satt i gang nettverk, i tillegg til kompetansehevande tiltak.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har formalisert samarbeid med Kompetansesenteret MidtNorge si avdeling i Ålesund. Fylkesmannen tek del i KoRus si satsing i kurstilbod til kommunane med tema "eldre og rus" og Kompetansesenteret tek del i planlegging og gjennomføring av nettverksamlingane knytt til både rus/psykiatri og rus/bustadsosialt arbeid. Det er og etablert kompetansesenterforum i Møre og Romsdal med regionale kompetansesenter(KoRus, RVTS, RKBU og NAPHA og NAKU).

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ei særskilt satsing på barn og unge kalt «*Betre oppvekst*» Arbeidet skal stimulere alle tilsette i embetet til i setje fokus på barn og unge og deira oppvekstvilkår i vårt fylke. Det førebyggjande rusarbeidet er derfor ofte i fokus på mange område.

Fylkesmannen har fulgt opp og kontrollert innrapportering frå kommunar på IS-8. Representant frå avdelinga sit i referansegruppe til NYGiv og samarbeider med prosjektet på fleire område.

Det er delt ut tilskot til samhandlingsmodeller for samtidig rus og psykisk lidning til tre kommunar, ei av dei i samarbeid med nabokommunen i eit interkommunalt samarbeid.

Resultatområde 85 Spesialhelsetjeneste

85.3 Lov om transplantasjon

Antall saker

Embeter	Antall
FMMR	0
Sum	0

85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende midler

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	532	5
Sum	532	

85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	0	0
Sum	0	

85.9 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevernet

- Fylkesmannen har gitt 3 dispensasjoner knytt til Forskrift og fagleg ansvarleg for vedtak i det psykiske helsevernet.
- Det er ikkje mottatt søknader knytta til institusjoner som ynsker å bli godkjent for tvang.
- Stillingstall ved godkjente psykiatrisk poliklinikkar er innsendt (15.01.14), adressat slik der går fram av Embetsoppdraget 2013. Slik som for eit år sia tok AVdir kontakt og påstod at dette var feil adresse. Det vart lova korrigerer men ingen endring har skjedd jfr. Enbetsoppdraget 2014.

85.11 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Vi ikke hatt saker i 2013.

Ressursrapportering

Honorarer til kontrollkommissjonane er inkludert i fagkap kr. 1.616.232,-

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 4 153 624,51	kr 2 277,41
83 Folkehelsearbeid	kr 645 474,43	kr 0,00
83.1 Folkehelsearbeid generelt	kr 2 243,17	kr 0,00
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 0,00	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 3 259 926,48	kr 479 828,59
85 Spesialhelsetjenesten	kr 403 218,11	kr 1 616 419,49
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 2 026 121,27	kr 46 501,31
Andre oppgaver under HOD	kr 33 463,40	kr 248 320,62
Sum:	kr 10 524 071,00	kr 2 393 347,00

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Fylkesmannen behandla ingen klagesaker om avkjørsel frå riksveg etter veglova i 2013.

91.2 Konesesjon til anlegg og drift av taubaner

Fylkesmannen har hatt 1 søknad om konesesjon for taubane og 1 søknad om endring av konesesjonshavar. Begge søknadene vart innvilga.

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

92.1 Apostiller

Det er utført 1769 Apostilledokument i 2013. Dette er ein liten nedgang frå i fjor.

92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Ingen saker i 2013.

Fylkesmannen og assisterende fylkesmann heldt eit fellesmøte med dei honorære konsulane for Møre og Romsdal 29.11.2013.

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

I Møre og Romsdal er talet på trudom og livssynssamfunn stabilt. I 2013 er det ikke registrerte nye trudomssamfunn. Totalt har 33 trudomssamfunn søkt statsstøtte i 2013. 15 av disse er Pinsemenigheter, 11 andre er registerert trudomssamfunn, og 7 er uregistrerte, 3 av dei er muslimske.

Det har vore vanleg sakshandsaming med gjennomgang av årsmeldingar og regnskap før utbetaling av statstilskot. Hovedutbetalinga var i juni og etter at tredomssamfunna vart gjeve høve til å korrigere medlemslistene sine, vart det etterbetalt noko statstilskudd i oktober. Det har ikkje vore klagesaker etter andre gongs utbetaling av statstilskot.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

Fylkesmannen har i 2013 hatt ei stor auke av søknader om løyve til oskespreiing. Det er handsama totalt 70 saker. Tidlegare år har talet lege på 30 til 40 saker. Årsaken til auken ligg i at ordninga er betre kjent, familiestrukturane er i endring, folk flyttar meir og ynskjer ikkje å etterlate seg gravminner. Dei flese saken som vert handsama er førehandssøknader der søkjar sjøv ber om løyve til oskespreiing.

Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

Det er i 2013 handsama 4 søknader om dispensasjon til å halde søndagsopne butikkar, der er tre innvilga ut fra arrangementes art og ein er avslegen.

Søknader om status som typisk turiststad er ikkje motteke i 2013.

Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

98.0 Helhetlig og strategisk ledelse

Fylkesmannen har gjort ei endring i leiarstrukturen i embetet som eit resultat etter OU-prosessen. Vi har redusert antal tilsette med personal- og økonomiansvar slik at vi i større grad enn tidlegare ha fokus på strategisk leiing.

Fylkesmannen har leiarmøter annakvar mandag. Som følgje av OU-prosessen har vi òg gjort ei endring i møtestrucuturen, slik at vi annakvart leiarmøte vert gjennomført med både direktør og assisterande direktør tilstade. Dette er godt motteke av leiargruppa.

Å arbeide med strategisk leiing handlar om at blant anna om fagdirektørane må sjå og arbeidet med heile embetet og ikkje berre si eiga avdeling. Her har vi fortsatt litt å arbeide med, men meiner at vi har kommet oss godt i gang gjennom OU-prosessen. Det at satsinga på barn og unge "Betre oppvekst" og arbeidet med folkehelse er plassert i stab med rapportering til ass. fylkesmann, er også eit strategisk grep som har blitt gjort. Sammen med rådgiverane innan kommuneøkonomi skal vi jobbe meir heilheitleg på tvers av og sammen med fagavdelingane.

98.1 Rekruttere, videreutvikle og beholde medarbeidere

Ved utgangen av 2012 var det 148 tilsette i embetet, 100 kvinner og 48 menn.

I 2013 har fylkesmannen lyst ledig 16 stillingar. 11 av desse var faste stillingar, 4 vikar/engasjement/prosjektstilling og 1 lærling. Det er stor etterspurnad etter arbeidskraft i Møre og Romsdal og embetet deltek i konkurransen om arbeidskrafta i fylket. Særleg gjeld dette opp mot andre statlege og kommunale verksemder som har høgkompetansesarbeidsplasser. Dette er ei utfordring både med omsyn til lønskostnad, men også utfordring knytt til å rekruttere til engasjement- og vikarstillinger.

I 2013 satte vi av midler frå eige budsjett til lokal lønsforhandling.

Ei av arbeidsgruppene i vår OU-prosess arbeidde spesielt med rekruttering, frå annonsering av stillingar til rekrutteringsutfordringar i ft. lønnsnivået i staten. Resultatet frå dette arbeidet tek vi med oss vidare i utviklinga av embetet på dette området.

I IA handlingsplan har vi satt eit måltal på sjukefråværet på 4 %. Vi har hatt ei ekstra merksemd på utviklinga av sjukefråværet i embetet dei siste åra og sjukefråværet har gått ned frå 5,85 % i 2011 til 3,72% i 2013.

Eigne IA-måltall

Planlagte og gjennomførte tiltak:

- Tatt i bruk Difi sitt medarbeidersamtaleverktøy Snakk om utvikling og gjennomført medarbeidersamtale med alle tilsette.
- Planlagt arbeidsplassvurdering for alle tilsette. Gjennomført for alle tilsette som ikkje skal flytte kontor, resten vert tatt i 2014 etter at flytteprosessen er ferdig.
- Det er utarbeidd kvartalsvis sjukefråværestatistikk som er fulgt opp i den einskilde avdeling. Embetet har eige mål om tiltak dersom sjukefråværet overstig 4 %.
- Gjennomfører oppfølging ved sjukefråvær i samsvar med IA-avtalen og våre interne rutinar

Mål for IA er satt for hele inneværande IAavtale periode. Om vi når måla?, tja, sjukefråvæsutviklinga i embetet har fortsatt ei positiv utvikling, gjennomsnittleg alder for pensjonering er høg og vi legg til rette for at medarbeidarar med nedsett funksjonsevne kan jobbe hos oss.

Vi har til ei kvar tid 2 lærlingar innan kontorlaget og nytt i år er at vår seksjonssjef for arkiv- og serviceseksjonen er utnemnd som lærlingesensor i fylket.

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2012	% 2012	2013	% 2013
FMMR	0	0	0	0
Sum	0	0	0	0

98.2 Risikostyring

Embetet har vedtatt ein overordna risikopolisyen for risikostyringa i embetet, der dei overordna krava til embetet sine leiarar og tilsette med omsyn til risikostyring og intern kontroll er tatt med. Policyen seier noko om ansvar og formål, samt kva for område ein skal integrere risikostyring i mål- og resultatstyringen.

Risikostyring er ein del av verksemdsarbeidet i embetet og i den einskilde avdeling. Leiargruppa har risikovurdert dei overordna måla i vår strategiplan for 2012-2015. Dokumentasjon av risikostyring på overordna nivå vert gjort gjennom møtereferat, medan risikostyring av avdelingsmål ligg som vedlegg til verksemdsplanen i dei ulike avdelingane.

98.3 Medvirkning

Hovudinformasjonskanalen til alle tilsette i embetet er vårt intranett, i tillegg vert den same informasjonen gjentatt på møter i avdelingane og ved gjennomføring av allmøter. Allmøter har i 2013 vore systematisk gjennomført fire gonger i året.

Dei siste åra har det i embetet vore gjennomført ein medarbeiderdag for alle tilsette, dette var tilfelle også i 2013.

Når det gjeld medverknad har vi tre faste møtepunkt med tillitsvalgte i året. I tillegg gjennomfører vi møter når det er behov for det der drøftingar/forhandlinger er tema. For 2014 er det fastlagt ein møteplan med 10 møtepunkt mellom arbeidsgivar og tillitsvalte.

I 2013 har det vore brei medverknad på alle nivå i OU-prosessen. Tillitsvalte har vore representert i alle seks arbeidsgruppene, i referansegruppe og i styringsgruppa.

Rådgiver personal og administrasjonssjef er med i nettverket med Sør Trøndelag, Nord Trøndelag og deler av Nordland som vil arrangere ein ny felles konferanse for samarbeid og medverking våren 2014.

Tilsette er representert i tilsettingsråd, AMU og verneombud, som vert systematisk tatt med i spørsmål kring oppfølging av sjukefråværet i avdelingane.

98.4 Likestilling og likeverd

Vi legg til rette så langt som råd for at arbeidsstyrken skal gjenspeile mangfoldet i befolkningen når det gjeld kjønn, alder, nedsett funksjonsevne, religion, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Vi har tatt i bruk følgende verkemiddel:

Alle våre stillingsutlysinger inneheld følgende tekst: *Fylkesmannen i Møre og Romsdal ønsker mangfold, og vi oppmodar difor alle kandidatar som er kvalifisert til å søkje med ulik utdanning, arbeids- og livserfaring, utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevna, nasjonal eller etnisk bakgrunn.*

I 2011 starta vi med å lyse alle våre stillingar ut på jobbressurs.no, i tillegg til andre media.

Vi har ein intensjon om at vi kaller inn kvalifiserte kandidater som har innvandrerbakgrunn eller har nedsett funksjonsevne til intervju, i den grad det kjem til uttrykk i søknaden. (å rapportere på dette er ei utfordring, då vi ikkje har noko avkryssing for dette i våre stillingssøknadsskjema, vi meiner at det ville vere stigmatiserande å be om ei slik opplysning).

Jmf vår handlingsplan for universell utforming legg vi til rette for at personer med nedsett funksjonsevne kan rekrutterast til embetet.

Vi gjennomfører, så langt det er mogeleg, tilrettelegging av arbeidsplassen for at våre tilsette for å styrke jobbnærværet og hindre utstøting og fråfall frå arbeidslivet.

Lønn

		Kjønnsbalanse			Lønn	
		m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)
Embetsledelse/direktør	2013	50,0	50,0	8	100	87,0
	2012	50,0	50,0	8	100	0,0
Seksjonssjef/ass. direktør	2013	63,6	36,4	11	100	94,3
	2012	66,7	33,3	12	100	0,0
Saksbehandler I	2013	33,3	66,7	30	100	100,5
	2012	40,0	60,0	20	100	0,0
Saksbehandler II	2013	27,3	72,7	77	100	101,1
	2012	32,4	67,6	71	100	0,0
Kontorstillinger	2013	12,5	87,5	16	100	86,5
	2012	11,1	88,9	18	100	0,0
Fagarbeiderstillinger	2013	80,0	20,0	5	100	123,4
	2012	100,0	0,0	3	100	0,0
Unge arb.takere inkl lærlinger	2013	0,0	100,0	2	100	100,0
	2012	0,0	100,0	2	100	0,0
Totalt i embetet	2013	32,2	67,8	149	100	90,8
	2012	35,8	64,2	134	100	NaN

Deltid

		Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
		M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2013	37,5	62,5	25,0	75,0	16,7	83,3	25,0	75,0
	2012	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Ansatte

	Ledere med personalansvar			Medarbeidere			Lønn	
	2013	M%	K%	Totalt	M%	K%	Totalt	M%
FMMR	42,1	57,9	19	31,0	69,0	129	100	0,0

98.5 Føringer på IKT-området

I 2013 er det vedteke ein ny informasjonssikkerhetspolicy, samt at vi har revidert heile informasjonssikkerhetsplanen.

Vi ønsker å ha eit ekstra fokus på informasjonssikkerheit og ønsker å auke kompetansen til våre tilsette på

området. Vi gjennomførte også i år opplæringspakka gjennom Norsis i samband med Nasjonal sikkerhetsmånad no i oktober. Sjå omtale <http://www.sikkert.no/foredragsdugnaden-er-godt-igang/>

Vi har eigen select plus avtale med Microsoft som omfattar våre serverlisensar og vi rett lisensiering på servere. Vi har rapportert vår lisensbruk i samband med lisensrevisjonen som KPMG gjennomførte hausten 2013.

Vi følger den sentrale IKT-strategien i våre aktiviteter på IKT-området.

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Det er i 2013 behandla fortløpande elektroniske søknader via systemet for partistøtteordninga.

Fylkesmannen har ikkje hatt klagesaker i 2013.

Andre

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 5 045,30	kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 0,00	kr 0,00
95 Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 24 089 063,54	kr 0,00
Sum:	kr 24 094 108,00	kr 0,00